



Statsforvalteren i Vestland



Årsrapport 2025

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Statsforvalterens beretning	4
2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall	6
2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	7
3 Årets aktiviteter og resultater	9
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	9
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	9
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	9
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	10
3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene	16
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	17
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	19
3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	20
3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	22
3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	24
3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	24
3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene	26
3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	27
3.1.1.11 Bærekraftig landbruk	29
3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	31
3.1.1.13 Andre oppdrag	34
3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå	34
3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge	34
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	36
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	37
3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon	38
3.1.2.5 Andre oppdrag	39
3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte	39
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	39
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	41
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	44
3.1.3.4 Andre oppdrag	48
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning	48
3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje	49
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	50
3.1.3.8 Økt kunnskap om integreringsloven	60
3.1.3.9 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	61

3.1.4 Gjennomførte evalueringer	62
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks	62
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	62
3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	62
3.2.3 Barne- og familiedepartementet	62
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	63
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	63
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	63
3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet	63
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	63
3.2.9 Landbruksdepartementet	63
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	63
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	104
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	105
3.6 Andre forhold	105
4 Styring og kontroll hos statsforvalteren	109
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging	109
4.1.1 Statsforvalterens risikostyring	109
4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak	109
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren	109
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	109
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	109
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	109
4.3 Fellesføringer 2025	110
5 Vurdering av framtidutsikter	111
5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	111
5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	113
5.3 Andre forhold	113
6 Årsregnskap	114
7 Vedlegg	115

1 Statsforvalterens beretning

For Statsforvaltaren i Vestland var 2025 eit år prega av global uro med aukande merksemd på totalforsvaret. Det har medført meir deltaking i nasjonale prosjekt, samarbeid og samordning regionalt, og mange kommunebesøk og øvingar saman med kommunane.

Som året før, var 2025 også prega av dårleg økonomi i kommunane. Prisvekst og høgare renter har gjort at kommunar med gode disposisjonsfond har måtta tære på kapitalen og kome ut med lågare driftsresultat enn åra før. Stadig fleire kommunar melder om at dei må kutte i nivået på velferdstenester for ikkje å gå med underskot. Vi fekk rett nok berre ein kommune inn i Robek i 2025, men fleire melder at dei er nære på.

I embetet har vi i 2025 balansert økonomien etter to tøffe år. To faktorar har gjort det vanskeleg å budsjettere. Den eine er at det er vanskeleg å vite kva som vil vere endringspremien til Statens pensjonskasse (SPK). Den andre er ein diskusjon med tidlegare utleigar av lokale i Bergen om kva som er dokumentert restverdi etter ei ombygging i 2014. Vi har halde att midlar til å dekkje begge desse postane, men ingen av dei vart avklara før i januar 2026 (med til saman i overkant av 5.5 mill. kroner). Difor enda vi med eit overskot (mindreforbruk) på 7 862 000 kroner (3 prosent av løyvinga), mot 3 655 988 som vi hadde med oss i overskot frå 2024 (etter at vi fekk ei ekstraløyving på 5 mill. kroner i desember 2024) og 117 000 kroner i underskot i 2023.

Saksmengda på helse- og barnevernsområda er meir enn dobla siste elleve åra, medan den økonomiske tildelinga til statsforvaltarane har gått ned. Vi har delvis kompensert for dette ved å omfordele ressursar. Men vi har fått tydelege tilbakemeldingar om at vi ikkje kan gjere dette over tid. Difor er vi nøgde med at statsbudsjettet for 2026 styrkjer desse to områda, sjølv om styrkinga knapt dekkjer auken i saksmengd siste året.

Saksmengdene på velferdsområda aukar på grunn av sterkare og fleire rettar til privatpersonar, auka medvit om rettane og press på tenestene på grunn av innsparingskrav i kommunane og i helseføretaka.

Vi har innretta oss etter tilliten frå oppdragsgjevarane våre til sjølve å prioritere mellom oppdraga ut frå ressursane. Både i 2024 og 2025 sende vi brev til Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet der vi gjorde greie for prioriteringane. Vi har i stor grad har fått aksept for prioriteringane. Men det er på tide at oppdragsgjevarane i større grad gir oss oppdrag ut frå kva som er realistisk å gjennomføre. Vi ønskjer også at tilbakemeldinga frå departementa på årsrapporten tek utgangspunkt i dei prioriteringane vi har fått aksept for.

Vi er glade for prosjektet Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har sett i gang for å få balanse mellom oppdraga og ressursane våre. I tillegg til barnevern og helse, er det på områda verjemål, rettleiing til kommunalt planarbeid og handsaming av klagesaker etter plan- og bygningslova, at ressurstilgangen fører til at vi når mål i lågare grad enn vi ønskjer. På andre fagområde har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat.

Viktigaste prioriteringar for året

Beredskapsarbeid

Både koronapandemien, Russlands fullskalakrig mot Ukraina og den endra rolla til USA har sett verdssamfunnet på prøve. Vi legg stor vekt på å samordne beredskapshandlinga mellom beredskapsaktørane i fylket og kommunane. Vi opplever at kommunane er godt trena i å ta tak og handtere store kriser.

Vi har auka aktivitetane med øvingar og kommunebesøk etter at vi i 2025 fekk meir midlar til førebyggjande beredskapsarbeid. Dei fleste kommunane har fått i gang kommunale beredskapsråd, og det er stor merksemd om totalberedskapen blant andre aktørar i heile fylket. Frå kommunane blir det likevel peikt på at totalforsvaret er ei meir diffus oppgåve å handtere enn pandemien. Og staten har ikkje løyvd midlar til å styrke beredskapen i kommunane, som frå før har ein hardt pressa økonomi.

I desember 2025 gjorde vi ferdig eit scenario for matvareberedskap i Vestland. Det la mest vekt på korleis ein evnar å ha god logistikk og få fram mat til lokalsamfunna i ei alvorleg krise. Vi følgjer opp med ei undersøking mot landbruket i Vestland for å kartlegge beredskapen hos matproduzentane.

Justering av stillingsplanen og auke i gjennomsnittsløn

Dei siste to åra har vi redusert talet på tilsette med 20 (av 260 årsverk i utgangspunktet). Bakgrunnen har vore eit ønske om å auke det gjennomsnittlege lønsnivået, som har lege i nedre sjikt både samanlikna med andre offentlege etatar på kontorstadene våre og mellom statsforvaltarembeta. Dette har påverka både rekruttering og avgang til andre arbeidsgjevarar. Vi har redusert bemanninga mest på fagområda der vi har brukt mest midlar ut over tildelinga frå fagdepartementet, altså oppdrag frå HOD og BFD (tilsyns- og klagesaker på helse-, omsorgs- og barnevernsområdet), KDD (medverking i planarbeid og klagesaker på plan og bygg), KLD (enkelt saker og verneprosessar på naturmangfald og forureining) og JD (alle sakstypar på verjemål). Reduksjonen i talet på tilsette gjorde oss i fjor i stand til å auke gjennomsnittsløna godt utover rammene for lønsoppgeret.

Barn og unge

Vi har stor merksemd på dei delane av embetsoppdraga som gjeld barn og unge. På områda helse, sosial, barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er samordna og av god kvalitet. For å samordne arbeidet med barn og unge internt i embetet har vi ei eiga arbeidsgruppe for barn og unge som arbeider på tvers av avdelingane.

Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og prøver å vere talsperson for at alle tenestene for barn gjer det same. Likevel har alle nivå i samfunnet noko å gå på.

Vidare ser vi at utviklinga på fleire område går i feil retning, utan at vi klarar å motverke det. På barnevernsområdet er det siste åra avdekt for mange

alvorlege saker der det ikkje tidleg nok er fanga opp barn som lir. Vi ser for mange tilfelle der institusjonar ikkje klarar å ta seg av barn som anten rusar seg, skadar seg eller i verste fall tek livet sitt, eller går inn og ut av politiets varetekt. Dessutan ser vi at mange kommunale barnevernstenester ikkje klarar å undersøkje og følgje opp meldingar om mogleg omsorgssvikt etter lovkrava, mellom anna på grunn av vanskar med rekruttering. Vi strekar under at dei tilsette i barnevernet som regel gjer ein god jobb, men det er eit stort press som følgjer med stillingane. Kommuneleiingane har stundom for lite innsikt i korleis det står til i tenestene.

Vi arbeider målretta for at barnevernstenestene skal lytte og forstå barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevernstenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpa annleis.

Med den store saksauken vi har hatt på området siste elleve åra, strekkjer ikkje ressursane til. Vi får bekymringsmeldingar som vi ikkje er i stand til å følgje opp, og vi klarar ikkje gjennomføre så mange tilsyn på institusjonar som vi skal. Av erfaring veit vi at vi då går glipp av informasjon som vi skulle ha følgd opp. Det er fortvilande for dei tilsette at vi ikkje har ressursar til å følgje opp sårbare personar. For samfunnet fører dette til stor risiko for varige skader eller at barna fell utanfor skule og utdanning og ikkje kjem seg inn i arbeidslivet.

På skulemiljøfeltet har vi siste åra opplevd ein kraftig auke i talet på klager frå barn, rett nok med ein nedgang i 2024 og deretter noko høgare tal i 2025. Vi har auka kapasiteten for å kunne vurdere sakene utan at det går for lang tid, og for å kunne drive meir rettleiing om regelverket.

Samla vurdert ser det ut som at nedstenginga under pandemien, kanskje kombinert med den overveldande bruken av sosiale medium, gjer at fleire barn og unge fell utanfor, og at dette seglar opp som eit av dei største samfunnsproblema framover. Vi er glade for at regjeringa har tatt tak i bruken av sosiale medium mellom barn og unge.

Klima, naturavtalen og berekraftsmåla

Vi opplever at det har vore lite snakk om FN's berekraftsmål frå sentralt hald det siste året. Dersom desse framleis er statlege mål, bør dei setjast høgare opp på dagsordenen, til dømes ved økonomiske verkemiddel eller ved å lage enkle og treffsikre indikatorar for å kunne måle berekrafta i kommunane.

Likevel ligg mange av embetsoppdraga våre i kjernen på ulike berekraftsmål. Til dømes er etterleving av statlege planretningslinjer viktig både for god helse og livskvalitet (mål 3), reint vatn (mål 6), rein energi (mål 7), industri, innovasjon og infrastruktur (mål 9), ansvarleg forbruk og produksjon (mål 12), klimaendringane (mål 13) og livet i havet og på land (mål 14 og 15).

Arealplanar, motsegner og dispensasjonssaker er eit tema mange ordførarar tek opp med oss, eller som lokalpolitikarar kritiserer oss for i media. Dei meiner at det kommunale sjølvstyret er under press og at dei vert hardt styrte av staten. Spørsmåla er i kor stor grad nasjonale mål som går fram av statlege planretningslinjer, skal ligge til grunn for motsegner i konkrete plansaker og korleis samfunnsnytte skal vektast opp mot desse retningslinjene. Like eins er det diskusjon om korleis pliktene i Naturavtalen og tradisjonelle naturvernverdiar skal vegast opp mot arealbruk som legg til rette for det grønne skiftet eller ønske om ny næringsverksemd. Vi opplever at regjeringa er tydeleg i sitt ønske om vekst i industri som byggjer opp om det grønne skiftet, men at vi har svært vanskelege avvegingar ved godkjenning av planar så lenge regelverket er uendra.

For å kome tidlegare inn i planprosessane har vi innført ei ordning med dialogmøte som kommunane har tatt godt imot. I desse møta får vi gode drøftingar og i mange tilfelle finn vi løysingar gjennom dialogen som elles ville ført til motsegn. Talet på motsegner har med dette gått ned, og samarbeidet med kommunane har vorte betre.

Vidare blir det reagert i kommunane når vi klagar over dispensasjonsvedtak fordi vi meiner at dei to strenge lovvilkår ikkje er oppfylte. Dette er sjølv om vi berre klagar på dei som vi meiner i strid med nasjonale eller vesentlege regionale omsyn (dei fleste strandsone eller jordvern), mellom fire og seks prosent av dispensasjonsvedtaka.

Vi forstår at kommunane ønskjer å leggje til rette for utvikling og vi prøver alltid å finne løysingar som balanserer dei ulike omsyna, anten gjennom innspel til planar, i dialogmøte eller i meklingar.

Meir målretta kommunedialog

For å støtte kommunane har vi i tett samarbeid med KS starta eit eittårig læringsnettverk om berekraftig omstilling. Ni kommunar er med, og deltakarane er både frå administrativt og politisk nivå. Nettverket skal styrke kunnskapen om langsiktig og strategisk økonomisk planlegging, betre samhandling mellom folkevalde og administrasjon, samheng i plan- og styringsdokumenta, og at berekraftsmåla blir lagde til grunn i planlegging og omstilling. Evaluering undervegs stadfestar at dette har vore nyttig og lærerik for kommunane. I 2026 startar vi eit nytt nettverk med ni kommunar frå både Vestland og Rogaland.

I dei planlagde kommunedialogmøta våre har vi også i 2025 brukt den digitale løysinga Kommunebilde for ein systematisk og faktabasert dialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. Frå kommunane deltek som regel formannskapa, kommunedirektør og kommunalsjefar i møta. Kommunane gir gode tilbakemeldingar på denne dialogforma og meiner kommunebilda gir dei godt grunnlag for vidare arbeid. I tillegg får vi betre innsikt i utfordringane. I 2025 gjennomførte vi slike dialogmøte med sju kommunar. Etter møta blir kommunebilda publiserte på nettsida vår. Vi meiner det er positivt å presentere heilskapleg informasjon om kommunane, og at denne kunnskapen også kan nyttast på tvers av alle avdelingar i embetet. Kommunane gir uttrykk for det same.

Leikanger, 28.02.2026

Liv Signe Navarsete

2 Introduksjon til statsforvalteren og hovedtall

2.1 Statsforvalteren og samfunnsoppdraget

Statsforvalteren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa blir følgde opp.

I tillegg er Statsforvalteren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Statsforvalteren er underlagt Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvalteren er å

- vere sektorstyresmakt på ei rekkje område, med oppdrag frå 13 departement og ti direktorat og tilsyn
- vere regional samordningsstyresmakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
- vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyresmakt for kommunane
- verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativa som er påkravde
- orientere sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ


Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekkje område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi mellom anna desse samarbeida:

- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland.
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal.
- Barnevernsnettverk, med Rogaland.
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland.
- Verjemål, med Rogaland og Agder.
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland.
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland.
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland.
- Akvakultur, med dei andre kystfylka.
- Regionale planar for fjellområda, inkludert villreinplan, med Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus og Vestfold og Telemark.
- Kystsonenettverk innan plan og bygg i regi av Miljødirektoratet, med Rogaland.
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover.
- Samarbeid med Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus om midlar til CWD-tiltak på Hardangervidda og Nordfjella.
- Nasjonal prosjektleiing av uttak av framande treslag i verneområde, saman med alle embeta.
- Handtering av fjellskred, med Troms og Finnmark og Møre og Romsdal.
- Koordinering av arbeidet med avfallsplanar i hamner på Vestlandet, saman med Rogaland og Møre og Romsdal.
- Revisjon av Heiplanen 2025–2027 for Setesdalsheiane, med Agder, Rogaland og Vestfold og Telemark.
- Klima i plan, med alle embeta.
- Digitale møte mellom alle landbruksdirektørane kvar månad.
- Digitale eller fysiske møte mellom alle assisterande statsforvaltarar kvar månad.

I tillegg har vi ei rekkje uformelle eller formelle nettverk mellom fagfolk eller leiarar på same nivå, på ei rekkje område.

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvaltaren i Vestland har hovudsete på Leikanger, men vi har òg kontorstader i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Liv Signe Navarsete er statsforvaltar og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Vi har 291 tilsette, og dette utgjer 249 årsverk.

Vi har seks avdelingar:

- Helse, sosial og barnevern
- Utdanning og verjemål
- Miljø
- Kommunal
- Landbruk
- Organisasjon og strategi

Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstader. Dei fire største avdelingane er inndelte i to til tre seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstader. Reiseavstandane i det nye fylket er så store at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er:

Saman med innbyggjarane og samfunnet byggjer vi tillit, tryggleik og tru på framtida. Vi er løysingsorienterte og kunnskapsrike, og handlar til det beste for menneske og miljø.

I arbeidet vårt ønskjer vi at dette skal kjenneteikne oss:

- Vi er fagleg oppdaterte og deler gjerne kunnskap med andre.
- Vi vel berekraftige løysingar.
- Vi har god takhøgde og set pris på ulike perspektiv.
- Vi er eitt embete, sjølv om avdelingar og seksjonar kan ha ulike tilnærmingar til saker og må balansere ulike omsyn.
- Vi jobbar for å halde på gode medarbeidarar ved å legge til rette for fagleg og personleg utvikling.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellen under viser til nøkkeltal valde av DFD og er tatt ut i samsvar med brukarretteinga for årsrapporteringa. For meir informasjon om nøkkeltala på

personalområdet, viser vi til kap. 4.2. For økonomiområdet, viser vi til kap. 3.4 og leiingskommentaren i årsrekneskapen.

Nøkkeltall

Nøkkeltall	2025	2024
Antall ansatte	291.0	273.0
Utførte årsverk	248.6	248.0
Turnover (%)	4.1	4.9
Sykefravær (%)	6.8	7.0
Samlet tildeling alle poster	828 490.6	801 990.0
Driftsutgifter	250 319.1	243 208.0
Budsjettavvik driftsutgifter (%)	3.1	3.5
Lønnsandel av driftsutgifter (%)	82.2	80.9
Lønnsutgifter per årsverk	1 009.4	965.1
Husleie	24 271.7	36 295.0
Journalposter (totalt)	176 483.0	170 089.0

Vi viser til kommentarer under den enkelte tabellen.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

Vi bruker dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjere kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gir oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.

Vi bruker både digitale møte og fysiske samlingar for å formidle nasjonal politikk. Digitale møte gjer det lettare å nå raskt ut til mange med same bodskap, men gir dårlegare rammer for kreativitet, dialog og kunnskapsdeling mellom kommunar og andre aktørar. Vårt inntrykk er at nasjonale satsingar og reformer er godt kjende, og at kommunane oftast har planar for korleis dei skal arbeide med å gjennomføre dei. Samstundes er tenestene i kommunane hardt pressa, og det er ikkje alltid at dei evnar å ta tak i ny nasjonal politikk.

Digitale informasjonsmøte for alle kommunane i fylket har vore den viktigaste arenaen for å formidle nasjonal politikk under krisene som koronapandemien og Russlands krig mot Ukraina har framkalla. Etter kvart som verdsordenen har vorte stadig meir spent, har vi halde fram med møta, men etter kvart noko sjeldnare. Andre relevante statlege eller regionale aktørar tek del i møta ut frå tema. Tilbakemeldingane frå kommunane på formidling av nasjonal politikk gjennom denne møteforma, har heile vegen vore gode.

Vi har også brukt fylkesberedskapsrådet for å formidle og drøfte følgjene av Russlands krig mot Ukraina og den spente verdsordenen med andre viktige regionale samfunnsaktørar. Særleg har det vore nyttig å utveksle perspektiv med politiet, Forsvaret og Sivilforsvaret.

I 2025 har vi halde fram den meir systematiske dialogen med einskilde kommunar med utgangspunkt i eit godt gjennomarbeidd faktagrunnlag i Kommunebilde. Dette kjem i tillegg til møte med einskilde kommunar etter behov. Siste to åra har det vore fleire særskild avtalte møte med kommunar som ønskjer å drøfte ein vanskeleg økonomisk situasjon og følgjer for tenester.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del av arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lowverket.

På grunn av ressursituasjonen i embetet og den jamne og etter kvart store auken i saker på nokre fagområde, har vi i mindre grad kapasitet til å rettleie kommunane enn det vi ønskjer.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

God samordning og samhandling i statleg verksemd på regionalt nivå og med andre regionale aktørar er ein avgjerande faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløselege problem (wicked problems) som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt i embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førarsetet for å samordne statleg regional verksemd overfor kommunane. Dette ansvaret blir endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet, NVE og IMDi har gjort. Derfor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatar. Eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Både under nasjonal beredskapshandtering som koronapandemien og oppgraderinga av Totalforsvaret, og i lokale hendingar som flaum, vind eller skred, er samordningsrolla til statsforvaltarane avgjerande for handteringa i kommunane. Vi viser til hovudmål 1 for ei orientering om korleis vi arbeider med kommunane over tid. Ved akutte hendingar kallar vi inn til samordningsmøte der dei relevante aktørane er med.

Frå 2021 var vi vertskap for forsøket med å leggje bustadsosiale oppgåver frå Husbanken over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Kommunal- og distriktsdepartementet valde i 2024 å avvikle forsøket. Vår erfaring var at etter ein trå start, var vi det siste året i forsøket godt i gang med å sjå gevinstane av å arbeide med det bustadsosiale feltet tett integrert med andre fagfelt i embetet, altså saman med plan, helse, psykiatri, rus, "Bu trygt heime", sosiale tenester og kommuneøkonomi. Vi var i ferd med å få ei høgare måloppnåing, og vi ser det framleis som eit stort tap at forsøket vart avslutta utan vilje til å ta vare på gevinstane. Vi har ikkje klart å ta opp att samarbeidet med Husbanken på ein god nok måte etterpå.

Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingar på nokre område, for å sikre betre samordning av oppdraga. Døme er:

- Barn og unge
- Bu trygt heime
- Inn på tunet
- CRPD

Vi har hatt fleire slike tverrgående grupper, men på grunn av ressursituasjonen har vi stramma noko inn for å konsentrere arbeidet meir. Samordna innsats krev meir ressursar enn konsentrert innsats.

Vi har arbeidd med å bruke FN's berekraftsmål som grunnlag for embetsoppdraga, men saknar at det sentralt blir laga verktøy med gode og lite ressurskrevjande indikatorar for korleis både embetet og kommunane i fylket oppfyller berekraftsmåla.

Det interne arbeidet med innspel til kommune- og reguleringsplanar inneber ei omfattande samordning av interesser og innspel frå fagområda

- naturmangfald
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik
- folkehelse
- barn og unge
- bustadsosialt arbeid
- Bu trygt heime

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme er:

- På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter og med fylkeskommunen. Vi samordnar motsegner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med utan at vi tar i bruk retten til å avskjere motsegnene. Vi opplever at ordninga med utvida dialog i høyringsfasen, med tilbod om dialogmøte før vi tek endeleg stilling til om vi skal fremje motsegn, svært ofte blir nytta av kommunane. Måla med ordninga, som raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, blir i stor grad nådd. Fylkeskommunen har høve til å stille i dialogmøta dersom dei ønskjer det.
- Vi samordnar regionale tilsynsaktørar i den forstand at vi informerer og oppmodar om å ta i bruk den nasjonale tilsynskalenderen og vi drøftar tilsynsmetodar to gongar i året. Tilsynskalenderen gir både oss og kommunane god oversikt over når ulike tilsyn skal skje og det er høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. Etter at vi tok i bruk den nasjonale tilsynskalenderen i planlegginga av tilsyn har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom. Også sekretariata for kontrollutvala til kommunane er med i møta med dei andre statlege tilsynsetatane. Dette gir oss nyttig informasjon om og meir merksemd på korleis dei statlege tilsynsetatane kan ta omsyn til planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane. Vi har tidlegare utsett eller avlyst tilsyn etter at vi fikk vite om at kontrollutvala planla forvaltningsrevisjon om eit liknande tema.
- Vi samordnar arbeidet med utsette barn og unge mellom områda utdanning, helse, sosial og barnevern hos Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, KS, Husbanken og fylkeskommunen. Vi gjennomfører denne utvekslinga når vi får det førebelse tildelingsbrevet slik at det får konkrete følgjer for verksemdsplanlegging hos oss og andre. I møtepunkta legg aktørane fram sine planlagde aktiviteter for å få ei så samla oversikt som råd er.
- På samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet samordnar vi offentlege og private beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet, der samansetninga kan variere ut frå kva krise som skal handterast. Som nemnt har Totalforsvaret og totalberedskap vore dei viktigaste temaa siste åra.
- På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Statens vegvesen, for å samordne oss. Vi samarbeider godt med Mattilsynet om dyrevelferd og smittsane sjukdomar. Vi har også godt samarbeid med NVE om forvaltninga av vassdrag etter vassrammedirektivet, mellom anna om å unngå forureining frå landbruk. Elles samarbeider vi med Mattilsynet, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen om næringsutvikling i landbruket.
- Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjerande. Dei siste ti åra har vi nesten dubla talet på hendingsbaserte tilsynssaker.

Vi fekk ikkje til å halde felles møte med regionale velferdsetatar i fjor, slik vi har gjort tidlegare år.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet er ivarettatt på en enhetlig måte

Vi har gjennomarbeidd rutinar som skal sikre einskapleg og rett saks- og klagehandsaming. Å vareta rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderingar som grunnlag for tilsyns- og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, ettersom tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot, og det er stor oppslutnad om kurstilboda våre om regelverk.

For dei ti statsforvaltarembeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Derfor er felles faglege arenaer mellom embeta særskilte viktige. Vi vil særlege framheve det arbeidet Helsetilsynet gjer for å samordne praksisen mellom embeta i tilsyn og saker om rettar for sårbare og utsette grupper. I tillegg har Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 tatt eit godt initiativ for å få likehandsaming mellom embeta opp på dagsordenen.

Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolking på tvers av embeta har vore

- fagsamlingar for sakshandsamarane, med fagdirektoratet eller -departementet som skipar
- fagsamlingar eller nettverk for sakshandsamarane mellom nokre få embete, skipa av embeta sjølve. På utdannings- og verjemålsområda har vi til dømes etablert samarbeidsstrukturar med sørvest-fylka for å kvalitetssikre og kalibrere rettsforståinga, både på leiarnivå og for sakshandsamarar.
- utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet
- utsending av prinsippavgjerder eller tolkingsspørsmål frå fagdirektoratet

Slike tiltak må halde fram. Til dømes på område barnevern og helse har fagdirektorata tatt initiativ til å halde jamlege digitale informasjonsmøte om status og varetaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklaringar og informasjon om tolking av regelverk.

Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar felles fagsystem der vi også kan få oversyn over praksisen mellom embeta i konkrete saker. Her har Helsetilsynet konkrete planar om eit fagsystem, men det trengst midlar frå fleire hald enn Helsetilsynet for å finansiere utviklinga. Når eit fagsystem er utvikla på eitt område, bør det kunne tilpassast og takast i bruk også på andre område under statsforvaltarane.

Elles tar vi opp att oppmodinga frå tidlegare år; vi ser gjerne at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også blir strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøye på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar. Nokre fagdirektorat er flinke til dette.

Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolkning:

- Tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar.
- Forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar.
- Interne presedensarkiv på ulike fagområde.
- Faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksisen i embetet og kjelder som kjem utanfrå, til dømes tolkingsfråsegner, rundskriv og fråsegner frå Sivilombodet.
- Sidemannskontroll.
- Låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete.
- Opplæring i statsforvaltarrolla for nytilsette.

For kommunane held vi som nemnt jamleg samlingar eller digitale møte der vi tar opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekkjer mangelfull eller ulik lovtolkning. Dei siste åra har vi halde "naturmangfaldveka" for kommunane og andre interesserte, med digitale føredrag om regelverket rundt naturmangfald over fire føremiddagar.

Innføringskurset i forvaltningsrett for kommunale sakshandsamarar som Universitetet i Bergen har utvikla i samarbeid med oss, hevar rettsryggleiken rundt om i kommunane. Likevel var det ved førre oppstart hausten 2024 vanskelegare å få deltakarar frå dei hardt pressa kommunane, og universitetet sette difor kurset i 2025 på vent. Truleg vil vinkling av kurset mot den nye forvaltningslova auke interessa for å ta del i kurset. Det er ikkje tvil om at det framleis er mykje å hente på kunnskapen om grunnleggjande forvaltningsrett i kommunane, sjølv om biletet varierer.

I arbeidet vårt ser vi at mange aktørar har ei manglande forståing av barnekonvensjonen. Ei av utfordringane er at barn framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrd, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til barna blir svekt. At barn blir høyrd på rett måte, er i mange saker ein føresetnad for at forvaltninga skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at barnets beste for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltninga ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

Sjølv om vi framleis arbeider for å oppretthalde rettstryggleiken på ulike måtar, gjer ressursituasjonen vår og stadig aukande saksmengder, at vi i større grad må prioritere lovpålagde oppgåver som klagesaker og hendingsbaserte tilsynssaker, enn formidling og opplæring i regelverk. Sakshandsamingstidene våre er av same grunn for lange på nokre område, og dette er uheldig. Samstundes set ressursituasjonen i kommunane nivået på tenestene under sterkt press, og det merkar vi på at det kjem fleire klagesaker. I sum gjer dette at vi i mindre grad klarar å ta vare på rettstryggleiken til private partar enn vi har gjort før.

3.1.1 Nasjonal politikk er kjent og iverksatt

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Mange av dei 43 kommunane i Vestland har hatt høg planaktivitet også i 2025. Det er vanskeleg å svare nøyaktig på om planlegginga samla sett førte til meir bærekraftig, trygg og framtidretta samfunnsutvikling og arealbruk. Sett over tid opplever vi at plankvaliteten i mange kommunar har vorte betre, og forståinga og aksepten i samfunnet for plansystemet er vesentleg betre enn tidlegare.

Vårt klare hovudintrykk er at mange viktige samfunnsoppgåver blir samordna godt og løyste i den kommunale planlegginga, men dersom målet er ei fullt ut miljømessig, sosial og økonomisk bærekraftig samfunnsutvikling, styrt gjennom gode kommunale og regionale planar, har vi framleis vesentlege utfordringar. Vi ser likevel ei forbetring opp mot dei nasjonale måla.

Mange kommunar har hatt mindre framdrift enn ønskt i rulleringa av arealdelen til kommuneplanen, men i andre halvår av 2025 og slik vi ser det for første halvår av 2026 så vil vi ha på høyring opp mot 12 arealdelar.

Gjennom eit omfattande internt prosjekt om planmedverknaden vår meiner vi at vi framover skal vere betre samkøyrde og rusta til å bidra til endå betre måloppnåing i kommunane.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027, fastsatt ved kgl.res. av 20.06.2023, Statlige planretningslinjer for klima og energi, fastsatt ved kgl.res. av 20.12.2024 og Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, fastsatt ved kgl.res. av 24.01.2025.

Vi har som tidlegare år vist til dei nasjonale forventningane i all dialog med dei 43 kommunane våre. I 2025 har vi, der det er aktuelt, spesielt trekt fram dei

nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet, og klima og energi.

Elles har vi vidareført relevante tema i kommunedialogen, inkludert bruk av Kommunebilde ved kommunebesøka. I Vestland har vi såleis vektlagt føringane om berekraftig arealbruk opp mot ny næringsutvikling på land og i sjø, massehandtering og bustadsosiale tilhøve.

Dei fleste kommunane har relevant kunnskap om innhaldet i dei nasjonale forventingane, og dei blir som regel viste til som ramme for det overordna planarbeidet. Likevel trengst det vidare opplæring og forståing av dei statlege planretningslinjene.

Vi opplever at innsatsen vår har effekt, spesielt der kommunane aktivt samarbeider om opplæring på planområdet.

Statsforvalteren skal bidra til gode og effektive planprosesser (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene utnytter ressurser i planlegging på en effektiv måte.

Vi er tilgjengelege for møte med kommunane tidleg i planfasen, spesielt i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen, og vi har prøvd ut ulike former for slik tidleg medverknad.

Vi deltek fast i Regionalt planforum, og vi har vidareført det gode samarbeidet om årleg plankonferanse og nettseminar for kommunane.

Som tidlegare har vi vore på tilbodssida med å invitere til dialogmøte før vi vurderer bruk av motsegn. Dette har vi gode erfaringar med, gjennom dialogmøta blir talet på motsegns punkt om lag halvert. Samstundes ser vi at vi brukar mykje ressursar på denne dialogforma.

I 2025 har vi hatt ein intern plangjennomgang og sett nærare på korleis vi bør vareta rolla vår på best mogleg måte framover.

Ivaretakinge og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivare tatt i kommunale og regionale planer.

På grunn av stor aktivitet i kommunane på overordna planlegging i 2025, har vi ikkje hatt kapasitet til å stille på synfaringar. Per årsskiftet er nesten halvparten av dei 43 kommunane våre i prosess med arealdelen til kommuneplanen. Dette krev stor medverknad frå oss i Regionalt planforum, fråsegner til planprogram og oppstartmelding, formell høyring, dialogmøte i tråd med samordningsoppdraget og av og til særskilde arbeidsmøte med enkeltkommunar.

Her er dei viktigaste tala for planaktiviteten vår i 2025:

- Tal planar til offentlig høyring: 174 (i 2024: 179).
- Tal planar med motsegns punkt før dialogmøte (statlege instansar inkludert Statsforvaltaren): 52 (i 2024: 66).
- Tal planar med formelle motsegner (statlege instansar inkludert Statsforvaltaren): 27 (i 2024: 37).
- Tal planar til mekling: 1 (Akkjerhaugen, Ullensvang – der det vart semje i meklinga). I 2024 hadde vi til samanlikning 18 planar til mekling.
- Tal planar sendt over til KDD i 2025 (gjeld planar/meklingar frå 2024): 3: (I 2024 vart det også sendt 3 planar til avgjerd i KDD).

Vi registrerer at medverknaden vår bidreg til at planframlegga frå kommunane blir betre. Dersom vi hadde hatt meir ressursar kunne vi også vore meir aktive i den tidlege planfasen. Dessutan kunne vi vore meir ute i kommunane, både for å ta del i felles synfaringar og for å rettleie om innhaldet statlege planretningslinjer overfor administrasjonar og folkevalde.

Talet på klager på dispensasjonsvedtak har over tid halde seg på eit lågt nivå (om lag 4 til 6 prosent). I 2025 brukte vi klageretten i 4,6 prosent av vedtaka vi fekk til klagevurdering. Når vi nyttar klageretten, er det fordi vi vurderer at konkrete omsyn som ligg til fagoppdraget vårt er råka. Vi klagar som hovudregel ikkje på vedtak som først og fremst har juridiske manglar (fråvik frå plankrav, ikkje oppfylte vilkår etter paragraf 19-2, manglande oppdatering av eldre planar m.v.).

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet.

Som hovudregel inviterer vi til dialogmøte når statlege instansar har motsegns punkt til ein plan. Av erfaring blir talet på motsegns punkt om lag halvert gjennom denne dialogen.

I 2025 hadde vi eller andre statlege etatar motsegns punkt mot 52 planar. Etter dialogmøte var dette talet redusert til formelle motsegner mot 27 planar.

Ingen motsegner frå andre statlege styresmakter vart avskorne av Statsforvaltaren i 2025.

I tillegg til Statsforvaltaren var det motsegner frå NVE, Bane NOR og Kystverket (sjå rapportering under 7.3.6.3).

Vi har i 2025 gått gjennom praksisen vår opp mot embetsoppdraget og spesielt rundskriva [H-2/14 \(KDD\)](#), [T-2/16 \(KLD/miljø\)](#) og [M-1/2025 \(LMD/jordvern\)](#), og dessutan [2020-06-11T00:00 \(kap.7\) frå Helsedirektoratet](#) og [Retningslinjer for fylkesmannens bruk av motsegn for å ta vare på samfunnstryggleik i arealplanlegginga \(DSB 2010\)](#). Vi har også oppdatert oss på retningslinjer eller rundskriv om bruk av motsegner mv. som ligg til grunn for planmedverknaden til andre statlege motsegnsinstansar.

Vi inviterer fylkeskommunen med på dialogmøte i saker der også dei har vesentlege interesser. Vi opplever elles at dialogen med dei andre statsetatane er svært god i plansakene og at kommunane i all hovudsak ser den statlege samordninga som nyttig.

Vi har invitert dei statlege instansane til eit evalueringsmøte tidleg i 2026.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Samfunnssikkerhet er ivaretatt i alle planer etter plan- og bygningsloven.

Kommunane har stor forståing for behovet for ROS-analysar i arealplansamanheng, særleg når det gjeld førebygging av naturhendingar. Det er tidvis meir utfordrande når det gjeld handsaming av verksemdsbasert risiko/sårbarheit og viljestyrte hendingar, men stort sett møter vi stor forståing hos kommunane når vi gjer dei merksame på slike problemstillingar.

Det er òg ei utfordring at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) blir utarbeidde av private aktørar, som nok kan vere meir opptekne av andre omsyn enn samfunnstryggleik. Likevel blir det laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, og der heilskapleg ROS-analyse inngår som del av kunnskapsgrunnlaget.

Vi har framleis stor merksemd på rettleiing og oppfølging av dei overordna planane i kommunane, dvs. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunns- og arealdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Vidare skal dette oversynet nyttast som grunnlag for å lage mål og strategiar, og såleis leggast til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak.

Dette blir m.a. følgt opp i fråsegner, Regionalt planforum og i direkte dialog med kommunane.

Vi har i oppfølgings- og rettleiingsarbeidet lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til konkrete handlingsplanar med tilhøyrande løyvingar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på måloppnåing (t.d. gjennom årsrapporten). I samband med dette har vi m.a. lagt forventingane i rundskrivet H-5/18 (Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak) til grunn for dialogen med kommunane. I arealplansamanheng har vi i tillegg tatt utgangspunkt i DSB-rettleiaren Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging.

Vår erfaring er at dei fleste kommunane tek rettleiingane og tilbakemeldingane på alvor og forsøker å integrere dei i planarbeidet

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt storulykkevirksomheter er ivaretatt i kommunale planer ved etablering av nye virksomheter og når planer revideres/rulleres.

Vi følger opp storulukkerisiko i alle planar der vi ser at problemstillinga er relevant, og registrerer at kommunane ofte treng ekstra rettleiing på dette området.

Vi har elles stor merksemd på denne problemstillinga i det generelle rettleiingsarbeidet og i planfråsegnene våre.

For alle storulukkesverksemdar vurderer vi behov for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene.

Aktiviteten og oppfølginga vår har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemd på denne typen problemstillingar enn for berre få år sidan.

Boligsosiale hensyn i plan (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Boligsosiale hensyn er ivaretatt i kommunale planer.

Etter at bustadsosiallova vart sett i verk har vi lagt vekt på temaet i rettleiingsarbeidet vårt. Vi har jobba utoverretta mot kommunane for å auke merksemda og plankvaliteten på det bustadsosiale området.

Vi legg vekt på å gi generelle innspel, særleg til samfunnsdelen til kommuneplanane. Vi trur dette har medverka til auka forståing i kommunane og hos utbyggjarar.

Rekruttering og kompetanseplanlegging innen helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Rekrutterings- og kompetanseplanlegging ivaretas godt i samfunnsplanarbeidet i kommunene.

Alle kommunane i fylket rapporterer no om store utfordringar med å rekruttere nok personell med rett kompetanse til dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Vi vurderer at kommunane er godt kjende med demografiendringane og utfordringane dei medfører. Vi har også inntrykk at kommunane er godt kjende med personellsituasjonen i eigen kommune, men det varierer i kva grad rekruttering og kompetanseplanlegging vert sett på dagsordenen i samfunnsplanlegginga. Det har ikkje har skjedd store endringar i måten kommunane arbeider systematisk med å løfte rekruttering og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgssektoren inn i samfunnsplanarbeidet det siste året.

Gjennom planstrategiar og dei ulike delane av samfunnsplanarbeidet vi gir fråsegner til, ser vi at kommunane er merksame på at helse- og omsorgsbehova blir større og rekrutteringa vanskelegare. Kommunane ser ofte utfordringane i samanheng med den demografiske utviklinga. Vi kommenterer dette i fråsegnene våre.

Vi har også løfta problematikken i fråsegna til regional plan. Fylkeskommunen er viktig for utdanning i helse- og omsorgsfaga, og det er viktig at fylkeskommunen støttar kommunane i utfordringane med rekruttering til helse- og omsorgstenestene.

I alt 41 av 43 kommunar søkte om midlar gjennom kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet i 2025. Av desse hadde 31 kommunar utarbeidd kompetanseplanar, og 21 av desse planane var politisk vedtatte, tre fleire enn året før.

Vi meiner det er nødvendig å halde fram arbeidet med å løfte temaet og ta opp problemstillingar innan rekruttering og kompetanse i helse- og omsorgstenestene på ulike møteplassar med kommunane, KS, utdanningsinstitusjonane og andre relevante aktørar, for å få ei felles forståing for situasjonen og kommunale behov. Vi held fram med å legge til rette for godt samarbeid og gode møteplassar.

Vi tar også opp rekrutteringsproblematikken og behovet for strategisk kompetanseplanlegging i arbeidet med Kompetanseløft og Bu trygt heimesatsinga, og meiner dette kan bidra til å rette merksemd mot utfordringane.

Kommunane har i liten grad bede om hjelp til arbeidet med eigne planprosessar og strategisk kompetanseplanlegging. Vi er usikre på om alle kommunane har tilstrekkelege ressursar til å ta fatt på arbeidet, og vurderer at dei vil trenge rettleiing og støtte.

Det er vanskeleg å vurdere kva effekt arbeidet vårt har hatt for utviklinga og planarbeidet i kommunane. På grunn av ressursituasjonen i helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har vi ikkje gjennomført og følgd opp aktivitetar, tiltak og rettleiing på dette området slik vi hadde planlagt. Vi har ikkje brukt tildelte ressursar på eller oppretta eiga stilling til den regionale koordinatorrolla som skulle gi støtte og rettleiing til kommunane i arbeidet med strategisk kompetanseutvikling. Personellsituasjonen, kompetanse og strategisk planlegging blir likevel tatt opp i arbeidet med Kommunebilde og i dialogmøta vi har med kommunane. Vi har ikkje prioritert arbeid med Kommunebilde høgt i 2025, men vi har deltatt i alle dialogmøta.

Vi planlegg å opprette ei stilling knytt til belastingsfullmakta med øyremerkte midlar, for å støtte kommunane i arbeidet med planlegging av helse- og omsorgstenestene. Stillinga er ikkje lyst ut enno.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer geografisk differensiert og i tråd med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Mange kommunar, særleg fleire av omlandskommunane til Bergen, har utfordringar med å få til høgare arealutnytting gjennom fortetting og transformasjon. Vi ser at fleire av desse kommunane legg opp til stor vekst, også utanfor definerte senterområde og i område som, når dei blir bygde ut, vil måtte generere vesentleg auke i privatbil- og energibruken.

I desse kommunane meiner vi at dei nasjonale føringane og måla i liten til middels grad er følgde opp til no. Samstundes er biletet heller ikkje her einssidig negativt og vi opplever forståing for at arealbruken må bli meir berekraftig i nokre kommunar.

Vi har òg i 2025 lagt vekt på å formidle dei nasjonale forventningane på dette området. Dette skjer både gjennom konkret planmedverknad og i arbeidet med oppfølging av dei kommunane som inngår i byveksttalen. Fleire av dei aktuelle kommunane er no i gang med revisjon av kommuneplanane. Statsforvaltaren, saman med fylkeskommunen og transportetatane, må gi tydelege tilbakemeldingar for å få til betre måloppnåing. Vi ser at dei nye planretningslinjene for areal og mobilitet kan vere med å lette arbeidet til kommunane på dette feltet.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.6.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer.

Også i 2025 la vi mykje innsats i å rettleie kommunar til å stille krav om forsvarleg massehåndtering og å følgje opp at gjenvinning av reine stein- og jordmassar er vurdert i planprosessar. Vi nyttar ein eigen strategi for dette arbeidet, der handtering i tråd med massepyramiden står sentralt.

Massehåndtering er framleis ei stor utfordring, men vi ser at fleire og fleire kommunar følgjer opp dette temaet med utgreiingar, føresegner og massehåndteringsplanar. Vi jobbar systematisk både internt, med innspel til planarbeid og ved deltaking i eit masseforum (forum for sirkulær massehåndtering), som Vestland fylkeskommune koordinerer.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med plan- og bygningsloven § 1-8, statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og regionale planer.

Planlegging i kystnære sjøområder skjer i tråd med nasjonale og regionale føringer.

Dispensasjonsvedtak og motsegner mot planar og klager på dispensasjonsvedtak handlar framleis ofte om at statlege føringar for strandsona, særleg langs sjø, blir sette til side.

Sjølv om det er ulikskapar mellom kommunane, meiner vi at statlege omsyn berre i middels grad kan seiast å vere varetatt i den kommunale arealforvaltninga. Vi ser til dømes framleis mange eldre planar (kommune- og reguleringsplanar) som ikkje er oppdaterte på nye føringar. Talet på dispensasjonssaker i fylket, særleg i bergensområdet og i Sunnhordland er også framleis svært høgt.

Våre tiltak på dette feltet var i 2025 primært å gi generell rettleiing, skriftlege innspel til planar og dispensasjonssaker og å gjennomføre dialogmøte med kommunane. Vi meiner at nedbygginga av verdifull strandsone ville gått endå raskare utan denne medverknaden, og at den juridiske og faglege kompetansen i kommunane om planlegging i sjø ville vore svakare.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, vedtatt ved kgl.res. 20. juni 2023, og regionale planer. Det vises her til Rettleiar om planlegging av fritidsbustader og veilederen Planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land.

Vi registrerer framleis stor nasjonal merksemd om arealbruken i fjell- og utmarksareala. Dette meiner vi er bra og nødvendig, ut frå eigne røynsler frå tidlegare planprosessar.

Som andre fylke, har vi til dels store arealreservar i eldre planar. Mange av desse bør reviderast i lys av nye statlege føringar og bærekraftsutfordringane i fjellområda.

Vi ser at planane kan vere konfliktfulle med tanke på fleire viktige omsyn, som villrein, myr, våtmark, klima, landskapsøkologiske funksjonar, viktige friluftsområde og arealeffektivitet/energibruk.

Vi har elles eit godt regionalt og kommunalt plangrunnlag for villrein.

Vi har ikkje arbeidd særskilt med nye, større planar for fjellområde i 2025, men har formidla statlege mål og føringar i samband med revisjon av kommuneplanar og elles gitt fråsegner til reguleringsplanar som har utfordra nye snaufjellsområde og villreininteresser.

Ivaretagelse av landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

God ivaretagelse av jordbrukets arealressurser og styrke jordvernet i tråd med nasjonalt jordvernmål, og øvrig nasjonal politikk for forvaltning av jordbrukets arealressurser.

Dette året har vi fått oppdaterte statlege føringar på jordvern. Med SPR for arealbruk og mobilitet og rundskriv M-1/25 er det forventta at kommunane minimerer omdisponering av jordbruksareal. Dette har vi følgd opp gjennom fråsegner til kommunale planar, dialogmøte med kommunane, klage på dispensasjonssaker og gjennom bruk av motsegn. Den samla ubygdte planreserven er altfor høg i forhold til eit reelt behov, kring 240 000 dekar i

fylket. Av dette er om lag 125 000 dekar skog, 65 000 dekar lyng og open fastmark, 20 000 dekar jordbruksareal og minst 16 000 dekar myr.

Til samanlikning er vår relative del av det nasjonale jordvernmålet på maksimalt 180 dekar nedbygd jordbruksareal/år. Teoretisk inneheld planreserven altså over 100 års "forbruk" av jordbruksareal. Vi har erfaring med at arealrekneskap og dialog er gode verktøy for å redusere denne planreserven. Men over halvparten av kommunane i Vestland har arealplanar som er eldre enn ti år, og revideringsprosessen er omfattande. Dei siste vedtatte arealplanane tok det i gjennomsnitt over fem år å gjennomføre. Denne situasjonen er i seg sjølv ei utfordring med tanke på å redusere planreserven på kort sikt.

Tabellen nedanfor viser den årlege omdisponeringa av jordbruksareal i perioden 2015–2024, som er siste Kostra-rapport. Den langsiktige trenden er at omdisponeringa går nedover.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
502	346	459	418	530	314	345	424	370	237

Tilbakeføring av areal (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)

Rapportere på

Areal tilbakeføres i større grad fra utbyggingsformål til LNF-R (Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift).

Ut frå kommuneplanane vi har sett i 2025, vurderer vi at kommunane i Vestland har ført attende byggjeareal til LNF i noko større grad enn tidlegare. Samstundes blir det ofte tatt inn nytt areal til utbygging. Vi må argumentere for og insistere på ein meir realistisk arealreserve i arealplanane i framtida.

Vi brukar fylkeskommunen sin utvikla arealrekneskap til å utfordre kommunane på differansen mellom høg arealreserve og realistisk behov i planperioden.

Vestland har ein samla planlagd arealreserve på kring 240 000 dekar, langt over det forventa behovet. Det tilsvarar arealet i til dømes Osterøy kommune. For å oppnå høgare arealutnytting og betre vern av både verdifulle naturområde, produktiv skogsareal, myrområde og jordbruksareal, må vi arbeide med både planvask, fortetting og transformasjon i by- og bygdesentera.

Redusert nedbygging av særlig viktige naturarealer, i tråd med rundskriv T-2/16 (fra kapittel 3.1.1.1.10.1 i TB)

Rapportere på

Redusert nedbygging av særlig viktige naturarealer, i tråd med rundskriv T-2/16

I dialogen med kommunane om aktuelle motsegnspunkt, og i vår vurdering av grunnlag for konkrete motsegner, handlar det ofte om omsyna som skal vere varetatt etter rundskriv T-2/16.

Vi ser at retningslinjene innan naturmangfald i større grad enn tidlegare er kjende og aktivt tatt i bruk som rammer og føringar for planarbeidet. Vi legg framleis stor vekt på å rettleie om handlingsplanen for naturmangfald og minne om at den skal ligge til grunn allereie frå oppstartsmøta i kommunane.

Vi nyttar aktuelle retningslinjer, andre føringar og det oppdaterte rundskrivet T-2/16 aktivt som forankringsgrunnlag der det er aktuelt med motsegn på miljøområdet. Innhaldet i rundskrivet ligg òg til grunn for den generelle rettleinga vår til kommunane, og blir nytta som grunnlag for medverknaden vår i Regionalt planforum.

Vidare har vi gjennom webinar som t.d. Naturmangfaldveka gjort ein ekstra innsats for å formidle innhaldet i rundskrivet og å få fram kva kunnskapsgrunnlag som bør ligge til grunn for planarbeidet.

Vi meiner såleis at vi er så tidlege og tydelege inne i planprosessane som systemet gir rom for.

3.1.1.2 Helhetlig og samordnet oppfølging av samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene

Vår oppleving er at det er auka merksemd på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Det kjem til dømes til syne gjennom høge påmeldingstal til den årlege fagsamlinga vår, som vi hadde i november.

Vi har tett dialog med kommunane, m.a. for å treffe med verkemiddelbruken vår. Der det er mogleg prøver vi å tilpasse oss behova i kvar enkelt kommune. Vi meiner at den tilnærminga har hatt ein positiv effekt på måloppnåinga, t.d. ved auka øvingsaktivitet og oppdatering av planverk.

Vi meiner at vi gjennom målretta kompetanseheving dei siste åra har klart å auke forståinga for den tryggleikspolitiske situasjonen, og at vi har sett kommunane i betre stand til å planlegge for kriser i øvre del av krisespekteret.

Ved starten av året melde rundt ein fjerdedel av kommunane at dei ikkje hadde kommunale beredskapsråd. Vi har jobba aktivt med dette gjennom heile 2025. Ved utgangen av året melder dei aller fleste kommunane at dei har etablert råd, eller er i ein prosess med etablering.

Virkemiddelbruk (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Være pådriver og veileder om kommunenes samlede ansvar og rolle innen sivil beredskap, og gi råd om hvor dette ansvaret kan øves og følges opp i kommunenes beredskapsplanlegging.

Vi har nytta fleire arenaer til å rettleie kommunane om oppfølging av kommunal beredskapsplikt:

- Månadlege digitale møte, der mellom anna den tryggleikspolitiske situasjonen og relevante krav har vore tema. Vi hadde sju ordinære møte i løpet av 2025.
- Fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap i november 2025, med kommunedirektørar, beredskapskontaktar, kommuneoverlegar og regionale beredskapsaktørar som primære målgrupper. Samlinga er ein del av det etablerte samarbeidet mellom helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og beredskapsseksjonen. Talet påmelde var betydeleg høgare enn ved tidlegare samlingar.
- Øving for kriseleinga i 15 kommunar, der scenarioet var utfordringar som følgje av ein tilspissa tryggleikspolitisk situasjon. Vi samarbeidde med Politiet, Heimevernet og Siviltforsvaret om planlegginga og gjennomføringa. Vi har no øvd dette scenarioet med alle kommunane i fylket, med unntak av Bergen som skal øve hausten 2026.
- Møte i 18 kommunale beredskapsråd. Vi inviterer oss ut i råda for å presentere ein kompetansehevingspakke. Den inneheld ei orientering om den tryggleikspolitiske situasjonen og sentrale styringsdokument (nasjonal tryggleiksstrategi og totalberedskapsmeldinga), forventingar og råd til kommunale beredskapsråd og til slutt ei diskusjonsøving.
- Tilsynsmøte og dialog etter eit tilsyn. Vi legg vekt på å rettleie kommunen om korleis dei kan utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet og vareta rolla i totalforsvaret. I 2025 gjennomførte vi åtte tilsyn. Fire av dei omfatta òg tilsyn med beredskapsplikta etter helseberedskapslovgivinga.
- Vi har jamleg rettleiingsmøte med enkeltkommunar, t.d. med kommunar som er i ferd med å revidere beredskapsplanverket.

Vi meiner at den samla innsatsen overfor kommunane har bidrege til å auke forståinga for, og evna deira til å vareta beredskapsansvaret i heile krisespekteret.

Oppfølging av skogskadeberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kontrollere at kommunene har planer for beredskap hjemlet i §§ 9 og 10 i skogbrukslova og § 16 i brann- og redningsvesenforordningen

Vi har ikkje hatt større hendingar med skogskade på grunn av biller eller brann. Orkanen Amy hausten 2025 førte til lokal skogskade med vindfellingar, avhengig av lokal vindretning, men skadeomfanget var på langt nær slik som ved tidlegare orkanar. Slike skogskadar må vi rekne med i framtida. Oppryddingsarbeidet kan likevel bli tungt fordi driftskostnaden er høg, verdien av skada tømmer er låg, og dessverre er det mange skogeigarar som ikkje har forsikring. Slike skadar fell utanfor ordningane til Naturskadefondet. Dette informerer vi næringa og grunneigarane om.

Skogbrann var tema på ei av beredskapsøvingane i 2025, og temaet kan vere relevant også seinare. Vi har tidlegare år hatt til dels store lyng- og skogbrannar på kysten.

Vi driv ikkje direkte tilsyn med brann- og redningstenesta i kommunane. Tilsyna våre er etter sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Då er det den heilskaplege (overordna) ROS-analysen til kommunen som er tema. Nokre kommunar har med skogbrann i ROS, andre ikkje, og vi har ikkje tal på kor mange. Vi har heller ikkje pålagt alle kommunane å ha med skogbrann i deira heilskaplege ROS-analyse.

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Vi ser at dei fleste kommunane har blitt betre på å følgje opp plan- og bygningslova og dei forventingane som er til prosessar og sakshandsaming. Nokre kommunar slit likevel med kompetanse og kapasitet på planområdet.

Dei kommunane som har tatt aktivt tak i kompetanseutvikling, gjerne gjennom interkommunalt samarbeid, har hatt særleg forbetring.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner har oppdaterte overordnede planer.

27 av 43 kommunar i Vestland har ein arealdel til kommuneplanen som er eldre enn 10 år.

I 2024 var det totalt fem kommunar som gjorde vedtak om ny arealdel. Det var ingen kommunar som fekk vedtatt arealdel i 2025.

Samstundes er det mange kommunar som er i prosess med revidering av arealdelen. Vi har for tida mange planframlegg på formell høyring. I løpet av første halvår i 2026 ser det ut til at tolv kommunar vil ha hatt arealdelen på første eller andre gongs høyring. Ytterlegare ei handfull kommunar har varsla

planoppstart.

Det har vore større framgang i kommunane med revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen.

Mange kommunar slit med kapasiteten til å jobbe med overordna planlegging. Det er vanskeleg å sjå at innsatsen vår er avgjerande for framdrifta i kommuneplanarbeidet.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling.

Vi har handsama 57 klager på reguleringsplanar i 2025. 30 av sakene vart handsama innan 12 veker, altså 53 prosent.

Størstedelen av reguleringsplanane, 89 prosent, vart i 2025 stadfesta av Statsforvaltaren. Dette tilseier at det store fleirtalet av planar er lovlege og utan avgjerande sakshandsamingsfeil. Vi ser ikkje at andre aktørar enn oss sjølve har vesentleg innverknad på resultatane våre på klagesakene på reguleringsplanar. Vi ser at mangelfulle vurderingar etter naturmangfaldlova i fleire tilfelle har ført til oppheving, men vi ser også at prinsippa i naturmangfaldlova i aukande grad vert følgde.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunale planer har juridisk holdbare bestemmelser og plankart.

I høyringsfasen legg vi vekt på å bidra til å betre den juridiske kvaliteten på planføresegner og kart, særleg i overordna planar. I desse prosessane er det ofte behov for eigne arbeidsmøte, noko vi tilbyr. På lågare plannivå har vi, på grunn av manglande ressursar, hatt mindre detaljert oppfølging, så samla sett vil vi karakterisere måloppnåinga her som middels til god.

Vi ser likevel at kvaliteten på planføresegner ofte er eit tema i dialogmøte, òg om reguleringsplanar, og at kommunane forstår og følgjer opp råd og krav frå både Statsforvaltaren og andre statlege etatar når dei blir orienterte om manglane.

Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredningsforskriften er fulgt opp.

Vurderinga vår er at utgreiingskrava i KU-forskrifta framleis ikkje blir godt nok følgde opp. Vi ser likevel døme på gode utgreiingar. I sum karakteriserer vi derfor måloppnåinga som middels. Saman med fylkeskommunen har vi ved fleire høve lagt vekt på utgreiingskrava i rådgivinga mot kommunane.

Vi ser framleis manglar i reguleringsplanar med krav til KU. Dei aktuelle utgreiingstema er ofte med, jamfør paragraf 10 i plan- eller utgreiingsprogram, men kvaliteten på dei endelege utgreiingane og vurderingane av verknader er ofte mangelfulle. Vi har derfor fleire gonger invitert til dialogmøte når vi ser formelle manglar ved utgreiingane.

Vi ser framleis at kommunane i tvilstilfelle som regel konkluderer med at det ikkje er KU-krav til planar der vi kan ha eit avvikande syn. I slike saker prøver vi gjennom dialogmøte og skriftlege innspel å medverke til at planskildringane skal bli gode nok til at verknadene av planane likevel let seg vurdere og blir synlege.

Alternativvurderingar manglar ofte. Det er stort sett berre eitt alternativ i tillegg til nullalternativet som blir vurdert. Ofte blir det ikkje gjort reelle vurderingar av alternativ. Slike manglar peikar vi så å seie alltid på i oppstartsfasen, men vi ser sjeldan at dei blir følgde opp.

Vi nyttar aktivt Handbok-1941 frå Miljødirektoratet i rettleiing og medverknad til planarbeidet.

Oppdaterte digitale planregistre (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner holder digitalt planregister løpende oppdatert.

Kommunane i Vestland fører digitalt planregister i middels grad. Det manglar framleis mykje på dispensasjonar, klager og motsegner. Vi opplever også at det tar tid før kart er tilgjengelege ved høyring av arealdelen til kommuneplanen.

Nytten av oppdatert planinformasjon er nok kjent hjå leiarane, men kommunane har for lite tid og ressursar til å gjere dette arbeidet.

Vi hadde i 2025 møte og annan kontakt med kommunane i Nordfjord saman med Kartverket der temaet var skriftlege rutinar for føring av planregister. Vi har ikkje gjort andre tiltak mot kommunane om føring av planregister i 2025.

Kartverket har som kjent ikkje lenger ansvar for den nasjonale planbasen, og dei har derfor heller lagt vekt på temadata.

Digitalt planregister har ikkje vore hovudtema i vårt samarbeid med Kartverket i 2025.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har hatt god måloppnåing for kompetansehevande tiltak i 2025. Vi har tett samarbeid med Nav Vestland, med felles kompetanseplan og strategi for kompetansearbeidet. Vi har deltatt i planlegginga av fleire fellessamlingar og på samlingane til kvarandre.

Vi har også deltatt i den heilskaplege kompetansesatsinga. Saman med Nav fylke har vi arrangert ei kick-off-samling for dei to Nav-kontora som er med frå Vestland, og elles gitt rettleiing og hjelp ved behov. Nav-kontora har arbeid med høyrspelet om ein barnefamilie.

Vi meiner læringsmaterialet er relevant og treffer behovet for kompetanseutvikling i Nav. Vi trur det understrekar kor viktig heilskapleg og tverrfagleg samarbeid er, kor kompleks ein familiesituasjon kan vere, og korleis andre livsområde kan påverke kva høve foreldre har til å kome i arbeid, utdanning eller aktivitet.

Vi synest det er viktig å halde fram med implementering og forankring i 2026.

Alle Nav-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle Nav-kontor har god kunnskap om sosialtjenesteloven med tilhørende forskrifter.

Vi har invitert alle Nav-kontor i fylket til følgjande opplæringstilbod i 2025:

- Ny i Nav (to fysiske samlingar med Nav fylke). Her hadde vi merksemd på føremålsparagrafen, dei fem individuelle tenestene, barneperspektivet og forvaltningsrett.
- To digitale samlingar for dei som møter barn og unge i jobben, med merksemd på tverrfagleg arbeid og barns rettar.
- Fagdagar for dei som jobbar med sosiale tenester i Nav og tilsette i barnevernstenesta. Samlinga gjekk over to dagar og temaa var vurdering av barnets beste, ettervern, barnevernets forståing av levekår og døme på samarbeid mellom barnevernet og Nav. Prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene i Nav og i barnevernet hadde stand på samlinga, slik at deltakarane fekk høyre om deira erfaringar. På dag to hadde vi fagsamling for Nav om aktivitetsplikta.
- Nettverkssamlingar, grunnkurs og digital opplæring innan økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogrammet.
- Samlingar for prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene i Nav. Sjå meir informasjon under særskilte rapporteringskrav.
- Fagsamling for Nav-tilsette om teieplikt og tverrfagleg samarbeid.
- Nav-leiarsamling i samarbeid med Nav Vestland der tema var nærvær og fagutvikling.
- Nettsaker om dei sosiale tenestene på nettstaden vår.

Innhald på samlingane har vore tema i møta med Nav Vestland. Vi har møte kvar månad på rådgjevarnivå for å drøfte utviklingstrekk og kompetansebehov i fylket. Vi reviderer og korrigerer kompetansestrategien og kompetanseplanen ved behov gjennom året.

Vi vel tema for samlingar og nettsaker ut frå erfaringar frå tilsyn, handsaming av klager, oppfølging av prosjekt, evalueringar av tidlegare samlingar og elles frå kontakten med Nav-tilsette og Nav fylke.

Det er mange som deltar på samlingane vi arrangerer, og vi må ofte opprette venteliste. Vi er opptatt av at Nav-tilsette skal oppleve opplæringa som relevant og at dei kan bruke det dei lærer i kvardagen. Vi har fått gode tilbakemeldingar gjennom evalueringar av samlingane, og trur vi har lukkast med dette i 2025. Vi har fått særleg positiv tilbakemelding på temaet teieplikt. Ut frå evalueringa kan vi sjå at alle som deltok på dette, svarer at det er relevant for deira arbeid.

Vi har ein høgare stadfestingsprosent på klagesaker i 2025 (82 prosent) enn vi hadde i 2024 (78 prosent). Vi hadde ein liten auke i tal klagesaker, og handsama 63 fleire saker i 2025. Vi kan sjå at tal klagesaker framleis aukar, i tillegg til at sakene blir stadig meir komplekse. Vi kan ikkje sjå at særskilte Nav-kontor treng individuell rettleiing eller peikar seg ut når det gjeld utfordringar. Vi tilbyr rettleiing til Nav når dei tar kontakt med oss og tar elles utgangspunkt i klagesaker når vi planlegg opplæring.

Vi opplever nokre utfordringar og risikoområde i fylket vårt. Det gjeld mellom anna tilgjenge til og kvalitet på mellombels bustad, tverrfagleg samarbeid og koordinering av tenester.

Teiepliktsreglane er komplekse, og dersom Nav-tilsette er usikre på reglane, kan det føre til mindre samarbeid på tvers. Vidare fortel tilsette i Nav at datasystema deira er komplekse. Dei ser og behov for opplæring i personvernreglane.

Vi har inntrykk av at det er mykje merksemd på unge som allereie er i kontakt med Nav eller sjølv tar kontakt. Ungdomsgarantien er styrande for kva Nav prioriterer. Risikoen er at andre grupper får mindre merksemd eller blir prioritert ned.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall Nav-kontor som har deltatt på tilbudt opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	35	35

3.1.1.5 Tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene**Tilgjengelegheit og kapasitet**

Kapasiteten i heildøgns omsorgsbustader, sjukeheimar og heimetenester er under press i kommunane, noko som viser seg i talet på utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa. I mange kommunar er det høg terskel for å få sjukeheimplass, korttidsplass, omsorgsbustad og avlastning for pårørende. I sakshandsaminga vår ser vi at kommunane strammer inn på omfanget eller vilkåra for å innvilge visse tenester.

Tal frå SSB viser at det berre er ein auke på 64 institusjonsplassar for heile Vestland frå 2022 til 2024. Det er ein nedgang både på demensplassar, rehabiliteringsplassar og tidsavgrensa plassar i institusjon. Det er bekymringsfullt, med tanke på at dei fleste kommunar satsar på heimetenester og at dei eldre skal bu heime lengst mogleg. Det er allereie låg bemanning, lite stabilitet i personalgruppa og få faglærde i tenesta. Det er også eit stort behov for avlastning for pårørende med heimebuande personar med demens. Mange kommunar har også eit mangelfullt dagtilbod til denne gruppa.

I Vestland er delen med demens 2,13 prosent i 2025 (mot 2,05 prosent nasjonalt) og vil auke til 2,43 prosent i 2030 (mot 2,36 prosent nasjonalt). Auken utgjør 14,08 prosent. Tal frå SSB tyder også på at det har vore ein nedgang i delen eldre over 80 år med institusjonsopphald i kommunane i Vestland dei siste åra. Delen eldre som brukar heimetenester har også gått ned i same periode. Det same gjeld delen brukarar av heimetenester i gruppa 0–66 år.

Vårt hovudintrykk er at mottakarane får forsvarlege tenester, men at nivå, innhald og omfang av tenestetilbodet er pressa ned mot eit minimumsnivå.

Styrkt kvalitet og pasienttryggleik

Vi vurderer at den økonomiske situasjonen til kommunane og utfordringane med rekruttering av nøkkelkompetanse og kommunale leiarar gjer det krevjande å levere gode og forsvarlege tenester. Elles påverkar også desse faktorane tenestene:

- Mangel på formell kompetanse.
- Låg bemanning.
- Forskning av sjukepleiar- og helsefagarbeidarvakter til ufaglærte/assistentar.
- Stor arbeidsbelastning på faglært personale.

Dette reduserer kvaliteten i tenestene og er ein trussel mot pasienttryggleiken.

Ei like stor utfordring som å rekruttere helsepersonell, er å behalde og utvikle dei. Vi meiner kommunane må jobbe med å behalde og utvikle tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning. Kommunane bør også i større grad drive aktiv seniorpolitikk for å behalde eldre arbeidstakarar i arbeid og jobbe systematisk med å sysselsette personar som står utanfor arbeidslivet. Kommunane bør ha ein plan for dette arbeidet.

Pasientar får i aukande grad behandling og oppfølging i kommunen dei bur i. Meir komplekse behov for helsehjelp krev meir kompetanse hos helsepersonellet. Derfor er det eit aukande behov for spesialisert sjukepleiarkompetanse. Nokre av kommunane i Vestland har sett behov for meir kompetanse innan avansert klinisk allmennsjukepleie.

Kommunane jobbar med å sikre kvalitet i tenestene, men vi erfarer mellom anna i tilsynsarbeidet og i enkeltsaker at det framleis er behov for kompetanseheving og meir vekt på leiing og internkontroll i arbeidet med å betre pasienttryggleiken.

Forskrifta om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene har vore sentral i rettleiing og tilsyn, særleg gjennom tilsyn etter metode tre. Dette arbeidet har bidrege til at kommunane får betre forståing av forskrifta og dermed oppnår betre kvalitet i tenestene.

Fleire kommunar manglar oppdaterte risikovurderingar på områda. Det er også låg leiartettleik i kommunane, og leiarane uttrykkjer at dei ønskjer å jobbe meir systematisk med kvalitet og pasienttryggleik, men drifta tek mykje av tida deira.

Leiarforankring er avgjerande for å sikre at kvalitetsarbeid blir ein integrert del av styringa og drifta i kommunen. Vi ser at mange leiarar og tilsette har mangelfull kunnskap om forbetningsarbeid og manglar modellar for systematisk arbeid på området.

For å møte desse utfordringane er det behov for meir jamn og strukturert opplæring, og høve til å jobbe meir systematisk med kvalitet og pasienttryggleik. Døme på slike tiltak er faste fagdagar, rettleiing og refleksjonsgrupper, og deltaking i ulike nettverk i regi av Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester og Statsforvaltaren.

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) har jobba med kommunane om forskrifta, mellom anna i satsinga på gode pasientforløp. USHT-ane spelar også ei viktig rolle i arbeidet med å fremje kvalitet i tenestene og auke pasienttryggleiken i kommunane. Ein stor del av tilskota vi forvaltar er brukt til å støtte opp om dette arbeidet.

Vi ser likevel ei positiv utvikling i nokre kommunar som har jobba langsiktig og strategisk med kvalitet og pasienttryggleik, delvis grunna nettverk i kvalitetsforbetring og systematisk oppfølging ved lovbrøt etter tilsyn.

Vi har arrangert den årlege konferansen for tilsette i helse- og omsorgssektoren. Vi har berre fått gjennomført eitt kurs i sakshandsaming og eitt kurs om

pasient- og brukarrettslova kapittel 4A, på grunn av mangel på ressursar, auka saksmengd og prioriteringar frå leiinga.

Vi vurderer at kapasiteten og tilgjengelegeheita i tenestetilbodet utviklar seg i negativ retning, med manglande plassar til avlasting, langtidsopphald, korttidsopphald, dagoppbald, rehabiliteringstilbod og plassar til personar med demens. Vi er uroa for denne utviklinga og det manglande samsvaret mellom behov og tilbod. Vi vurderer at mangel på formell kompetanse, mangel på leiing og den pressa økonomiske situasjonen i kommunane vil svekke kvaliteten og pasienttryggleiken i tenestene. Vi meiner denne utviklinga ikkje kjem av manglande oppfølging frå vår side.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dette må ses i sammenheng med helsefelleskapenes arbeid med bedre felles planlegging og utvikling av tjenestene for de prioriterte pasientgruppene.

Behov for personell med ulike språk- og kulturkompetanse (samisk, minoritetsspråklig mv) skal søkes ivarettatt i planleggingen.

Vi er usikre på om alle kommunane i fylket vårt har ei langsiktig planlegging som i tilstrekkeleg grad sikrar berekraftige tenester som samsvarar med utfordringane innan demografi, rekruttering og kompetansebehov. Kommunane utarbeider planar, men evnar ikkje alltid å gjennomføre planen. Førsetnadene for å kunne gjennomføre endrar seg også heile tida. Ifølgje kommunane handlar mykje om økonomi, men også vanskar med å rekruttere personell. For å løyse utfordringane set kommunane i verk kompensierende tiltak ved å endre struktur, organisering og oppgåvedeling i tenestene.

Vi vurderer at tiltaka og endringane som ein del kommunar gjennomfører, utfordrar kvaliteten på og forsvarlegheita i dei kommunale tenestene.

Vi vurderer at kommunane framleis har stort behov for råd og rettleiing i arbeidet med å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene, men erfarer at dei i liten grad etterspør slik hjelp. Eit døme kan vere at 31 av 43 kommunar rapporterer at dei har utarbeidd kompetanseplan, men berre 21 av kommunane rapporterer at planen er politisk vedtatt. Vi meiner at mangel på oppdaterte og politisk vedtatte kompetanseplanar kan føre til manglande måloppnåing i arbeidet med å sikre nødvendig kompetanse og nok ressursar. Det kan føre til at planlagde kompetansehevande tiltak ikkje blir tatt med i budsjett/økonomiplan, og dermed ikkje blir sett i verk.

Kommunane må innarbeide varetaking av personell med ulike språkbakgrunn og manglande norskkunnskapar i kompetanseplanane. Så langt har ikkje dette vorte ivarettatt på ein god måte i planarbeidet. Vi viser til rapporteringane i punkt 7.3.3.3.1 og 3.1.1.1.5.1.

Vi held fram samarbeidet med KS, utdanningsinstitusjonane og Vestland fylkeskommune. Saman med KS prøver vi å få til eit opplæringstilbod om strategisk kompetanseplanlegging i 2026. Kommunane melder at dei har behov for dette. Vi ønskjer å kome med felles tiltak for å støtte kommunane i det vidare arbeidet. Ein vesentleg nytteverdi er erfaringsdeling, informasjon og dialog, og ei felles forståing av oppgåveløysinga.

Helsefelleskapa har starta planlegginga for dei prioriterte gruppene, men det er for tidleg å seie noko om effekten i kommunane. Implementering av CFS i helseføretak og kommunar i nedslagsfeltet er eit døme på at samarbeidet har resultert i konkrete tiltak. Sjå rapporteringa i punkt 3.1.3.1.2.1 for meir informasjon.

Vi held fram arbeidet med å arrangere møteplassar for leiarar i utdanningsinstitusjonar og aktørar som arbeider med planlegging, rekruttering og kompetanse. Målet er å løfte felles utfordringar og finne gode og berekraftige løysingar gjennom samarbeid.

Helsefelleskapene bidrar til likeverdig partnerskap og til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjeneste (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterens bidrag fører til at helsefelleskapene utvikler seg som mer likeverdige partnerskap, og dermed til mer sammenhengende og bærekraftige helse- og omsorgstjenester.

I Vestland har vi tre helsefelleskap:

- Sogn og Fjordane helsefelleskap
- Helsefelleskapet i bergensområdet
- Helsefelleskapet Fonna

Statsforvalteren er observatør i alle dei strategiske samarbeidsutvala. Det er ulikt korleis dei er organiserte og kor langt dei er komne i planlegginga og etableringa av dei faglege arbeidsutvala.

I Helse Førde-regionen er det ikkje oppretta faglege arbeidsutval for alle dei prioriterte pasientgruppene, og det er utfordrande for kommunane å oppnemne medlemmer i enkelte utval. I denne regionen har dei prioritert å arbeide saman om kartlegging og rekruttering av helsepersonell og samarbeid på tvers av spesialist- og kommunehelsetenesta. Dei arbeider vidare for å få etablert faglege arbeidsutval for dei fire prioriterte

pasientgruppene. I 2025 har mange av diskusjonane i regionen handla om kutt i tenestene og nedskalering av lokalsjukehusa på grunn av økonomiske utfordringar i spesialisthelsetenesta.

Dei to andre helsefelleskapa er godt i gang med å utvikle samarbeidet, og vi har inntrykk av at kommunane klarer seg bra i partnerskapen. Vi vurderer at dei er i overgangen mellom etableringsfasen og gjennomføringsfasen.

Partane i helsefelleskapen er samde om tilskotet til rekruttering og samhandling. Midlane er tildelte og dei ulike prosjekta er sett i gang.

Helsefelleskapet i bergensområdet utarbeider no ein særavtale for korleis helsefelleskapet skal planlegge for å handtere krig. Sjølv om dette ikkje er ei av hovudsatsingane til helsefelleskapa, meiner vi at dette er framsynt for beredskapsplanlegginga i regionen.

Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene. (fra kapittel 3.1.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører et langsiktig arbeid med å sikre kvalitet i tjenestene.

Vi meiner at kommunane arbeider jamleg med å sikre kvalitet i tenestene. Mange kommunar deltar i læringsnettverk og samlingar i regi av Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) i fylket, der dei arbeider med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Arbeidet til USHT-ane er nyttig for dei kommunane som prioriterer og har nok ressursar til å delta i nettverka.

Samstundes erfarer vi gjennom tilsynsarbeid og sakshandsaming at det framleis er manglar ved styring og internkontroll i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Vi ser ofte manglar innan systematisk arbeid med pasienttryggleik og kvalitetsforbetring. Vi vurderer at forskrifta om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta ikkje blir brukt som venta.

Tal sysselsette og årsverk innan pleie og omsorg aukar, og talet på ufaglærte aukar mest. Mange kommunar er i gang med å omorganisere og endre oppgåvedelinga som følgje av mangel på tilsette med rett kompetanse. Det er i mange tilfelle tilsette med lågast kompetanse som er nærast pasientane ute i tenestene. Vi vurderer at dette kan gå ut over kvaliteten og forsvarlegheita i tenestene. Dette ser vi også døme på i sakshandsaminga vår.

I tilsynsarbeid og sakshandsaming ser vi at fleire kommunar har tatt i bruk validerte verktøy som CFS (Clinical Frailty Scale) og NEWS2 (National Early Warning Scale) i kvalitetssikring av helse- og omsorgstenesta. Nokre kommunar set inn kompensierende tiltak med kurspakkar i KlinObs for å heve kompetansen hos ufaglærte tilsette. Vi er likevel usikre på om tenestene organiserer seg på ein slik måte at dei har tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere og følgje opp resultat av slike kartleggingar på ein systematisk måte. Det er også viktig å kunne bruke denne informasjonen til styring og drift av tenestene.

3.1.1.6 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Mange viktige økosystem er dessverre framleis i negativ utvikling, trass i at naturen ofte ser lite påverka ut. Faktorane som er årsak til denne utviklinga ligg ofte utanfor vårt mandat og kontroll, vi prioriterer derfor særst høgt å trekke inn andre samfunnsinstansar og -aktørar for om mogleg å betre situasjonen. Det er såleis positivt at vi registrerer aukande interesse for vern og ikkje minst naturrestaurering i samfunnet. Tiltak som er gjennomførte for å betre tilstanden i einskildområde, skaper ofte sterkt engasjement i lokalsamfunna.

Folk i vår region er sterkt opptatt av at marine økosystem skal fungere til alles beste, og at omgrep som "økosystembasert forvaltning" får eit faktisk innhald som slår positivt ut for naturen. Dei marine verneområda våre engasjerer, og vi håpar arbeidet vårt med marint vern i Sognefjorden skal gi eit tenleg sluttresultat, sjølv om prosessen er krevjande. Vi skulle gjerne hatt eit effektivt vern av meir marin natur, men det vil vere ein fordel om vi kan integrere eit meir heilskapeleg vern i prosessane som gjer at økosystema fungerer godt.

Situasjonen for hekkebestandane av sjøfugl i Vestland er framleis negativ. Vi ser noko betring i område der vi målretta har fjerna mink og ryddar hekkeplassar for tett vegetasjon, men den negative utviklinga er mest av alt forårsaka av vedvarande næringssvikt gjennom fleire tiår. Dette ligg utanfor vårt mandat, men omsyn til sjøfuglane må prioriterast langt høgare i tverrsektoriell handling. Derfor har vi i samarbeid med fylkeskommunen tatt initiativ til eit regionalt sjøfuglseminar i Bergen i april 2026, der vi legg fram konkrete tiltak som kan betre tilstanden i vår region.

Talet på saker med konflikt mellom sjøfuglreservat og utplassering av oppdrettsanlegg har auka til eit par saker årleg dei siste åra.

Med utgangspunkt i tildelte midlar har vi gjennomført ein effektiv innsats mot framande artar. Den indirekte og historiske påverknaden frå kulturskogen (12 prosent) er likevel sterk, ved at areal tilplanta med gran av kommersielle årsaker ikkje blir hogd. Det fører til tap av viktig areal og har svært sterk fragmenteringseffekt. Fragmenteringa av landskapet er sterkt underkommunisert, sjølv om det skaper store problem for arealkrevjande artar i naturen. Tilstanden er tilsynelatande grei i dei naturlege skogøkosystema, men mange av artane som lever her ser ut til å vere i sterk tilbakegang, utan at årsakene til dette er klare. Vestland er eit viktig fylke for nemoboreal regnskog, og vi har i 2025 etablert bufferareal rundt slike registrerte førekomstar for å unngå at dei blir skadde av lovleg hogst tett inn mot regnskogen.

Vi har mykje merksemd på restaureringstiltak i skog, som regel ved fjerning av regionalt framande treslag. Verneområda har vore hovudprioritet for slike tiltak, med god effekt. Innsatsen i 2025 har i stor grad vore konsentrert om å få avslutta pågåande prosjekt på ein god måte.

Vi har generelt gode erfaringar med regionalt miljøprogram, utvalde kulturlandskap og verdsarvområda. Samhandlinga med kommunane om prosessar der viktig natur er involvert, er god, og særleg vil vi framheve samarbeidet med Nordhordland Biosfæreområde, som har stor gjensidig nytte.

Vi arrangerte fleire nettseminar i 2025. Med seminarserien Naturmangfaldsveka, som gjekk over fire dagar, inviterte vi både administrasjonen og politikarar i kommunane til påfyll av kunnskap og drøfting av fagtema. Totalt var det 1097 unike påmeldingar, fordelt på 337 personar, som er 11 prosent meir enn året før. I den eksterne evalueringa av arrangementet svarte 89 prosent at seminarserien gav dei betre grunnlag til å løyse arbeidsoppgåvene. Vi arrangerte også eit digitalt informasjonsmøte om almesjuka, med godt oppmøte. Kommunane fortel oss også at nyhendevarsel frå oss og god info på nettstaden er ein viktig informasjonskanal i arbeidet deira.

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Bedre tilstand i naturen gjennom vern, restaurering og andre relevante tiltak

Nytt vern

Vi prioriterer dialog med kommunar, grunneigarar, lag og organisasjonar om verneoppdraga våre. Dialogen tek tid, men gir god effekt i form av auka interesse, kunnskap og lokal tilslutning til vern.

Innan nasjonalparkoppdraget "Bevaring av verdifull natur" fekk vi meldt oppstart på utviding av Jotunheimen nasjonalpark i mai 2025. Dette inkluderer både heilt nye område utanfor dagens nasjonalpark og endring av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde til nasjonalpark. Vi har hatt dialog med svært mange av grunneigarane i kandidatområda Masfjordfjella og Homelen om å inkludere skog i nasjonalparkane. Fleire er interesserte, men mange av eigedomane er felleseige med svært mange eigarar, og kravet om full konsensus mellom desse er vanskeleg å innfri sjølv for marginale skogområde tett oppunder skoggrensa. Vi samarbeider godt med skogeigarorganisasjonane FramTre og Norskog om skogtematikken. Vi har meldt oppstart for fire supplerande vernområde i 2025, og har no totalt ni område i prosess. Eitt område er tilrådd til Miljødirektoratet.

Effekten av vern av svært viktige nasjonale naturverdiar gjennom supplerande vern vil kunne bli redusert ved utgrensing av små skoglommer som ikkje kan inkluderast, med tilsvarande mange hol i vernekarta som resultat. Dette er problemstillingar som er forårsaka av eit avtaleverk som er utanfor vårt mandat og rom for påverknad.

Gjennom arbeidet med frivillig skogvern er tre nye område i Vestland blitt verna, og vi har tilrådd to nye område. I tillegg er fleire område i skrivande stund klare for formell oppstart. Vi ser stor effekt av opne lokal kveldsmøte om frivillig skogvern. I etterkant av slike møte får vi ofte inn fleire tilbod om skogvern. Dette gjer at det no er verna om lag 3,4 prosent skog i fylket.

Naturrestaurering

Eitt myrområde vart restaurert i 2025. Det er lite, men likevel meir enn i 2024.

Vi har tradisjonelt lagt vesentleg sterkare vekt på restaurering av skog i Vestland, i form av fjerning av plantefelt med sitkagran og norsk gran (regionalt framand art). Målet er at viktig naturskog skal få vekse fram her i staden. Vi har fått ny rammeavtale for slike tiltak, som er ganske utfordrande å nytte og som i 2025 dessverre hemma aktiviteten. Vi prioriterte i staden å få slutført pågåande prosjekt med eit godt resultat. Det målet er innfridd, og responsen frå grunneigarar og lokalsamfunn er særst god.

Utfordringa ved denne forma for skogrestaurering er svært stor i Vestland. Store mengder skog vart planta i tette monokulturar i 1960- og 70-åra, ofte på stader der det er uråd å hauste ressursen kommersielt ved hogstmoden alder. Slik skog blir då ståande og spreie frø, og vil dermed infisere omkringliggjande areal viss ikkje styresmaktene går inn med tilstrekkeleg innsats. I 2025 hadde vi eit samhandlingsmøte mellom miljø- og landbruksavdelingane om temaet, og konklusjonen er at vi er sterkt motiverte for å samhandle gjennom dei verkemidla vi har.

Truga artar

Det blir gjennomført intensiv overvaking av hubro i Hordaland, og omfattande kartlegging i Sogn og Fjordane. Etter gode sesongar med ungeproduksjon både i 2020, 2021 og 2022, har det i åra etter vore sviktande reproduksjon.

Status og effekt i vassforvaltingsarbeidet

Vi arbeider jamt med tiltaksretta overvaking gjennom større overvakingsprogram både på kysten og i ferskvatn. Effekten av overvakingsprogramma er mellom anna at eigarskapet og ansvarskjensla blir heva gjennom spleiselag og kunnskap om tiltak som verkar, og at det blir tydelegare om vassforekomsten har nådd miljømålet og ligg stabilt der, eller om det er behov for fleire tiltak. Kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett blir mykje betre, og påverknad og grad av påverknad blir justert der det er naudsynt. Forvaltninga kan stole meir på tilstanden til den aktuelle resipienten, og det styrker arbeidet som blir gjort i alle ledd.

Overvaking av kalking av vassdrag viser at det gir den ønskede vasskvaliteten i fem anadrome vassdrag. Effekten på det biologiske livet er meir varierende. Årsaka til det er at andre påverknader enn forsuring har negativ innverknad på dei anadrome bestandane.

Nedgangen i laksebestandane held fram i fylket, og vi ser inga særskilt endring i utviklinga av vassdraga som følge av arbeidet vårt. Vi har sett ein stor auke i talet på søknader om å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag. Vi opplever at vi gjennom diverse informasjonsarbeid har bidratt til at det har vorte meir kunnskap om kor viktig kantvegetasjonen er, og at ein må søke til Statsforvaltaren når han skal fjernast. Det same gjeld søknader etter forskrifta om fysiske inngrep i vassdrag, men her er ikkje auken i talet på søknader like stor.

Status og effekt i arbeidet med å bekjempe framande organismar

Vi ser redusert negativ effekt av framande skadelege organismar på naturmangfaldet.

Arbeidet mot pukkellaks i Vestland er stort sett basert på lokal innsats. Det er den lokale forvaltninga som melder inn observasjonar og handterer utfiske. Vi merkar at kompetansen for utfiske av pukkellaks manglar i fylket, og at arbeidet i nokre elvar ikkje har hatt særleg effekt mot pukkellaks i år.

Havforskningsinstituttet har halde fram med kartlegging og overvaking av dei marine artane havnespy og stillehavsøsters i 2025, så vi har ei viss oversikt over situasjonen.

Tiltak mot framande, landlevande plantar, inkludert utanlandske treslag, har gitt god effekt ved at frøplantar er fjerna lokalt. På desse lokalitetane er også oppslag av unglantar under ein viss kontroll. Dette er langsiktige tiltak, og det er økonomien som avgjer i kor stor grad vi klarar å halde innsatsen oppe.

God kontakt og samarbeid med kommunar, frivillige organisasjonar, grunneigarar og lokale eldsjeler har fungert godt. Vi har òg kontakt med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune om framande artar, og samarbeider om tiltak der det er naturleg.

3.1.1.7 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Av skjøtselskrevjande, truga naturtypar meiner vi at kysttynghei har ei positiv utvikling i areal og økologisk funksjon, og at stimulansen frå gunstige RMP-ordningar er ein viktig grunn til det. Vårt arbeid med skjøtselsplanar og tilskot bidrar positivt både til kysttynghei og andre truga naturtypar. For naturbeitemark og slåttemark er utviklinga sannsynlegvis negativ totalt sett, sidan det er svært usikkert om oppattaking av rett skjøtsel på nokre lokalitetar veg opp for dei mange lokalitetane som truleg går tapt som følge av oppgjødsling, atgroing eller ulike utbyggingsføremål.

Vår samla innsats på dette feltet vil måtte auke med tida, ettersom fleirtalet av kandidatområda vi arbeider med i samband med "Vern av viktig natur" dreier seg om skjøtselskrevjande biotopar.

I skogøkosystema er utviklinga truleg gjennomgåande negativ, som følge av at det blir gradvis mindre areal att av gammalskog med høg alder, grove tre, eller skog som ikkje har vore flatehogd. Pågåande naturleg frøspreiing frå innplanta gran og utanlandske bartre bidrar til å fragmentere det som er att av større, samanhengande naturskogområde. Dette er ei stor utfordring i Vestland. Ei unaturleg høg hjortestamme (som følge av fråvær av store rovdyr) medverkar, saman med framvekst av gran i furuskog og boreal lauvskog, til å svekke livsgrunnlaget for artar knytte til grove ospetre og meir generelt til osp, rogn, selje m.m. Skogvernarbeidet vårt bidrar til å bremse den negative utviklinga, men ei verneforskrift kan i liten grad stoppe hjortebeiting eller vindspreidde framande frø. Noverande skogvern, med relativt små, spreidde og ofte suboptimalt arronderede område som ikkje alltid fangar opp dei viktigaste kjerneområda for naturmangfaldet, gjer det også vanskeleg å forvalte større, samanhengande landskap på ein måte som stettar krava til heilskapleg økosystemforvaltning. For dei mest spesialiserte artane må vi derfor rekne med at utviklinga er negativ, trass i vernetiltaka.

Vi ser framleis god effekt av gjennomførte tiltak for vipe på Herdla (om lag to prosent av norske vipere hekkar i dette verneområdet i dag), men det er så langt ingen teikn til betring for sjøfuglane i Vestland fylke. Situasjonen må reknast som kritisk, og nokre artar har forsvunne, eller er i ferd med å forsvinne. Dette gjeld mellom anna hekkfuglar som havhest, tjuvjo, teist, steinvendar, og truleg også toppskarv i løpet av nokre år dersom utviklinga held fram. Hekkebestanden av ternar og kysthekkande fiskemåse i Lurefjordenvart redusert med 97 prosent på 30 år. At dette fjordsystemet vart marint verneområde i 2020 har ikkje endra situasjonen, og utviklinga er ganske samanfallande på heile vestlandskysten.

Forvaltning av villrein (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

De nasjonale villreinområdene er på vei til å nå målene satt i St. Meld. 18. Ein forbetra tilstand for villrein

For Nordfjella nasjonale villreinområde er status at tiltaksplanarbeidet er avslutta frå vår side, og vi ventar på at tiltaksplanen kjem på høyring. Dette heng tett saman med arbeidet med reetablering av villrein frå sone 2 til sone 1 i Nordfjella, der arbeidsgruppa er i ferd med å slutføre sin rapport. I sum vil desse to punkta kunne føre til at vi går frå dårleg til middels kvalitet i løpet av 2026/2027. Vi registrerer elles at det er lite aktivitet i dei tre kommunane i Vestland med areal i Nordfjella som kjem direkte i konflikt med leveområdet til villreinen. Det blir arbeidd med større revisjonar av vilkåra for vassdragsreguleringane i Aurland og Lærdal, der revisjonen i Aurland er komen lengst. Det er viktig å peike på at revisjonane har som delmål å betre tilhøva for villreinen. I tillegg er det annan aktivitet, t.d. damrehabilitering. Vi må sjå aktivitetane i samanheng, då begge vil verke inn tilstanden for villrein. Det for tidleg å observere eller registrere effektar av aktivitetane.

3.1.1.8 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Vestland har også i 2025 prioritert marine kartleggingar, med vekt på at data blir lagt inn i Artskart og Naturbase. Denne kunnskapen bidreg til sikrere sakshandsaming og arealplanlegging i kommunane. Eit betre kunnskapsgrunnlag legg til rette for at verksemdar kan levere betre søknader, noko som igjen effektiviserer sakshandsaminga vår.

I tillegg til eigne regionale overvaksingsprogram, gir kartleggingar av sårbar natur og nasjonale prosjekt ny kunnskap som vi nyttar i sakshandsaminga. Samstundes peikar kunnskapen på "nye" miljøutfordringar ved utlepp frå akvakulturbransjen. Vi ønskjer meir rettleiing frå Miljødirektoratet om korleis vi skal handtere desse utfordringane. Systematisering av resultat frå miljøgranskningar som vi har fått inn dei siste åra har gitt god oversikt over akvakulturlokalitetar med behov for oppfølging. Vi forventar effekt av dette gjennom meir målretta tilsyn og tettare oppfølging av dei aktuelle anlegga frå

2026 og framover.

Det er ei utfordring at fleire kommunar i fylket ligg etter med etablering av avløpsreinsing i tråd med fastsette reinsekkrav, og i praksis bryt utsleppsløyna sine. Vi følgjer desse kommunane tett opp med verkemiddel som pålegg om statusrapportering og vedtak om tvangsmulkt. Vi vurderer òg pålegg om tilknytingsstopp. Vi ser framdrift i kommunane, men mykje står framleis att. Fleire kommunar har vedtatt å etablere sekundærreinsing framfor primærreinsing. Når dei nye anlegga er i drift, vil dei bidra til reduserte utslepp og dermed gi god miljøeffekt.

Vi er aktiv deltakar i prosjektgruppa for Renere Havn Bergen. Så langt er det gjennomført tildekking av forureina sjøbotn i Puddefjorden og Store Lungegårdsvann. Eittårskontrollen i Store Lungegårdsvann i 2025 viser at miljøtilstanden er god, utan teikn til rekontaminering. Prosjektet held fram med planlegging av miljøtiltak i Vågen, som vil gje endå betre miljøtilstand i området.

På avfallsområdet er vi snart i mål med oppdaterte krav til to store deponi som søker om utviding. Oppdaterte krav til sigevassmengde og reinseleisingsing vil redusere belastninga på resipientane. Vi jobbar òg med avslutnings- og etterdriftsvilkår for fleire deponi som skal avsluttast heilt eller delvis. Avslutning og etablering av toppdekke vil gi redusert forureining frå desse deponia.

Vi har gitt løyve til opprydding av forureina grunn på eit industriområde i Øygarden kommune. Tiltaket er gjennomført slik at spreining av forureining til grunn og vatn frå eigedomen er stansa.

Vi fører tilsyn med alle bransjar i samsvar med seksårsplanen vår. Uvarsla tilsyn har god effekt og gir effektiv ressursbruk både for oss og for verksemdene. Gjentatte klager blir følgde opp med tilsyn, og vi opplever dette som ein effektiv måte å følgje opp særskilde tilfelle av forureining på. Vi arbeider heile tida med å styrke og reindyrke tilsynsgruppa i seksjonen og ventar å sjå auka effekt av dette dei komande åra.

Forurenskingskilder fra overgjødning (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Forurenskingskilder som skaper eutrofiering er godt regulert.

Akvakultur

Sjølv om vi har styrkt bemanninga på fagfeltet, har vi framleis eit stort etterslep på søknader til handsaming. Vi forventar på sikt at regulering av anlegga med forskrift vil gi ressursinnsparing og miljøeffekt, men vi ser at dette framleis gir mykje ekstraarbeid. Restanseprosjektet har hatt positiv effekt på sakshandsaminga i Nordland, og på kalibrering mellom fylka. Men det gav negativt utslag for vår eiga sakshandsamingstid i Vestland.

Nye marine miljødata gir kunnskap som nyttast i sakshandsaminga og som gir grunnlag for å identifisere lokalitetar med behov for målretta oppfølging. I 2025 har vi fått ny kunnskap om Hardangerfjorden gjennom resultatane frå vår eiga regionale overvaking og gjennom rapporten frå Havforskningsinstituttet om verknader av modellerte auka tilførsler. Rapporten frå Havforskningsinstituttet peikar på at akvakulturbransjen er den største kjelda til nitrogen og fosfor i fjordsystemet, og at auka produksjon kan gi høg risiko for eutrofiering i delar av fjorden. Resultatane frå rapporten vil ha mykje å seie for handsaminga av akvakultursøknadane for Hardangerfjordområdet som har lege på vent, men no er tatt opp att.

Avløp

Forureiningsforskrifta kapittel 14

Utslepp av avløpsvatn i område omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14 er tilstrekkeleg regulert til å nå god miljøtilstand. Så godt som alle anlegg har utsleppsløye i tråd med gjeldande regelverk. Det er ei utfordring at fleire kommunar bryt utsleppsløyna sine. Vi følgjer desse kommunane tett opp med aktuelle verkemiddel, og vi ser framdrift i arbeidet med å rette avvika. Når dei nye anlegga er i drift vil dei bidra til reduserte utslepp og dermed gi god miljøeffekt.

Forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13

Vårt inntrykk er at mange kommunar framleis nedprioriterer tilsyn og oppgradering av spreidde avløp, og at dei har lite oversikt over tilstanden i mindre vassdrag og kvaliteten på spreidde avløpsanlegg. Vi har også inntrykk av at mange "kapittel 13-anlegg" ikkje er i tråd med gjeldande regelverk og at fleire kommunar ventar med å gjere tiltak i påvente av nye EU-krav.

Fordi vi manglar kapasitet er oppfølginga vår avgrensa til rettleiing av kommunane gjennom kommunebesøk, fråsegner til hovudplanar, enkelte foredrag og rettleiing i samband med arbeidet med vassforvaltningsplanane. Vi ser ei svak positiv utvikling ved at fleire kommunar dei seinare åra har vedtatt gebyrforskrifter for tilsynsarbeid og at enkelte kommunar har inngått samarbeid om tilsynsoppgåvene. Det står likevel att mykje arbeid. Med dagens ressursituasjon kan vi ikkje auke innsatsen vår.

Organisk avfall

Det blir samla inn stadig meir organisk avfall utan at det finst løysningar for resirkulering. Samstundes som vi har handsama løyve til tre nye industrielle biogassanlegg ser vi at det i aukande grad skjer ulovleg deponering av biorest. Bioresten er ei kjelde til fosfor som kan føre til eutrofiering av vassdrag om han ikkje blir disponert riktig.

Vi bidrar saman med Standard Norge i arbeidet med å lage ein standard for mottak av avfall til biogassanlegg for å sikre kvalitet på bioresten. Standardisering vil gi ein reinare biorest og dermed positiv miljøeffekt, som er ein føresetnad for at bioresten skal kunne gå inn i eit sirkulært krinsløp.

Overvaking

Vi gjennomfører overvåkingsprogram på kysten i Vestland for å følge eutrofieringssituasjonen. Dette er treårige program som rullerer. Vi har tilsvarende overvåkingsprogram for eutrofi i ferskvatn. Denne overvakinga er med på betre kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett, som vidare gjer at vi og sektormyndighetene kan prioritere tiltak i dei mest påverka vassførekomstane.

Vannforvaltningsplaner

Tema	Hvor mange vannforekomster vil nå miljømålene, innen gitte frister	Hvor mange vannforekomster vil ikke nå miljømålene, innen gitte frister	I hvor mange vannforekomster er det fastsatt regionale forskrifter for å nå målene	I hvor mange vannforekomster har SF vurdert å innføre regionale forskrifter
Antall	2 000	0	0	0

Her har vi tatt naturlege vassførekomstar som ikkje har nådd miljømålet + SMVF som ikkje har nådd miljømålet. Alle med sektoransvar skal nå miljømålet innan gitte fristar, men om dei gjer det er ei anna sak. Vi har difor sett 0 i andre kolonne. Per no veit vi ikkje kor mange som vil nå miljømålet. Vi håpar det vil kome ein enkel måte å få ut den statistikken på i 2028. I 2025 vart det gjennomført ei oppdeling av eit utval vassførekomstar i Vestland. Dette førte til at talet vassførekomstar i Vestland auka med om lag 1300. Dette er truleg årsaka til at talet i tabellen er noko høgare enn ved føre rapportering.

3.1.1.9 God økonomiforvaltning i kommunene

Også i 2025 har vi gjennomgått budsjett og økonomiplanar (for perioden 2025 til 2028) for alle dei 43 kommunane i Vestland og sendt brev til kommunane med våre tilbakemeldingar og kommentarar. I tillegg til kontroll av balansen i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgd opp økonomiplanlegginga etter kommunelova med forskrifter.

Vi nyttar Kommunebilde til ROS-vurderingar av kommunane, og utarbeider kommunebilde for alle kommunane kvart år for vårt område. Dette gir oss nyttig og oppdatert informasjon om økonomien til alle kommunane, og informasjonen kan nyttast av heile embetet.

Året 2025 vart utfordrande år for mange av kommunane, med svake/negative netto driftsresultat som fører til redusert eigenkapital/disposisjonsfond. Kommunane har utfordringar med høgt utgifts- og rentenivå, og vanskar med å få tak i arbeidskraft og dermed høge vikarutgifter. I tillegg opplever mange ei negativ folketalsutvikling, der demografien framover viser fleire eldre, nedgang i talet på yrkesaktive, og nedgang i tala for dei yngre årsklassane. Denne utviklinga blir svært krevjande for kommunane, og krev omstilling i tenestene og i styringa, for å sikre ei god og føreseieleg økonomiforvaltning.

I mai sende vi brev til kommunane med utfyllande informasjon om revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen, og like eins i oktober om framlegget til statsbudsjett. I desember la vi ut informasjonsartikkel om det endeleg statsbudsjett for 2026.

I august gjennomførte vi samling i økonominettverket for administrative leiarar på økonomiområdet, økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. Tilbakemeldingane syner at dette nettverket er nyttig og viktig for kommunane. Tema på årets samling var norsk økonomi og kommuneøkonomi, pensjon, KI og framtida i Visma, og innlegg frå kommunar.

Gjennom året har vi kontakt med enkeltkommunar om rettleiing og økonomistyring, etter ønske frå kommunane sjølve eller etter initiativ frå oss.

Også i 2025 hadde vi samling for alle ordførarar og kommunedirektørar i fylket, som vi arrangerer saman med KS Vest. Saman vel vi tema som vi meiner er nyttige for arbeidet i kommunane.

Generelt får vi positive tilbakemeldingar frå kommunane på samhandling og aktivitetar.

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK. (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God oppfølging av kommuner som er i, eller står i en situasjon der de kan komme i, ROBEK.

På samlinga i Økonominettverket hadde fleire av kommunane innlegg om temaet økonomi, omstilling og leiging. Kommunane er ulike og har ulike utfordringar og behov. Det at enkeltkommunar fortel om kva situasjon dei står i, og kva langsiktige strategiar dei vil setje i gang for å betre situasjonen, kan ha ein god læringseffekt for dei andre. Diskusjonar rundt borda og i plenum blir oppfatta som gode og nyttige.

Av 43 kommunar i Vestland, har vi hatt ein kommune (Stad) i Robek i 2025. Vi har følgd opp kommunen gjennom året med fleire møte med administrativ og politisk leiging, møte og rettleiing til kommunestyret, og dialog om oppgåver som til dømes utarbeiding av tiltaksplan.

Når det gjeld det langsiktige perspektivet og å følgje opp kommunar som står i fare for å bli registrerte i Robek, har vi gjennom året lagt ressursar i eit læringsnettverk om berekraftig omstilling, saman med KS Vest. Ni kommunar deltek i nettverket: Sunnfjord, Kinn, Stad, Stryn, Osterøy, Bømlo, Fjaler, Austevoll og Stord. Deltakarane er både frå administrativt og politisk nivå. Nettverket skal bidra til at kommunane får styrkt kunnskap om langsiktig og strategisk økonomisk planlegging, betre samhandling mellom folkevalde og administrasjon, styrkt samanheng i plan- og styringsdokumenta, og at dei legg berekraftsmåla til grunn i planlegging og omstilling. Kommuneøkonomi, plan- og styringssystem, partssamarbeid og omstilling er gjennomgåande tema. Nettverket skal ha si siste samling hausten 2026. Evaluering undervegs stadfestar at dette har vore nyttig og lærerik for kommunane. Nettverket bidreg til at vi fyller rolla vår med rettleiing og informasjon på ein god måte.

I april 2026 startar vi eit nytt nettverk med kommunar frå både Vestland og Rogaland.

Vi legg til grunn at dei kommunane som deltar i denne satsinga får styrkt evna til berekraftig omstilling, fornying og innovasjon, og at dei i større grad får til koplinga og samanhengjen mellom planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel, og handlings- og økonomiplanen.

Vi har hatt oppfølging med prosjektleiarane mellom samlingane, og enkelte tema/førelesingar i nettverket blir og gjort tilgjengelege for resten av kommunane i fylket via digitale møte. Vi skal ha ei erfaringsamling til slutt for å forankre kunnskapsgrunnlaget inn mot neste valperiode og i forkant av at partia skal utarbeide valprogram våren 2027.

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk. (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Redusert merforbruk i kommunene som har størst merforbruk.

Stad kommune har vore registrert i Robek i 2025. Kommunen har ikkje hatt meirforbruk, men vart innmeldt på grunn av ubalanse i økonomiplanen.

Fleire av kommunane i Vestland har hatt negative driftsresultat over fleire år, men ingen har hatt meirforbruk som ikkje har blitt inndeckt så langt. Vi håpar at læringsnettverket for dei kommunane som har deltatt der, vil gi effekt dei komande åra og at endringane kan føre til auka handlingsrom framover. Vi har ikkje full oversikt over rekneskapstala for 2025 enno.

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Vi meiner at Kostra-rapporteringa og kvaliteten på rapporteringa er blitt betre. Vi held fram vår oppfølging ved at vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering på nettstaden vår kvart år, med lenkjer til andre aktuelle sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Kostra er òg eit tilbakevendande tema på samlingane våre i økonominettverket.

Vi legg vekt på å bruke dei nasjonale måltala (Kostra-tala) i dialogen vår med kommunane, og samanliknar kommunane med fylkes- og landssnittet. Kommunane brukar desse måltala i budsjett- og økonomiplandokumenta sine. Vi gir tilbakemeldingar på Kostra-data i møte med kommunane, på nettstaden vår, i brev og i annan kommunikasjon.

Vi har særleg merksemd på netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter. Den lovfesta bruken av finansielle måltal i styringa av kommunane gjer at administrasjonane og dei folkevalde får eit meir aktivt forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

Vi legg alle budsjettbrev inn i Kommunebilde (hendingsloggen) på kvar enkelt kommune, og dessutan legg vi ut ei oppsummering på nettstaden av kommuneøkonomien for heile fylket. Dette bidrar, i tillegg til anna Kostra-oppfølging, til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data blir innarbeidd i økonomiplanlegginga og -styringa til kommunane.

Dei fleste kommunane brukar Framsikt som verktøy for budsjett- og økonomiplanarbeidet. Dei mest brukte måltala er innarbeidd der, og kommunane gjer vedtak ut frå dette.

3.1.1.10 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Her nemner vi kort utviklingstrekk i nokre av produksjonane der vi har engasjert oss.

Utviklinga i mjølkeproduksjonen og lausdriftskravet

Dette er den viktigaste jordbruksproduksjonen i Vestland, og det er gledeleg at den samla produksjonen er stabil, med ein auke på tre prosent frå 2024 til 2025. Grunnlaget for dette er den langsiktige satsinga på omlegging frå bås fjøs til lausdrift. Ved utgangen av 2025 kom om lag 72 prosent av mjølkevolumet frå lausdriftsfjøs, men framleis har halvparten av mjølkebruka bås fjøs. Det er gode finansieringsordningar for lausdrift, og dermed også stor interesse for og vilje til å investere. Men kostnads- og inntektsforholda er slik at ein vanlegvis må opp i minst 25 kyr. Dei fleste av dei som har bås fjøs, ligg under dette. Dette er den langsiktige strukturelle utfordringa fram til lausdriftskravet i 2034.

Utviklinga innan frukt, bær og tilhøyrande drikke

Frukt- og bærproduksjon er ei viktig landbruksnæring i Vestland. Næringa viser vilje og engasjement innanfor både tradisjonell dyrkingspraksis og foredling på gardsnivå. Blant pakkeria blir det effektivisert og investert i ny teknologi og moderne utstyr. Mellom anna vart det i sesongen 2025 nytta kunstig intelligens ved sortering av morellar og ULO-lagring (ultra-lågt oksygenivå).

I 2025 vart forventa avling på plomme og morellar noko redusert som følgje av låge temperaturar i blomstringa. Næringa peikar òg på at utfasing av nokre plantevernemiddel gjer det vanskeleg å handtere skadedyr. Næringa legg elles vekt på korleis dei kan oppretthalde Vestland sin relative del av bringebærproduksjonen.

Det er vekst i forbruket av ulike drikkevarer frå frukt og bær, med stor vekt på kvalitet og geografiske godkjende merkevarer.

Inn på tunet

Inn på tunet har ikkje så veldig stort omfang i Vestland, men det har auka noko, til 42 godkjende tilbydarar per i dag. Det er framleis vanskeleg for tilbydarane å få langsiktige og føreseielege avtaler. Vi arbeider for å gjere tilbodet betre kjent for kjøparar av tenester, der Inn på tunet kan vere eit alternativ. Vi samarbeider både internt i embetet og med eksterne organisasjonar og aktørar for å synleggjere potensialet på dette området.

Urbant landbruk

Vi har inntrykk av at det er auka interesse for urbant landbruk, eller i alle fall kunnskap om å produsere eigen mat. Dette er verdifullt med tanke på langsiktig beredskap. Det vert stadig færre bønder, så det er behov for at også andre får kunnskap om og erfaring med å dyrke sin eigen mat. Vi samarbeider med andre embete om dette, og lokalt vil vi særleg nemne Lystgården i Bergen. Vi deltek også i eit NIBIO-prosjekt som ser på effekten av urbant landbruk.

Økologisk landbruk

Vår rolle i økologisk landbruk har siste åra vore avgrensa til arbeid med marknadshagar og småskala grøntproduksjon, der om lag 50 prosent av marknadshagane driv økologisk. Eit eige prosjekt ser på nye lokale omsetningsmodellar for ferske grønnsaker. Sogn Jord- og Hagebruksskule skal etablere ein visningshage for økologisk fruktproduksjon med eple og pærer og med ulike driftsformer. Det skjer såleis ein del på kunnskapsutvikling innan økologisk jordbruk. Innanfor ulike typar småskalaproduksjon er det mykje økologisk, men dei store voluma vert framleis dyrka med konvensjonelle metodar.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1.1 i TB)

Rapportere på

God ivaretaking av nasjonale mål og regionale strategiske føringer

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg om verdiskaping og næringsutvikling i landbruket. Rollefordelinga er i samsvar med den vedtatte oppgåvefordelinga:

- Fylkeskommunen har det overordna ansvaret for koordinering og tilrettelegging.
- Innovasjon Noreg har forvaltninga av alle bedriftsretta verkemiddel.
- Vi bidrar med vår erfaring og kunnskap om landbruket og bygdene.

Det betyr også at vi, med unntak av eitt langsiktig mjølk-/lausdriftsprosjekt, ikkje lenger har ansvar for eigne utviklingsprosjekt. Desse er no avgrensa til oppdraga innan skogbruksnæringa, Inn på tunet, urbant landbruk og økologisk landbruk.

I partnarskapen på fylkesnivå har vi eit eige forum for landbruk, og vi deltek elles i det generelle næringsforumet, i eit eige forum for regional forskning og utvikling, og sjølvstøtt arbeid med vassrammedirektivet og i planarbeidet.

Den største utfordringa for jordbruksproduksjonen er konkurransen om arbeidskrafta og ei langsiktig utvikling med sentralisering som tappar både jordbruket og annan busetnad i utkantbygdene. Det å legge til rette for levande bygder er såleis viktig også for landbruket og matproduksjonen. Dette bør også opne for ein meir differensiert arealpolitikk i bygdene, med tilpassa og berekraftige løysingar for både bustad og næring.

Regionen Fjord-Noreg deltok i 2025 på IGW i Berlin. Prosjektet vart leia av oss i samarbeid med Matarena AS og alle måla vart nådde. Den regionale partnarskapen valde å ikkje delta i 2026. Etter evaluering frå Oxford Research er det sannsynleg at LMD legg opp til nye arbeidsformer for å bygge Noreg som matnasjon. Vestland er ein tradisjonelt sterk matregion og den regionale partnarskapen i fylket vårt har føresetnader for å kunne bidra i utviklinga av nye lokalmat- og reiselivssatsingar.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp

Vi har ganske tett oppfølging av arbeidet med resultatkartlegging og foryngingskontroll i kommunane.

Vi har dialog med kommunane for å ajourføre både gamle og nye kontrollar. Vi samarbeider både med Statsforvaltaren i Rogaland, Framtre (gamle AT Skog) og andre i næringa. Vi utvekslar lister på eldre uoppgjorte foryngingskontrollar og foryngingskravet. Det vert no meir aktuelt å svarteliste eigedomar med manglar frå sertifiseringsordninga PEFC. Dette vil føre til at vidare omsetting av tømmer blir umogeleg.

Kommunane vert også utfordra til å vurdere strengare tiltak som pålegg og tvangsmulkt. Det er også behov for å vurdere kvaliteten på eigenplantning, og like eins om det påståtte behovet for beitemark er den reelle årsaka til manglande planting.

Nokre kommunar har til dømes vurdert meldeplikt. Tysnes kommune vedtok i kommunestyret meldeplikt for hogst som gjeld frå 1. januar 2026. Målet med ordninga er å få betre kontroll på hogst- og planteaktivitet i kommunen. Vi skal følgje med på kva resultat og erfaringar dette gir.

Foryngelse etter hogst (gjennomføring)

Betegnelse på rapporteringskrav	Uttrekk antall felt/kontrollfelt	Antall sluttført pr. 30.11	Antall med tilfredsstillende foryngelse pr. 30.11
Resultatkartlegging	80	70	0
Foryngelseskontroll	138	53	0

Vi forstår ikkje spørsmål om tal felt med tilfredsstillande forynging per 30.11 når det gjeld foryngingskontrollar. Nokre felt blir planta same år, nokre blir utsett til neste år grunna tilgang til plantar. Som resultatkartlegginga viser er det utfordringar med å få tilfredsstillande forynging etter planting. Fagsystemet (ØKS) er ikkje klart for å rapportere om resultatkartleggingar tidleg på året. Ldir lagar meir systematiske og presise rapportar om dette, som vert presenterte i løpet av våren. Foryngingskontrollane blir ofte førte opp med kommentaren «OK, treng vidare oppfølging», og blir dermed med over til neste år. Nokre kystkommunar med mykje hogst av sitka har ein del krevjande oppfølging i slike felt då naturleg forynging av sitka skal vurderast i felt. Det krevst ofte opptil 5 år etter hogst før ein har eit grunnlag for å vurdere om felta er tilfredsstillande forynga.

Foryngelse etter hogst (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall fellesmøter med kommunene	Antall møter/befaring med enkeltkommuner
Gjennomførte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2025	5	5
Effekt av gjennomførte tiltak (høy/middels/lav)	Høg effekt av fellesmøtet, med erfaringsutveksling og synfaring i skogsterreng.	Vi ser høg effekt av møte og synfaringar med enkeltkommunar. Mange med ansvar for skogforvaltninga manglar i utgangspunktet utdanning og erfaring innan skogbruk, så vi må drive den slags grunnleggande informasjon.
Planlagte tiltak og aktiviteter foryngelse, 2026	5	Vi har tenkt å halde same aktivitetsnivå som i 2025. Dette blir som tidlegare behovsvurdert etter kvart.

Vi har samarbeid med Skogselskapet, kommunane og næringsaktørane om informasjon om hogst og forynging. Vi skal følgje opp gamle foryngingskontrollar og arbeidet med resultatkartleggingane.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Kommunene forvalter de økonomiske virkemidlene i skogbruket effektivt

Den største utfordringa i skogbruket er at forynginga etter hogst er for låg i Vestland, under halvparten av hogstareala. Årsaka til dette er mellom anna manglande kunnskap og forståing for langsiktig berekraftig skogbruk hos skogeigararane, for dårleg kvalitet i sjølve foryngingsarbeidet, og for små og svake plantar til å overleve første åra. Vi har også så stor hjortestamme at det går ut over både jord- og skogareala.

Vi samarbeider godt med skogselskapa, Bygdesagforeninga, Skogkurs, skogeigarlaga og andre tømmerkjøparar. Det er stort sett semje om kva tiltak som skal gjerast, og det har til dømes vore kring 30 skogdagar. Dessutan har vi hatt ekstra direkte kontakt med over 350 skogeigarar som ut frå tilgjengelege data ikkje hadde forynga etter hogst dei siste åra. Dette fungerer godt og vi ser at både hogst- og foryngingsaktiviteten har auka.

Fleire kommunar med skogbruk manglar dessverre kunnskap og kapasitet til skogbruksoppgåvene. Personar utan skogfagleg kunnskap vert sette til skogforvaltning i enkelte kommunar, og der det er erfame skogfunksjonarar får dei ofte også andre viktige forvaltningsoppgåver innan viltforvaltning og utmark. Det er derfor naudsynt at vi brukar mykje tid på både nettseminar, fysiske kurs, direkte kontakt og synfaringar saman med kommunal skogforvaltning.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (forvaltning, resultatoppnåelse)

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kommuner i fylket	Tilfredsstillende (antall kommuner)	Med mulighet for forbedringer (antall kommuner)
Infrastruktur (skogsveier mm)	39	18	21
Skogkultur	39	18	21
Miljøtiltak	39	18	21

Vi reknar ikkje med Solund, Fedje, Øygarden og Austevoll, då det nesten ikkje finst økonomisk produktiv skog i desse kommunane.

Økonomiske virkemidler i skogbruket (opplæring/oppfølging)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Tiltak økonomiske virkemidler skogkultur	Ved hjelp av gode samarbeidspartar vart det gjennomført 26 fysiske skogdagar, og over 350 skogeigarar vart direkte kontakta om planting og forynging.
Tiltak økonomiske virkemidler infrastruktur	Vegbygging og annan infrastruktur var tema på landbrukskonferansen, særleg om regelverk og krav ved godkjenning og bygging av landbruksveggar. Skogsveggar er eitt av dei områda der vi har flest spørsmål frå kommunane.
Tiltak økonomiske virkemidler miljøtiltak	Dei økonomiske og miljømessige verkemidla var tema på landbrukskonferansen, med deltakarar frå nesten alle kommunane.

3.1.1.11 Bærekraftig landbruk

Ved starten av året gir vi kvar kommune ei økonomisk ramme og føringar for ordningane SMIL, tilskot til tiltak i beiteområde og tilskot til drenering. Gjennom året følgjer vi opp kommunane sitt arbeid med rullering av lokale retningslinjer. For SMIL har vi dei siste åra oppmoda kommunane om å prioritere søknader som gjeld fureining, for å følgje opp vårt felles arbeid i Regional plan for vassforvaltning.

For tilskot til tiltak i beiteområde får kommunane mange søknader på elektronisk sporing. Her har Vestland Bjøllelag ei viktig rolle ved å teste ut

teknologien og plassere ut basestasjonar i område utan dekning. Tilskot til drenering har fått auka satsar, og såleis auka interesse. Gjennom omfordeling av midlar mot slutten av året er det få søknader som blir med over til neste år.

Vi har ansvar for ordninga med klima- og miljømidlar. Midlane er m.a. brukte til informasjonsarbeid, fagmøte, kurs og utgreiingar. Nytt gjødselregelverk og krav om redusert utslepp av klimagassar gjer at det er stort behov for informasjon og rettleiing av bønder.

Regionalt miljøprogram (RMP) fungerer godt, og vi har eit godt samarbeid med faglagane om programmet. Kring 52 prosent av dei som søker produksjonstilskot, søker også RMP. Hovudtyngda av midlane går til ordningar innan kulturlandskap, biologisk mangfald, forureining og redusert utslepp til luft.

Vestland vassregion arbeider no med rullering av regional forvaltningsplan og tiltaksplan. Saman med spreidd avløp er avrenning frå jordbruksareal ei hovudutfordring for vassdrag med lite fortynning. Gjennom RMP er det etablert ordningar med ugjødsle kantsone for vassdrag som ikkje har oppnådd status "god". Vi jobbar godt saman med miljøavdelinga for at kommunane skal følgje opp spreidd avløp.

Nytt gjødselregelverk og mottak av biorest gir oss mange utfordringar som at krav til spreieareal aukar med 60 prosent, innmarksbeite må godkjennast for gjødsling, krav om beiting etter siste gjødsling og fare for overgjødsling ved tilgang på biorest. Vi har brukt mykje ressursar på oppfølging av kommunane, landbruksrådgivinga og bønder. Overgangsordningane i gjødselregelverket er heilt nødvendige for å kunne tilpasse seg krava utan at matproduksjonen vert redusert.

Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Virkemidler på miljøområdet bidrar til å opprettholde kulturlandskapet og redusere miljøbelastningen fra jordbruksdriften

Tabellen nedanfor viser korleis miljøverkemidla vert fordelt på ulike gode tiltak. Det går desidert mest til kulturlandskap og deretter til reduksjon av utslepp til luft. Vi prioriterer og aukar innsatsen på miljøområdet ved å

- rettleie kommunar, landbruksrådgiving og bønder
- starte rullering av RMP
- slutføre arbeidet med tiltak i handlingsplan for vassforvaltning
- fase inn nytt gjødselregelverk i tråd med overgangsordningane
- medverke til etablering av transparente ordningar for omfordeling av husdyrgjødsel mellom gardsbruk
- sikre rett bruk av biorest som hindrar avrenning
- ha god dialog med kommunane kring forvaltning av tilskotsordningane SMIL, beitebruk og drenering
- handtere autorisasjonsordninga for plantevernmidde og gnagarmiddel.

Vi har ved fleire høve vurdert behovet for regional forskrift og kome til at det ikkje er føremålstenleg. Dette grunnvir vi med at det er svært lite open åker i Vestland, og at nytt gjødselregelverk har stramma inn gjødselpraksis og høve til dispensasjon.

Virkemidler på miljøområdet (andel)

Miljøtema	Andel av de regionale miljøtilskuddene
Friulftsliv	0 %
Kulturlandskap	62 %
Biologisk mangfold	6 %
Kulturminner og kulturmiljøer	10 %
Avrenning til vann	2 %
Utslipp til luft	20 %
Jord og jordhelse	0 %
Plantevern	0 %
Miljøavtale og klimarådgiving	1 %
Sum	100 %

Miljøverkemidlene (fra kapittel 3.1.6.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Innholdet i miljøverkemidlene er godt kjent for aktuelle søkere, landbrukets organisasjonar og kommuner.

Regionalt miljøprogram

På nettstaden vår har vi laga ei eiga temaside der vi har samla informasjon om ordningane og rettleiing for søkerar. Både vår og haust sender vi ut SMS til alle PT-søkarar med lenke til denne temasida. I 2025 søkte 53 prosent av PT-søkarane RMP. Dette talet er stabilt høgt.

Vi oppmodar kommunane om å lyse ut midlane tidleg på året slik at dei kan svare søkarar første halvår. Med dette kan søkarar gjennomføre tiltaka i søknadsåret og midlane kjem raskt i bruk. Ved utarbeiding av lokale tiltaksplanar legg vi vekt på kommunen sitt samarbeid med lokale faglag. Dette gir gode prosessar og medfører at ordningane og prioriteringane vert kjende.

For auka miljøinnsats i 2026 vil vi særleg følgje opp nytt gjødselregelverk.

Innholdet i miljøvirkemidlene (andel)

Betegnelse på rapporteringskrav	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Hvor stor en andel (%) av PT søkere søkte RMP	43,9	41,3	43,2	44,4	52,2	52	52,7

Innholdet i miljøvirkemidlene (vurdering)

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom RMP har vært stabilt, stigende eller synkende de siste fem år.	Stabilt. Vi er no midt i programperioden og søkerane kjenner ordningane godt.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom SMIL har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Stabilt. Ordningane er godt kjende blant søkerane, og kommunane gjer gode vurderingar kring ekstraordinære tiltak som kan støttast frå SMIL.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom KMP har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Stigande. Med nytt gjødselregelverk er det auka etterspurnad om informasjon, kurs, fagmøte og utgreiingar.
Gi en vurdering av om omfanget av utførte miljøtiltak gjennom øvrige miljøvirkemidler har vært stabilt, stigende eller synkende de fem siste år.	Stabilt.
Gi en kort omtale av hvordan og i hvilken grad Statsforvalteren har bidratt til å gjøre ordningene kjent.	Statsforvalteren nyttar primært omtale og utlysing på eigen nettstad. For RMP har vi nytta SMS direkte til dei som søker PT. Vi formidlar forventingar til SMIL, NMSK og beitebruk i vårt årlege tildelingsbrev.

Veiledning av ny gjødselsbrukforskrift (fra kapittel 3.1.6.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal tilby kommunene veiledning om ny gjødselbrukforskrift og bistå Landbruksdirektoratet i å videreutvikle veiledningsmaterieill og støttesystemer for gjødselbrukere og kommuner.

Vi har brukt mykje ressursar på nytt gjødselregelverk gjennom året. Første fase var å trenge inn i regelverket med overgangsordningane. Her har Landbruksdirektoratet vore til stor hjelp. Vi er medlem i arbeidsgruppa til direktoratet som gir innspel til utvikling av dataverktøy og rettleingsmaterieill.

Vi har hatt fleire webinar for kommunane der både Landbruksdepartementet og Landbruksdirektoratet har deltatt med innlegg. Vi har følgd opp med eigne nettsaker.

Deltaking på lokale møte har vore viktig både for å få ut informasjon og for å lytte og lære om lokale problemstillingar kring gjødslingspraksis. Vi har møtt kommunane, fagлага, landbruksrådgivinga, vassområdekoordinator og fylkeskommunen. Det er med stor glede vi registrerer at tillitsvalde i fagлага, tilsette i landbruksrådgivinga og fagskulane no aktivt formidlar vidare kunnskapen om det nye regelverket.

Hovudutfordringa i 2026 blir kommunen si godkjenning av innmarksbeite som spreieareal, auka krav til spreieareal, omfordeling av gjødsel og handsaming av søknader om dispensasjon frå spreiefristen.

3.1.1.12 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Status

Barnehage- og skuleeigarane i Vestland har i gjennomsnitt fleire tilsette som oppfyller kompetansekrava enn landsgjennomsnittet.

Skuleområdet har hatt ei positiv utvikling det siste året. Etter ein periode med aukande del lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava, snudde trenden i 2025. Delen er no 3 prosent, mot 4,1 prosent året før. Vestland ligg framleis betre an enn landet elles, men skilnaden er mindre enn for tre år sidan.

På barnehageområdet ligg Vestland framleis over landsgjennomsnittet for tilsette med barnehagelærerutdanning, men utviklinga har vore svakt negativ dei siste tre åra. Samtidig har dispensasjonar frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar auka tydeleg dei siste åra og tilbakemeldingar frå sektoren tyder på at denne trenden har halde fram også i 2025.

Sektoren melder at det er meir utfordrande enn tidlegare å rekruttere personar med rett formalkompetanse, både til rektorstillingar, lærarstillingar og barnehagelærarstillingar.

Etter to år med nedgang var det i 2025 fleire som søkte grunnskulelærerutdanningane. Mellom anna rapporterte Høgskulen på Vestlandet og NLA Høgskolen om ein auke i førstevalssøklarar.

For barnehagelærerutdanninga er situasjonen framleis krevjande, med låge tal og nedgang nasjonalt. Nokre studiestader har valt å satse meir på arbeidsplassbaserte tilbod for å møte behovet.

Kompetanseordningane

Bruken av Kompetanse for kvalitet-ordninga, delen lærarar som deltek i vidareutdanning, er stabil frå år til år, men vi merkar oss ein auke i 2025:

- 2023: 8,8 prosent
- 2024: 8,4 prosent
- 2025: 9,2 prosent

Spesialpedagogikk står for den største delen av søknadene om vidareutdanning, medan norsk, engelsk og matematikk følgjer tett etter. Vi ser òg ein vekst i fag som naturfag og kunst og handverk, både i Vestland og nasjonalt.

Tiltaka som fekk innvilga midlar gjennom dei ulike tilskotsordningane i 2025 samsvarar framleis med nasjonale målsetjingar og kjende kompetansebehov. I Kompetanseløftet er dei fleste tiltaka retta mot inkluderande praksis og laget rundt barnet, i tillegg til spesialpedagogisk kompetanse og PPT-utvikling. Det er òg fleire tiltak innan sosio-emosjonelle vanskar og psykisk helse og språk/kommunikasjon, men desse er mindre omfattande.

I den desentraliserte ordninga er inkluderande praksis og læringsmiljø det mest brukte temaet, etterfølgt av språk, lesing og skrivning. Det er òg ein tydeleg trend med tiltak innan profesjonsutvikling og leing, digital kompetanse og djupnelæring og vurdering.

I den regionale ordninga for barnehage er eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning det mest prioriterte temaet, tett følgt av barnehagen som pedagogisk verksemd og kommunikasjon og språk. Dette er i tråd med tidlegare år, men med ein auke i tiltak som handlar om inkluderande miljø.

Kompetansetiltak i partnerskap med UH (fra kapittel 3.1.7.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommuner og fylkeskommuner utvikler og gjennomfører kompetansetiltak i partnerskap med UH.

Utgangspunktet for arbeid og prioriteringar

Gjennom 2024 vidareutvikla vi malverket for behovsmelding, mellom anna med hjelpetekstar som støtte i arbeidet. Vi starta altså 2025 med eit malverk som la vekt på prosessane og kvalitetane som skal kjenneteikne dei.

Prioriteringar, tiltak og ressursbruk

I 2025 er det ikkje gjort endringar i føringane eller rutinane for tilskotsordninga i Vestland. Vi har retta hovudinnsatsen mot å implementere den nye tilskotsordninga. Samstundes har vi gjennom heile levetida til ordninga hatt betydeleg merksemd på kravet om at kompetanseutviklinga skal skje i reelle partnerskap.

Føringar og rutinar

I samarbeid med aktørane i Samarbeidsforum har vi utarbeidd eit grunnlagsdokument som skildrar korleis tilskotsordninga skal forvaltast i fylket. Dokumentet gjer greie for prosessen fram mot tildeling av midlar i Vestland og inneheld eit eige avsnitt med føringar for partnerskap.

I 2023 vart det innført ei føring om at partnerskap som eit minimum skal vare i tre år. Dette har gitt UH-institusjonane betre føresetnader for å bygge kapasitet og kompetanse, og har bidrege til at partnerskapa i større grad har utvikla langsiktige planar for å vurdere behov og gjennomføre kompetanseutviklingstiltak i dei ulike kompetanseregionane. Samstundes er det framleis rom for at UH kan ta ein meir aktiv del i arbeidet med å vurdere lokale behov. Dette har vi hatt særleg merksemd på i utviklinga av forvaltningssystemet for den nye tilskotsordninga.

Grunnlagsdokumentet slår fast at Samarbeidsforum berre kan prioritere tiltak som er utvikla og skal gjennomførast i partnerskap mellom eigar og UH-institusjon. Partnerskapa må difor sannsynleggjere dette i behovsmeldingane sine.

I behovsmeldingane skal partnerskapa skildre korleis dei har kartlagt – eller planlegg å kartleggje – lokale behov, og korleis dei vil leggje til rette for kompetanseheving gjennom kollektive prosessar i praksisfellesskapa.

Dialog for felles forståing og intensjonar med partnerskap

Vi har brukt mykje ressursar saman med aktørane i Vestland på arbeidet med å operasjonalisere partnerskapsomgrepet. Vi har også lagt vekt på å synleggjere kva som ligg til grunn for partnerskapsmodellen i ordninga. Partnerskap har vore eit gjennomgåande tema på samlingar, i grunnlagsdokument og i Samarbeidsforum i perioden ordninga har fungert.

Vi brukar også betydelege ressursar på arbeidet med kompetanseordninga, både på sakshandsamar- og leiarnivå.

Vurdering av måloppnåing

Vår vurdering er at dette samla sett har bidrege til at tiltaka i Vestland i stor grad blir planlagde og gjennomførte i reelle partnerskap mellom UH-sektoren og eigarnivået. Denne vurderinga byggjer på rapportering frå partnerskapa, dialog og tilbakemeldingar frå sektoren, i tillegg til det faktumet at dei fleste eigarane eller kompetanseregionane i fylket har langsiktige partnerskapsrelasjonar med lokale UH-miljø.

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv (fra kapittel 3.1.7.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Tiltakene i Kompetanseløftet sees i et tverrsektorielt perspektiv hvor PP-tjenesten og andre relevante støttetjenester er inkludert

Utgangspunktet for prioriteringar

Partnerskapsrapporteringa for dei tre siste tildelingane viser at PP-tenesta er involvert i alle tiltaka som er prioriterte. Barnevern, helsestasjonar og skulehelsetenester deltar òg i betydeleg grad, med ein deltakingsprosent som varierer mellom 20 og 70 prosent.

Behovsmeldingane og tiltaksplanane som er prioriterte, gir uttrykk for eit tydeleg sektorovergrepande perspektiv. Dei mest framståande temaa i tiltaka er inkluderande praksis og laget rundt barnet, tverrfagleg samarbeid og systemretta arbeid, i tillegg til sosio-emosjonelle utfordringar og psykisk helse.

Ved inngangen til 2025 framstod det difor som at tiltaka i Vestland i stor grad har eit tverrsektorielt perspektiv, der både PP-tenesta og andre relevante støttetjenester er involverte.

Prioritering

Vi har ikkje prioritert dette som eit eige innsatsområde i 2025, jamfør utgangspunktet, men har rekna det som implisitt for ordninga. Hovudinnsatsen har vore retta mot å gjere føremålet med kompetanseløftet og dei tilhøyrande retningslinjene kjende og godt forståtte, og å legge til rette for erfaringsdeling.

Dette har vi gjort gjennom å organisere samlingar for både samarbeidsforum og sektoren. På desse samlingane har vi mellom anna løfta fram stortingsmeldinga *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*. Vidare har vi invitert eksterne bidragsytarar som har presentert arbeid med å vidareutvikle rolla til PP-tenesta, vist korleis fylkeskommunen og kommunane kan styrke arbeidet med overgangar og samarbeid om psykisk helse, og gjort greie for tiltak innan inkluderande praksis og laget rundt barnet. Når det gjeld sistnemnde, har UH-institusjonane òg presentert både sluttevalueringa og følgjeforskinga for tiltaka.

Vurdering og effektar

Dei fleste tiltaka i Vestland har eit tydeleg tverrsektorielt preg, der både PP-tenesta og andre relevante støttetjenester er inkluderte. Det er vanskeleg å slå fast i kva grad vår innsats har vore avgjerande for denne utviklinga. Samstundes har vi, frå støtteordninga vart innført og fram til i dag, sett at PP-tenesta gradvis har blitt meir involvert i tiltaka.

Vidare har det vore ei utvikling frå tiltak retta mot avgrensa og spesifikke tema – som ADHD og åtferdsutfordringar ved enkelteiningar – til at kommunar og ulike støttetjenester i større grad samarbeider om å utvikle heilskaplege system og praksisar. Dette inneber eit meir langsiktig og samordna arbeid for å styrkje inkluderande fellesskap og kvaliteten i tenestene rundt barnet.

Statsforvalter skal støtte og veilede kommunene i oppfølgingsordningen (fra kapittel 3.1.7.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målrettede tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge.

Utgangspunktet for prioriteringane

Vi har brukt dei same kompetansemiljøa og rettleiarane for uttrekka i 2025 som vi gjorde i 2022. Bakgrunnen er at vi har brukt mykje ressursar på å kommunisere intensjonane og målsetjingane i ordninga, og opplever at kompetansemiljøa både forstår og tek den rolla dei er gitt.

I forfasen for begge uttrekka presenterte rettleiarane metodar og arbeidsprosessar for kommunane, med sikte på å identifisere utfordringar og analysere oppretthaldande faktorar for læringsmiljø og læringsutbyte i dei ulike kommunane og einingane. Med støtte frå rettleiarane har kommunane teke desse metodane i bruk, og dei har anten kome fram til, eller arbeider med å få på plass, tiltak som svarar på det utfordringsbiletet analysane har avdekt.

Prioritering og ressursbruk

Vi har lagt ned betydelege ressursar i møteverksemd med både kommunane og kompetansemiljøa i oppfølgingsordninga, særleg i forkant og tidleg i forfasen. Vårt viktigaste bidrag er å løfte fram kunnskapsgrunnlaget som ordninga byggjer på, tydeleggjere intensjonar og mål og å understreke samanhengen mellom analysen og tiltak for ønskt endring. I tillegg er det sentralt å sikre eit godt samarbeid mellom kompetansemiljøa og kommunane, og å medverke til at kommunane held fram arbeidet og opererer innanfor dei rammene som ordninga legg til grunn.

Vi har lagt stor vekt på dialogen med kommunane og på korleis erfaringane frå både forfasen og gjennomføringsfasen skal bidra til kontinuerleg utvikling av tenestene. Målet har vore å styrke kommunane som lærande organisasjonar, slik at dei sjølve kan identifisere nye utviklingsområde, analysere situasjonar, utvikle kompetansen og etablere gode praksisar, også på andre område enn dei i oppfølgingsordninga.

Vurdering og effektar

I det siste møtepunktet med kommunane i 2022-uttrekket bad vi dei gjere greie for kva dei opplevde som det største utbyttet av å delta i oppfølgingsordninga. Dei fleste peikte på at både einingar og kommunar hadde utvikla betre praksisar, til dømes i lesing, klasseleing og praktiske og

varierte læringsformer. Som grunnlag for dette viste dei til situasjonsskildringar frå lærarar, og fleire løfta òg fram positive praksisforteljingar frå elevar.

Alle kommunane hadde tiltak innan skulemiljø. Sjølv om dei ikkje nødvendigvis opplevde at utfordringsnivået var redusert etter gjennomføringsfasen, meinte dei at personalet stod betre rusta til å møte utfordringane.

Dei fleste kommunane peikte òg på at både kommune- og skuleleiinga hadde fått verdifull erfaring og kompetanse i å leie utviklingsprosessar. Fleire framheva at dei gjennom perioden hadde bygd opp rutinar og system for jamleg analyse og vurdering av eigen tilstand og utviklingsbehov.

Ut frå kvalitetsvurderingssystemet ser vi at dei fleste av desse har hatt ei viss positiv utvikling på indikatorar innan læringsmiljø og læringsutbytte sidan uttrekket. Samstundes er det òg område der nokre kommunar følgjer dei negative nasjonale trendane, mellom anna når det gjeld mobbing.

Med dette som utgangspunkt vurderer vi at deltaking i oppfølgingsordninga har bidrege til betre læringsmiljø og læringsutbytte for kommunane som kom inn i ordninga frå 2022.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og individuell tilrettelegging/spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.1.7.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skulemiljø og individuell tilrettelegging (opplæringsloven §11-4 flg.) og spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for statsforvalters arbeid innenfor kompetanseutvikling. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av barnehageeiers og lokal skulemyndighets forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke barnehageeiers og lokal skulemyndighets kompetanse ved behov.

Utgangspunktet for prioriteringane

I 2025 har vi prioritert arbeidet med barnehage- og skulemiljø, individuell tilrettelegging etter opplæringslova og spesialpedagogisk hjelp. Desse prioriteringane er ei oppfølging av oppdraget og fell saman med vår eiga risikovurdering.

Tiltak, val av verkemiddel og ressursbruk

Av 27 planlagde tilsyn i 2025 handla 18 av dei om barnehage- og skulemiljø, spesialpedagogisk hjelp eller individuelt tilrettelagd opplæring. Vi vurderer at konsekvensane for barn og elevar kan vere store dersom regelverket ikkje blir følgt, og dette har vore avgjerande for prioriteringane våre.

Vi har òg brukt store ressursar på sakshandsaming. Sakene som kjem til oss gjeld barn og unge i sårbare situasjonar, og vi vurderer det som særleg viktig å sikre rask og forsvarleg handsaming. Vi har difor prioritert å halde sakshandsamingstida nede både i saker om spesialpedagogisk hjelp og i saker om psykososialt læringsmiljø.

Desse temaa har òg vore sentrale i rettleiingsarbeidet vårt i 2025. Vi legg vekt på å vere tilgjengelege og å gi raske og kvalifiserte svar, både munnleg og skriftleg. På skulemiljøområdet har vi vidareført ordninga med eigen kontaktelefon, som sikrar effektiv oppfølging av førespurnader.

Gjennom året har vi òg reist ut i fleire kommunar for å rettleie. Mange av desse møta har vore gjennomførte i regi av leiargruppa på utdanningsområdet. Vi har gjort ei risikovurdering av kva kompetanse og kapasitet kommunane som eigar og myndigheit har på desse områda, og valt kommunar ut frå dette. Saman med kommunane vurderer vi at desse drøftingane har gitt betre forståing for kva område som er krevjande, og kvar det er behov for å utvikle kompetansen.

Fleire av sakene som kjem til oss handlar om både helse, barnevern, skulemiljø og tilrettelegging. Slike saker kan lett bli fragmenterte dersom kvar avdeling berre vurderer sin del av problemstillinga. For å sikre heilskaplege vurderingar har vi i fleire tilfelle samarbeidd tett med helseavdelinga internt, og vi har gjennomført felles møte med føresette og kommunen. Denne arbeidsforma har gitt gode resultat, og vi vil vidareføre dette i 2026.

Den samla ressursbruken i 2025 har vore stor, både på leiar- og sakshandsamarnivå. Dei aller fleste medarbeidarane har vore involverte i saker på desse områda.

Effekt og endring i praksis

Overordna har det vore tydeleg for våre kommunar at vi har lagt stor vekt på oppfølging av desse områda, noko vi meiner bidreg til at det også får meir merksemd lokalt. Etter samlingar og webinar skjer det ofte at vi kjem i dialog om konkrete problemstillingar eller får førespurnader om nærare rettleiing.

Leiargruppa i embetet har jamlege kommunedialogmøte. Vi trur det har verdi at vi tek opp temaet på desse møta, og koplar det både til plikter og budsjett.

3.1.1.13 Andre oppdrag

3.1.2 Statlig virksomhet er godt samordnet på regionalt nivå

3.1.2.1 Gode og helhetlige tjenester til utsatte barn og unge

Vi har over fleire år lagt vekt på at tenester til barn og unge, og særleg grupper vi meiner er sårbare, skal ha tydeleg plass i dialogen vår med kommunane. Vårt mål er å bidra til gode tenester, som er godt samordna for den einskilde og for familiane. Vi har inntrykk av at kommunane har god

innsikt i kva som trengst for å styrke både det førebyggjande arbeidet og forbetningsarbeidet i tenestene.

Vi har og inntrykk av at kommunane har god oversikt over statlege føringar og forventingar. Det betyr likevel ikkje at alle kommunane er komne like langt i å setje nødvendige endringar ut i praksis.

Kommunane har klare ambisjonar om kva som skal kjenneteikne dei som tenesteytarar, og desse måla kjem ofte fram i sektorplanane på oppvekstområdet. Vi har inntrykk av at bruken av planar har hatt ei positiv utvikling dei siste åra.

Vi trur at innsatsen vår, kombinert med samarbeid mellom faglinjene, for å informere om statlege satsingar, pliktene til kommunen og aktuelle tiltak, er viktige bidrag. I tillegg har vi jamlege samlingar der kommunane får utveksle erfaringar, inngå i samarbeid og drøfte lokale situasjonar.

Vår overordna vurdering er at heilskaplege tenester til utsette barn og unge har fått den merksemda tematikken krev, både i den kommunale og den statlege forvaltninga.

Samstundes kjem vi ofte borti enkeltsaker som tydeleg viser at tenestetilbodet er mangelfullt og lite samordna. Dette betyr at vi må halde fram innsatsen på same nivå. Vi veit at kommunane har pressa økonomi og ei bemanning som i varierende grad er tilstrekkeleg og stabil. Dette meiner vi er ein risikofaktor som understøttar prioriteringa på dette feltet.

Godt og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kvalitetssikret, kunnskapsbasert og samordnet tjenestetilbud i kommunene til utsatte barn og unge og deres familier

Fleire kommunar gjer endringar i korleis dei organiserer tenester til barn og familiar som følgje av krava til førebygging og tidleg innsats og for å gjere samhandlinga mellom tenestene enklare. Kommunane har også jobba hardt for å få på plass planar for førebyggjande arbeid.

I 2024 kartlagde vi kva behov kommunane hadde i arbeidet med førebyggjande planar og samarbeid om tenestene til barn og familiar. Tilbakemeldinga var at kommunane ønskte meir kunnskap om endringsprosessar og implementeringsarbeid. Vi har etter dette gitt innspel til planar om førebyggjande arbeid, og invitert kommunane og kompetansemiljøa i fylket til både fysiske og digitale samlingar. Målet har vore å bidra til erfaringsutveksling, og på denne måten heve den samla kompetansen i fylket. På samlingar har vi gjort kjent verktøyet *implementere.no*. Vi vil også framover ha merksemd på erfaringsdeling og å understøtte arbeidet i kommunane.

Barnekoordinatorordninga

Dei fleste kommunane har eit tilbod om barnekoordinator, men det er stor variasjon i korleis ordninga fungerer. Nesten alle kommunane svara i ei kartlegging i 2024 at barnekoordinatorane treng meir kompetanse om regelverk, stønadsordningar, konflikthandtering, samhandling og leing av tverrfaglege møte. I fleire kommunar er det dårleg kapasitet i ordninga, og lang ventetid for å få barnekoordinator. I 2025 har vi i samarbeid med RVTS, RKBU og Korus gjennomført ei rekkje digitale seminar om dei nemnde temaa for barnekoordinatorar og leiarar i kommunane. Det var stor oppslutnad frå kommunane på seminara. Etter ønske frå kommunane vil vi halde fram med tilbodet også i 2026.

Fosterheimsarbeid

Rekruttering av fosterheimar i geografisk nærleik har vore eit satsingsområde over fleire år. To kommunar i Vestland har i saman med Bufetat og oss utvikla ein modell for samarbeid mellom stat og kommune om rekruttering og opplæring av fosterheimar i barns nærmiljø (ZIP-team). Fleire av kommunane i Vestland er i gang med å teste og implementere ZIP-teammodellen. Elles veit vi at mange kommunar, som del av utviklingsarbeidet på fosterheimsfeltet, arbeider med rekruttering av fosterheimar i familie, nettverk og nærmiljø, og god oppfølging av fosterforeldre, foreldre og barn. Vi ser ei positiv utvikling på dette området, sjølv om vi også erfarer at for mange barn framleis bur i mellombels løysingar lenge, og at nokre barn må flytte fleire gonger.

Nettverk om førebygging av vald og overgrep

Fleire kommunar har sett at dei manglar heilskaplege planar og tiltak i saker om vald og overgrep. Vi har saman med kompetansemiljøa invitert leiarar i kommunane til eit læringsnettverk om førebygging av vald og overgrep, med fire årlege samlingar. Vår vurdering er at tiltaket har hatt god effekt. Evalueringane syner at nettverket er ein møteplass for å dele kunnskap og erfaringar. Fleire av kommunane er i gang med å innarbeide nye og meir systematiske måtar å jobbe med opplæring av tilsette, undervisningsopplegg om vald og overgrep i skulen, og å innføre meir differensierte undersøkingsmetodar i barnevernet i vald- og overgrepssaker. Fleire og meir varierte tiltak for barn og familiar er også tema.

Oppfølging og kontakt med kommunane

Vi vurderer at kommunane i stor grad har kjennskap til nye krav og forventingar, og at det blir arbeidd godt med planar, strukturar og opplæring.

Det er ulike utfordringar i store og små kommunar, noko som påverkar kva behov dei har for oppfølging og tiltak frå oss. Fleire barnevernstenester har ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å handtere kjemeoppgåvene. Vi har derfor tett dialog med kommunane og dei aktuelle tenestene for å tilpasse oppfølginga og tilbodet om tiltak. Vi prøver å finne rett balanse mellom å tilby opplæring og deltaking i utviklingsarbeid og kurs, opp mot tenestenes behov for å bruke tid på å følgje opp barn og familiar.

I oppfølginga av lovbrøt, ser vi at det i små kommunar kan vere utfordrande å behalde og rekruttere tilsette med relevant kompetanse og erfaring. Små

kommunar har færre saker, og arbeider som regel etter ein generalistmodell. Det fører til mindre mengdetrening i å handtere komplekse barnevernssaker, noko som kan vere utfordrande når tenesta må undersøke krevjande barnevernssaker i eit lite miljø. Det er også ofte slik at mindre kommunar har færre tiltak tilgjengelege, noko som kan føre til at tiltaka blir mindre tilpassa behova til barn og familiar. Samstundes vil barn i mindre kommunar ofte vere kjende for tenestene frå tidleg alder, og det kan vere lettare å setje inn førebyggjande tiltak på eit tidlegare tidspunkt.

I store kommunar ser vi at det kan vere langt mellom barn og familiar og dei som tar avgjerder i barnevernssaker. Kontaktpersonar som møter barn og familiar har ofte ikkje mynde til å ta avgjerder. I nokre saker fører dette til redusert kvalitet på tenestene barna og familiarne får. Det kan også føre til meir konflikt kring faktum i saker og mindre tillit mellom barnevernet og familiar som har kontakt med barnevernet.

Vår vurdering er at trass i stor merksemd på førebygging og samhandling, er det framleis dei barna og familiarne med størst behov for hjelp som ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Vi ser at nær alle tenester og tiltak som møter barn med komplekse og samansette behov blir utfordra, ofte fordi det manglar tiltak som er tilpassa barnas behov. Alvorlege og komplekse saker fører også til at tenestene i større grad må løyse kriser, framfor å nytte ressursar på førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Vår vurdering er at vi som samfunn ikkje har lukkast godt nok i arbeidet med å førebyggje at vanskar får utvikle seg.

Tenester til barn og unge i 2025

Vi har gjennom tilsyn avdekt svikt i det kommunale barnevernets oppgåver, mellom anna i undersøkingar, barns rett til medverknad, barnevernets plikt til å følgje opp barn og familiar med tiltak i og utanfor heimen, plikt til å samarbeide med andre tenester, tiltak om ettervern og dokumentasjon.

I 2025 har vi fått fleire meldingar om alvorlege hendingar på barnevernsinstitusjonar, der ungdom utset seg sjølv for fare eller unndreg seg omsorg. Nokre gonger har det vore fare for livet til barnet eller personar rundt barnet. Vi har mellom anna følgd opp at barn får nødvendig hjelp frå fleire tenesteområde, til dømes i saker der barnet har samansette vanskar, og der tenestene ikkje sikrar ei heilskapleg og samordna oppfølging av barnet.

Vi har fått fleire meldingar om Bufetat og brot på bistandsplikta i 2025 og handsama sju tilsynssaker der vi har slått fast lovbrøt. Dette er ein nedgang frå 2024. Fire av sakene gjeld brot på bistandsplikta for å skaffe institusjonstilbod akutt eller over tid, dei tre andre sakene gjeld brot på bistandsplikta for å skaffe fosterheim.

For at tilsyna skal ha effekt, har det vore nødvendig å tilpasse oppfølginga av lovbrøt til den aktuelle kommunen/tenesta. Oppfølgingsarbeidet blir gjort både gjennom møte, stikkprøvar, skriftlege tilbakemeldingar og rettleiing om regelverk. Vi erfarer at endring tek tid, og vi har i nokre tilfelle hatt oppfølging med kommunar over månader, og i nokre få tilfelle over år. I dialog med kommunen har vi gjort vurderingar og brukt verkemiddel som mellom anna rettleiingsteam, tenestestøtte, dialogmøte, støtte til utviklingsprosjekt og gjennomgang av saker og analysar saman med tenestene. I 2025 har vi hatt slik oppfølging med seks kommunar, inkludert møte med kommuneleiinga i kommunane.

Landsomfattande tilsynsaktivitet for barnevernet 2024–2026

Eit tiltak for å betre undersøkingsarbeidet er Helsetilsynets landsomfattande tilsynsaktivitet for barnevern i perioden 2024–2026. Temaa er barnevernstenestenes undersøkingsarbeid og internkontroll. Alle kommunane i fylket er inviterte til å delta. 27 barnevernstenester har gjennomført eigenkontroll av undersøkingsarbeidet. Av desse har 25 tenester avdekt forbettringsbehov. Kommunane har analysert årsakene til svikt og utarbeidd og sett i verk forbetringstiltak. Tenestene held no på med ny eigenkontroll, for å sjå om tiltaka har bidrege til å forbetre praksisen. Tilsynsaktiviteten held fram i 2026, der kommunane skal sende inn vurdering av eige arbeid etter den andre eigenkontrollen.

Etter vår vurdering har tilsynsaktiviteten bidrege til å gje barnevernstenestene verktoy om internkontroll og forbettringsprosessar, og kunnskap om krava til forsvarlege undersøkingar. Barnevernstenestene som deltek gir gode tilbakemeldingar på måten tilsynsaktiviteten er gjennomført på, og at samlingar, støttemateriale og erfaringsdeling mellom tenestene er nyttig. Vi erfarer likevel at det er dei tenestene vi har minst bekymring for som synest å ha best utbyte av å vere med i tilsynsaktiviteten.

NUBA (Nasjonal eining for undersøking av svikt mot barn)

I samband med Helsetilsynets undersøkingsordning (NUBA) i saker der barn har mista livet eller er utsette for vald, seksuelle krenkingar eller anna alvorleg omsorgssvikt, har vi sendt inn 15 tilsynssaker der vi har slått fast lovbrøt. Fleire av sakene gjeld fleire barn. Dette er store og omfattande tilsynssaker på tvers av tenesteområde og kommunar. Sjølv om sakene har ulik tematikk, har dei til felles at tenestene over tid har kjent til barna og bekymringar kring barna, men oppfølging og tiltak har ikkje vore i tråd med informasjonen og bekymringane i sakene. Alle barna har vore utsette for omfattande svikt ved at dei ikkje har fått varetatt retten til hjelp og vern til rett tid.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi har etter vårt syn levert ut frå oppdraget i 2025, og vi har jobba systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna og målretta.

Vi har arbeidd systematisk i fleire år, og ser at utviklinga går i rett retning i fylket. Det er likevel avgrensa kva direkte påverknad Statsforvaltaren kan ha for tenestene vi fører tilsyn med. Vi ser at påverknaden varierer frå fagområde til fagområde, og at faktorar som kompetanse og arbeidspress spelar inn. Vi gjer det vi kan ut frå vår rolle, og arbeider for å nytte ressursane slik at tilsynsarbeidet vårt er effektivt og har høg kvalitet.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi nyttar tilsynskalenderen for å gi kommunane informasjon og oversikt over planlagde tilsyn. Ut frå tilbakemeldingane vi har fått, meiner vi effekten av tilsynskalenderen er god. Kommunane gir uttrykk for at dei har betre oversyn enn tidlegare. Vi har likevel fått nokre tilbakemeldingar om at kommunen misser den samla oversikta, fordi fleire statlege tilsynsetatar legg inn tilsyn løpande gjennom året, i staden for å gjere det før årsskiftet.

Vi har etablert rutinar for når og korleis tilsyna skal leggjast inn i kalenderen, og når kommunane kan gi tilbakemelding.

Tilsynskalenderen vil også gi god oversikt over forvaltningsrevisjonane i kommunane, dersom dei blir lagde inn i kalenderen. Vi har oppmoda kontrollutvalssekretariata om å leggje inn revisjonane, og vi opplever at dei er positive til å bruke kalenderen. På sikt skal forvaltningsrevisjonsregisteret, drifta av NKRF, kommunisere med tilsynskalenderen. Dette vil også bidra til at informasjon om gjennomførte forvaltningsrevisjonar er tilgjengeleg.

I 2024 har vi hatt to møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar og sekretariata for kontrollutvala, der vi har diskutert samordning av tilsyn og utveksla erfaringar. Sekretariata får i desse møta høve til å presentere komande forvaltningsrevisjonar og planar for tilsynsetatane.

Vi har ikkje sett det som nødvendig å diskutere situasjonen i enkeltkommunar særskilt med andre tilsynsetatar, men Arkiverket orienterer oss jamleg om deira vurdering av oppfølginga frå enkeltkommunar etter tilsyn.

Vi har deltatt i dei jamlege møta i samordnamnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbettringsinnspeil til tilsynskalenderen der vi ser at det er nødvendig.

Vi har elles jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet, som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn, og korleis vi betre kan fange opp planlagde forvaltningsrevisjonar og ta omsyn til dei.

I 2025 har vi ikkje avlyst eller utsett tilsyn som følgje av forvaltningsrevisjonar på same område i kommunane. Generelt oppstår det sjeldan reelle kollisjonar eller overlapping av tema som fører til at vi meiner det er rett å nedprioritere vårt tilsyn, men vi brukar tilsynskalenderen for å fange opp eventuelle overlappende forvaltningsrevisjonar, og gjer ei vurdering av om vi skal halde fram med tilsynet.

For oss ser det ut til at tilsynsbelastinga for kommunane er akseptabel, og særskild sjeldan så stor at ho utgjør eit problem for planlegging av tilsyna. Vi finn praktiske løysingar i dei få tilfella der ein kommune tek kontakt om tidspunkt for tilsyn.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Vårt klare mål er at tilsyna våre skal bidra til læring og betring i kommunen. Den tverrfaglege tilsynsgruppa vår jobbar mellom anna for å vidareutvikle tilsynet gjennom kompetansetiltak, slik at det er verknadsfullt og bidrar til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemdar.

Vi legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemdar ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet. Før eit eventuelt tilsyn vurderer vi om tilsyn er det rette verkemiddelet, eller om andre tiltak kan vere meir føremålstenlege. Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderingar for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet. Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvorgraden. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

Vi har i aukande grad tatt i bruk eigenvurdering i hendingsbaserte tilsynssaker. Ikkje noko er betre enn at verksemda der ei hending har skjedd, sjølv går gjennom om det har skjedd noko som ikkje er i tråd med lovkrava, og gjer tiltak viss det trengst. Vi opplever at det varierer i kor stor grad verksemdene nyttar dette høvet til å ta tak sjølv. Nokre gonger gjer verksemda eit framifrå arbeid, og vi kan avslutte saka. Der verksemda ikkje har gjort ei god nok eigenvurdering, har våre tilsyn, som kjem etterpå, endå meir legitimitet.

Vi ser at det er særskilt viktig å ansvarleggjere leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med, for å følgje opp funn. Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar ho til intern læring. Vi er tilgjengelege for dialog og rettleiing i prosessen med lukking av tilsynet. Der vi ser at det er ein rest-risiko, vurderer vi om tilsynet skal utvidast, eller følgjast opp på annan måte.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Statsforvaltaren vurderer den samla måloppnåinga for delmålet som under middels. Sjølv om det er ein tydeleg positiv trend i korleis klima blir tematisert i planar, går den faktiske omstillinga, energiomlegginga og arbeidet med utsleppskutt for sakte sett opp mot dei nasjonale klimamåla.

Sett over fleire år vurderer vi at utviklinga går i riktig retning, men med for lågt tempo. Det har vore ei tydeleg forbetring i plankvalitet og forståing for plansystemet over tid. Medvitet kring behovet for klimaomstilling har blitt vesentleg større både i kommunane og i samfunnet elles. Bruken av kunnskapsbaserte verktøy som klimaprofilar og arealrekneskap er i ferd med å bli meir etablert, og gir eit betre grunnlag for berekraftig samfunnsutvikling enn tidlegare år.

Dei fleste kommunane i fylket har vurdert klima i samfunns- og arealdelar, men det er framleis få som oppfyller dei statlege planretningslinjene (SPR) (SPR) på ein fullgod måte. Kommunane strevar med å prioritere klimaomsyn i ein krevjande økonomisk situasjon der mange andre lovpålagde oppgåver krev merksemd. Dette gjer at den faktiske effekten på utslepp ikkje svarar til ambisjonane i planane.

Vi har over tid bidrege til å heve kompetansen i kommunane gjennom rettleiing og formidling av nasjonale forventingar. Samstundes erkjenner vi at effekten av eigen innsats er noko avgrensa. Vi har sjølve utfordringar med å prioritere klimaomstilling høgt nok i konkurranse med andre pressande oppgåver.

Vi har hausten 2025 reorganisert mandatet for klimagrappa i embetet og tilsett ein klimakoordinator. Vi vil i 2026 prioritere arbeidet med oppfølging av SPR for klima og energi i kommunale arealplanar og gjennom nettverk og rettleiing til kommunane.

Kommunale klima- og energiplaner klimatilpasning og klimagassreduksjon (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene er i gang med klimaomstilling, har redusert utslippene, og ivaretar klimatilpasning i planleggingen etter plan- og bygningsloven

Vi formidlar forventingane i SPR for klima og energi gjennom fråsegner til oppstart og høyring av planar og gjennom anna rettleiing. Få kommunar utarbeider no eigne klimaplanar, men har integrert klima som ein del av arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

For få kommunar har ein oppdatert handlingsdel for klimaarbeidet. Mange kommunar strevar med å følgje opp eigne mål og tiltak for utsleppsreduksjonar. Vi trur dette botnar i ein kombinasjon av manglande ressursar til oppfølgingsarbeidet, for høge ambisjonar og i nokre tilfelle uklare ansvarsfordeling. I rullinga av planar kan det vere utfordrande å setje nye, oppdaterte klimamål.

Klimaprofilane ser ut til å vere godt kjende, og blir brukte, særleg i ROS-arbeidet. Utfordringane med klimatilpassing av eksisterande busetnad og infrastruktur gjeld framleis.

3.1.2.4 Beredskap i en utfordrende sikkerhetspolitisk situasjon

Den tryggleikspolitiske situasjonen pregar arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Vi har hatt særleg merksemd på oppfølginga av den nasjonale tryggleiksstrategien og totalberedskapsmeldinga, og å bidra til å auke kompetansen om kriser i det øvre krisespekteret.

Vi løftar fram totalforsvarsarbeidet på alle arenaer der vi får høve til det. Vi får mange førespurnader om å halde presentasjonar og føredrag om temaet, og stiller opp på dei fleste. Den tryggleikspolitiske situasjonen har fått tydelegare plass i både rettleiing, tilsyn og øvingar med kommunane. Eit viktig mål med dette har vore å gjere kommunane medvitne på kva rolle dei har i totalforsvaret.

Vi har tett dialog og samarbeid med dei mest sentrale aktørane i det regionale totalforsvaret, mellom anna gjennom faste møte i mobiliseringsrådet (deltaking frå Heimevernet, politiet, Siviltforsvaret og Helse Bergen). Vi har òg fasilitert møte mellom Forsvaret og sivile aktørar, for å sikre samordning av beredskapsplanlegging.

I samarbeid med HV-distrikta og politidistrikta i fylket har vi starta planlegginga av eit totalberedskapskurs. Det første kurset skal gjennomførast i april 2026, og målgruppa er leiarar hos beredskapsaktørar. Både planlegginga og gjennomføringa av eit slikt kurs bidrar til å styrke samarbeidet mellom aktørane.

Revisjon av underliggende planer (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Forberedt på revisjon av underliggende planer til Nasjonalt beredskapssystem (NBS)

Vi har organisert fleire møte mellom Forsvaret og vegstyresmaktene (Statens vegvesen og fylkeskommunen), med mål om å mellom anna bidra til ei samordna beredskapsplanlegging.

I det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet i juni var det ein bolck om nasjonalt beredskapssystem. Føremålet var å bidra til kompetanseheving, sidan kunnskapen varierer mellom aktørane i rådet.

Beredskapsplanlegging (fra kapittel 3.2.1.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Beredskapsplaner er øvet og oppdatert

I mai gjorde vi ferdig eit felles tiltakskort for utfall av elektronisk kommunikasjon, primært retta mot kommunane. Tiltakskortet vart laga i samarbeid med utvalde kommunar og naudetatane. Det bidrar til å tydeleggjere forventingane i slike situasjonar, og kva tiltak som er aktuelle.

Totalforsvaret var tema på ei samling for utvida leiargruppe i embetet i mai, der vi m.a. fekk ei orientering frå Heimevernet. I september hadde vi ei diskusjonsøving i gruppa. Scenarioet var tilspissa tryggleikspolitisk krise eller krig. Tema som vart drøfta var m.a. behov for omdisponering av personell og prioritering av oppgåver internt i embetet. Øvinga har bidrege til å heve kompetansen om dette internt, og ei større forståing for kva konsekvensar ein slik situasjon vil ha for embetet.

Sivil-militært samarbeid regionalt (fra kapittel 3.2.1.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Styrket sivil-militært samarbeid regionalt

Vi har eit tett og godt samarbeid med aktørane i det regionale totalforsvaret. Fylkesberedskapsrådet er ein svært relevant og nyttig arena. Medlemmene prioriterer å delta, og dei er aktive i drøftingane.

Mobiliseringsrådet er eit godt samvirkeforum på operativt nivå, for styrking av det praktiske totalforsvarsarbeidet og betre samordning av militær og sivil planlegging. I forumet drøftar vi praktiske oppgåver og problemstillingar i planleggingsarbeidet.

Vi inviterer Forsvaret og politiet til mange av dei møtearenaene vi har med kommunane, mellom anna dei digitale møta vi har kvar månad. Der har PST og politiet orientert om trusselvurderingar og andre aktuelle tema, til dømes i samband med heving av terrortrusselnivået i oktober. Politiet og Heimevernet var til stades på fagsamlinga vi hadde for kommunane i november.

Det tette samarbeidet med dei andre sentrale aktørane i totalforsvaret bidrar til å sikre ei felles situasjonsforståing og samordning av konkrete oppgåver og tiltak.

Oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonenn. (fra kapittel 3.2.1.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Tilrettelegge for regionalt samarbeid for å ha oversikt over sårbarheter i tilknytning til ressurs- og forsyningssituasjonen.

Ressurs- og forsyningssituasjonen er eit sentralt tema i diskusjonane om utviklinga av det regionale og lokale totalforsvaret. GAP-analysane for helsetenestene viste at det er stort behov for nasjonale prioriteringar av knappe ressursar i krise og krig. Vi deltar med representant inn i utval for sivil-militært helseberedskapssamarbeid, der mellom anna oppfølginga av analysane er tema.

I 2025 har vi ferdigstilt eit tillegggsscenario til FylkesROS, med matvareberedskap som tema. Sjå punkt 7.3.4.5 for utfyllande informasjon.

3.1.2.5 Andre oppdrag

Vi har følgt opp forventingar frå nasjonale aktørar om bidrag inn i pågåande prosessar.

3.2.1.5.1

Vi har deltatt med representant i Helse- og omsorgsdepartementet sitt utval for sivil-militært helsesamarbeid og vararepresentant i utvalet for drikkevassberedskap.

3.2.1.5.2

Vi følgjer opp læringspunkt frå øvingar og hendingar jf. oppfølgingsplanen i embetet. Gjennom deltaking i evalueringsnettverket til DSB sikrar vi at oppfølginga av tiltak er samordna på tvers av embeta.

3.2.1.5.3

Vi har ikkje hatt større oppgåver innan prioriteringsordninga for drivstoff i 2025. Vi har støtta departementet etter behov, t.d. gjennom felles innspel frå embeta om den praktiske gjennomføringa av ordninga.

3.2.1.5.4

Vi har tett dialog med KDS-ane i fylket og har deltatt i KBO-møte i begge regionane. Der har vi oppmoda nettselskapa om å ta kontakt viss dei har behov for bistand til kvalitetssikring av rasjoneringslister jf. rettleiaren frå NVE.

3.2.1.5.5

Vi deltok i dei innleiande møta om planlegginga av "Øvelse Digital 2025". Vi var ikkje med på øvinga.

3.1.3 Rettssikkerhet er ivaretatt på en enhetlig måte

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Vi vurderer at befolkninga generelt sett får oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Vi meiner at arbeidet vårt er vesentleg for å sikre dette, og vi er uroa for om den knappe ressursituasjonen vår kan påverke rettstryggleiken til innbyggjarane. Krevjande økonomi i kommunane, reduksjon i tenestetilbodet, mindre førebyggjande arbeid og mangel på faglært personell er hovudårsaker til at saksmengda vår aukar. Dessutan blir sakene meir komplekse. Vi ser at felles og koordinert innsats framleis er vanskeleg. Ressursituasjonen vår fører til strenge prioriteringar hos oss og til mindre rettleiing av tenestene i kommunane.

Vi har over tid sett ein auke i saksmengda på foreiningsfeltet, og arbeider heile tida med å organisere oss slik at vi oppnår høgare kvalitet i rettleiing, tilsyn og sakshandsaming. I 2025 har vi hatt tre tilsette med planlegging, gjennomføring og avslutning av tilsyn som primær oppgåve. Målet med denne organiseringa er å auke tilsynsaktiviteten og å styrkje kvaliteten på tilsynsarbeidet. Samstundes får andre sakshandsamarar frigjort tid til sine kjerneoppgåver. Så langt har vi ikkje sett ein auke i det totale talet på gjennomførte tilsyn, men delen av tilsyn som er utført av tilsynsmedarbeidarane er høgare enn tidlegare. For komande år har vi auka belastingsfullmakta vår og oppretta ei ny gebyrfinansiert tilsynsstilling.

Kommunane er førsteinstans for over 90 prosent av tilskotsordningane i landbruket, og vi driv opplæring og forvaltingskontroll med vekt på om dei har internkontroll og gode rutinar. Praksisen er betre enn den formelle internkontrollen, og vårt inntrykk er at dette betrar seg frå år til år. Men den faglege kompetansen og kapasiteten i den kommunale landbruksforvaltninga går nedover. Vi prøver å kompensere for dette med auka opplæringstiltak og anna oppfølging. Dette gir resultat og er heilt naudsynt for å redusere feilutbetalingar.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har handsama 645 byggesaksklager i 2025. 375 av desse (58 prosent) vart handsama innan 12 veker.

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2025, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna. I 2025 har vi dessutan hatt fleire rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar.

Vi er derfor særns nøgde med at vi i 2025 har hatt ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 83 dagar, og at vi har bygd ned restansane med om lag 40 prosent, frå 188 ubehandla byggesaker i januar, til 113 saker ved utgangen av desember.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-42 %	58 %	645	375

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Resultatet her er noko betre enn i 2024. Då hadde vi handsama 38 prosent av sakene innan fristen på seks veker, mot 42 prosent i 2025. Vi har gode rutinar for mottak av saker og saksfordeling.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-58 %	42 %	12	5

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Alle sakene er handsama innan 12 veker.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	3	3

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Alle sakene er handsama innan 12 veker.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	2	2

Virksomhetenes tillatelser i tråd med IED (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Tillatelser til virksomheter omfattet av EUs industriutslippsdirektiv er oppdatert i tråd med skjerpede bransjekrav

Vi har ei eiga samarbeidsgruppe for alle som jobbar med oppfølging av IED, landbasert industri og avløp i seksjonen. Dette inkluderer mellom anna fagområda avløp, næringsmiddel og avfall. Dette gir rom for erfaringsutveksling og likare handsaming av konsesjonar for desse fagfelta.

Hausten 2025 styrkte vi IED-arbeidet med ein person, med midlane som vart tildelt frå Miljødirektoratet.

Vi vil i 2026 prioritere arbeidet med å revidere løyva som er omfatta av IED høgt i 2026. På grunn av stor saksmengd og avgrensa kapasitet vil vi likevel ikkje klare å revidere alle.

Næringsmiddel inkl. fiskeforedling (FDM)

Vi har 15 anlegg som er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM). Ingen anlegg tilfredsstiller BAT-AEL i dag. Tolv av IED-anlegga har søkt eller skal søke om unntak, i hovudsak med grunngiving i miljøtilhøve i resipienten og kapasiteten til å ta imot utslipp.

Miljødirektoratet har gitt samtykke til mellombels unntak for BAT-AEL for alle søknader som har vore til samråd. Vi har no utarbeidd eit løyve som mal, som vil danne grunnlag for dei andre løyva som skal oppdaterast.

BAT-AEL-krava har ført til at fleire aktørar arbeider med utvikling av eigna reinseteknologi for prosessavløpsvatnet. Per i dag ser vi ikkje reduserte utslipp, då løyva enno ikkje er oppdaterte, samstundes som det ikkje finst tilfredsstillande løysingar på marknaden.

Slakteri og animalske biprodukt (SA)

Vi har fire anlegg som er omfatta av IED- og BAT-konklusjonane for slakteri og animalske biprodukt (SA). Vi har fått BAT-utgreiing frå alle verksemdene. Vi har god dialog med verksemdene og har som mål å revidere desse løyva i 2026.

Nye krav har gitt større interesse for å delta på felles resipientovervaking. Dette vil gi meir informasjon om miljøtilstanden. Arbeidet gir også tettare kontakt med verksemdene og betre høve til å rettleie.

Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling (FMP)

Vi har to verksemdar som er omfatta av IED sitt FMP-BREF. Vi har starta arbeidet å oppdatere utslippsløyva og reknar med å kome i mål innan oktober 2026.

Avfall

To anlegg som skal ha krav til BAT-AEL er ikkje oppdaterte. Vi vil starte prosessen med oppdatering av desse løyva i 2026. Anlegg som er omfatta, men som ikkje skal ha krav til BAT-AEL, er ikkje oppdaterte. Vi vil oppdatere desse løyva i samband med andre endringar, som søknad om endring, tiårsoppdatering eller liknande. Vi vil i 2026 skrive informasjonsbrev til anlegg som ikkje treng å endre løyvet.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Det aller meste av tilskottsforvaltninga i landbruket skjer i kommunane. Vi har inntrykk av at dei interne systema i kommunane har vorte betre, men den praktiske utøvinga med til dømes skriftlege vurderingar, grunngivingar og reaksjonar ved feilsøking, må også bli betre. Dessverre kjem det opp saker der kommunen har godkjent urettmessige tilskot, og dei må då gjere nye vedtak med krav om tilbakebetaling. Det er naudsynt med både opplæringsiltak til kommunane og oppfølging på anna vis, til dømes ved å følgje med på korleis dei nyttar fagsystema.

Den kommunale praksisen med forvaltning av eigeomslovene, jordlova og konsesjonslova, er etter vår vurdering tilfredsstillande. For å sjekke praksisen bad vi for tre år sidan om å få kopi av alle vedtak etter jordlova i fire kommunar. Vi fann ikkje mange feilaktige resultat.

Effektiv internkontroll knyttet til tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll med tilskuddsforvaltningen på landbruks- og reindriftsområdet

Vi har etablert internkontroll på landbruksområdet, med eigne overordna dokument som viser til mellom anna HMS, samanheng mellom oppdragsdokumenta og verksemdsplanen, dei sentrale punkta i økonomireglementet, risikovurdering, kontrollplanen, interne fullmakter og ei oversikt over skriftlege rutinar for dei fleste forvaltingsoppgåvene. I tilskotsforvaltninga har vi også god hjelp frå fagsystema for tilskot som gir oversikt på tilskotsrammer, status og ansvar. Dette gir også ei kvalitetssikring.

For dei enkelte ordningane der vi er førsteinstans, har vi skriftlege rutinar som vi oppdaterer årleg.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldir's rundskriv?	ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i tidligere år	1
Antall foretak hvor det er gjennomført stedlig kontroll	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfelleskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning på grunn av overproduksjon	2
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning pga. driftsfelleskap	0
Antall foretak som er kontrollert, og hvor vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	67847

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av mistanke om avvik	4
Saker funnet i orden	4
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Vi har ved årsskiftet 2025/2026 kontrollert mottakarar av TPO. Vi har brukt listene med opplysningar om næringsinntekt for 2023 og 2024. Totalt er det 77 unike namn på listene, og vi sjekka alle og såg etter mogelege avvik. Vi sende brev til fire av desse og bad om meir informasjon. Vi har fått svar og ikkje funne feil. Inntektsbeløpa galdt etterbetaling ved sal av eigedom, skog, mjølkekvote og liknande som ikkje er i strid med regelverket. Vi har ikkje kontrollert dei som har næringsinntekt i oppstartsåret/året etterpå. Desse vil vi ev. følgje opp ved kontrollen hausten 2026.

Internkontroll for tilskuddsforvaltningen

Ordning	Etablert internkontroll	Risikobasert kontroll	Resultat av kontroll tiltak
Tilskudd til tidligpensjon	Ja	Ja	Ved handsaming av søknad er vi særleg merksam på næringsinntekt frå landbruk.
Tilskudd til landbruksvikarvirksomhet	Ja	Ja	Vi er særleg merksam på total kapasitet NLT har til avløyning ved sjukdom
Tilskudd til veterinærreiser	Ja	Ja	Vi sjekkar ferje- og båtruter
Stimuleringsstilskudd til veterinærdeknning	Ja	Nei	Vi ser at kommunane har utfordringar med å skaffe veterinærar i vaktberedskap, og at veterinærane krev auka tilskot frå kommunen.
Tilskudd til fylkesvise prosjekter innen klima- og miljøprogrammet	Ja	Ja	Vi går gjennom sluttrapportar med rekneskap.
Erstatning etter offentlege pålegg	Ja	Nei	Dette er ofte omfattande saker med grundig behandling.
Tilskudd ved produksjonssvikt	Ja	Ja	Vi sjekkar dei opplysningane som av erfaring er mest usikre, t.d. avling, berande areal, kva er klimaskade osv.
Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus	Ja	Ja	Vi sjekkar alle saker mot regelverket, til dels vanskeleg.
Fylkesvise rentemidler fra skogfond	Ja	Ja	Skogfondsrekneskapan har eigen revisor. Vi sjekkar også i nokre kommunar.
NMSK, kommuneskog	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer	Ja	Nei	Tett oppfølging av planprosjekta.
Tilskudd til siidaandeler og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Tilskudd til reinbeitedistrikter og reinlag	Ikke aktuell	Nei	
Andre ordninger			

Internkontroll som ivaretar kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som ivaretar kontroll med at kommunenes tilskuddsforvaltning på landbruksområdet utføres på en forsvarlig måte og i henhold til etablert internkontroll. Forvaltningskontroll skal gjennomføres i minst 20 prosent av kommunene.

Vi har ein årleg plan for forvaltningskontroll av kommunane. Vi plukkar ut ordningar ut frå ei risikovurdering, erfaringar frå kontrollar og det vi ser av kommunal forvaltning. Produksjonstilskot og avløyartilskot inneheld desidert mest tilskotsmidlar, så desse må uansett vere med. I tillegg har vi dei siste åra sett på korleis kommunane forvaltar skogordningane og RMP. Erfaringane så langt tyder på at må vi må følgje dei opp vidare.

Vårt gjennomgåande inntrykk etter kontrollane er at kommunane er meir merksame på krava om internkontroll i sakshandsaminga. Undersøkinga i 2025 viste at dei fleste har eit system for internkontroll, ofte knytt opp til fellessystemet i kommunen. Vi har sett ei positiv utvikling etter at vi byrja å leggje meir vekt på den generelle arbeidsmetoden kommunane jobbar etter, enn om det er gjort ei feilføring. Dette er kontinuerleg arbeid, og det er

nokre feiltypar som går att og som vi må følgje opp med rettleiing og vidare kontroll:

- Kommunane bør kommentere i fagsystemet kva type vurderingar dei har gjort, til dømes om temaet "vanleg jordbruksproduksjon". Dette bør skrivast slik at søkar kan sjå det.
- Kommunen skal alltid vurdere avkorting når det er søkt feil. Vi minner stadig kommunane om at vurderingane bør vere skriftlege, men erfarer at det framleis er lite avkorting i Vestland.
- På skogområdet er det framleis for mange som ikkje har god nok resultat- og foryngingskontroll.

Desse feiltypane vil vi følgje opp nærare dei komande åra, og prøve nye måtar for både erfaringsutveksling og kommunikasjon, der vi inviterer kommunane i mindre grupper.

Kontroll med kommunenes tilskuddsforvaltning

Kommune	Omfang	Resultat	Oppfølging kontrollene
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	NMSK	Manglar i internkontroll. Kontoret har rutinar som er noko mangelfulle.	Vi hadde eit felles møte undervegs i kontrollen med alle kommunane som var involverte.
Gulen	NMSK	Mangelfulle rutinar/internkontroll. Ein ny person med ansvar for skogbruk.	Vi hadde eit felles møte undervegs i kontrollen med alle kommunane som var involverte. I tillegg vart kommunen følgt opp av Statsforvaltaren med ein opplæringsdag i felt.
Masfjorden	NMSK	Manglar rutiner, intervju viser at kommunen kjenner til ordningane og informerer potensielle skogeigarar gjennom mellom anna Skogdag. Det har ikkje vore skogbruksaktivitet i kommune siden 2019	Vi hadde eit felles møte undervegs i kontrollen med alle kommunane som var involverte i kontrollen. I tillegg vart kommunen følgt opp av Statsforvaltaren med ein opplæringsdag i felt.
Bjørnafjorden	NMSK	Relativt god kontinuitet i skogbruksarbeidet. Kommunen hadde utarbeidd gode rutinar for dei fleste arbeidsoppgåvene på NMSK. Kommunen har utarbeidd ein ny skogbruksplan som var interessant og som SF vart engasjert i.	Vi hadde eit felles møte undervegs i kontrollen med alle kommunane som var involverte. I tillegg vart kommunen følgt opp av Statsforvaltaren med ein opplæringsdag i felt.
Kinn	RMP	Kontrollen ikkje ferdigstilt.	Manglar sluttrapport og sluttmøte. Dette vert følgt opp i første kvartal 2026.
Luster	RMP	Kontrollen ikkje ferdigstilt.	Manglar sluttrapport og sluttmøte. Dette vert følgt opp i første kvartal 2026.
Sogndal	PT	Godt arbeid med rutinar, likevel ikkje heilt utfyllande og dekkande og stettar såleis ikkje krava om internkontroll heilt ut.	Kommunen vert følgt opp direkte i ei samling med dei andre kommunane som hadde PT-kontrollar i 2025. Samlinga vert i februar 2026.
Ulvik	PT	Godt arbeid med rutinar, likevel ikkje heilt utfyllande og dekkande og stettar såleis ikkje krava om internkontroll heilt ut.	Kommunen vert følgt opp direkte i ei samling med dei andre kommunane som hadde PT-kontrollar i 2025. Samlinga vert i februar 2026.
Voss	PT	Noko mangelfulle rutinar. Kommunen legg vekt på tematikken i sakshandsaminga si, men kravet om internkontroll vert ikke oppfylt	Kommunen vert følgt opp direkte i ei samling med dei andre kommunane som hadde PT-kontrollar i 2025. Samlinga vert i februar 2026.
Merknad PT			Vi har ei PT-gruppe som følger opp kommunane gjennom webinar for kommunalt tilsette. I webinarar tar vi opp tema som er særleg aktuelle, t.d. rett i forkant av ein søknadsomgang. Vi arrangerer også ein årleg konferanse. Der har vi parallellsesjonar, og PT har ein eigen sesjon. På desse arenaene tar vi opp problemstillingar som vi veit at det er vanskeleg å få til i ein del kommunar. Vi legg også vekt på risikovurderinga av ordningar og utplukk til kontroll, og på kva som kjenneteiknar ein god internkontroll.
Merknad NMSK			Vi ser at nokre skogeigarar ikkje plantar etter hogst. Mange stader er det likevel god naturlig forynging. Vi har arrangert webinar og skogdagar med dette som tema. Vi har også vore ute i felt med kommunar for å vise dei tekniske hjelpemiddel i praktisk bruk. Korleis skal kommunen kontrollere tilvekst? Korleis bruke applikasjonen for dette og korleis telje gjenvekst? Eit anna område der vi ser at skogeigarar og kommunar kunne gjort meir, er ungsogopleie. Dette legg vi vekt på i forvaltingskontrollane og på webinar og skogdagar. Vi har lagt vekt på å vise kvifor det er lønsamt å pleie skogen for å auke verdien av trevirket. Her har vi også støtta fleire lokale initiativ, mellom anna gjennom bruk av rentemidlar.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse (resultatmål - resultat)	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i embetets ansvarsområde
20 %	1	21 %	9	43

Grunna sjukdom har vi ikkje fått ferdigstilt kontrollrapportane etter forvaltningskontrollen på RMP. Dette vert slutført i 2026. Vi har likevel kontrollert 20 prosent av kommunane, i samsvar med resultatmålet.

Internkontroll; informasjonssikkerheten i fagsystemene (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Effektiv internkontroll som sikrer at kun brukere med tjenstlige behov hos kommunene og statsforvalteren har nødvendige tilganger til fagsystemene som Landbruksdirektoratet stiller til rådighet.

Vi har både kontinuerleg sjekk av tilgang til fagsystema, og ein årleg gjennomgang av alle tilganger. Sjå tabellane nedanfor.

Kontroll med tilgangene til Ldirs fagsystemer

Betegnelse på rapporteringskrav	Kortfattet beskrivelse
Hvordan gjennomføres periodisk kontroll/revisjon og hvilke risikovurderinger ligger bak?	Vi har kontinuerleg kontroll på tilgangar basert på info om at tilsette i ein kommune har slutta utan at vi har fått formell beskjed om denne endringa. Då tek vi skriftleg kontakt med kommunen og ber om oppdatering. Vi har i tillegg ein systematisk kontroll kvar haust der vi sender e-post til alle kommunar/interkommunale kontor og ber om oppdatering på kven som skal ha tilgang til kva ordningar. Alle endringar blir førte inn i ei samla oversikt, og i tillegg journalført i arkivet.
Hvor ofte gjennomføres kontrollen?	Når vi oppdagar endringar, pluss ein årleg sjekk til alle kommunar/LK.
Hvilke avvik er eventuelt avdekket?	Det er ganske vanleg at folk sluttar, eller får nye roller, utan at vi får beskjed med ein gong. Om ikkje før vert dette retta opp ved årleg gjennomgang.

Kontroll av "vanlig jordbruksproduksjon" (fra kapittel 3.3.1.2.1.4 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har rutiner som sørger for at grunnvilkåret om "vanlig jordbruksproduksjon" er oppfylt når vedtak om produksjons- og avløsertilskudd fattes.

Vi gjennomførte ei undersøking i kommunane om vanleg jordbruksproduksjon. Vi ser at kommunane er blitt betre til å følgje opp/vurdere dette grunnleggjande kravet. Samstundes hadde vi rekna med fleire avslag og fleire klager. I 2025 hadde vi to klagesaker der vi stadfesta kommunane sine vedtak. Det er viktig med varsel i fagsystema. Fellessamlingar der kommunane kan utveksle erfaringar har gjort dei tryggare i vurderingar av vanleg produksjon.

Vanlig jordbruksproduksjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Hvilke tiltak har Statsforvalteren iverksatt for å sikre at grunnvilkåret kontrolleres og at rapporter for å risikovurdere grunnvilkåret brukes i kommunene?	Vanleg jordbruksproduksjon er tema på webinar/samlingar og vi har laga notat med konkrete grenseverdier for ulike produksjonar, til hjelp i sakshandsaminga. Det er også tema i alle forvaltingskontrollar på produksjonstilskot. Så langt har desse tiltaka vore felles for alle kommunar. Vi vurderer no tiltak og erfaringsutveksling til kommunane i mindre grupper og kanskje tilpassa deira utfordringar.
Hvilken effekt har tiltakene overfor kommunene hatt?	Det er vanskeleg å måle effekten. Vi fører statistikk over reaksjonar og avslag på grunn av «vanlig jordbruksproduksjon». Vurderingane er betre og det er fleire reaksjonar i den kommunale forvaltninga. Men vi ser framleis på kontrollane at mange kommunar burde ha forklart og grunnleggjande betre kva vurderingar dei har gjort. Talet på avkortingar er også låvt, men det er usikkert om det kjem av stor grad av korrekte søknadar eller mangelfulle oppfølgingar av feil.

Oppfølging av saker om dyrevelferd og produksjons- og avløsertilskudd (fra kapittel 3.3.1.2.6.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bidrar til at kommunen har god kompetanse på, og oppfølging av, dyrevelferdssakene som oversendes fra Mattilsynet i tråd med rutinen for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen.

Vi har god dialog med Mattilsynet gjennom året og eit fast møte mot slutten av året. Her går vi gjennom saker som er oversende og sikrar at nye saker vert oversende før kommunane slutfører handsaminga av produksjonstilskot. I tråd med avtalen sender Mattilsynet aktuelle saker til oss og kommunen. Dette gjeld både akutte saker og saker med kronisk dårleg dyrehald. Slike saker vert også vurderte ut frå produksjonsresultat og krav om vanleg produksjon. Vi er i dialog med kommunen for å sikre at dei har fanga opp slike saker, og at det ikkje blir betalt ut tilskot til saker som skal stoppast.

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Vi vurderer at befolkninga generelt sett får oppfylt retten til nødvendige og forsvarlege tenester. Vi meiner at arbeidet vårt er vesentleg for å sikre dette, og vi er uroa for om den knappe ressursituasjonen vår kan påverke rettstryggleiken til innbyggjarane.

Sakene blir både fleire og meir komplekse, og krev ofte samhandling frå mange sektorar, som spesialisthelsetenesta, kommunehelsetenesta, barnevernet og Nav. Vi ser at felles og koordinert innsats framleis er vanskeleg.

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale og skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon, får tilbod om samtale med oss i samband med tilsynsbesøk. Før tilsynet får barna brev med bilete av tilsynslaget og informasjon om at vi kjem, og kva som er tema for tilsynet. Det går fram at barna kan snakke med oss om kva dei vil.

Barn kan også ta kontakt med oss på telefon og tekstmelding. Vi legg til rette for å gjennomføre samtalar med barn på ettermiddag og kveld, og tar kontakt med barna i etterkant av tilsyna om dei ikkje kan snakke med oss under tilsynet. Vi tilpassar korleis vi kontaktar barna ut frå informasjonen vi har før tilsynet. Om barna ønskjer å snakke med oss utanom tilsynsbesøka, legg vi til rette for dette.

Vi erfarer at flere barn og unge tar kontakt med oss utanom tilsyna, ofte via nettstaden vår, på tekstmelding eller ved å ringe. Barna gir tilbakemeldingar om at dei veit korleis dei skal få tak i oss, og at dei opplever at vi følgjer opp om dei tar kontakt. Når barn kontaktar oss har vi som mål at vi skal følgje opp så snart som mogeleg og seinast neste arbeidsdag.

I tillegg til samtalar med barn på institusjon har vi gjennomført samtalar med barn i hendingsbaserte tilsynssaker og i klagesaker. Barn får stort sett alltid tilbod om samtale med oss når dei tar kontakt, uavhengig av kva saka gjeld. Vi har samtalar med barn både på institusjonane, digitalt, på telefon og ved oppmøte i lokala våre.

I 2025 gjennomførte vi om lag 76 prosent av dei lovpålagde tilsyna på barnevernsinstitusjonar. For å kompensere for at barn ikkje møter oss på tilsynsbesøk, har vi tatt kontakt med institusjonane og med barn utanom tilsynsbesøka. Sjølv om vi har gjennomført færre tilsyn, har vi reist til institusjonar ved fleire høve når barn har tatt kontakt med oss utanom tilsynsbesøk.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Saksbehandling av tilsynssaker:

- Behandlingsmåte 1 (avslutning med veiledning) og 2 (oversendelse til virksomheten/helsepersonellet): 80 % av sakene skal behandles innen 4 uker
- Behandlingsmåte 3 (virksomheten følge opp og rapporterer) og 4 (møte med virksomhet og pasient): 80 % av sakene skal behandles innen 3 måneder
- Behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 80 % av sakene skal behandles innen 6 måneder

Vi følgjer retningslinjene til Helsetilsynet for det forenkla handsamingssporet (metode 1 og 2) og handsamar fleire av sakene i dette sporet. Til grunn for dette ligg både vurderingar av kva som er føremålstenleg, og ressursomsyn i seksjonen/avdelinga, jamfør prioriteringsbrev fra 5. juli 2024 og 3. september 2025.

Det har vore ein auke både i mengda av saker til vurdering og mengda av saker handsama etter metode 1, metode 2 og metode 5. Bruken av metode 4 held seg stabil, medan vi har hatt ein liten nedgang i bruken av metode 3. Talet på avgjorte tilsynssaker har auka frå 950 i 2024 til 1094 i 2025.

For helseområdet har vi gått frå to til fire fordelingsmøte i veka. Mange av sakene skal ikkje registrerast i fagsystemet Nestor, og vi har derfor ikkje tal på desse. I kvart fordelingsmøte diskuterer og fordeler vi 25-30 saker. Det er stor variasjon i sakene og alvorsgraden, men vi må svare alle ut skriftleg. Fordelinga av saker er tid- og kompetansekvjande. I tillegg har fleire av sakene vore kompliserte og kvjande å handsame. Vi har hatt god dialog med Statens helsetilsyn undervegs.

Det er utfordrande å halde restansar og sakshandsamingstider nede.

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 1

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 1: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	1 %	81 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 2

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 2: Minst 80 prosent innen 4 uker.	80 %	4 %	84 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 3

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 3: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	16 %	96 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 4

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 4: Minst 80 prosent innen 3 måneder.	80 %	-34 %	46 %

Saksbehandlingstid – tilsynssaker innen helse- og omsorgstjenester - behandlingsmåte 5

Behandlingsmåte	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Avgjorte tilsynssaker på HODs område, behandlingsmåte 5: Minst 80 prosent innen 6 måneder.	80 %	-50 %	30 %

Saksbehandlingstid for tilsynssaker AID (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker innen sosiale tjenester behandlet etter behandlingsmåte 5 (statsforvalteren utreder og avgjør): 5 måneder eller mindre

Vi har ikkje handsama saker etter handsamingsmåte 5.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		

Ingen tilsynssaker etter handsamingsmåte 5.

Avsluttede klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pasient- og brukerrettighetsloven § 2-6): Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Vi handsama 486 klager på sosialområdet i 2025. Det er nær ei dobling samanlikna med 2022. Vi har nådd resultatmålet, men ser at sakshandsamingstida aukar, og at vi dermed opparbeider ytterlegare restansar.

I dei to helseseksjonane har vi samla handsama 691 rettighetssaker i 2025, når vi held pasientreiser utanom. 64 prosent er handsama innan tre månader. Vi når ikkje resultatmålet, og dette skuldast ressursituasjonen, i tillegg til at sakene blir både fleire og meir komplekse.

Saksbehandlingstid - avsluttede klagesaker unntatt dekning av utgifter til pasientreiser (pbrl. § 2-6): minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	9 %	99 %
Helse/omsorg	90 %	- 26 %	64 %

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Overprøvde vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

I 2025 handsama vi 357 vedtak om bruk av tvang og makt mot 308 personar. 94 prosent av vedtaka vart overprøvde innan tre månader etter at vi fekk saka frå kommunen. Den første kontrollen av vedtaket startar med det same vi får det, og vi etterspør eventuelle manglande opplysingar frå kommunen eller spesialisthelsetenesta. Overprøvinga vår startar når vi har fått dei nødvendige opplysingane.

Vi fekk oversendt 23 søknader om dispensasjon frå utdanningskrav etter at vedtaket var overprøvd og godkjent. 22 av desse vart handsama innan tre månader.

I tillegg har vi gjennomgått og kontrollert 3096 meldingar om bruk av tvang i nødsituasjonar mot 132 personar, alle innan fristen på ein månad.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	4 %	94 %

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)

Rapportere på

Avsluttede klagesaker som gjelder tvang i barneverninstitusjoner og omsorgssentre: Minst 90 prosent innen 1 måned.

Barn som bur på barneverninstitusjonar skal ikkje bli utsette for systematisk tvang, avgrensingar, krenkingar eller andre ulovlege inngrep under opphaldet. Vi har hatt søkjelys på førebygging av tvang og dokumentasjon av tvang mot barn på barneverninstitusjonar over fleire år, men er uroa over utviklinga.

Vedtak/tvangsprotokollar

Barn med komplekse og samansette vanskar på barneverninstitusjonar blir yngre, og det skjer fleire alvorlege hendingar. I Vestland er det ein auke i bruk av tvang mot barn frå 2134 enkeltvedtak og protokollar i 2024 til 2939 enkeltvedtak og protokollar i 2025.

Klager på tvang

I 2025 avgjorde vi 57 klager på 85 avgjerder om tvang etter kapittel 10 i barnevernslova. Barn fekk medhald eller delvis medhald i 14 prosent av klagene. Dette er om lag på same nivå som i 2024, då barn fekk medhald eller delvis medhald i 15 prosent av klagene.

I 2025 vart 84 prosent av klagene handsama innan fristen på ein måned. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 0,7 månader. Median sakshandsamingstid var 0,6 månader. Noko av årsaka til at sakshandsamingstida av og til blir lenger, er at nokre avgjerder om tvang ikkje er godt nok dokumenterte og det tar tid å hente inn nok informasjon til å handsame klagen.

Vurdering

Vi vurderer at auken i tvang mot barn delvis er eit resultat av at det er oppretta fleire institusjonavdelingar i fylket og at fleire barn i Vestland budde på institusjon i 2025 enn i 2024. Auken viser også at nokre barn blir utsette for svært mykje tvang under opphald på barnevernsinstitusjon. Det er ikkje grunnlag for å seie at institusjonane fører tvangsprotokoll vesentleg annleis enn tidlegare år. Oppfølginga av barnevernsinstitusjonane viser at førebygging, gjennomføring, evaluering og dokumentasjon av tvang er lik som tidlegare år. Vi meiner meir bruk av tvang er ein konsekvens av at barn på institusjon har meir komplekse vanskar enn tidlegare, og at institusjonane ikkje har nødvendige rammer og/eller kompetanse til å vareta barna. Døme på dette er barn med omfattande helseutfordringar, og barn som er i kontakt med kriminelle miljø. Vi ser også at barnevernsinstitusjonane i 2025 har hatt fleire barn med omfattande rusvanskar, og at desse barna har hatt stort behov for tett oppfølging og kontroll frå vaksne for å ikkje bli alvorleg skadde eller miste livet.

Saksbehandlingstid - klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	- 6 %	84 %

49 av 58 klager er handsama innan éin måned.

Resultatmål - stedlig tilsyn tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal ha oversikt over alle brukere med vedtak om tvang, og skal utarbeide en plan for gjennomføring av de lovpålagte stedlige tilsynene for den enkelte bruker. Med utgangspunkt i denne planen skal stedlig tilsyn etter overprøvd og godkjente vedtak om bruk av tvang og makt prioriteres ut fra tvangsbrukens omfang og mulige konsekvenser for den enkelte bruker.

I 2025 har vi gjennomført 34 stadlege tilsyn med bruk av tvang og makt. Talet på tilsyn er nedjustert dei siste åra på bakgrunn av ressursituasjonen og prioriteringar i organisasjonen. Vi gjennomfører tilsyn etter ei risikovurdering og prioriterer særleg inngripande tiltak, tvang mot personar under 18 år og nye vedtak. Vi utarbeider halvårlege planar for stadlege tilsyn, på bakgrunn av ei intern oversikt over nye vedtak og vedtak med endringar, i tillegg til ei oversikt over personar eller kommunar der det er risiko knytt til tvangsbruken.

Vi har dei siste åra gjennomført mange stadlege tilsyn med bruk av tvang og makt. I 2021 gjennomførte vi 68 stadlege tilsyn og konkluderte med lovbrøt i 80 prosent av sakene. I perioden frå 2022 til 2024 gjennomførte vi frå 38 til 47 stadlege tilsyn årleg og konkluderte med lovbrøt i 55 til 60 prosent av sakene. I 2025 har vi konkludert med lovbrøt i 38 prosent av 34 stadlege tilsyn. Vi vurderer at stadlege tilsyn medverkar til at tvang og makt blir gjennomført i tråd med godkjende vedtak og lovkrav.

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 340 poeng

Jamfør dei tilrådde prioriteringane frå Helsetilsynet og vårt prioriteringsbrev til oppdragsgivarane 3. september 2025, har vi prioritert rettighetssaker og bruk av tvang av makt framfor planlagde tilsyn. Vi har derfor berre gjennomført fire tilsyn om helsemessig og sosial beredskap saman med sivil beredskap, og seks LOT-tilsyn om grunnleggjande behov. Det vart også gjennomført ei kartlegging som vi følgde opp.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
340	- 195	145

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.6.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 80 poeng

Vi har i prioriteringsbrevane våre frå 5. juli 2024 og 3. september 2025 orientert om at vi ikkje planlegg for tilsyn i spesialisthelsetenesta. Vi har deltatt i

planlegginga av LOT for 2026.

Aktivitetstsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
80	-80	0

Resultatmål SFVL (fra kapittel 3.3.1.3.7.6 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 115 poeng

I tråd med med justeringane i prioriteringsbrevet vårt frå 3. september 2025, har vi gjennomført tre av fem tilsyn med ansvaret Nav-kontora har for å tilby tenesta økonomisk rådgjeving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Vi undersøkte om Nav-kontoret

- gjer tenesta økonomisk rådgjeving tilgjengeleg
- gjer skriftleg vedtak om tenesta og startar tenesta til rett tid
- sørgjer for ei forsvarleg oppfølging av brukarar som får økonomisk rådgjeving

Vi avdekte lovbrøt i to av tenestene, og gav pålegg om retting. Begge tilsyna vart avslutta i 2025. Dei tre tilsyna gav oss 39 poeng.

Lovbrota handla om å

- skrive ned munnlege søknader om økonomisk rådgjeving og følgje opp med vedtak
- ta med dato for søknad i vedtak om økonomisk rådgjeving
- skrive ned vurderingar av hastegrad og frist for når tenesta skal starte, eventuelt dato for neste samtale, og ta dette med i vedtaket
- journalføre oppfølgingsamtalar med brukarane som får tenesta, og dokumentere alle relevante opplysningar som er innhenta, slik at opplysningane kan kontrollerast og etterprøvast, og for å sikre kontinuitet i tenesta

Aktivitetstsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
115	-76	39

3.1.3.4 Andre oppdrag

3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning

På eit overordna nivå har vi i 2025 lagt vekt på å få ned sakshandsamingstida og restansane på oppretting av verjemål for vaksne. Vi har i større grad enn tidlegare styrt ressursar til dette området gjennom året, og heile seksjonen har vore involvert i oppgåva. I tillegg til å auke ressursbruken, har vi laga nye, forenkla malar, endra på saksflyten og gjort rutinane tydelegare. Verknaden av dette er at vi har handsama om lag 30 prosent fleire aktivitetar som gjeld denne sakstypen, og at vi mot slutten av året hadde mykje kortare sakshandsamingstid og færre restansar. Dette har igjen resultert i at talet på løpande verjemål har auka med 4,5 prosent frå 2024 til 2025.

Prioriteringa av oppretting av verjemål for vaksne har gått ut over enkelte andre sakstypar, som byte av verje for vaksne verjehavarar, saker om fråtaking av rettsleg handleevne og saker om arveforskot og gåver. Vi har hatt ein særleg auke i saker om fråtaking av rettsleg handleevne i 2025, både i saker til vurdering og saker der vi blir saksøkt med krav om opphøyr av verjemål med fråtaking. Ut frå det vi har erfart i 2025, vil denne oppgåva kreve mykje ressursar også i tida framover.

Vi brukar også mykje ressursar på framtdsfullmakter. Talet søknader om stadfesting av framtdsfullmakter har mangedobla seg dei siste åra. Sakene er ofte komplekse grunna konflikt i familien, og fullmaktene dekkjer ikkje alltid hjelpebehovet, slik at det også må opprettast verjemål. I tillegg brukar vi mykje tid på å svare ut førespurnader om framtdsfullmakter, og vi blir ofte bedd om å halde innlegg om temaet. Vi ser at det er eit stort behov for informasjon og rettleiing på dette området, som vi ikkje klarar å møte aleine.

Som følgje av dei nemnde prioriteringane og utfordringane, har det i 2025 vore nødvendig å redusere informasjonsverksemda generelt. Vi har òg måtte halde fram med den avgrensa tilgjengelegheita for publikum. Det er uheldig at vi ikkje har ressursar til både å oppretthalde ei akseptabel sakshandsamingstid, og samstundes møte rettleiings- og informasjonsbehovet hos publikum og andre aktørar. Vi opplever framleis mange misforståingar og manglande kunnskap om verjemål, og særleg om frivilligheit. Vi meiner derfor at det også er behov for eit meir overordna informasjonsarbeid på nasjonalt nivå.

I tillegg til effektiv sakshandsaming og informasjonsarbeid frå embeta, er tilpassa digitale løysingar ein føresetnad for ei velfungerande verjemålsordning. Vi ser mellom anna at verjene har store problem med t.d. meldingar frå Helsenorger om legetimar, etter at ordninga med PIN-kodebrev vart fjerna. Vi ser også at det er ei utfordring at det ikkje finst alternativ til BankID, der det er nødvendig med innlogging på høgaste tryggleiksnivå. Det fører til at personar som er fråtekne den rettslege handleevna blir utestengde frå digitale tenester, utover dei områda fråtakinga gjeld.

Ei anna utfordring vi ser for verjemålsordninga, er at strammere kommuneøkonomi, med redusert tilgang til tenester og tilgjengelegheit hos

tenesteytarane, fører til større forventingar til kva verjene kan hjelpe med. Eit mer avgrensa tenestetilbod gjer også at presset på ordninga aukar generelt, mellom anna ved at personar som har forvaltingskonto hos Nav blir bedd om å søke om verjemål.

Vi arbeider kontinuerleg med å effektivisere sakshandsaminga på alle områda våre, men med dei utfordringane vi står overfor og dei ressursane vi har tilgjengeleg, krevst det framleis harde prioriteringar. I 2026 vil vi halde fram med å prioritere oppretting av verjemål for vaksne, og vi forventar derfor at vi vil ha lenger sakshandsamingstid på enkelte område, og at vi må avgrense informasjonsverksemda vår.

Opprett verjemål for vaksne (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett verjemål for vaksne – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 90 dager.

I 2025 har vi gjort fleire tiltak for å redusere restansane og sakshandsamingstida i saker om oppretting av verjemål for vaksne. Tiltaka har ført til at vi gjekk frå å ha over 450 restansesaker ved starten av året, til under 200 i desember. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida vart i same periode redusert frå om lag 140 dagar til om lag 50 dagar.

Måloppnåinga var på 39 prosent i første tertial og 40 prosent i andre tertial. Som følge av tiltaka auka måloppnåinga i tredje tertial til 81 prosent. Den samla måloppnåinga for 2025 vart 52 prosent.

Saksbehandlingstid - Opprett verjemål for vaksne - 80% av vedtakene skal være fattet innen 90 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
52 %	80 %	-28 %

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

I 2025 har vi hatt tre sommarvikarar som har arbeidd heiltid med kontroll av verjerekneskap i seks til åtte veker. Sommarvikarane har vore heilt avgjerande i arbeidet med å kontrollere verjerekneskapa, og for at vi klarte å gjennomgå det sentrale uttrekket innan fristen.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

3.1.3.6 Vergemål utøves med respekt for vergehavers behov og vilje

Viljen og sjølvråderetten til verjehavaren er styrande i sakshandsaminga vår, både når det gjeld oppretting, endring og avslutning av verjemål, og i samtykkesaker.

Når vi opprettar verjemål gjennomfører vi alltid samtale med personen saka gjeld, med mindre det er umogleg. I samtykkesaker stiller vi klare krav til at verjene skal høyre verjehavaren i saka, og vi innhentar meir dokumentasjon eller avslår søknader der det ikkje går tydeleg fram om verjehavaren er høyr. Vidare startar vi tilsyn i saker der vi får informasjon om at viljen og sjølvråderetten til verjehavaren ikkje blir varetatt.

Dette er også sentrale tema når vi lærer opp og rettleier verjer, og overfor publikum gjennom telefonsamtalar, brev og nettsaker.

Trass i arbeidet vårt for å sikre sjølvråderetten til verjehavaren, opplever vi at både verjer, offentlege myndigheiter og private aktørar manglar kunnskap om temaet. Det er utfordrande å nå ut med informasjon og rettleiing i tilstrekkeleg grad.

Vergers kompetanse (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Vergene har god rolleforståelse og utøver rollen med respekt for vergehavers selvbestemmelsesrett. Alle verger har fått tilbud om god opplæring og det har vært en økning i antall verger har gjennomført e-læringskurs.

Vi legg stor vekt på rolleforståing, sjølvråderett og frivilligheit i all kommunikasjon med verjene.

Nye faste verjer må gjennom intervju og grundig opplæring før dei får verjeoppdrag. I opplæringa legg vi stor vekt på rolleforståing og sjølvråderetten til verjehavaren. I tillegg skal verjene ha ein oppfølgingssamtale etter at dei har blitt tildelt oppdrag.

Når det gjeld nye alminnelege og nærstående verjer, informerer og rettleier vi om sjølvråderett og rolleforståing gjennom brev, vedtak og telefonsamtalar. Vi stiller også krav om at alle nye verjer gjennomfører introduksjonskurset. Sett i lys av oppgåvemengda og ressursane vi har tilgjengeleg, har vi likevel

ikkje kapasitet til å gi nærståande og alminnelege verjer ei like grundig opplæring som vi gir dei faste verjene, eller følgje opp at dei gjennomfører kurset.

Vi informerer om dei andre e-læringskursa i brev og vedtak til verjene når dette er naturleg, og vi ser at det har vore ein liten auke i tal verjer som har gjennomført e-læringskurs frå 2024 til 2025.

Avslutning av vergemål (fra kapittel 3.3.2.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Vergemål hvor personen ikke lenger ønsket verge er avsluttet raskt.

Vi har prioritert saker om oppheving av verjemål etter verjehavaren sitt ønske, og handsama desse fortløpande. Vi har hatt ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på ein til to månader i løpet av året. Vi vurderer at det er vanskeleg å redusere sakshandsamingstid ytterlegare, ettersom vi må sende førehandsvarsel og undersøke at verjehavaren faktisk ønskjer å oppheve verjemålet.

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Situasjonen ved inngangen til 2025

Mange skuleeigarar og barnehagemyndigheiter har god kjennskap til regelverket i barnehagelova og opplæringslova, og praktiserer dei nye føresegnene i opplæringslova på ein måte som sikrar rettane til barn og elevar. Denne utviklinga viser at rettleiing og tilsyn frå vår side har vore eit viktig bidrag, men det er framleis behov for tett oppfølging.

Vi ser likevel at nokre kommunar ikkje er heilt oppdaterte på alle regelverksområde, og at det tidvis blir sakshandsama med grunnlag i utdatert regelverk. Vi ser og at mange kommunar har manglande kunnskap om forvaltningsrett, noko som kan svekke rettstryggleiken til barn og elevar.

Mange kommunar har god informasjon om regelverket på nettstadene sine, og viser aktivt i til Udir sine ressursar. Samstundes får vi ein del førespurnader frå tenestenivået, noko som kan tilseie at eigaren/myndigheita manglar kompetanse om nokre problemstillingar, eller at tenestene ikkje kjenner til at dei i første omgang skal vende seg til kommunane med spørsmål om regelverk.

Tiltak og ressursbruk

Hovudtiltaket vårt er rettleiing og eventuelt tilsyn.

I 2025 har vi prioritert rettleiing til enkeltkommunar, ofte som følgje av funn vi har sett i klagesakshandsaming, etter tilsyn og etter konkrete førespurnader og meldingar frå andre aktørar.

Vi gir også rettleiing til ein del leiarar på tenestenivå når dei ikkje har nådd fram med sine spørsmål til kommunen.

I løpet av 2025 har vi rettleia om ei rekke tema, både etter opplæringslova og barnehagelova. Vi får særleg mange meldingar om regelverket på det spesialpedagogiske området. Døme er

- kommunale "tak" for timetal i vedtak om spesialpedagogisk hjelp
- elevar som ikkje blir viste vidare til PPT
- krav om diagnose for å få tilrettelegging etter barnehagelova paragraf 37
- avslag på spesialpedagogisk hjelp, ITO, personleg assistanse eller tilrettelegging utan at det blir gjort vedtak og med økonomi og tildelte ressursar som grunngeving

I tilfelle der kommunane vel å innføre ordningar og organiseringar som inneber at barn og elevar ikkje får oppfylt rettane sine, vurderer vi at tilsyn er det beste verkemiddelet. Dette omfattar både hendingsbaserte tilsyn, der vi blir merksame på mogleg ulovleg praksis, og planlagde tilsyn i kommunar vi har kunnskap om at gjennomfører slike prosessar.

Effekt og måloppnåing

Opplæringsområdet i Vestland har i 2025 vore påverka av innsparingar som følgje av svak økonomi i fleire kommunar. Desse kommunane står overfor krav til effektivisering og redusert ressursbruk, noko som kanskje kan merkast særleg på det spesialpedagogiske feltet. Vi ser at enkelte kommunar har innført omorganiseringar og praksisar som *kan* reise spørsmål om regelverket blir etterlevd fullt ut, og om barn og elevar får ei reell individuell vurdering av sine behov.

Sjølv om rettleiinga vår fører til at regelverket blir forstått, er det likevel ikkje i alle tilfelle at det blir følgt i kommunane. Det kan som nemnt forklarast med tilgjengelege ressursar, kompetanse og kapasitet hos tilsette.

Gjennom 2025 har vi vurdert det som ei særleg viktig oppgåve å gjere kommunane merksame på at innsparingar og omorganiseringar ikkje kan gå utover lovpålagde rettar. Vi meiner dette vil vere ei prioritert oppgåve også i 2026.

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene, tilsyn og veiledning, målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barneha (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bruke virkemidlene tilsyn og veiledning målrettet, for å bidra til regeletterlevelse hos barnehagemyndigheter, barnehageeier og lokal skolemyndighet.

Utgangspunkt for prioriteringar

Vi får kunnskap om sektoren og etterlevinga av regelverket gjennom klagesakshandsaming, kontakt med elevar og foreldre, tilsyn og ulike møte. Under verksemdsplanlegginga i desember fastset vi korleis vi skal innrette tilsyns- og rettleiingsaktiviteten i det komande året.

Som følgje av den nye opplæringslova auka vi rettleiingsaktiviteten betydeleg i 2024. Vi vurderte at sjølv om det har vore høg deltaking i rettleiingstilboda våre, var det framleis mange kommunar som hadde behov for meir tilpassa dialog og rettleiing i 2025.

Val av verkemiddel og ressursbruk

Utgangspunktet vårt er å velje konkrete verkemiddel til dei ulike målsettingane og situasjonane. I tilfelle der kommunane tek kontakt med oss for rettleiing, er rettleiing etter vår vurdering så å seie alltid det rette verkemiddelet. Vi vel også ofte rettleiing som verkemiddel når vi ser at det er vanskeleg for kommunar å forstå eller etterleve regelverket. Til dømes vel vi ofte rettleiing når det har vore utskifting av leiarar og sentrale medarbeidarar i kommunen.

Vidare brukar vi ofte rettleiing når vi får kjennskap om med einskilde regelverksbrot som ikkje med ein gong vil ha store konsekvensar for barn og elevar.

Vi vurderer tilsyn som eit godt verkemiddel når vi oppdagar systematisk eller vedvarande manglande etterleving av regelverket hos einskilde kommunar. Vi nyttar ofte erfaringar frå klagesaker i denne vurderinga. Dersom vi til dømes har oppheva mange enkeltvedtak på eit bestemt felt i ein kommune, er det nærliggande å konkludere med at kommunen ikkje har teke til seg rettleiing gjennom klagesakshandsaminga. Då kan tilsyn vere eit eigna verkemiddel.

Vi meiner òg at tilsyn kan vere eit godt verkemiddel der antatt manglande etterleving av regelverket kan få alvorlege konsekvensar for barn og elevar. Vi vel òg ofte å nytte tilsynsheimelen til å påleggje kommunen å endre praksis i tilfelle der regelverket i utgangspunktet er lett å forstå, og der ei endring av praksis krev forholdsvis lite av kommunen. Eit døme på dette var at vi i 2025 påla 27 kommunar å publisere dei lokale forskriftene sine på Lovdata.

Alle medarbeidarane våre er involverte i rettleiingsarbeidet. Funna vi gjer i tilsyn og i klagehandsaming gir oss konkrete døme som kan nyttast til rettleiing. Vi legg og stor vekt på klart språk i dei skriftlege vedtaka våre.

Effekt og endring av praksis

Rettleiing er eit nyttig verkemiddel i mange situasjonar og det er ofte det verkemiddelet sektoren ønskjer. Når vi rettleiar med bakgrunn i konkrete problemstillingar og saker, påverkar det ofte korleis ei sak blir løyst og følgt opp i kommunen, og gir dermed direkte effekt. Rettleiingsmøte med bakgrunn i enkeltsaker, gir også rask endring av praksis i kommunen.

Vi rettleiar også på eit meir generelt nivå, men denne typen rettleiing er det vanskelegare å sjå direkte resultat av. Vi får i hovudsak gode tilbakemeldingar, og kommunane etterspør ofte opptak av opplegga for å kunne gjenbruke det. Det gir i alle fall grunnlag for å konkludere med at rettleiingsarbeidet vårt rettar merksemd mot mange regelverksområde.

Tilsyn som verkemiddel gir effekt på litt andre måtar. Vi opplever at tilsyn ofte set i gang større endringar i kommunane enn det rettleiing gjer. Når vi gjennomfører tilsyn, klarer vi å sikre ei anna forankring i kommuneorganisasjonen enn det vi får til gjennom rettleiing. Vi meiner difor det er rett å halde tilsynsaktiviteten på eit høgt nivå.

Vi meiner vi har god balanse mellom dei ulike verkemidla og vurderer både i verksemdsplanlegginga og gjennom året kva som er best eigna for å sikre etterleving av regelverket i sektoren. Samla sett meiner vi at vi vel rett verkemiddel til rett tid, avhengig av situasjonen i den einskilde kommunen og risikoforholda i sektoren.

Valg av tilsynsaktiviteter (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal velge de tilsynsaktivitetene som er best egnet til å gjenopprette etterlevelse av regelverket på en rask og effektiv måte. Statsforvalteren kan gi veiledning istedenfor å føre tilsyn, der det vurderes som best egnet virkemiddel.

Risikobiletet ved starten av året og planlagde tilsyn

Ved inngangen til 2025 hadde vi planlagt 27 tilsyn.

Risikoen for regelverksbrot er høg på mange område, men hovuddelen av den planlagde tilsynsaktiviteten for 2025 handla om skule- og barnehagemiljø, spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagd opplæring. Av dei 27 planlagde tilsyna handla 18 av dei om desse temaa. Årsaka er at vi meiner konsekvensane for barn og elevar kan vere store dersom regelverket ikkje blir følgt.

I 2025 planla vi tre tilsyn med særskild språkopplæring. Kommunane har dei siste åra teke imot mange flyktningar, og vi har registrert risiko for at ikkje alle kommunane klarer å gi elevane den opplæringa dei har krav på. Dette gjeld særleg tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring.

Vidare planla vi tre tilsyn med heimeundervising. Vi meiner elevar som får heimeundervising er i ein potensielt sårbar situasjon. Det er derfor viktig at kommunane sørgjer for å føre tilsyn med heimeundervisinga.

Vi vurderte òg at det var risiko for manglande regelverkssetterleving i samband med korleis barnehagemyndigheita handsamar dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogiske leiarar. Årsaka er at nokre kommunar over tid har innvilga fleire dispensasjonar i same barnehage.

Vi bestemte oss også for å gjennomføre tilsyn med opplæringa i faget utdanningsval. Bakgrunnen var at forskning tyder på at elevane i liten grad får auka innsikt i yrkes- og arbeidsliv gjennom undervisinga i faget, og at faget heller ikkje er særleg rettleiande eller avgjerande for val av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

Bruk av tilsynsaktivitetar, rettleiing og ressursbruk

I 2025 har vi gjennomført mange tilsynsaktivitetar utanom den planlagde tilsynsplanen, totalt 44. Dette gjeld hovudsakleg tilfelle der vi har fått kjennskap til konkret risiko, anten gjennom meldingar frå innbyggjarar, medieovervaking eller egne undersøkingar.

Vi vurderer kvar enkelt risiko vi får kjennskap til. I dei tilfella der vi meiner vi har tilstrekkeleg informasjon til å konstatere regelverksbrot, får kommunen varsel om vedtak med pålegg. I tilfelle der vi er usikre, pålegg vi kommunen eller fylkeskommunen å gjere greie for forholda. Avhengig av kva informasjon vi får, tek vi avgjerd om vidare oppfølging. I 2025 har vi i dei fleste tilfella valt å rettleie kommunen etter at dei har gjort greie for dei faktiske forholda.

Av dei 44 tilsynsaktivitetane var

- éin om alternativ opplæringsarena
- éin om meldeplikt til barnevernet
- éin om kravet til fysisk aktivitet på 5.–7. trinn
- éin om individuell tilrettelegging i barnehage
- 27 om reglane om lokale forskrifter i opplæringslova
- ti om lærarnorma
- tre om nasjonale prøver

I tillegg til den ressursbruken som følgjer av dei planlagde tilsyna ved starten av året, er det i ressursplanlegginga vår tatt høgde for at tilsyn som verkemiddel vil vere det rette verkemiddelet i konkrete saker vi får kjennskap til i løpet av året. Det er berre eit fåtal av våre tilsette som ikkje tek del i den samla tilsynsaktiviteten vår.

Risikobiletet ved slutten av året

Vi meiner risikoen for regelverksbrot er redusert på dei områda og i dei kommunane der vi har hatt tilsyn og tilsynsaktivitetar eller gitt rettleiing. Samstundes vurderer vi at det framleis er generelt høg risiko for regelverksbrot i både skule- og barnehagesektoren.

Gjennom året har vi registrert all risiko vi har fått kjennskap til og nytta ulike tilsynsaktivitetar for å følgje opp dei områda der vi har vurdert risikoen som størst. Den attverande risikoen har vore brukt som grunnlag for val av tema og objekt for planlagde tilsyn i 2026.

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at skolene har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø.

Utgangspunktet for prioriteringane

I 2024 arrangerte vi ei rekkje webinar for sektoren, der vi tok opp ulike faglege problemstillingar om regelverket for skolemiljø. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar om nytteverdien. Samstundes viste dei interne evalueringane våre at slike generelle tiltak retta mot heile sektoren har sine avgrensingar, og ikkje alltid treffer der behova er størst. Difor la vi i 2025 meir vekt på målretta rettleiing og kompetanseheving basert på konkrete vurderingar av lokale behov.

Tiltak, vurdering og ressursbruk

Eit utval kommunar

Vi valde ut seks kommunar der vi hadde lite eller ingen kunnskap om arbeidet deira med skolemiljø. Dette var kommunar som gjennom åra hadde meldt svært få eller ingen saker til oss. Eit fellestrekk var at desse kommunane var blant dei minste i fylket, fleire med berre éin skule og dermed små fagmiljø å støtte seg på. Vi vurderte at dette òg kunne innebere ein risiko innan kompetanse på området.

Planen var å gjennomføre eitt rettleiingsmøte i kvar kommune, men vi såg etter kvart at nokre hadde behov for oppfølging. Vi hadde digitale oppfølgingsmøte med desse kommunane, med mål om å gi konkret støtte i arbeidet med å utvikle gode og ryddige aktivitetsplanar.

I møta la vi ikkje opp til formelle presentasjonar, men gjorde det klart på førehand at vi ønskte ærlege og opne statusoppdateringar – gjerne om saker dei opplevde som utfordrande. I etterkant har deltakarane peika på at møteforma skapte tryggleik og tillit, og at det gav rom for å drøfte konkrete

problemstillingar.

Dette ei ressurskrevjande form for kompetanseheving sett frå vår side. Vi må difor finne ein god balanse mellom ressursinnsats og kva vi meiner må til for at det skal skje ei reell kompetanseutvikling i kommunane. Måten vi innretta risikovurderinga på i 2025 førte til at dei minste kommunane vart plukka ut, dermed nådde vi berre eit avgrensa tal skular og elevar gjennom besøka. I 2026 vil vi difor sjå nærare på kva indikatorar vi skal ta med i risikovurderinga, og samstundes målrette bidraga våre.

Rettleiing i alle saker der krava i vedtaka ikkje er oppfylte

I planlegginga for 2025 bestemte vi oss for å tilby rettleiingsmøte i alle saker der krava ikkje er oppfylte etter første tilbakemelding på vedtaka våre. Målet var å få fortgang i sakene ved å sikre at vedtaket er forstått, og svare ut eventuelle spørsmål om kva som manglar for at tilbakemeldinga skal vere tilstrekkeleg. Sjølv om vi ikkje har klart å gjennomføre rettleiingsmøte i alle aktuelle saker, har vi hatt mange slike møte dette året. I nokre saker har det vore nødvendig å møtast fleire gonger. Dei møta som er gjennomførte, har vore vellukka, og vi har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Andre rettleiingsaktivitetar

Vi har gitt rettleiing i regi av Læringsmiljøprosjektet og hatt innlegg på ei digital samling i regi av Udir.

Vidare har vi hatt rettleiingsmøte med enkeltkommunar. Desse møta har vore baserte på hendingsstyrt risiko, der rettleiing vart vurdert som det rette verkmiddelet. For nokre kommunar har vi lagt ned særleg mykje ressursar, mellom anna i éin kommune der det kom mange skulemiljø saker frå same skule. Her har vi hatt fleire møte både med kommuneleiinga og på skulenivå. Sjølv om det er for tidleg å fullt ut vurdere effekten av desse møta, ser vi at det no er sett inn kraftfulle tiltak retta mot det psykososiale miljøet på skulen.

Effekt og endring i praksis

Evalueringane frå dei seks utvalde kommunane viser at møta har vore nyttige, positive og utviklande, og vi deler den vurderinga. Vi ser at kommunane har blitt betre kjende med oss, og vi med dei. Dette fører til at terskelen for å kontakte oss om konkrete spørsmål er lågare, noko vi må tru kjem oppfølginga av elevar til gode.

Kommunar som fekk rettleiing i samband med oppfølging av vedtak i handhevingsordninga, har meldt tilbake at møta har vore fagleg nyttige, og at dei har ført til meir konkret kunnskap om aktivitetsplanar, observasjonar og tiltak. Dette samsvarer med dei interne evalueringane våre og vi kan difor konkludere med at rettleiinga har hatt verdi og bidrege til betre kompetanse, og i mange tilfelle raskare oppfylting av vedtaka våre.

Psykososialt barnehagemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at barnehageeier og de som arbeider i barnehagen har kompetanse på hva som gir et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Utgangspunktet for prioriteringar

Vi har framleis avgrensa informasjon om kompetanse og etterleving av kapittel 8 i barnehagelova. Sidan det er valt å følgje den ordinære styringslinja på dette området, er rettleiinga vår retta mot barnehagemyndigheita, som igjen har ansvar for å rettleie sektoren. Vi vurderer at ei kompetent og tilgjengeleg lokal barnehagemyndigheit er avgjerande for både kompetanseutvikling og regeletterleving i barnehagane.

Verkemiddel, vurdering og ressursbruk

I 2025 arrangerte vi ei samling for barnehagemyndigheitene med temaet «trygt og godt barnehagemiljø». Her la vi vekt på rolla til barnehagemyndigheita, mellom anna myndigheitsutøving, hendingsbasert tilsyn med barnehagemiljø og FUB sine erfaringar med korleis regelverket fungerer i praksis. Vi drøfta òg myndigheitene sitt ansvar for å gjere krava til trygt og godt barnehagemiljø kjende, og ansvaret for at å sikre tilgjengeleg meldesystem til barnehagemyndigheitene i saker der det er nødvendig.

Vår erfaring, basert på meldingar til oss og vårt eige behov for kontaktinformasjon, er at det ofte er vanskeleg å finne rett adressat i kommunen for spørsmål om barnehagemiljø. Difor følgjer vi med på kommunane sine heimesider, i tillegg til at vi har hatt dette som tema på fleire samlingar. I 2025 har vi redusert ressursbruken noko på kompetansehevande tiltak om trygt og godt barnehagemiljø, og er nok no på eit meir alminneleg nivå, samanlikna med den omfattande prioriteringa vi har hatt dei to førre åra.

Effekt og endring av praksis

Vi vurderer at den langvarige merkemda på meldeordning til barnehagemyndigheitene har hatt effekt og at føresette no i større er grad er klare over at dei har høve til å gå vidare med saker når dei opplever at barnehagen ikkje tek tak i problema. Dette bidreg vidare til at barnehagemyndigheitene får viktig kunnskap om tilstanden i barnehagesektoren.

Langt fleire kommunar har no slik informasjon tilgjengeleg på heimesidene sine, sjølv om det framleis manglar i nokre kommunar. Det er også vårt bestemte inntrykk at eigarane kjenner godt til ansvar for eit trygt og godt barnehagemiljø, slik det er uttrykt gjennom regelverket, og at dette er eit hyppig tema i utviklingsarbeid og faglege prioriteringar. Vi trur likevel at det er grunn til å tru at eigarane i liten grad følgjer opp enkeltsaker med skriftlege planar.

Vi er trygge på at den omfattende rettleingsaktiviteten vi har hatt over flere år, og verdien av den, har vore viktig for å gjere ansaret kjent, sikre at faglege ressursar vert nytta, og utvikle kompetansen om trygt og godt barnehagemiljø hos myndighetene, eigarane og dei tilsette i barnehagane.

Rask behandling i saker etter § 9 A-6 (fra kapittel 3.3.3.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Utgangspunktet for prioriteringar

Ved inngangen til året var sakshandsamingstida forsvarleg med god margin. Samstundes visste vi at sentrale medarbeidarar skulle ut i foreldrepermisjon, og vi måtte legge opp arbeidet med omsyn til dette.

Systematikk, tiltak og ressursbruk

Vi har over tid utvikla prosedyrar som er avgjerande for at saker blir handsama raskt, særleg i sjølve vedtaksfasen. Vi meiner vi har rett ambisjonsnivå for sakshandsaminga, som også sikrar forsvarleg handsaming.

Vi har rutinar som skal sikre at skulemiljøsaker blir handsama innan rimeleg tid. Arbeidet startar alltid så snart som mogleg, vanlegvis første eller andre dag etter vi har fått meldinga. Vi har utvikla gode malar og ressursbankar som gjer oss meir effektive, og innføringa av telefonvakt skjermar sakshandsamarane. Fleire har godkjenningssmyndigheit, slik at ferdige vedtak kan godkjennast same dag. Vi har sett oss eit internt mål om å gjere vedtak innan to veker etter at vi har fått dokumentasjonen.

Trass i desse krava til sakshandsaminga har vi ikkje nådd det interne målet i absolutt alle saker. Vi har identifisert fleire årsaker til dette:

Prioritering av oppgåver

Alle sakshandsamarane er kjende med at skulemiljøsaker skal prioriterast, men i praksis ser vi at det ikkje alltid skjer. Medarbeidarane bidrar også i avtalte rettleingsmøte med kommunane og i tilsynsarbeid, og det er vanskeleg å prioritere ned avtalar med eksterne til fordel for sakshandsaming.

Omfordeling av saker

Rutinane våre seier at saker skal omfordelast dersom ein sakshandsamar ser at hen ikkje har kapasitet til å handsame saka innan fristen på to veker. Dette er avhengig av at den enkelte gir beskjed om behov, og at det er tydeleg at andre faktisk har kapasitet. Det siste året har kapasiteten vore litt mindre stabil, og dermed har dette vore vanskeleg å oppfylle fullt ut i alle sakene.

Faktorar som forseinkar vedtaksarbeidet

Skulane har ein frist på ti dagar til å sende dokumentasjon, slik at dei kan følgje opp rettleinga vi gir i oppstartssamtalen med rektor. Vi kjem truleg til å redusere denne fristen til åtte dagar frå 2026.

Å vente på kommentarar frå foreldre kan nokre gonger forseinke saka. Vi gir ein frist på fem dagar, og mange foreldre held seg til den. Nokre ber likevel om meir tid og saka trekkjer då tilsvarande ut i tid.

Å finne eigna tidspunkt, og å motivere for elevsamtalar, påverkar også tidsbruken i sakene.

Effekt og endra praksis

Det systematiske arbeidet har likevel bidrege til at fleire saker blir handsama raskare enn før, særleg i vedtaksfasen. Samstundes ser vi at eksterne faktorar og ressursprioriteringar gjer at vi ikkje når målet i alle sakene. Vi vil arbeide vidare med å bli meir effektive på dette området, for å sikre at skulemiljøsaker blir handsama innan rimeleg tid.

Rettsanvendelse og forståelse av saksbehandlingsreglene i vedtak (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra lokal skulemyndighet reduseres

Utgangspunktet for prioriteringa

Vi får primært innsikt i feil i vedtaka til skuleeigarane gjennom klagesakshandsaminga vår. Erfaringa frå 2024 var at standpunktvurdering, individuelt tilrettelagd opplæring og skuleplasseringssaker er dei klagesakstypene der vi oftast gir klagaren medhald eller opphevar vedtaka til skuleeigarane.

Tiltak og ressursbruk

Vi nyttar alle verkemidla vi har for å redusere feil i skuleeigarane sine vedtak, både rettleing, tilsyn og klagesakshandsaming. I 2025 har vi lagt ned store ressursar på dei felte som hadde mest feil i 2024.

Individuelt tilrettelagd opplæring

- Omfattande rettleiing om regelverket gjennom nettseminar og fysiske og digitale samlinger
- Rettleiing av kommunar i konkrete enkeltsaker
- Møte med einsskild kommunar for å drøfte utfordringar og avklare forventningar
- Prioritert tilsyn med temaet
- Publisert oppdatert og tydeleg informasjon på eigen nettstad

Standpunkt

- Tre rettleiingssamlingar om vurdering: éi der alle kommunane og fylkeskommunen var inviterte, éi for Bergen kommune og éi for ein utvald skule i ein kommune i Vestland.

Skuleplasseringssaker

Klage på avslag på skulebyte er ein sakstype som vi i hovudsak får oversendt frå nokre få, men store skuleeigarar. Dette er klagesaker der kommunane har stort skjønsmessig handlingsrom, men vi kan likevel fullt ut prøve barnets beste-vurderinga. Vi har difor direkte kontakt med dei aktuelle kommunane om desse problemstillingane, i tillegg til den rettleiinga som skjer gjennom klagesakshandsaminga vår.

Effekt og endring i praksis

Det er vanskeleg å isolere effekten av verksemda vår frå andre kompetansehevande tiltak, til dømes i regi av skuleeigarane sjølve.

Det vart likevel oppheva eller gitt medhald i ein mindre del klagesaker i 2025 enn i 2024. For standpunkt oppheva vi 21 prosent av vedtaka i 2025, mot 28 prosent i 2024. For individuelt tilrettelagd opplæring gav vi medhald eller oppheva i 90 prosent av sakene i 2025, mot 92 prosent i 2024. For skuleplassering ser vi at delen oppheva vedtak vart redusert frå 29 prosent i 2024 til 21 prosent i 2025.

Vedtak fra barnehagemyndighet med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal arbeide systematisk for å bidra til at antall vedtak med feil fra barnehagemyndigheten reduseres

Utgangspunktet for prioriteringane

Ved inngangen til 2025 vurderte vi at kommunane hadde varierende grad av kunnskap om kva rolla som barnehagemyndigheit inneber. Denne innsikta har vi gjennom tilsyn og rettleiing. Vi ser og at sakshandsaminga ikkje alltid er i tråd med forvaltningslova, og at ikkje alle kommunar har tilstrekkeleg oversyn over kva delar av barnehagelova barnehagemyndigheita skal handsame.

Vi ser òg ei relativt stor utskifting av sakshandsamarar på området, og mange etterspør avklaringar om regelverk. Både tilsyn og klagesaker viser at mange kommunale vedtak anten manglar vurderingar av barnets beste, eller at vurderingane er mangelfulle.

Tiltak

Vi vurderer at det er eit kontinuerleg behov for å styrkje kunnskapen om myndighetsrolla og regelverket på barnehageområdet. I 2025 arrangerte vi ein konferanse der oppgaver og framgangsmåtar i kapittel 8 i barnehagelova var sentralt. I tillegg har vi i fleire samanhengar rettleia både skule- og barnehagesektoren samla, særleg innan det spesialpedagogiske området og om det psykososiale skule- og barnehagemiljøet. Rettleiinga har vore gjennomført både i mindre møte på kommunenivå og på større regionale samlingar.

For å styrkje kompetansen om barnets beste i sakshandsaminga, både i skule og barnehage, utvikla vi i 2025 eit fagleg opplegg retta mot begge sektorane. Målet er å gi konkrete døme og setje regelverket inn i ein praktisk samanheng. Vi gjennomførte ei større samling i ein kommune, der deltakarar frå skule, barnehage og PPT deltok.

Vurdering av effekt

Vi erfarte stor interesse for samlingane retta mot barnehagemyndigheita, og vi vil framover gjennomføre minst éi slik samling i året. Dette er særleg viktig fordi vi stadig møter nye sakshandsamarar på området. Vi har også fått tilbakemeldingar om at dette er ei gruppe som har stor nytte av å møtast og diskutere eigen praksis.

Tiltaka våre har fungert godt, i den forstand at det vart gjennomført på ein måte som barnahagemyndigheitene meinte var nyttig. Vi må likevel kontinuerleg følgje med på om det viser att i endra praksis.

Rettleiinga om barnets beste fekk svært gode tilbakemeldingar. Deltakarane peikte på at temaet er viktig, men ofte blir opplevd som teoretisk og krevjande å omsetje til praksis. Difor er konkrete døme frå fagområdet avgjerande. Vi vil tilby dette opplegget til fleire kommunar i 2026.

Statsforvalteren skal bidra til at elever får den individuelle tilretteleggingen de har krav på (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elever i grunnskolen får den individuelle tilretteleggingen de har krav på etter opplæringsloven §11-4 flg.

Utgangspunktet for prioriteringar

Vi har det siste året registrert ein auke i talet på klagesaker om individuelt tilrettelagd opplæring. Auken er særleg merkbar når det gjeld klager på gjennomføringa av vedtak. Dette er eit område vi har rettleia mykje om dei siste åra, og vi har gjort skuleeigarar merksame på at dei har plikt til å ta stilling til slike klager, og at vi er klageinstans.

Mange kommunar har brukt store ressursar på individuelt tilrettelagd opplæring, og strammare økonomi fører til at dei leitar etter måtar å redusere kostnader på. Kommunane melder òg om utfordringar med å rekruttere og behalde personell som skal gi elevane den hjelpa dei har krav på. Vikarmarknaden blir skildra som svært pressa, noko som i enkelte tilfelle fører til at elevar ikkje får oppfølginga dei har rett på.

Tiltak og ressursbruk

For å følgje opp ansvaret lokal skulemyndigheit har for å sikre at elevar får det tilbodet dei har krav på, har vi i 2025 gjennomført fleire tiltak. Vi har mellom anna

- gitt omfattande rettleiing om lovverket gjennom nettseminar og fysiske og digitale samlingar
- rettleia kommunar og føresette i konkrete enkeltsaker
- gjennomført møte med enkeltkommunar for å drøfte utfordringar og avklare forventingar
- prioritert tilsyn med tema innan det spesialpedagogiske området
- handsama klagesaker oversende frå kommunane
- publisert oppdatert og tydeleg informasjon på nettstaden vår
- hatt løpande dialog med Utdanningsdirektoratet og andre statsforvaltarar for å sikre felles og korrekt regelverksforståing
- drøfta problemstillingar om det spesialpedagogiske feltet kvar gong vi har møtt politisk og administrativ leiing i kommunane

Vi brukar betydelege leiar- og sakshandsamingsressursar på feltet. Vi har og nytta ressursar frå kommunalavdelinga vår, særleg med tanke på korleis økonomisituasjonen i kommunane kan påverke dette ansvarsområdet.

Effekt/endingar i praksis

Fleire kommunar oversender no klager på gjennomføringa av vedtaka enn tidlegare. Etter vår vurdering viser dette at informasjonen om klageretten når ut, og at fleire elevar får vurdert om dei har fått den hjelpa dei har krav på. Samstundes er dette krevjande saker å handsame, og vi har avgrensa verkemiddel til å følgje dei opp.

Vi vurderer at den nye opplæringslova i stor grad er implementert på dette området, og at utfordringane vi ser først og fremst handlar om ressursar, ikkje manglande forståing av regelverket.

Når kommunar gjer omorganiseringar på det spesialpedagogiske området av økonomiske omsyn, vurderer vi at tilsyn ofte er det mest eigna verkemiddelet.

Spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven (fra kapittel 3.3.3.1.5.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal bidra til at barn får den spesialpedagogiske hjelpen de har krav på etter barnehageloven.

Utgangspunktet for prioriteringane

Vi får fremleis relativt få førespunader på barnehageområdet, men gjennom enkeltsaker, dialog med føresette og kontakt med barnehagemyndigheita ser vi at økonomi og bemanningssituasjonen er krevjande for mange kommunar. Fleire kommunar omorganiserer det spesialpedagogiske området, og vi har fått førespunader frå føresette som ønskjer ei vurdering av om endingane er lovlege.

Tiltak og val av verkemiddel*Tilsyn*

Vi har hatt to tilsyn med gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp, og vi avdekte lovbrøt i begge. Vi har gjennomført eitt tilsyn etter paragraf 37, også med lovbrøt. Eit fjerde tilsyn, som omhandla sakshandsamingstid, avdekte ikkje lovbrøt.

Rettleiing

Vi har rettleia kommunar og regionar om pliktene etter paragraf 31 og paragraf 37. Noko av rettleiinga vart gjennomført saman med skulesektoren.

Rettleiinga har særleg vore retta mot forståing av regelverket og den praktiske gjennomføringa av pliktene.

Regionalt samarbeid

Vi har delteke aktivt i Sørvest-nettverket, der tilrettelegging etter paragraf 37 har vore sentralt. I dette samarbeidet kom det fram at vi forstår nokre delar av regelverket ulikt.

Effekt

Tiltaka har gitt oss betre innsikt i utfordringane på området, men det er usikkert kva effekt dei har hatt i kommunane. Sjølv om både tilsyn og klagesakshandsaming kan rette opp i konkrete situasjonar og område av regelverket, er vi ikkje sikre på at det alltid får konsekvensar for framtidig sakshandsaming og etterleving av regelverket.

Flere føresette opplever det som krevjande å få den hjelpa og det tilbodet barnet treng. Vi ser at årsakene til dette varierer, og kan handle om både økonomi, ressursar og feil eller mangelfull forståing av regelverket.

For at vi skal kunne velje rett verkemiddel overfor kommunane, er det avgjerande med systematisk og oppdatert kunnskap om situasjonen i kvar enkelt kommune. Dette betyr at vi må arbeide endå meir konkret og lokalt med risikovurdering, slik at vi får betre kunnskap om status og kva som vil vere rett verkemiddel for å sikre rettane til barnehagebarna.

Vi opplever at samarbeidet i Sørvest-nettverket er verdifullt. Å drøfte praksis og finne ut kva vi gjer ulikt i sakshandsaminga, gir eit godt grunnlag for kompetanseheving og meir einsarta praksis på tvers av dei tre fylka.

Individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring (fra kapittel 3.3.3.1.5.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at elever i vidaregåande opplæring får individuell tilrettelegging i tråd med opplæringsloven §11-4 flg.

Utgangspunktet for prioriteringane

Vestland fylkeskommune har etter vår vurdering god kompetanse på det spesialpedagogiske feltet, men det finst likevel døme på at elevar ikkje fullt ut får oppfylt rettane sine. Mellom anna har vi avdekt at det manglar enkeltvedtak i saker der elevane ikkje har hatt utbyte av opplæringa (søknadshandsaming av fritak for vurdering i framandspråk).

Vi får få klager på individuell tilrettelegging i vidaregåande opplæring, utan at vi har eit klart bilete av årsakene til dette.

Tiltak og ressursbruk

Vi har to faste møte i året med fylkeskommunen på leiarnivå, der elevar med særskilde behov alltid står høgt på agendaen. I tillegg har fylkeskommunen orientert oss om funna frå forvaltningsrevisjonen og korleis dei arbeider vidare med oppfølginga av desse.

Vi får sjeldan spørsmål direkte frå skulenivået. Det tolkar vi som at fylkeskommunen sjølv rettleier om aktuelle regelversspørsmål, og at det finst kjende og tilgjengelege kanalar for å få svar. Når vi gir rettleiing, er det i hovudsak til sakshandsamarar i fylkesadministrasjonen.

Vidare gjennomfører vi dialogmøte der både utdannings- og helseavdelingane deltek. Målet er å avklare spørsmål om personleg assistanse, helsehjelp og bruk av tvang. Desse problemstillingane er endå meir aktuelle etter innføringa av fullføringsretten.

Vi brukar mindre ressursar på vidaregåande opplæring enn på kommunane. Sjølv om vi har stadig meir kontakt med fylkeskommunen, handlar det ikkje nødvendigvis alltid om rettleiing. Vi ser at god dialog om regelverk og praktisering får opp nye problemstillingar. Det er også viktig å utvikle ei god og sameint forståing for situasjonen og problemstillingane på feltet.

Effekt og endring i praksis

Vi er sikre på at regelverket på alle område som gjeld ITO i vidaregåande opplæring ikkje blir etterlevd til kvar tid. Drøftingar og rettleiing gir effekt i dei tilfella der det er forståinga av regelverket som er problemet.

Dei faste møta med Vestland fylkeskommune er svært verdifulle. Fylkeskommunen har fleire omfattande endringar som skal implementerast, mellom anna fullføringsretten og ordninga med meiroplæring. Ein tett og kontinuerleg dialog er viktig for at vi skal vere oppdaterte på utfordringar, kunne gi relevant støtte og eventuelt løfte problemstillingar vidare til Utdanningsdirektoratet.

Fylkeskommunen melder tilbake at det er nyttig å møte representantar frå både helse- og utdanningsavdelingane samstundes. Dette har gjort det mogleg å avklare spørsmål om elevgrupper med behov for omfattande tilrettelegging og hjelp. Det er ikkje alltid kommunane og fylkeskommunen har same forståing av ansvarsfordelinga, særleg kring økonomi.

Vi ønskjer òg å melde tilbake til Utdanningsdirektoratet at samlinga i Bergen var svært god og relevant for oss. Ho gav rom for faglege innlegg, refleksjonar, diskusjonar og erfaringsdeling, og vi vurderer at deltakarane hadde stort utbyte av samlinga.

Innføring av nye læreplaner (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at lokal skolemyndighet, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20/LK20-S), inkludert læreplaner for modulstrukturert opplæring.

Utgangspunktet for prioriteringa

Vår vurdering er at skulane i stor grad er kjende med regelverket om fastsetjing av standpunktarakterar, og at LK20/LK20S er gjennomført på eit overordna nivå. Vi ser at skulane har teke i bruk læreplanane. Vi opphevar i hovudsak vedtak fordi faglæraren ikkje i tilstrekkeleg grad synleggjer at standpunktarakterane er uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget. Det er difor uklart for oss om intensjonane i LK20/LK20S er fullt ut realiserte. Ved inngangen til 2025 vurderte vi at manglane vi såg i klagesakene kunne ha samanheng med manglande forståing av kompetanseomgrepet og av korleis ein skal vurdere samla kompetanse med utgangspunkt i læreplanane i LK20/LK20S.

Tiltak og ressursbruk

Vi har nytta både rettleiing og tilsyn som verkemiddel på dette området i 2025.

Vi har gjennomført tre rettleiingssamlingar om vurdering:

- Éi der alle kommunane og fylkeskommunen var inviterte.
- Éi for Bergen kommune.
- Éi for ein utvald skule i ein kommune i Vestland.

Alle samlingane var behovstilpassa rettleiing basert på risikovurderingar. På samlinga for alle kommunane og fylkeskommunen samarbeidde vi med fagpersonar med kompetanse innan læreplanforståing, pedagogisk utviklingsarbeid og utvikling av gode profesjonsfellesskap.

I tillegg til desse rettleiingssamlingane vart det i 2025 gjennomført to støttetiltak for interesserte kommunar i samarbeid med UH-miljøa. 75 personar deltok på tre seminar i perioden januar til mai 2025, i regi av Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Universitetet i Bergen (UiB). Tilbodet frå HVL var retta mot ungdomstrinna og la vekt på kritisk tenking, elevmedverknad og kjeldebruk. Tilbodet frå UiB tok utgangspunkt i skulane sine eigne utviklings- eller interesseområde innanfor LK20. Tiltaka vart finansierte av midlane vi fekk for å støtte innføringa av LK20 i 2024.

Vi bidreg òg jamleg til etterleving av læreplanverket, inkludert læreplanar for modulstrukturert opplæring, ved å svare på spørsmål frå sektoren. Vi har publisert nettsaker om læreplanane og regelverket for vurdering og realkompetansevurdering.

I 2025 valde vi å gjennomføre tilsyn med faget utdanningsval. I tilsynet fann vi at grensegangen mellom faget utdanningsval og utdannings- og yrkesrettleiing i praksis er flytande. Elevane fekk heller ikkje vurdering av kompetansen sin i faget i samsvar med regelverket.

På eksamensområdet hadde vi fleire møte med både fylkeskommunen og kommunane om kor viktig det er å identifisere potensielle risikoar ved gjennomføringa av eksamen. Vi sende i tillegg ut ein førespurnad til fylkeskommunen og alle kommunane i Vestland om lokal risikovurdering for gjennomføring av eksamen.

Effekt og endring av praksis

Tilbakemeldingane frå sektoren er at dei opplever rettleiinga vår som svært nyttig. Fleire skular har brukt dette som utgangspunkt for vidare arbeid med læreplanforståing og standpunktavurdering i profesjonsfellesskap.

Vi oppheva langt færre vedtak om standpunktarakter for elevar i grunnskulen, frå om lag 80 prosent for nokre år sidan til 21,5 prosent i 2025. Dette viser at tiltaka vi har gjennomført overfor grunnskulane og kommunane som skuleeigarar, har hatt effekt.

Vi oppheva fleire saker frå vidaregåande opplæring, der opphevingsprosenten var 64,3 i 2025. Vi legg til grunn at dette delvis er på grunn av overgangen frå fylkeskommunal til statleg klageinstans, og at vi ikkje har hatt den same dialogen med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane på dette området over tid. Vi kjem til å tilpasse rettleiinga vår i 2026 ut frå dette.

Merknad om standpunkt

At vi opphevar skulen sitt vedtak om standpunktarakter, er ikkje utan vidare tilstrekkeleg grunn for å kalle faglæraren tilbake frå ferie. Vi har over tid rettleia om at skulane må planleggje for å handtere klager som blir avgjorde av oss etter at lærarferien har starta, men vi får framleis kopiar av endelege vedtak etter at inntaket til vidaregåande opplæring og opptaket til høgare utdanning er gjennomført. Vi er difor uroa for om klagehandsaminga får reell effekt for elevane.

I tillegg merkar vi oss at berre 15 prosent av vedtaka vi opphevar resulterer i at karakteren blir endra. Sidan skulen ikkje har plikt til å grunngje desse vurderingane, har vi lite innsyn i om skulen gjer nye, reelle vurderingar i tråd med føringane våre.

Rammeplan for SFO (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal bidra til at lokal skolemyndighet og skoler forstår og etterlever rammeplanen for SFO.

Utgangspunktet for prioritering

SFO-tilbud har gjennom åra fått lite merksemd i den kontakten vi har hatt med lokal skulemyndigheit.

Tiltak og ressursbruk*Informasjon og rettleiing*

I juni 2025 publiserte vi informasjon om rammeplanen for SFO på nettstaden vår. Nettsaka gjorde greie for føremålet med rammeplanen, kommunen si plikt til å setje av tilstrekkelege ressursar og tid til oppfølging av rammeplanen, og kva støtte- og rettleiingsmateriell som er tilgjengeleg. I same artikkel informerte vi òg om kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Dei spørsmåla vi primært har følgd opp, gjeld individuell rett til plass, krav til lokalisering, rettar til skyss og moderasjonsordningar.

Tilsyn

Vi har fått nokre meldingar frå foreldre som er usikre på kor god oppfølginga av trivsel og tryggleik er i SFO-tilbudet. Vi har difor varsla tilsyn om skulemiljø og SFO.

Ressursbruk

Risikovurderinga vi har gjort, byggjer på at sektoren er kjend med å setje seg inn i ramme- og læreplanar for dei tenestene dei yter, og at vi fram til no har hatt rett ressursbruk på SFO-feltet. Framover ser vi likevel at det er grunnlag for å følgje tettare med og vere meir aktive. Denne vurderinga koplar vi primært til konsekvensane av ein strammare kommuneøkonomi.

Effekt og endring i praksis

Deltakinga i kompetanseløftet viser at SFO-tilsette var målgruppe i to tiltak i 2024 og tre tiltak i 2025. I eitt av tiltaka i 2025 var implementering av rammeplanen for SFO eit tema. Vi veit ikkje om dette kjem som følgje av informasjonsarbeidet vårt.

I dei tilfella vi har svart på konkrete spørsmål og førespunader, vurderer vi at det har påverka praksisen og handtering av problemstillingane.

Prioritering av skole- og barnehagemiljø og individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp (fra kapittel 3.3.3.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal prioritere barnehage- og skulemiljø og individuell tilrettelegging (oppl §11-4 flg.)spesialpedagogisk hjelp i sitt arbeid. Disse prioriteringene skal være førende for arbeidet innenfor rettssikkerhet. Statsforvalterne skal gjøre risikovurderinger av lokal barnehagemyndighets og skolemyndighets forutsetninger for å løse sine oppgaver og arbeide målrettet for å styrke deres kompetanse ved behov.

Vi viser til rapporteringspunkt 3.1.7.1.3.1.

Støtte arbeidet med realkompetansevurdering av voksne (fra kapittel 3.3.3.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal støtte lokal skolemyndighet i arbeidet med realkompetansevurdering av voksne.

Utgangspunktet for prioriteringar

Vi har noko avgrensa kunnskap om tilstanden i kommunane på dette området. Vi gjennomførte eit digitalt seminar for alle kommunane hausten 2024, men inntrykket er likevel at ein del kommunar ikkje er komne godt nok i gang med å bruke realkompetansevurdering for å sikre at opplæringa for voksne byggjer på den eksisterande kompetansen hos deltakarane.

Tiltak

I 2025 følgde vi opp med desse tiltaka:

- Rettleiing som følgje av førespunader frå kommunar og Vestland fylkeskommune
- Besøk hos vaksenopplæringa i Stryn kommune
- Rettleiingsbrev om førebuande opplæring til alle kommunane i Vestland
- Nettsak om realkompetansevurdering
- Tilsyn med realkompetansevurdering og førebuande opplæring

Effekt

Vi har fått gode tilbakemeldingar frå sektoren på rettleiinga, og vi har sett ein auke i talet på førespurnader frå sektoren om temaet. Vi trur dette har samanheng med at vi, sidan innføringa av ny lov, aktivt har informert sektoren om regelverket gjennom digitale seminar, rettleiingsbrev og nettsaker.

I desember 2025 opna vi to tilsyn med temaet realkompetansevurdering og førebuaende opplæring. Dette vil bidra til å sikre etterleving av regelverket i dei to kommunane, og samstundes gje oss eit betre informasjonsgrunnlag for framtidig rettleiing overfor sektoren.

Oppfølging av fullføringsretten (fra kapittel 3.3.3.1.10.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal støtte fylkeskommunen i å følge opp retten til oppnådd studie- eller yrkeskompetanse for elever og voksne

Utgangspunktet for prioritering

Det var 500 fleire søkjarar til vidaregåande opplæring enn forventa i 2025. Dette gjorde det svært krevjande for fylkeskommunen å tilby plass til alle. Fylkeskommunen rapporterte at fullføringsretten truleg var hovudforklaringa.

Vestland fylkeskommune hadde ved inngangen til 2025 ei forståing av fullføringsretten som sveik noko frå regelverket for dei elevane som følgjer ein heilskapleg IOP gjennom heile løpet. Vi fekk kjennskap til denne forståinga gjennom ei klagesak. Vedtaket vart oppheva, og fylkeskommunen la lovforståinga i vedtaket vårt til grunn for vidare praksis.

Tiltak og vurdering

Vi har god dialog med fylkeskommunen og dei arbeider etter vårt syn aktivt for å etterleve fullføringsretten.

Samstundes stiller fylkeskommunen spørsmål ved tolking av regelverket for den elevgruppa som følgjer ein heilskapleg IOP. Dei har lagt betydeleg arbeid i å presentere, og argumentere for, det dei meiner må vere rett forståing av regelverket. Dei er òg i dialog med andre fylkeskommunar om desse spørsmåla.

Fylkeskommunen har vore open og undersøkende i dialogen dei har hatt med oss om regelforståing og tilhøyrande problemstillingar.

Status

Fylkeskommunen er kjend med gjeldande tolking av fullføringsretten.

3.1.3.8 Økt kunnskap om integreringsloven

Status

Vi vurderte at kommunane ved inngangen til 2025 jamt over hadde god kunnskap om integreringslova med forskrifter. Kunnskapen varierer noko frå kommune til kommune, ut frå storleik og tal deltakarar over tid. Nokre av kommunane har derfor større behov for meir kunnskap enn andre. Likt for alle kommunane var at dei hadde behov for kunnskap om dei komande endringane i integreringslova.

Tiltak

Vi har i 2025 svart på over 60 skriftlege førespurnader frå kommunane med spørsmål om rettleiing i integreringsregelverket. Dette kjem i tillegg til spørsmåla vi har fått per telefon. Kommunane har låg terskel for å be om rettleiing i regelverket, og nokre kommunar tek oftare kontakt enn andre. Éin kommune stod for 21 av dei totalt 60 førespurnadene.

Vidare har vi gjennomført fire digitale samlingar for alle kommunane i fylket. Tema for samlingane har mellom anna vore krava til slutt mål og norskmål, oppdateringar og presiseringar i det gjeldande integreringsregelverket, og regelverkstolkingar frå AID og IMDi. Dei komande endringane i integreringslova var eitt av temaa på tre av samlingane. På den siste samlinga hadde IMDi innlegg om endringar i NIR som følgje av lovendingane. Eit av dei andre temaa var retten deltakarane har til å klage på enkeltvedtak etter integreringslova. Totalt har 40 av 43 kommunar delteke på minst ei av samlingane.

Vi har gjennomført seks tilsyn med temaet «Differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk». Vi fann brot på regelverket i alle tilsyna.

Effekt

Tiltaka vi har gjennomført i 2025 har gitt alle kommunane i fylket meir kunnskap om integreringslova, både det gjeldande regelverket og endringane som tredde i kraft 1. januar 2026. Kommunane har gjennom svar på skriftlege førespurnader fått tilpassa rettleiing ut frå behov og utfordringar.

Kommuner og fylkeskommuner har god kunnskap om integreringsloven med tilhørende forskrifter (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner og fylkeskommuner som er involvert i arbeidet med bosetting og integrering av flyktninger har god kunnskap om integreringsloven med tilhørende forskrifter.

Resultatet av vår oppfølging av kommunar som har særlege utfordringar*Status*

På vår første digitale samling oppmoda vi kommunane om å ta kontakt dersom dei ønskte tilpassa opplæring og rettleiing. Ingen av kommunane kontakta oss i etterkant. Trass i dette meiner vi har vi har gitt slik opplæring og rettleiing til kommunar med særskilte utfordringar.

Tiltak

Vi har over fleire år hatt tett kontakt med kommunane på integreringsfeltet. Mellom anna har vi gjennomført fleire digitale samlingar i året og elles prioritert å ha kort svartid ved spørsmål om rettleiing. Vi opplever at kommunane har låg terskel for å be om rettleiing, ut frå behov og utfordringar. I 2025 har vi svart på 60 skriftlege rettleiingss spørsmål frå totalt 17 kommunar. Nokre av kommunane har tatt kontakt oftare enn andre.

Vidare har vi hatt fire digitale samlingar, der vi har opna for at kommunane på førehand kan spele inn tema eller avklaringsbehov. I tillegg har kommunane hatt høve til å stille spørsmål undervegs i samlingane, uavhengig av tema. Spørsmåla har vi svart ut skriftleg i etterkant.

Effekt

Vi vurderer at tiltaka har ført til at kommunar med særskilte utfordringar har fått meir kunnskap om integreringslova. I tillegg til at dei har fått den same rettleiinga som andre kommunar på dei digitale samlingane, har dei fått tilpassa opplæring og rettleiing gjennom høve til å sende spørsmål til oss.

Overordna vurdering av kommunane og fylkeskommunen sin kunnskap om integreringslova med forskrifter

Kommunane i Vestland fylke har jamt over god kunnskap om integreringslova med forskrifter ved utgangen av 2025.

Integreringslova er stadig i endring og har over tid hatt både eit ordinært og eit mellombels regelverk. Dette krev omfattande kunnskap og kontinuitet i kommunane, noko som gjer det utfordrande for kommunane med færrest deltakarar.

Vi får få førespurnader som gjeld obligatoriske element, som foreldrerettleiing og livsmeistringskurs. Dette kan tilseie at kommunane forstår denne delen av regelverket godt. Vidare vurderer vi at kommunane har god regelverksforståing om kompetansekartlegging, vurdering av målgruppa for deltaking, og kva opphaldsløve som gir rett og plikt til deltaking.

Vi har i liten grad kontakt med fylkeskommunen på integreringsfeltet. Opplysningane vi har, tilseier at dei har god kunnskap om regelverket.

Dei største utfordringane for kommunane og fylkeskommunen i forståing av regelverket

I 2025 bad vi kommunane melde frå om kva område dei opplever som utfordrande. Det som gjekk att i svarea var

- konkretisering av slutt mål i starten av programmet for deltakarar med låg skulebakgrunn og lite/ingen arbeidserfaring
- problemstillingar innan arbeidsrette tiltak
- fritak frå opplæring/prøve
- forlenging av introduksjonsprogrammet
- tilrettelegging av program ved helseutfordringar
- forvaltningsrett

Vi erfarer elles frå tilsyn, klagesaker og kontakt med kommunane at dei har utfordringar med

- å setje konkrete slutt mål
- reglane som gjeld permisjon og fråvær, særleg der deltakaren er fråværande av andre grunnar enn regelverket opnar for å gje permisjon for
- å handtere situasjonar der deltakaren av ulike grunnar ikkje kan starte opp i introduksjonsprogrammet innan fristen
- problemstillingar innan fristane for gjennomføring av opplæring i norsk og samfunnsfagproblemstillingar innan fritak frå opplæring og prøver
- å handtere situasjonar der det vert søkt om forlenging etter at programmet er avslutta
- forvaltningslova, mellom anna med klager som ikkje gjeld enkeltvedtak, og grunnleggjande av vedtak

Vi har lite kjennskap til kva utfordringar fylkeskommunen har i forståinga av regelverket. Dei har få oppgåver på området, hovudsakleg innan karriererettleiing og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I den grad fylkeskommunen kontaktar oss, gjeld det i hovudsak praktisk gjennomføring av regelverket og samarbeidet med kommunane på området.

Tal kommunar som har fått tilbod om opplæring i prosent av totalt tal kommunar som buset

I 2025 har alle kommunane i fylket som buset flyktningar fått tilbod om opplæring.

3.1.3.9 Statsforvalteren understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og

integreering

Som vi gjer greie for meir utfyllande på punktet under, så meiner vi at vi har ei god måloppnåing på busetjing i kommunane i vårt fylke. Heilt sidan Russland gjekk til fullskalakrig mot Ukraina i 2022, har vi sett stor vilje i kommunane til å busetje flyktningar. Sjølv om kapasiteten på tenester og bustader i lang tid har vore pressa, opplever vi ikkje at mange kommunar seier nei til å busetje i tråd med oppmodingsvedtaka frå IMDi. Vi meiner at vi kjem med viktige bidrag til dette på den måten som går fram av punktet under. Og så må vi leggje til at vi ser at i vedtaka kommunane har gjort i 2026, ser det ut som at somme kommunar ikkje ser seg i stand til å oppfylle ønska IMDi har kome med. Dette vil vi ha større merksemd på framover.

På integreringsfeltet har vi først og fremst støtta kommunane i arbeidet med å tilby introduksjonsprogram i tråd med reglane i integreringslova. Dette gjer vi gjennom rettleiing, tilsyn og klagesakshandsaming. Individuelt tilpassa introduksjonsprogram er avgjerande for at flyktningar tidleg blir integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige. Dei siste åra har vi hatt merksemd på rettleiing av kommunane. Vi meiner å sjå ei positiv utvikling i regelverkssetterlevinga i sektoren. Vi trur det er fleire årsaker til den positive utviklinga, både vår innsats og at kommunane legg meir vekt på området som følgje av auken i flyktningar frå Ukraina.

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner bosetting av nyankomne flyktningar (fra kapittel 3.3.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Godt samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktningar.

Mest merkbare følgja i Noreg av Russlands åtak på Ukraina er dei mange flyktningane som kjem. Kommunane er etter pandemien godt trena i krisehandtering, og dei har tatt utfordringane på strak arm. Dei fortener stor ros for at mottaks- og busetjingsarbeidet i det store og heile har fungert over all forventning, slik at vi dei siste åra har ei måloppnåing med eit busetjingstal langt over tidlegare tal.

Kommunane har i hovudsak busett i tråd med oppmodingane frå IMDi, og måloppnåinga er god. Likevel er det hardt pressa kommunale tenester som skal handtere ein flyktningstraum som har gått ned, men som ikkje verkar å stilne. Særskilt i helse- og omsorgssektoren, som har vore hardast råka av pandemien, er det stor slitasje. Hittil har kommunane klart å skaffe hus for å busetje flyktningane, men vi nærmar oss eit punkt der det er vanskeleg å finne gode bustader til dei nye som kjem, eller det er bustader med mangelfullt kollektivtilbod langt unna sentrumsfunksjonar. Som nemnt ser vi at det i 2026 er somme kommunar som ikkje ser seg i stand til å busetje så mange flyktningar som ønskt. Vi trur det bør satsast meir på stimuleringstiltak for å byggje meir bustader.

Vi har sett det som vår rolle å oppmuntre kommunane til å ta imot flyktningar og å syte for oppdatert, relevant og samordna informasjon til kommunane om alle spørsmål rundt busetjing, til dømes om tenester innan helse, sosial og skule, om planarbeid og om tilskotsordningar. Dersom ein kommune gjer vedtak om å busetje færre enn oppmodinga, er vår oppleving at det kjem av manglande evne heller enn vilje.

Vi har sidan fullskalakrigen starta, brukt den same arenaen med digitale møte med alle kommunane kvar måned. Vi meiner denne arenaen har gitt ein stor meirverdi både for å formidle statleg informasjon, for at kommunane har kunna lære og bli inspirerte av kvarandre og for at frustrasjon kan luftast.

Vi kunne ønskt oss meir konkrete oppdrag frå statlege styresmakter på dette feltet, slik vi hadde god erfaring med frå pandemihandteringa, og slik vi jamleg har hatt opp sidan fullskalakrigen starta. Vi opplever likevel at IMDi og UDI no ser nytten av å ta del på dei arenaane vi skapar overfor kommunane.

3.1.4 Gjennomførte evalueringer

I etterkant av ekstremværet Amy i oktober gjennomførte vi ei evaluering saman med naudetatane, Statens vegvesen, fylkeskommunen, KDS og Bergen kommune. Det viktigaste føremålet med evalueringa var å identifisere forbetningspunkt som kan styrke samvirket mellom beredskapsaktørane ved framtidige hendingar.

Eitt av læringspunkta var at det fleire stadar var for liten kapasitet til å handtere telefonar og andre meldingar frå publikum. Eit anna var at sentrale aktørar må ha god oversikt over gjensidig kontakinformasjon, slik at dei ikkje treng å stå i telefonkø for å formidle eller etterlyse viktig informasjon.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i hovedinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

3.2.2 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Vi har avvik frå volumkravet for tilsynsaktivitetar innan planlagde tilsyn. Vi har gjennomført tilsynsaktivitetar tilsvarande 39 av 115 poeng, sjå oppdrag i TB punkt 3.3.1.3.7.6. Dette er i tråd med tidlegare orientering i prioriteringsbrevet frå 3. september 2025. Avviket har samanheng med ressursituasjonen og ein vesentleg auke i talet på klagesaker.

3.2.3 Barne- og familiedepartementet

Vi har ikkje tilstrekkelege ressursar til å utføre oppgåvene våre fullt ut på dette området. Vi viser til prioriteringane vi gjorde i brev frå 5. juli 2024 og 3.

september 2025, som er kjende for BFD.

Oppfølging av tilsynssaker der det er påpeikt svikt i tenesteutøvinga, er ressurskrevjande. For å sikre kapasitet til å prioritere dei mest alvorlege sakene, har vi valt å nytte tilsynsmåte 1 (rettleiing til den som har teke kontakt) eller tilsynsmåte 2 (oversending til tenesta utan krav om svar) til å handtere ein stor del av sakene. Saksmengda på barnevernsområdet har auka vesentleg. I 2023 vart 64 prosent av 169 tilsynssaker handsama etter tilsynsmåte 1 eller 2. I 2024 vart 81 prosent av 243 saker handsama etter same tilsynsmåtar. I 2025 har saksmengda auka til 299 saker, der 94 prosent er handsama etter tilsynsmåte 1 og 2.

Når berre seks prosent av sakene i 2025 vart følgde opp etter tilsynsmåte 3–5, vurderer vi at praksisen er i strid med Helsetilsynet sitt policy-dokument og rettleiinga for val av tilsynsmetode. Det blir i for stor grad lagt vekt på ressursomsyn ved val av oppfølgingsmåte. Dette inneber ein risiko for at også alvorleg svikt ikkje blir avdekt og retta, særleg innan dei kommunale barnevernstenestene.

Det vart ikkje gjennomført risikobaserte systemrevisjonar på barnevernsområdet i 2025, trass i at risikobiletet tilsa at dette burde ha vore gjort.

Vidare oppfylte vi ikkje volumkravet for tilsyn med barnevernsinstitusjonar. Vi gjennomførte 98 av 128 planlagde tilsyn. Dette er likevel vesentleg betre enn det som vart varsla i brevet datert 3. september. Rapportar frå tilsyn med institusjonar der det ikkje er avdekt lovbrøt, blir ikkje sende i kopi til den ansvarlege barnevernstenesta, sjølv om dette er eit krav. Årsaka er at oppgåva er ressurskrevjande og difor har vorte nedprioritert.

Samla sett vurderer vi at vi per i dag ikkje har tilstrekkelege og forsvarlege rammer til å innfri dei rimelege forventningane frå både oppdragsgjevar og innbyggjarar på barnevernsområdet.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Vi har ikkje ressursar til å utføre oppgåvene våre fullt ut på helsefeltet, og viser til prioriteringsbrevet vårt frå 3. september 2025 der vi har orientert HOD om dette.

Rettigheitsklager

Vi har framleis ein auke i saksmengd på fleire område, men rettigheitsklagene skil seg særleg ut med tanke på både tal saker og kompleksitet. Vi har sett fleire til å handsame rettigheitsklager, men har likevel ikkje nådd målkravet.

Tilsyn

Vi har avvik frå volumkravet for tilsynsaktivitetar innan planlagde tilsyn. Vi har gjennomført tilsynsaktivitetar som orientert om i prioriteringsbrevet frå 3. september 2025.

Vi har avvik på sakshandsamingstid for tilsynssaker metode 4 og 5. Sjå punkt 3.3.1.3.3.1.

Førarkort

I andre halvdel av 2025 måtte vi byrje å sende meldingane frå helsepersonell over til politiet. Dette har gitt oss mykje tilleggsarbeid med sladding, sidan politiet berre skal ha nødvendig informasjon. Sakshandsamingstida har derfor auka frå 1–3 veker til 6–7 veker. I tillegg har talet på innkomne saker auka. Ein del av denne auken er truleg eit resultat av rettleiinga vår til legar og andre tenester. Sjå elles punkt 5.3.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik.

3.2.7 Kommunal- og distriktsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en vurdering av

- i hvilken grad opplæringen statsforvalteren har gjort med hensyn til Kompetansekassen for kvalifiseringsprogrammet, har bidratt til å styrke kompetansen i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i Nav-kontorene og på hvilken måte.
- resultatet av statsforvalterens oppfølging av Nav-kontor som har særlige utfordringer i arbeidet med kvalifiseringsprogram.

I desember sende vi ut rapporteringsskjema til alle Nav-leiarar i Vestland, og til no har vi fått 22 svar. I tillegg har vi informasjon frå nettverkssamlingar, arbeidsgruppa for kvalifiseringsprogrammet i Vestland, Gullrekka om KVP, evalueringar og dialogen vi har med kommunane gjennom rettleiing. Dette er kjeldene våre i vurderinga.

Kompetansekassen

Dei fleste Nav-kontora svarer at dei nyttar Kompetansekassen aktivt i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet, mellom anna til

- identifisering av deltakarar
- kartlegging av søkjarar
- gje tilpassa informasjon om kvalifiseringsprogrammet
- utforming av programmet og sakshandsaming frå søknad til program og avslutning
- opplæring til nyttilsette og oppfrisking for erfarne rettleiarar
- utvikling og forbetring av rutinar og samarbeid på tvers
- refleksjon og fagleg støtte

Vi viser til og nyttar Kompetansekassen aktivt i opplæringa vår.

Vi har også vist fram sjekklista for rettleiarar og leiarar i Nav som ikkje jobbar med kvalifiseringsprogrammet.

På fysiske nettverkssamlingar i 2025 har tema vore utdanning og kvalifiseringsprogrammet, og korleis vi kan lage gode program som verkar for den enkelte. På desse samlingane har vi også vist til kartleggingsspørsmål i Kompetansekassen.

Ut frå kartlegginga ser vi at fleire aktivt nyttar Kompetansekassen og at han kan gjere det enklare å jobbe med kvalifiseringsprogrammet, men vi vurderer at Kompetansekassen aleine ikkje er nok støtte. Vi trur likevel at det har effekt at vi kontinuerleg minner om Kompetansekassen og aktivt viser korleis han kan nyttast til ulike delar av arbeidet.

Oppfølging av Nav-kontor med særlege utfordringer i KVP-arbeidet

Vi har høg deltaking i programmet i vårt fylke, samanlikna med andre fylke. Programmet er tilgjengeleg i dei fleste kommunane i Vestland.

Gullrekka om KVP har vore særleg nyttig for dei kommunane som ikkje har mykje erfaring med kvalifiseringsprogrammet. Vi går gjennom reglane frå søknad til avslutning av programmet, og undervegs kan Nav-tilsette få svar på det dei lurar på, slik at dei slepp å vegre seg for å bruke kvalifiseringsprogrammet.

I evalueringa av Gullrekka trekkjer Nav-tilsette fram at det er nyttig med den praksisnære formidlinga og høve til å få svar på spørsmål. Det kan tyde på at Nav framleis treng meir enn Kompetansekassen. Vi meiner dei har behov for rettleiing og refleksjon i samarbeid med oss.

Vidare kan vi sjå at dei fysiske nettverkssamlingane i Vestland er nyttige for Nav. Evalueringane av desse er svært positive og vi ser at fleire treng eit nettverk og ein arena der dei kan drøfte på tvers.

I 2025 har vi gitt individuell rettleiing til dei Nav-kontora som har kontakta oss direkte. Vi har fått positive tilbakemeldingar på at vi er tilgjengelege for spørsmål og avklaringar.

Vi har sendt brev til alle Nav-kontor som har færre deltakarar enn det vi kan forvente ut frå kommunestorleik, demografi og levekårsutfordringar, og bedt dei gjennomføre ei eigenevaluering. Vi skal gå gjennom eigenevalueringane i 2026 og vil då vurdere kva tiltak vi set i verk. Vi trur det er positivt at Nav-kontora får sjekka og reflektert kring eigen praksis, rutinar, internkontroll og leiarforankring innan kvalifiseringsprogrammet.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal på bakgrunn av egen innsikt og opplæringstiltak

- gi en overordnet vurdering av hvordan statsforvalteren oppfatter at kontorene jobber for å se aktivitetsplikten for unge under 30 år i sammenheng med alle Navs virkemidler og satsinger for ungdom.
- gi en kort beskrivelse av hvilken målgruppe statsforvalteren erfarer at Nav-kontorene ikke får gitt et hensiktsmessig aktivitetstilbud.

I desember sende vi rapporteringsskjema til alle Nav-kontor i fylket og fekk 21 svar. Mange Nav-kontor rapporterer at ungdom er ei særleg prioritert gruppe. Dei ser aktivitetsplikta i samanheng med ungdomsgarantien og nyttar arbeidsretta tiltak for gruppa.

Mange har oppretta ungdomsteam på tvers av stat/kommune, og dei som ikkje har det, jobbar saman på tvers av ungdomsteam. Vårt inntrykk er likevel at det varierer om Nav-rettleiarar og Nav-kontor ser på aktivitetsplikta som eit verkemiddel for kontroll eller som eit verkemiddel for retten brukaren har til oppfølging. Vi har òg inntrykk av at Nav-kontora er pressa og jobbar innanfor rammer som kan gi den enkelte rettleiaren mindre tid til å setje individuelle vilkår ut frå behov, særleg viss kommunen ikkje har etablerte gruppetiltak og/eller ungdomsteam.

Vi arrangerte fagsamling om aktivitetsplikta i 2025. Vi erfarer at Nav har mange spørsmål om reglane i paragraf 20a, særleg om vilkårsbrot og konsekvensar. Nokre vegrar seg for å gi reaksjonar fordi dei er usikre på reglane. Vi har fått innspel frå Nav om at dei ønskjer meir informasjon om dette temaet i 2026.

I den nemnde kartlegginga fortel Nav at det kan vere krevjande å gje eit føremålstenleg aktivitetstilbod til desse målgruppene:

- Personar med svært redusert psykisk helse.
- Personar med rusutfordringar.
- Flyktningar og innvandrarar med som snakkar lite norsk.
- Personar med tyngande omsorgsoppgåver, gjeld særleg eineforsørgjarar.
- Personar med diffuse helseplager og/eller funksjonsvariasjonar.
- Personar utan fulle rettar i folketrygda (manglande butid).
- Eldre sosialhjelpsmottakarar (over 55/60 år) som fell mellom ordningar.
- Ungdom med ustabil framme, lite motivasjon eller manglande oppfølging i helsevesenet.

Vi kjenner att desse gruppene frå prosjekta som utviklar dei sosiale tenestene i Nav. Dei treng tett og koordinert hjelp, ofte tettare enn Nav til dømes kan gi i eit kvalifiseringsprogram.

Økonomisk rådgivning (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en overordnet vurdering av hvilke behov kommunen har for kurs og opplæring innenfor økonomisk rådgivning. Statsforvalteren må identifisere hvilke fagfelt i Nav og øvrige tjenester i kommunen som deltar på kursene de gjennomfører.

Med bakgrunn i nettverkssamlingar, tilsyn og klagesaker, vurderer vi at kommunane treng opplæring innan forvaltningsrett og handtering av førespurnader om økonomisk rettleiing, slik at desse blir kartlagde, vurderte og svara på i tide. Vi oppfattar at personar som kjem i kontakt med Nav ikkje alltid blir spurde om dei har økonomiske bekymringar eller vanskar. I tillegg vurderer vi at kommunane har behov for opplæring i å gi enklare økonomisk rettleiing. Det er risiko for alvorlege konsekvensar for dei personane som ikkje får rett hjelp. Dette gjeld sjølv om brukarane treng enklare økonomisk rettleiing.

Vi har spurt Nav-kontora om kva dei sjølve ser behov for av kurs og opplæring. Nokre har svara at dei treng opplæring som kan sikre at dei handterer førespurnader om økonomisk rettleiing riktig. Dette samsvarer med vår vurdering. Fleire har meldt frå om behov for jamlege grunnkurs og vidaregåande kurs, og at dei ønskjer at kursa er praktisk og metodisk retta. Innan gjeldsrådgjeving ser vi behov for kurs om forhandling med kreditorar.

Vi har gjennomført basiskurs, grunnkurs og vidaregåande kurs. På basiskurset deltok Nav-tilsette innan fagfelte økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet, sjukefråværsoppfølging og arbeidsretta oppfølging. I tillegg deltok tilsette frå flyktningstenesta, barnevernstenesta, psykisk helse og rus, bu- og miljøtenesta, DPS og Blå Kors. På grunn- og vidaregåande kurs deltok tilsette i Nav som arbeider med økonomisk rettleiing.

Kompetansehevende tiltak utsatt ungdom (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gjøre rede for kompetansehevende tiltak som de har iverksatt for oppfølging av utsatt ungdom i Nav-kontoret. Det bes også om en vurdering av om statsforvalterens tilrettelegging for erfaringsutveksling om oppfølging av utsatt ungdom i Nav i samarbeid med Nav Fylke, har effekt.

Utsett ungdom er eit tema i dialogen vår med Nav fylke og ein del av kompetansestrategien vår og den felles kompetanseplanen. Vi har ikkje arrangert felles samlingar om dette temaet i 2025, men det har vore tema på ulike felles arenaer, mellom anna på nettverkssamlingar om kvalifiseringsprogrammet, fagdag om aktivitetsvilkåret og i oppfølginga av prosjekta som får tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene. Vi har hatt innlegg om kva rettar unge kan ha etter sosialtenestelova på "fagsnutt" hos Nav fylke.

Erfaringsutveksling er eit kontinuerleg samarbeidstema gjennom året, og er ein del av kompetansestrategien og kompetanseplanen med Nav fylke. Dette sikrar at alle i Nav får nødvendig informasjon og kunnskap om statlege og kommunale tenester for utsett ungdom.

Tilgjengelighet til sosiale tjenester (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal vurdere hvordan Nav-kontorene sørger for tilgjengelighet til sosiale tjenester for brukere som har ulike behov og forutsetninger. I tillegg skal statsforvalteren gjøre rede for hvordan digitalisering gjennom DIGISOS påvirker tilgjengelighet til de sosiale tjenestene.

Basert på tilbakemeldingar frå Nav-kontora, erfaringar frå klagesaker, landsomfattande tilsyn, og dialog med kommunane, vurderer vi også i år at Nav-kontora freistar å gjere dei sosiale tenestene tilgjengeleg for brukarar med ulike behov og føresetnader.

Nav-kontora skildrar ei rekkje tiltak for å sikre at dei sosiale tenestene er tilgjengelege for brukarar med ulike behov og føresetnader. Dei fleste kontora kombinerer digitale løysingar (DIGISOS) med fysisk tilgjengelegheit. Fleire kontor rapporterer at det er tillitsvekkande for brukarane å ha direkte kontakt med rettleiaren sin. Andre tiltak er

- heimebesøk
- å tilpasse fysiske møte til brukarens arbeidstid
- å møte brukaren andre stader, til dømes gå ein tur saman

Det er elles vanleg med faste drop-in-tilbod ein eller fleire dagar i veka, og vakttelefon som er bemanna dagleg. Telefonnummer og kontaktinformasjon er tilgjengeleg på inngangsdøra, på nettstaden til kommunen og via Nav kontaktsenter. Mange brukarar har også kontaktinformasjon slik at dei kan nå saksbehandlaren eller rettleiaren direkte.

Det blir lagt til rette for både digitale søknader (DIGISOS), papirsøknader, munnlege søknader eller søknader via SMS der det er aktuelt. Drop-in-tilbod blir særleg framheva som viktig for brukarar som ikkje er digitale eller som har utfordringar med telefonbruk. Samarbeid med andre kommunale tenester blir også brukt for å sikre at informasjon når ut til aktuelle brukarar.

Vi vurderer at kommunane klarer å vareta dei brukarane som ikkje er digitale, og legg til rette for fysiske møte der det trengst, anten fordi brukaren ikkje er digital eller som eit supplement til bruk av digitale plattformer. På den måten sikrar dei at dei sosiale tenestene er tilgjengelege.

Vi er bekymra for tilgjengelegheita til kvalifiseringsprogrammet (KVP). Sjølv om vi har eit høgt tal deltakarar i Vestland, varierer dette mellom Nav-kontora. Vi sende brev til 17 Nav-kontor som hadde meir enn ti prosent færre deltakarar enn vi kan vente ut frå kommunens storleik, levekår og demografi. Desse kontora har fått tilbod om oppfølging. Vi er og bekymra for tilgjengelegheita til økonomisk rådgjeving, sjå elles rapporteringspunkt 7.3.1.3 og 3.3.1.3.7.6. Kommunane treng opplæring innan forvaltningsrett og handtering av førespurnader om økonomisk rettleiing, slik at desse blir kartlagde, vurderte og svara på i tide. Dette heng saman med noko av det vi såg i dei landsomfattande tilsyna, der nokre av pålegga gjaldt tilgjengelegheit. Vi gav pålegg om retting i to av tre tilsyn, og desse er no retta.

Tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i Nav-kontoret (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort, overordnet vurdering av sin egen måloppnåelse i arbeidet med tilskudd til utvikling av de sosiale tjenestene i Nav-kontoret.

Vi lyste ut og handsama tilskota innan fristen, og hadde god måloppnåing. Dette er ei oppgåve vi prioriterer og jobbar mykje med. Vi samarbeider med Nav fylke når vi får søknader om tilskot og i oppfølginga av prosjekt.

Vi arrangerte fysisk samling for prosjekta i Vestland med temaet implementering frå prosjekt til drift.

Vi har og hatt ein fysisk erfaringskonferanse i samarbeid med statsforvaltarane i Rogaland, Agder og Innlandet. Vi tilbyr prosjektleiaropplæring saman med dei andre embeta. Dette har vi fått mykje gode tilbakemeldingar på i Vestland.

Alle prosjekta får tilbod om oppstartsmøte og sluttmøte. I 2025 har vi prioritert å gjennomføre alle oppstartsmøta fysisk. Vi besøker Nav-kontoret og møter dei tilsette i prosjektet og leiinga.

Vi opplever at prosjektdeltakarane tek kontakt med oss for fagleg rettleiing og spørsmål om ordninga. Vi får gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. Vi bidrar også med å dele prosjekterfaringar på tvers av Nav-kontor.

Prosjektdeltakarane framhevar implementering og leiarforankring som særleg nyttige og relevante tema for prosjekta. Dette vil vi følge opp i 2026.

Rapportering på kommunenes arbeid etter integreringsloven og statsforvalternes oppfølging (fra kapittel 7.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal

- gjøre rede for resultatet av statsforvalterens oppfølging av kommuner som har særlige utfordringer i arbeidet med introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap
- gi en overordnet vurdering av kommunenes og fylkeskommunenes kunnskap om integreringsloven med forskrifter
- gjøre rede for hva som er de største utfordringene for kommunene og fylkeskommunene i forståelsen av regelverket
- oppgi andelen kommuner som har fått tilbud om opplæring fra statsforvalterne i prosent av totalt antall kommuner som bosetter

Sjå rapporteringa under "Kommuner og fylkeskommuner har god kunnskap om integreringsloven med tilhørende forskrifter (fra kapittel 3.3.4.1.1.1 i TB)".

Rapportering på klagesaker om introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap (fra kapittel 7.3.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Når det gjelder ordningene introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap (begge hjemlet i integreringsloven/introduksjonsloven) skal statsforvalteren rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen. Statsforvalteren bes om å skille klager etter introduksjonsloven og integreringsloven, samt etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

I 2025 har vi handsama 50 klagesaker etter integreringslova, introduksjonslova og tilhørende forskrifter. Av desse gjeld fire saker det mellombelse regelverket for personar med kollektivt vern. Desse sakene omhandlar særleg vurderinga av utvida rett til norskopplæring etter integreringsforskrifta paragraf 43 g. Sakene er fordelte på åtte hovudkategoriar, som speglar dei mest sentrale vurderingstema i klagesakene. Vi har stadfesta dei fleste av klagesakene, samstundes som vi har praksis for å reparere sakshandsamingsfeil og stadfeste med ei anna grunngeving enn kommunane i dei tilfella der vi ser at dette må bli utfallet.

1. Rett til deltaking i introduksjonsprogram (ordinært regelverk)

Integreringslova paragraf 9, jf. paragraf 8:
Sju saker, vi stadfesta alle.

2. Varigheit, utvida tid og avslutning av introduksjonsprogram (ordinært regelverk)

Integreringslova paragrafar 13, 15, 18:
18 saker, vi stadfesta alle.

3. Permisjon frå introduksjonsprogram eller norskopplæring (ordinært regelverk)

Integreringsforskrifta paragraf 14, integreringslova paragrafar 17, 27, 31, 32, 35:
Seks saker, vi stadfesta alle.

4. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap (ordinært regelverk)

Integreringslova paragrafar 20, 26, 30–33, forskrifta paragraf 28:
Åtte saker, vi stadfesta alle.

5. Introduksjonsstønad og trekk i stønad (ordinært regelverk)

Integreringslova paragrafar 19, 20, 21, 46:
To saker, ei sak vart stadfesta og ei sak vart delvis oppheva.

6. Stans av introduksjonsprogram eller norskopplæring

Integreringslova paragraf 18:
To saker, ei sak vart stadfesta, ei sak vart oppheva.

7. Feil bruk av regelverket (handsama etter feil lov, introduksjonslova/integreringslova)

Introduksjonslova paragrafar 2, 5:
Tre saker, vi oppheva alle.

8. Mellombels regelverk (kollektiv beskyttelse)

Integreringslova paragraf 37 c:
Fire saker, vi stadfesta alle.

Rapportering på statsborgerseremonier (fra kapittel 7.3.1.7.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på statsborgerseremonier.

Vi hadde fire statsborgerseremonier fordelt på to dagar i 2025. På grunn av dei store avstandane i fylket, arrangerer vi seremoniar både i Hordaland og Sogn og Fjordane. For Sogn og Fjordane vart seremonien utsett til januar 2026. Det same gjaldt for tredje seremonidag i Hordaland.

For 2025 var det totalt 2101 inviterte og 443 som deltok. Det er også talet på utdelte bøker.

Oppmøteprosenten varierte svært mykje, og vi ser at det er lågare deltaking på seremoniar der mange inviterte har dobbelt statsborgarskap. Det same gjeld seremoniar der mange bur langt frå staden seremonien blir arrangert. Vi ser likevel at oppmøteprosenten aukar.

Rapportering på opplæring i norsk og samfunnskunnskap (fra kapittel 7.3.1.7.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av integreringsloven/introduksjonsloven). I tillegg skal statsforvalteren rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. integreringsloven/introduksjonsloven, også etter midlertidig kapittel 6A i integreringsloven.

Første halvår av 2025 var det 4868 deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og 346 årsverk.

I andre halvår var det 3646 deltakarar og 312,18 årsverk.

Samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.1.7.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal redegjøre for hvordan de bidrar til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting av nyankomne flyktninger.

Vi bidreg gjennom etablerte samhandlingsarenaar og dialog med kommunane gjennom året. Kommunane i Vestland har vist stor vilje til å busetje flyktningar i tråd med oppmodingane frå IMDi, og vi har ikkje sett det naudsynt å leggje mykje trykk på dette feltet. Men vi ser at kapasiteten på bustader og i velferdstenestene gjer at fleire kommunar i 2026 ikkje har sett seg i stand til å ta imot så mange flyktningar som ønskt. Difor vil vi ha større merksemd på dette når IMDi til hausten kjem med nye oppmodingsførespurnader.

I arbeidet vårt på helse-, sosial- og utdanningsfeltet, er vi særskilt merksame på å understøtte kommunale tenester og tilbud til flyktningar.

Kommunenes oppfølging av krisesenterloven (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, gi en vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet til kvinner, menn og barn.

Alle kommunane har samarbeidsavtaler med eit av dei tre krisesentera i fylket. Krisesentera gir tilbud til barn, kvinner og menn, og tilbudet er tilgjengeleg heile døgnet.

Vi har informert om den faglege rettleiaren for innhald og kvalitet i krisesentertilbudet, både på samlingar og i den løpande kontakten med kommunane.

Tilsyn

Vi har ikkje gjennomført tilsyn med krisesentertilbudet i år.

Gjennom året har vi fått informasjon om at det i periodar har vore auka pågang ved krisesentera etter at det har skjedd drap i nære relasjonar. Dette gjaldt både vaksne og barn.

Vurdering

Kommunane er godt kjende med innhaldet i tilbudet krisesentera gir innbyggjarane. Dette meiner vi er viktig for at kommunane skal kunne følgje med på og sikre at dei har forsvarlege tenester.

Sjølv om alle kommunane har etablert samarbeid med krisesentera, er vi framleis uroa for at barn kan bli buande i ein familiesituasjon med vald og trugsmål over lang tid før dei får hjelp. Det er framleis variasjon mellom kommunane i det førebyggjande arbeidet, og korleis dei følgjer opp barn og

familiar når dei får informasjon om mistanke om vald eller overgrep. Det er viktig at kommunane i det førebyggjande arbeidet brukar informasjonen dei har om situasjonen i kommunen for å sjå på korleis dei kan førebyggje, avdekke og hjelpe barn og vaksne mot vald i nære relasjonar.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	43
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2023	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2023	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2024	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2024	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2025	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2025	0

Vi har i prioriteringsbrevet vårt frå 3. september 2025 orientert om at vi ikkje har kapasitet til å gjennomføre tilsyn med krisesentertilbodet i kommunane i år.

Ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten rapportere på saker statsforvalteren håndterer etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova.

Saksmengda på saker etter ekteskapslova er stabil og om lag likt som i fjor. Vi får størstedelen av søknadene digitalt.

I 2025 har vi innført ny rutine om at alle som har høve skal nytte eige skjema til førespurnader om kopiar eller stadfesting av gitte løyve. I 2025 fekk vi 436 slike førespurnader. I tillegg brukar vi mykje tid på rettleiing over telefon.

Ekteskapsaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelses	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	1 060	985	0	75	92 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	876	835	21	20	91 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	37	32	0	5	49 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom nære slektninger, jf. § 3 første ledd	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamilie medlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	2	0	1	1	0 %
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	18	12	3	3	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 b første ledd bokstav d	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18 c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	89	82	3	4	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Tabellen viser sakene kor vi har innvilga separasjon eller skilsmisse. Det er gitt to bevillingar i kvar sak. I tabellen har vi berre ført opp søknadene som er formelt avviste. Vi har òg opne saker som ventar på dokumentasjon. Tabellen viser heller ikkje saker vi har fått inn i 2025 og som framleis er under handsaming. Vi har i dag 217 saker frå 2025 som framleis er under handsaming. Statistikken er gjort ved hjelp av sakshandsamingssystemet SAK og Elements. På grunn av manglande digitale verktøy er det utfordrande å gjere presise søk. Tala er difor omtrentlege.

Vedtak etter barneloven (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Statsforvalteren bes om å spesifisere sakstype etter hjørnelene i barneloven.

Vi har ikkje gjort vedtak etter barnelova i 2025.

Saker etter barneloven

Lov	Sakstype	Antall vedtak
Barneloven	Klage på avslag på krav om opplysninger, jf. § 47 andre ledd	0
Barneloven	Tap av opplysningsrett, jf. § 47 tredje ledd	0
Barneloven	Vedtak om tvangskraft for avtaler, jf. § 55	0

Veiledning og informasjon på familierettens område (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en kort omtale av statsforvalterens arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område.

Vi har rettleia om ulike regler i barnelova. Det er i hovudsak privatpersonar som kontaktar oss, men vi opplever også at barnevernstenester eller andre offentlege verksemdar tar kontakt. Vi rettleiar mest per telefon, men det hender også at vi svarar skriftleg.

Når foreldre tar kontakt handlar det mest om samvær og stans av samvær, og korleis dei kan gå fram for å regulere samværet. Vi rettleier òg om grenseflata mellom barnelova og barnevernslova. Dette skjer som regel i saker der foreldre ønskjer hjelp frå barnevernstenesta på grunn av konflikt mellom foreldra. Vi får også spørsmål frå foreldre om rett til opplysningar om barnet, og tap av opplysningsretten, jf. barnelova paragraf 47. I tillegg får vi fleire spørsmål om kven av foreldra som har rett til informasjon i samband med ei barnevernssak, til dømes der foreldra ikkje bur saman og barnevernstenesta har opna undersøking.

Biologisk opphav

Vi finn ikkje eit eige avsnitt for rapportering av saker om biologisk opphav. Rapporteringa vert difor lagt inn her.

I 2025 gav vi ut opplysningar om biologisk opphav i 35 saker. I 15 av desse sakene gav vi informasjon til den adopterte sjølv. I ti av sakene vart opplysningane sendt til etterkomar fordi den adopterte sjølv var død.

I tillegg har vi handsama

- tre saker der det ikkje var registrert ein adopsjon
- fire saker om kontaktønske
- ei sak kor førespurnaden kom frå slekt utan innsynsrett
- tre saker med skriftleg rettleiing om andre omstende på saksfeltet

Vi har sendt vidare sju søknader til rett embete eller Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Ut over dette har vi brukt mykje tid på rettleiing over telefon.

Tilsyn med familievernkantorene (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall tilsyn med familievernkantorene.

Det er seks familievernkontor i fylket. Vi har gjennomført eitt tilsyn med Bergen og omland familievernkontor. Tilsynet vart gjennomført i perioden oktober 2024 til januar 2025 som eit skriftleg tilsyn. Tema for tilsynet var opplysningsplikta til familievernkantoret og teieplikta til barnevernstenesta. Vi avdekte ikkje lovbrøt.

Tilsyn med familievernkantorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2025	Antall gjennomførte tilsyn i 2024	Antall gjennomførte tilsyn i 2023
6	1	1	0

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal redegjøre for statsforvalternes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Akuttberedskap

Alle kommunane i fylket har akuttberedskap slik at barnevernet er tilgjengeleg heile døgnet. Minimum beredskap er telefonvakt for fagpersonar innan barnevern.

Vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket

Vi vurderer jamleg kvaliteten og risikoen i dei 33 barnevernstenestene i fylket. Vurderingane byggjer på informasjon frå rapportering, tilsyn, klagesaker, tilstandsrapportar, utviklingsoppgåver og kontakt med kommunane.

Vi har mykje merksemd på rettane til barn og at barn får medverke i egne saker. Generelt er barnevernstenestene opptekne av at barn skal få medverke, men det varierer korleis dei sikrar dette. Vi meiner at barnekonvensjonen og rett til medverknad framleis ikkje er godt nok innarbeidd i sakshandsaminga og i kontakten med barn.

Vi har også mykje merksemd på saker om vald og seksuelle overgrep mot barn. Fleire tenester rapporterer om ein auke i slike bekymringar, i tillegg til ein auke i komplekse saker der barn har store smerteuttrykk og behov for hjelp frå fleire tenester. Vi vurderer at tenestene tek bekymring om vald og overgrep alvorleg, og at mange barn får hjelp når barnevernet først er varsla. Vi meiner likevel at manglar i kvaliteten på undersøkingarbeidet fører til at alvorlege bekymringar om barn ikkje blir avklara i fleire saker, og barn blir buande i ein skadeleg familiesituasjon over lang tid. Vi meiner òg at fleire tenester ikkje følgjer opp alvorleg informasjon dei har eller får om barns omsorgssituasjon raskt nok. Dette kan få alvorlege konsekvensar for barnet på kort og lang sikt.

Barnevernsinstitusjonane

Nasjonalt har det i 2025 vore mykje merksemd kring alvorlege kriminelle handlingar utført av barn og at barn blir rekrutterte til kriminelle miljø. Dette er ei utfordring for institusjonsbarnevernet, som skal gi barn omsorg og behandling, og ikkje alltid har nødvendige rammer for å vareta barn som utfører alvorlege kriminelle handlingar.

I 2025 har vi fått markant fleire meldingar om alvorlege hendingar på barnevernsinstitusjonane, i tillegg til at bruken av tvang mot barn har auka. Vi har følgd opp dette på tilsynsbesøk og mellom tilsyn. Vi deler bekymringa for situasjonen, og for at fleire av barna med komplekse vanskar på institusjon er yngre no enn tidlegare. Vi meiner at meir makt og tvang ikkje er rett hjelp for barn som treng omsorg og behandling, og at dette kan påføre barna meir skade enn hjelp. Vi er bekymra for at barna som blir utsett for mest makt og tvang under opphald på barnevernsinstitusjonar, er barn som tenestene har kjent i mange år, og der det kan sjå ut til at desse ikkje har fått nødvendig oppfølging og hjelp til rett tid.

Vi vurderer at det tar for lang tid før barn i sårbare livssituasjonar får nødvendige tiltak og vern. Ungdom under 18 år har vorte varetaktsfengsla fordi det ikkje har vore mogleg å få på plass andre løysingar for å ramme dei inn. Vi har òg hatt kontakt med ungdom med samansette vanskar, til dømes eteforstyrning eller helseutfordringar, som ikkje får nødvendig helsehjelp eller der tenestene rundt barnet ikkje sikrar at barnet får heilskapleg og samordna oppfølging.

Barn i institusjon får heller ikkje alltid den helsehjelpa dei har behov for. Nokre barn får ikkje hjelp frå spesialisthelsetenesta fordi tenesta meiner utfordringane gjeld åtferd og ikkje helse. Vi har også sett døme på at tenesta formidlar at barnet er samtykkekompetent og at barnet takkar nei til helsehjelpa. Vi ser ein tendens til at tenestene i for stor grad avgrensar ansvaret sitt eller skuver ansvaret over på andre tenester, framfor å raskt bruke nødvendige ressursar slik at barna får nødvendig hjelp til rett tid.

Vår vurdering av utviklinga

Vi ser at det er store skilnader i kvaliteten på dei kommunale tenestene og i tilgjengelege tiltak for barn og familiar. Fleire tenester har utfordringar med å rekruttere og halde på nødvendig fagkompetanse. I mange tenester er det stor utskifting av tilsette og tidvis høgt sjukefråvær, også på leiarnivå. Til dømes har om lag ein tredjedel av barnevernstenestene fått nye barnevernsleiarar dei siste to åra. Vi meiner dette kan forklare kvifor nokre av tenestene slit med å sikre god og trygg hjelp til barn og familiar. Vidare opplyser fleire tenester at dei må bruke private konsulentar eller nyutdanna utan erfaring frå barnevernet for å løyse oppgåvene til barnevernstenesta. Vi er uroa for at tenestene i aukande grad brukar private aktørar for å løyse kjerneoppgåver på barnevernsfeltet, og at kommunane og tenestene ikkje sjølve er rusta til å utføre oppgåvene. Uroa gjeld òg kompetansen i tenestene der det er mange utan erfaring frå barnevernet, særleg der tenestene ikkje har etablert tilstrekkeleg internkontroll og systematisk rettleiing og oppfølging av tilsette.

Vi meiner krav om årleg rapportering til kommunestyret kan sikre eigarskap til og ansvar for barnevernstenesta. Det er òg viktig at barnevernsleiaren får god leiarstøtte frå kommuneleiinga. Vi er mindre bekymra for om barn og familiar får forsvarlege tenester i dei kommunane der barnevernsleiaren får støtte og oppfølging frå kommuneleiinga. Det kan førebyggje både sjukefråvær og gjennomtrekk, og på denne måten gjere personalgruppa meir stabil. Vi ser at mange tenester ikkje får nytta kompetansen fullt ut, fordi erfame tilsette må drive "brannsløkking" og prioritere dei mest akutte sakene.

Det er framleis stor variasjon i korleis det blir lagt til rette for samarbeid og samhandling mellom tenestene, og vi erfarer at det i for stor grad er personavhengig om det blir samarbeidd i enkeltsaker. Både organisering av tenester, profesjonsgrensar, tillit og kunnskap om regelverk, er faktorar som påverkar samarbeidet.

Vi er uroa for korleis sosiale medium blir brukt for å dele informasjon om barnevernssaker og eksponere både barn i barnevernet og tilsette i barnevernstenester og institusjonar. Vi meiner gjentakande negativ omtale kan føre til manglande tillit til tenestene, og at påkjenninga kan føre til at tilsette og leiarar ikkje orkar å stå i det viktige samfunnsoppdraget dei har.

Gravplassloven (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall saker om askespredning og utfallet i disse sakene. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark skal gi en oversikt over antall saker av hver sakstype nevnt i oppdraget og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 461 søknader om oskespreiing i 2025. Vi har innvilga 379 søknader, medan 66 vart avslegne. Ingen av avslaga er klaga på til Barne- og familiedepartementet.

Elles meiner vi i år som tidlegare år at dette er eit felt der det ikkje trengst ein søknadsprosess. Det bør halde med ei eigenerklæring som inneheld kartfesting på lovleg område. Skadeverknaden for samfunnet av brot på lovverket, er liten.

Lov om helligdager og helligdagsfred (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall dispensasjonssøknader, avslag og innvilgjer, jf. § 5 i lov om helligdager og helligdagsfred. Statsforvalteren skal rapportere på antall søknader om typisk turiststed, avslag og innvilgjer.

Vi har fått 18 dispensasjonssøknader etter lov om helligdager og helligdagsfred paragraf 5 i 2025. 16 av søknadene er innvilga, medan to er avslegne. Handel og Kontor klaga på den eine søknaden vi innvilga, og seinare omgjorde Barne- og familiedepartementet denne.

Totalt har vi fått fire søknader om ny eller utvida periode for status som typisk turiststad i 2025, i tillegg til at vi har handsama fire søknader i år som kom inn i 2024. To søknader er delvis innvilga, tre er avslegne. Ved utgangen av året var tre søknader framleis under handsaming.

Godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Statsforvalter skal gjøre en kort, overordnet vurdering av i hvilken grad kommunene har et godt og samordnet tjenestetilbud til utsatte barn og unge og deres familier, herunder hvorvidt lovbestemmelsene om samarbeid og samordning i velferdslovgivningen er kjent og implementert. Det skal gå frem av vurderingen om kommunene ivaretar ansvaret med å beslutte hvilken instans i kommunen som skal ha koordineringsansvaret. Statsforvalter skal også gi en kort vurdering av kommunenes kompetanse om utsatte barn og unge og kommunenes behov for kompetanseutvikling for å sikre et mer samordnet tjenestetilbud.

Det skal fremgå hvordan embetet vurderer hovedutfordringene når kommunene ses under ett. Statsforvalter skal videre gi en kort omtale og vurdering av embetets innsats på området.

Vår vurdering er at trass i stor merksemd på førebygging og samhandling, er det mange barn med samansette og komplekse vanskar som ikkje får nødvendig hjelp til rett tid. Vi ser at nær alle tenester som møter barn med komplekse og samansette behov, blir utfordra, ofte fordi det manglar tiltak som er tilpassa barnas behov. Auken i alvorlege og komplekse saker fører til at tenestene i større grad må løyse kriser, framfor å nytte ressursar på førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Vi meiner vi som samfunn ikkje har lukkast godt nok i arbeidet med å førebyggje og samarbeide i saker der barn har behov for hjelp frå fleire tenesteområde.

Vi har i tråd med mandatet vårt hatt merksemd på dei nasjonale satsingane på tidleg innsats, betre koordinerte tenester, samhandling og nye lovkrav, som førebyggjande plan og barnekoordinator. Vårt inntrykk er at kommunane i stor grad har kjennskap til nye krav og forventingar, og har gjort mykje godt arbeid både med planar, struktur og opplæring for å imøtekomme desse.

Når det gjeld dei kommunale barnevernstenestene er det utfordrande å finne rett balanse mellom tilbod om opplæring, utviklingsarbeid, tilskot og informasjon, når vi veit at fleire barnevernstenester ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å handtere kjerneoppgåvene. Vi har derfor tett dialog med kommunane og dei aktuelle tenestene for å avklare kva dei ønskjer av tilbod og om dei har nytte av tilboda på det aktuelle tidspunktet.

Rapportering på kompetanse- og rekrutteringssituasjonen (fra kapittel 7.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal gi en samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunene, herunder hvordan den regionale koordinatorfunksjonen som ble etablert i 2023 har understøttet kompetanse- og tjenesteutviklingen. Samlet vurdering skal videre inkludere alle helse- og omsorgstjenestene i kommunene, samt den fylkeskommunale tannhelsetjenesten. Herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, tilgangen på desentraliserte deltidsutdanninger i helse- og sosialfagutdanninger.

Tal frå SSB viser også at dei brukarretta årsverka i omsorgstenestene i Vestland framleis aukar. Vi ser størst vekst i dei brukarretta årsverka utan helsefagleg utdanning. Tala kan tyde på at kommunane tilpassar seg endringane som skjer i samfunnet og etterspurnaden etter tenester. Samstundes har kommunane stadig større utfordringar med å rekruttere personell med nødvendig kompetanse til dei ulike stillingane. Dette er ei felles utfordring for både spesialisthelsetenesta og kommunane, og noko helsefelleskapa også har merksemd på.

Vi får rapportar om at kommunar som ikkje klarer å rekruttere sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i pleie- og omsorgstenesta, tilset personell utan helsefagleg utdanning i fagstillingane. Vi vurderer at denne utviklinga kan bidra til å svekke kvaliteten i tenestene, og føre til større risiko. Vi kan ikkje seie at kompetansesituasjonen i pleie- og omsorgstenestene og tenesteproduksjonen har samanheng med arbeidet vårt eller korleis vi har organisert den regionale koordinatorfunksjonen. Vi har ikkje oppretta ei eiga stilling for denne funksjonen, slik vi har gjort nærare greie for i rapporteringspunkt 3.1.1.1.5.1.

Kommunane rapporterer om at ein større del av søkjarane til stillingane i omsorgstenestene har manglande norskkunnskapar og vanskar med å forstå fagspråket. I sakshandsaminga vår har vi sett fleire døme på dette den siste tida. Fylkeskommunen rapporterer om stadig fleire med manglande

norskunnskapar blant dei som søker opptak til helsefagutdanningane. Manglande språkkunnskapar er også bakgrunnen for ein del av fråfallet i vidaregåande opplæring. Vi er uroa for denne utviklinga. Kommunane, fylkeskommunen og dei andre utdanningsinstitusjonane må samarbeide om og følgje opp denne utfordringa på ein betre måte framover.

Pleie- og omsorgstenesta

Også i 2025 søkte kommunane om tilskotsmidlar til kompetansehevande tiltak og utviklingsprosjekt langt utover ramma. Vi vurderer at dette er eit uttrykk for at kommunane har eit stort behov for økonomiske ressursar dersom dei skal klare å heve kompetansen til dei tilsette. Kommunalt kompetanse- og tenesteutviklingsstilskot er eit viktig bidrag i dette arbeidet, og det viser att i talet på utdanna personell.

Tal frå SSB tyder likevel på at det er ein nedgang i årsverka og dekkingsgraden for sjukepleiarar med vidareutdanning innan geriatri/eldreomsorg. Talet på årsverk for sjukepleiarar med vidareutdanning innan psykisk helse og rusomsorg viser ein liten auke, samstundes som årsverka per 10 000 innbyggjarar har gått ned. Dette er kompetanse som blir stadig viktigare i dei kommunale tenestene.

Vi vil følgje opp kompetanseplanlegging og kompetansebehova i kommunane, og leggje særleg vekt på at kompetansetiltaka må samsvare med problemstillingane og behova til pasientane og brukarane. Vi viser her til punkt 3.1.1.1.5.1 og 3.1.3.1.1.1.

Personellutfordringar og meir press på tenestene gjer at kommunane må tenke nytt når dei planlegg framtidens helse- og omsorgstenester. Fleire av kommunane deltek i Tøm-programmet i regi av KS. Mange arbeider med prosjekt der dei endrar organisering og oppgåvedeling i tenestene for å sikre berekraftige tenester i framtida. Endra oppgåvedeling fører ofte til at det er personellet med lågast kompetanse som er nærast pasientane og brukarane. Vi vurderer at dei nye arbeidsmåtene kan føre til større risiko for svikt i tenesteytinga. Det er avgjerande at leiinga har god styring og kontroll, og at kompetansen til personalet blir kvalitetssikra og følgt opp.

Vi ser døme på at kommuneøkonomi og mangel på personellressursar fører til at kommunane justerer omfanget og innhaldet i tenestetilbodet ned til eit minimum. Vi vurderer at enkelte kommunar no utfordrar lovkrava, og leverer tenester på grensa til det uforsvarlege. Vi er svært uroa for denne utviklinga.

Kommunehelsetenesta

Talet på avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar aukar, medan talet på avtalte fysioterapeutårsverk er relativt stabilt. Talet på fastlegelister utan lege i Vestland har også auka dei siste åra, frå 3,9 prosent i 2022 til 5,3 prosent i 2024. For landet samla har denne delen hatt ein nedgang i same periode.

SSB-tala tyder også på at avtalte årsverk i helsestasjonar i kommunane har gått ned siste åra. Dette gjeld både helsesjukepleiarårsverk og årsverk for jordmødrer. Samstundes tyder tala på fleire årsverk for sjukepleiarar og anna helsefagleg utdanning.

Kommunane rapporterer om utfordringar med å rekruttere legar, psykologar og personell med nødvendige vidareutdanningar til dei kommunale helsetenestene. Nokre kommunar samarbeider om jordmorstilling, medan andre kommunar har avtale med spesialisthelsetenesta om jordmortenester i svangerskapsomsorga. Vi vurderer at ulike former for samarbeid er nødvendig for at små kommunar skal klare å ha psykologtilbod og jordmortilbod.

Det kan sjå ut som at kommunane vel å tilsetje personell utan nødvendige vidareutdanningar og kompetanse for å løyse ein del av rekrutteringsutfordringane ved helsestasjonane. Når talet avtalte årsverk avtar, kan det føre til meir press på tilsette med nødvendig fagkompetanse, meir sårbare tenester og større risiko for svikt. Samstundes viser tala til SSB at avtalte årsverk i helsestasjon og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar mellom 0 og 20 år har auka dei siste åra. Dette er truleg som følgje av demografiendringar og færre barn i målgruppa. Det er kjent at stadig fleire barn og ungdom har utfordringar innan psykisk helse og fleire familiar treng støtte og hjelp. Talet på tilsette og kompetansen deira er avgjerande for at barn og familiar får den hjelpa dei treng. Sjølv om tala viser at dekkingsgraden aukar, vurderer vi at det er nødvendig å følgje opp kvaliteten i tenestetilbodet.

Det er framleis kommunar i fylket utan psykolog, jordmor eller ergoterapeut.

Psykisk helse og rus

På nasjonalt nivå har det vore ein nedgang på 1,7 årsverk i tenester innan psykisk helse og rus for vaksne, jamfør IS-24/8. Statistikk syner at Vestland har 4,14 årsverk per 1000 innbyggjarar, noko som er litt over gjennomsnittet for landet. Vi har inntrykk av at kommunane arbeider godt og har utvikla system for prioritering av ressursfordeling. Vi får fleire klager på tildeling av tenester no enn tidlegare. Dette vurderer vi som ei god utvikling, då personar med psykisk lidning og rusutfordringar er ei sårbar gruppe, der pårørende ofte har stor psykisk belastning. Vi erfarer at kommunane har blitt betre på å prioritere ressursane, men at dei treng rettleiing og støtte for å utvikle berekraftige tenester for framtida. Vi bidrar med rettleiing gjennom klagesakshandsaming, per telefon og ved deltaking i møte.

Fylkeskommunal tannhelseteneste

Tannlegeårsverk utan spesialitet har ikkje endra seg det siste året, medan talet årsverk for tannlegar med spesialitet har gått ned med to årsverk. Talet årsverk for tannpleiarar i den offentlege tannhelsetenesta i fylket auka frå 82 årsverk i 2023 til 91 årsverk i 2024. Tal årsverk for tannhelsesekretærar har også auka med tre. SSB-tala tyder på at det siste året har vore ein liten nedgang i talet årsverk for tannlegar og tannhelsesekretærar i den private tannhelsetenesta i fylket. Vi vurderer ut frå dette at tannhestetilbodet i fylket held seg relativt stabilt. Vi får tilbakemelding om at det også er utfordrande å rekruttere tannhelsepersonell til ledige stillingar i den fylkeskommunale tannhelsetenesta.

Utdanningstilboda i fylket

Vi vurderer at utdanningstilboda i Vestland er gode. Høgskulen på Vestlandet har utdanningstilbod innan sjukepleie, vernepleie og sosialfag på fleire

studiestader i fylket, der dei to første har vore tilbydd både som heiltids- og deltidstudanningar. Fylkeskommunen har ulike utdanningstilbod innan helse og omsorg på vidaregåande-nivå, både for ungdom og vaksne. Det er også fleire tilbod om etterutdanning hos fagskulane i fylket.

Utdanningsinstitusjonane rapporterer om nedgang i søkjartala til helse- og omsorgsfaga, både på vidaregåande- og høgskulenivå. Det er ikkje nok elevar til å oppretthalde klassar. På grunn av færre søkjarar har høgskulen redusert det desentraliserte studietilbodet. Vi vurderer at dette ikkje samsvarar med kompetansebehovet i tenestene. Vi meiner at alle partar må leggje til rette for å bidra til at tilsette som ønskjer å ta desentralisert deltidstudanning, får høve til dette.

Samstundes rapporterer høgskulen om fleire søkjarar til sjukepleiarutdanninga etter at inntakskrava vart endra. Vi er uroa for om dette kan få følgjer for kvaliteten på utdanninga og kompetansen til sjukepleiarane som blir utdanna. Vi meiner vi bør ha ekstra merksemd på denne utviklinga framover.

Kommunane ønskjer meir tilrettelagde utdanningar ut frå lokale behov og meir desentralisert undervising for tilsette som alt er i arbeid. Både kommunane og høgskulen problematiserer omfattande praksiskrav for å få studieplass. I tillegg rapporterer både kommunane og utdanningsinstitusjonane om utfordringar i samband med at stadig fleire søkjarar har manglande språkkompetanse og kulturforståing.

Vi vurderer at dei tradisjonelle tilboda ikkje er nok for å dekke kompetansebehovet i dei kommunale tenestene. Det er behov for fleire utdanningsretningar og måtar å utdanne seg på. Det er også behov for fagleg påfyll til alle tilsette på ein systematisk måte, også dei utan fagkompetanse. Nok praksis- og læreplassar er framleis eit aktuelt tema. For å redusere fråfall har lærlingar i helsearbeidarfaget behov for betre rettleiing og støtte i praksisperioden. Nye modellar for å rettleie studentar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene kan bidra til å styrke kvaliteten på praksisen.

Vi meiner at utdanningsinstitusjonane framleis ikkje er fleksible nok i tilrettelegginga av utdanningstilboda slik at dei samsvarar med dei demografiske endringane og behova i kommunane. Behovet for personell vil auke. Tiltak som gir tilsette, elevar og studentar god kompetanse i norsk språk og kultur, er avgjerande for kvaliteten i tenestene. Mange av kommunane kan bli betre til å samarbeide, både med andre kommunar og utdanningsinstitusjonane om opplærings- og utdanningstiltak. Vi ser at ein del kommunar er i gang med slike samarbeid. Vi meiner at økonomi ikkje bør vere eit hinder for å utvikle fleire løysingar og tiltak som kan sikre nok personell med nødvendig kompetanse i dei kommunale tenestene.

Tilsyn (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten redegjøre for tilsyn med verger og blant annet beskrive:

- risikovurderinger i forkant av tilsyn
- funn i tilsyn
- oppfølging av verger og tiltak statsforvalteren har iverksatt på bakgrunn av tilsyn

I 2025 har vi arbeidd med tilsyn på same måte som i 2024, og i samsvar med den felles rutinen som er utarbeidd mellom embeta.

Vi startar tilsynsaktivitet når vi

- får ei uromelding om at verja ikkje tar hand om interessene til verjehavaren på ein god nok måte
- gjer funn i rekneskapskontrollen
- avdekkjer forhold gjennom sakshandsaminga som tilseier at verja ikkje utfører oppdraget på ein tilfredsstillande måte

I 2025 har vi oppretta 211 tilsynsaktivitetar, der 101 var hendingsbaserte (uromeldingar), 77 gjaldt verjerekneskap og 33 var eigeninitierte.

Etter at vi har gjort innleiande undersøkingar, vurderer vi om det er grunnlag for å starte tilsyn med verja. Det avgjerande er om det ligg føre opplysingar som tilseier at verja ikkje utfører oppdraget i samsvar med mandat, forskrift eller lov.

I 2025 har vi starta tilsyn i 54 saker, der 12 tilsyn var hendingsbaserte, 23 gjaldt verjerekneskap og 19 tilsyn var eigeninitierte. Erfaringa vår er at uromeldingane ofte gjeld misforståingar om kva som ligg til verjerolla, og kva verja kan hjelpe med. Dette er årsaka til at vi berre har starta tilsyn i 12 av dei 101 sakene som gjaldt uromeldingar.

I tilsyna har vi avdekt:

- Sjølvrådetretten til verjehavaren blir ikkje alltid varetatt.
- Verja følgjer ikkje godt nok overfor institusjonen.
- Samarbeidsutfordringar mellom verja og andre partar, til dømes institusjon/bufellesskap, som går ut over varetakinga av interessene til verjehavaren.
- Verja har ikkje tatt hand om økonomien til verjehavaren på ein tilfredsstillande måte, til dømes ved at rekningar og løpande utgifter ikkje er betalte, eller at verja feilaktig har sagt opp forsikring på egedelar.
- Manglande innsending av dokumentasjon, særleg rekneskapsdokumentasjon og manglande forklaring på disposisjonar.
- Verja har ikkje alltid henta inn samtykke i forkant for disposisjonar som krev samtykke frå oss.

Avhengig av resultatet av tilsynet vurderer vi kva tiltak som må setjast i verk. Det kan til dømes vere

- å gi verja rettleiing og opplæring

- at vi gjennomfører kontroll av rekneskapen året etter for å sjå at verja har retta seg etter føringane
- at vi tar frå verja oppdraget

I tilsynssaker som gjeld faste verjer, har vi i nokre tilfeller avgjort at verja ikkje får tilbod om nye oppdrag for ein periode eller permanent, eller at vi har sett ei grense for kor mange oppdrag det er forsvarleg at verja har. I alvorlege saker, der vi mistenker at verja har gjort underslag, melder vi verja til politiet. Det har vi gjort ved eitt tilfelle i 2025.

Vergers kompetanse (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten gi en overordnet vurdering av vergers kompetanse og opplæringsbehov. Risikovurderinger, gjennomførte og planlagte tiltak skal beskrives, samt opplevde og forventede effekter.

Vi opplever at dei faste verjene og dei alminnelege og nærstående verjene har ulike behov for opplæring og kompetanseheving.

Dei faste verjene har vore gjennom ei grundig opplæring. Dei blir jamleg kalla inn til individuelle samtaler, og har tilgang til ei eiga telefonlinje til oss. I tillegg gjennomfører vi ei fagleg samling for faste verjer kvart år. I 2025 har vi hatt to slike samlingar. Som følgje av desse tiltaka vurderer vi at dei i hovudsak har tilstrekkeleg med kompetanse til å handtere verjeoppdraga på ein god måte.

Vi vurderer at opplæringsbehovet er noko mindre for dei nærstående og alminnelege verjene, ettersom dei stort sett berre har eitt verjeoppdrag, og oppdraget er for nokon dei kjenner. Likevel ser vi at ein del ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap om og forståing for verjerolla. Vi rettleier verjene i enkeltsaker ved behov, og viser til e-læringskurser, men vi har ikkje ressursar til å drive større opplæringsarbeid for desse, sjølv om vi ser at det ville vore føremålsteneleg. Grunna talet på nærstående og alminnelege verjer, dei geografiske avstandene i fylket og ulik digital kompetanse hos verjene, er det utfordrande å lage eit opplæringsopplegg som vil nå ut til dei som treng det.

Fratakelse av rettslig handleevne (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal i årsrapporten anslå gjennomsnittlig tid fra midlertidig vedtak om fratakelse av rettslig handleevne er fattet, og til saken er oversendt tingretten.

I 2025 har vi hatt 55 saker om fråtaking av rettsleg handleevne til vurdering, 17 saker i tingretten og fem saker i lagmannsretten. Vidare har vi hatt sju saker der vi har tatt mellombels avgjerd om fråtaking av rettsleg handleevne før saka vart sendt til tingretten. Sakshandsamingstida i desse sakene var i snitt 66 dagar. Vi har brukt lang tid i tre av sju saker, og det har vore med på å trekke opp den gjennomsnittlege handsamingstida.

Vi har i store delar av 2025 vore pressa på saker som gjeld fråtaking av rettsleg handleevne. Årsaka er den store auken i saksmengde på dette området, og at vi har mista ein avgjerande ressurs, som det tar tid å erstatte. I tillegg har prioriteringa av oppretting av verjemål for vaksne verka inn på handsamingstida. Vi har difor ikkje klart å sende mellombelse avgjerdar til tingretten straks. Vi vil i 2026 arbeide systematisk med å oppfylle kravet, mellom anna ved å setje inn fleire ressursar.

Vergemål

Betegnelse på rapporteringskrav	Anslått saksbehandlingstid (i dager)
Saksbehandlingstid - oversendelse av midlertidige vedtak om fratakelse av rettslig handleevne	66

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader i 2025, fordelt på henholdsvis rettsråd og sakførsel. Statsforvalteren skal i tillegg rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og antall restanser.

Det skal også gjøres en vurdering av overordnet status på rettshjelpsfeltet. Analysen skal inneholde en vurdering av effekten av innføring av ny modell for økonomisk behovsprøving.

I 2025 har vi fått 425 søknadar om fritt rettsråd. Av desse vart 179 innvilga heilt eller delvis og 156 vart avslått. Vi har avslått 43 søknader på grunn av økonomi, 109 av andre grunnar og sju på grunn av ein kombinasjon mellom økonomi og andre grunnar.

Vi fekk 46 søknader om fri sakførsel og av slo 26 av desse, sju på grunn av økonomi, 18 av andre grunnar og ein på grunn av ein kombinasjon.

Vi har utbetalt kr 15 474 540,75 etter lov om fri rettshjelp i 2025. Av dette gjeld kr 5 528 324,53 saker som er handsama i kontrollkommissjonen for psykisk helsevern og kr 9 946 216,22 gjeld fritt rettsråd.

Vi ser ein auke i klager på negative vedtak om asyl. I 2025 utbetalte vi 101 slike saker, mot 36 saker i 2024. I tillegg ser vi ein auke på utbetaling til

kontrollkommisjonen, frå 393 saker i 2024 til 473 saker i 2025. Forbruket for 2025 er likevel totalt sett innanfor det forventa.

I 2025 har vi vore tungt involverte i arbeidet med utvikling av ei ny digital løysing for innsending av søknader om fri rettshjelp, og ei ny elektronisk sakshandsamingsløysing.

Det er for tidleg å seie noko sikkert om effekten av den nye modellen for økonomisk behovsprøving. Vi ser at innføringa potensielt kan gjere sakshandsaminga enklare og meir effektiv i dei sakene der økonomien ikkje er endra frå førre skattemelding. Samstundes er det meir manuell sakshandsaming enn tidlegare, fordi vi må skrive vedtak om eigenandel i alle behovsprøvde saker. Vi er derfor usikre på om løysinga bidreg til meir effektiv sakshandsaming totalt sett.

Den nye modellen for økonomisk behovsprøving har førebels ikkje ført til vesentleg fleire saker. I perioden frå lansering den 15. oktober 2025 fram til 31. desember 2025 fekk vi 59 søknader og 78 eigeninnvilga vedtak etter nytt regelverk. I tillegg fekk vi 58 søknader og 125 eigeninnvilga vedtak etter gamal ordning. Totalt blir dette 320 inngåande vedtak og søknader. For same periode i 2024 fekk vi totalt 310 eigeninnvilga vedtak og søknader.

Retts hjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkome søknader	1 506	1 460	46
Innvilgede søknader	1 145	1 139	6
Avslåtte søknader	186	159	27

Innkome søknader syner til søknader om fritt rettsråd, stykkprissaker og søknader om fri sakførsel. Arbeidsoppgåver frå kontrollkommisjonen og krav frå tolkar er ikkje tatt med. Innvilga søknader om fritt rettsråd syner til utbetalte eigeninnvilga vedtak og søknader som vi har innvilga og utbetalt. Talet omfattar ikkje dei søknadene vi har innvilga, men enno ikkje utbetalt. Desse går ikkje fram av økonomirapporten, som er den sikraste kjelda vi har til å telje både innvilga eigeninnvilga vedtak og innvilga søknadar. Vi har òg søknader frå 2025 som enno ikkje er handsama eller som ikkje er formelt avslåtte/avviste fordi vi ventar på dokumentasjon.

Retts hjelp 1.2 - Saksbehandlingstid og antall restanser

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (uker)	4
Antall restanser	51

Sakshandsamingstida for søknader har variert gjennom året frå ei til åtte veker. For stykkprissaker og utbetaling til kontrollkommisjonen har sakshandsaminga vore ei til to veker. Talet på restansar syner søknader og stykkprissaker kor sakshandsaminga ikkje har starta.

Samfunnssikkerhet i plan (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Samfunnssikkerhet i plan

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hvilke forventningar til samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven er formidlet til kommunene?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivaretatt i kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet etter plan- og bygningsloven?
- Hvordan vurderer Statsforvalteren at deres bistand er ivaretatt i integrering av funn fra helhetlig ROS i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel?

Vi gir tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, inkludert forventingar til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn (ROS-analyse) i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga viser vi til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSB-rettleiaren Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging, men òg meir fagspesifikke rettlearar frå mellom andre DSB og NVE. Vi viser vidare til mellom anna Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 og relevante kunnskapskjelder, inkludert kommunane sine egne ROS-analysar.

Vi har inntrykk av at kommunane tar til seg innspela våre og at dei gjennomgåande er gode på å vidareformidle til plankonsulentar kva forventingar vi har til varetaking av samfunnstryggleiksomsyn i planlegginga. Det resulterer i at samfunnstryggleiksomsyn no blir følgt opp i alle plansaker, inkludert planprogram.

Naturfare og klimaendringar er sentrale vurderingstema i så å seie alt planarbeid, men framleis har fleire kommunar eit forbetningspotensiale innan ROS-analysar på verksemdsbasert risiko, og ikkje minst viljestyrte hendingar. Derfor understrekar vi ofte i fråsegnene våre at dette må vere ein del av ROS-arbeidet når det er relevant.

Ved slike høve forsøker vi å rettlege kommunane (og plankonsulentane) om kva forventningar og krav som ligg i lov- og forskriftsverk og rettlegingar. I fleire av desse sakene har vi òg rettlegingssamtalar og møte med kommunane.

Vidare gir vi tilbakemelding på alle planar som er til offentleg ettersyn eller høyring. ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. Vurderinga vår er at kommunane i det store og heile følgjer opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenivået er noko varierende. Vi ser òg at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i ROS-analysar. Dei feila og manglane vi finn, blir i hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på**Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter**

Statsforvalteren bes rapportere på:

Hva er status for opprettelse av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter i kommuneplan (alternativt i reguleringsplan) hos kommunene som har storulykkevirksomheter?

- Angi gjerne hvilke kommuner som har opprettet hensynssoner i kommuneplanen (eller ivaretatt dette tilstrekkelig på annen måte).
- Angi gjerne hvordan kommunen sørger for at informasjon om eksplosivanlegg ikke gjøres allment tilgjengelig i kommunens arealplaner.

Hvilke tiltak gjør statsforvalteren overfor kommunene for å oppnå målet om etablering av hensynssoner rundt storulykkevirksomheter, herunder etablering av nye storulykkevirksomheter?

Vi sjekker alle arealplanar opp mot DSB si oversikt over verksemdar som er underlagde storulukkeforskrifta. Dette er eitt av fleire punkt vi har merksemd på i fråsegnar til melding om oppstart av planarbeid og ved offentleg ettersyn. Vi diskuterer elles temaet hyppig, både i dialogmøte og andre samtalar med kommunane.

I utgangspunktet forventar vi at kommunane ser til at det blir teikna inn omsynssoner kring storulukkeverksemdar i alle plankart, og vidare at dette blir følgt opp med tilhøyrande planføresegner. Samstundes har vi forståing for at einskilde kommunar av tryggleikssyn ikkje ønskjer å leggje slik informasjon offentleg tilgjengeleg i til dømes plankart og/eller planføresegner.

Sjølv om vi følgjer opp problemstillinga i alle arealplansaker, har vi ikkje ført lister over kva kommunar som har oppretta omsynssoner kring storulukkeverksemdene og ikkje, og eventuelt på kva andre måtar omsyna er varetatt.

FylkesROS og oppfølgingsplan (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)**Rapportere på****FylkesROS**

Statsforvalteren skal:

- Redegjøre for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan
- Redegjøre for om uønskede hendelser i en sikkerhetspolitisk situasjon og/eller væpnet konflikt er inkludert i fylkesROS.
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for egen beredskap?
 - Legges funn og oppfølging av tiltak til grunn for samordnet beredskapsplanlegging i totalforsvaret regionalt?
- Redegjør for hvordan nye risikoer som følge av overgang til nye energibærere er inkludert i fylkesROS
- Redegjør for om og på hvilken måte kommunene har inkludert sikkerhetspolitisk krise og/eller krig som tema i kommunenes arbeid med og oppfølging av helhetlig ROS

Status FylkesROS

FylkesROS og oppfølgingsplanen var ferdig ved årsskiftet 2023/2024. Planen er tema på det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet og eit viktig grunnlag for den interne verksemdsplanlegginga vår.

Den tryggleikspolitiske situasjonen var ikkje tema i hovudrapporten til FylkesROS. I 2024 fullførte vi arbeidet med ein tryggleiksgradert scenarioanalyse for Vestland. Den er eit viktig grunnlag for arbeidet i mobiliseringsrådet (jf. punkt 3.2.1.4.1.3), der oppfølginga av tiltaka er fast tema og planen blir oppdatert ved behov.

I 2025 har vi ferdigstilt eit tilleggsscenario med matvareberedskap som tema. Analysen vart laga i samarbeid mellom landbruksavdelinga og beredskapsseksjonen, og er eit nyttig grunnlag for vidare arbeid med dette temaet i fylket.

Risiko som følgje av overgang til nye energibærarar

Det grøne skiftet er omtala i kapittelet om farlege stoff i FylkesROS. Der har vi omtala risiko, forventingar, konsekvensar for lokal beredskap, og mogleg førebyggjande arbeid for å bidra til betre forståing for risikopotensialet i det grøne skiftet.

Tryggleikspolitisk krise og krig i heilskapleg ROS

Nokre kommunar har begynt å inkludere tryggleikspolitisk krise og krig i sine heilskaplege ROS-analysar. Mange etterspør rettleiing om korleis dei skal gjere dette, og særleg kva som er forventingane til temaet og innhaldet i ein slik analyse. Ei anna problemstilling er kva informasjon som kan gå fram av ein analyse som blir skriven i ugraderte system. Ingen av kommunane i Vestland har digitale system som er godkjende for å behandle gradert informasjon.

Dei kommunane som har inkludert tryggleikspolitiske scenario, har det gjerne som eit overordna tema eller eit tilpassa scenario. Dei skildrar roller og

ansvar, og korleis hendingar i det øvre krisespekteret kan utløyse andre uønskte hendingar som er omtala i den heilskaplege ROS-analysen til kommunen.

Kommunal beredskapsplikt - overordnet beredskapsplan (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal redegjøre for om beredskapsplaner for storulykkevirksomheter er samordnet og integrert med overordnet beredskapsplan.

Under tilsyn med kommunar som har storulykkeverksemdar, tar vi alltid opp kravet om samordning av beredskapsplanar mellom verksemdene, kommunane og naudetatane. Vi gir og innspel om dette når vi har saker om etablering av nye storulykkeverksemdar på høyring, eller når endringar krev ny godkjenning.

Hovudintrykket vårt er at det i mange kommunar er for lite medvit om risikopotensialet i storulykkeverksemdar, og at det er for dårleg samordning av beredskapsplanar mellom storulykkeverksemda og kommunen. Vi vil difor halde fram med å ha merksemd på dette temaet.

Miljøkriminalitet (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Rapportering på antall anmeldte lovbrudd.

Vi har ikkje meldt lovbrøt til politiet i 2025. Vi viser til tabell sendt til Miljødirektoratet 5. februar 2026.

Vi har ikkje hatt saker med bruk av lovbrotsgebyr i 2025.

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst pr. miljøtema (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

Rapportering på antall innsigelsessaker fremmet og løst per miljøtema for 2024.

Vi har fått beskjed frå Miljødirektoratet om at vi kan sjå bort frå dette rapporteringskravet for 2025.

Spesifikk omtale av arbeid med fornying og innovasjon (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal:

- gi en spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene.
- redegjøre kort for fordeling av skjønnsmidlar til formålet, herunder rapportering i søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn, og formidling av resultatene.
- gi en omtale av resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysning av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling, og lenke til den felles søknads- og rapporteringsportalen Prosjektskjønn. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg framleis i embetet vårt. Vi brukar derfor også noko tid på å rettleie andre embete, i tillegg til rettleiing av kommunar, informasjon på fagdagar hjå departementet, og til å halde ved like og utvikle portalen saman med STAF. Kommunane blir i eige brev i august kvart år inviterte til å søkje om prosjektmidlar for det komande året, med søknadsfrist rundt 1. november.

Vi legg vekt på at kommunane har ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan, og at dei gjer greie for utfordringane sine. Dei må vise til målsetjingane for prosjektet, og dessutan gjere greie for aktuelle verkemiddel eller løysingar dei skal prøve ut. Det blir ikkje gitt tilskot til å utføre ordinære driftsoppgåver. Vi har presisert for kommunane at god formidling av prosjekta er viktig, også for å syne det som blir oppnådd. Vi legg også ut informasjon på nettstaden vår om dette.

Vi legg vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi. Prosjektet bør òg gi klare kvalitetsforbetringar eller effektivitetsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt.

I Vestland vart det i 2025 fordelt 13,4 mill. kroner i prosjektskjønn. Vi fekk 63 søknader, og vi løyvde midlar til 33 av prosjekta i den ordinære fordelinga.

Fornyingsmidlane vart fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i kroner):

Helse og omsorg: 3 050 000 kroner

Barnehage og skule: 1 150 000 kroner:

Utsette barn og unge: 2 900 000 kroner

Digital forvaltning: 1 100 000 kroner

Interkommunalt planarbeid: 1 650 000 kroner

Samfunnstryggleik: 500 000 kroner

Klima: 2 550 000 kroner

Andre føremål: 500 000 kroner

Totalsum: 13 400 000 kroner

Totalsummen er i samsvar med beløpet for samla fordeling i portalen.

Når prosjekta er ferdige, evaluerer vi kvart prosjekt. Dette kjem fram på den offentlege sida i Prosjektskjønn, med eventuelle kommentarar vist for kvart prosjekt. Vi har ein rapporteringsfrist kvart år (rundt 1. februar), og har oppfølging på rapporteringa når rapporterings-perioden er ute.

Vi vil trekkje fram følgjande prosjekt særskilt for 2025:

a) Betre samhandling og forsvarlegheit i helseoppdrag for brann og redningspersonell i øysamfunn og andre geografiske område

Prosjektet fekk 600 000 kroner i tilskot. Kvinnherad er søkjarkommune. Samarbeidspartnarar er kommunane Bømlo, Fitjar, Haugesund og Stord.

Det er fleire kommunar som opplever at brann- og redningsfolka i kommunen blir brukte til helseoppdrag som primært er meint for ambulanspersonell. Dette gjeld i stor grad for øysamfunn. Prosjektet legg vekt på å klargjere ansvars- og rollefordeling mellom brann-vernet, AMK og helseføretaket. Dei ønskjer å utvikle prosedyrar for forsvarleg transport og ressursutnytting. Målsetjinga er å trygge innbyggjarane om at dei får forsvarleg helsehjelp, og at dei som oppheld seg i kommunen er varetatt i alle beredskapssamanhengar. Prosjektet kartlegg eksisterande utfordringar med rolla brannvesenet har i helseoppdrag og gjennomfører risiko- og sårbarheitsanalyse av den akuttmedisinske kjeda.

Vi vurderer dette som eit godt samhandlingsprosjekt, både mellom kommunar og etatar, med vurdering av rolla til brann- og redningspersonell i helseoppdrag i kommunane.

b) Felles forvaltningsplan Hardangerfjorden

Prosjektet fekk 400 000 kroner i tilskot. Eidfjord er søkjarkommune. Samarbeidspartnarar er Hardangerrådet IKS og kommunane Voss, Ullensvang, Ulvik og Kvam.

Bakgrunnen for prosjektet er behov for innleige av fagkonsulent for å utarbeide felles planverk for Indre Hardangerfjord. Grunnlaget for å starte opp eit interkommunalt planarbeid med kommunane kring Hardangerfjorden er å sjå heilskapen i fjordforvaltinga. Det blir innhenta informasjon om tilhøva i fjorden og bruk av fjorden på tvers av kommunegrenser for å sjå på den total belastninga.

Arbeidet er eit interkommunalt samarbeid der planen skal utformast etter kap. 9 i plan- og bygningslova: Interkommunalt plansamarbeid. Planen skal gi kommunane kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til arealbruk i sjø og relevant strandsone. Planverket blir viktig for å sikre tilstrekkeleg kunnskap om vassområdet for korrekt forvaltning. Planverket skal synleggjere behov og utfordringar i dei ulike kommunane, og vil med dette bidra til erfaringsdeling mellom kommunane.

c) Ny strandsoneutvikling

Prosjektet fekk 400 000 kroner i tilskot. Etne er søkjarkommune. Bømlo kommune er samarbeidspartnar.

Prosjektet har mål om ei meir berekraftig og samordna strandsoneforvaltning i region Sunnhordland. Det er òg ei målsetjing at arbeidet kan nyttast inn i arbeidet med areal- og samfunnsplanar. Prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar, og kan føre til ei meir føreseieleg politisk handsaming i kommunane.

Strandsoneforvaltning er eit viktig plantema for alle kommunane i Sunnhordland. Strandsona er svært attraktiv, både med tanke på bustader, næringsliv, fritidsbustader, urørt natur, friområde og rekreasjon. Utfordringar og praktiske problemstillingar skil seg ofte frå andre delar av landet, eller frå sentrale strøk i eige fylke. Det er ei politisk utfordring at kommunane i regionen ikkje har hatt ei meir samordna forvaltning på dette området. Meir plansamarbeid om strandsone er ønskt både lokalt og nasjonalt og dekkjer eit viktig behov i forvaltinga.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av statsforvalteren, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

Det skal også gis en kortfattet omtale av statsforvalterens arbeid med anmodninger om å gjennomføre lovlighetskontroller av eget tiltak samt utviklingstrekk og utfordringer statsforvalterne ser i lovlighetskontrollsakene.

Vi viser til tabellen.

Vi får få førespunader om å gjere lovlegkontrollar av eige tiltak, men dei vi får er ofte frå privatpersonar. Mengda av slike krav har vore relativt stabil dei siste åra, og utgjør ikkje store sakstal.

Nokre er ikkje kjende med reglane, andre har kjepphestar dei ønskjer å få gjennom. Det kan òg kome saker der Statsforvaltaren ikkje har myndigheit.

Vi nyttar rundskriv H-2299. Dei fleste slike førespunader vert avgjorde ut frå føringane om at det skal vere høg terskel for å gjere lovlegkontroll av eige tiltak.

Det er ikkje grunngjevingsplikt for avgjerder om å ikkje gjere lovlegkontroll, men vi svarar alle, og der det er nyttig, gir vi ei generell regelverksrettleiing om problemstillinga dei tek opp.

Vi viser også til grundigare gjennomgang av dette i svaret vårt til Sivilombodet den 21. februar 2025, i deira sak 2025/401, og til vårt innlegg om dette på juridisk fagdag 19. mars same året.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	17	7	24
På eget initiativ	0	0	0

I tillegg har vi avvist seks krav om lovlegkontroll etter klage fordi dei formelle vilkåra for kontroll ikkje var oppfylte.

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.2.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren.

Vi har som tidlegare år også i 2025 rettleia om fleire tema, mellom anna økonomireglane, reglane om habilitet og møteoffentlegheit, og reglane om nyval til folkevalde organ.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av hvilken bistand de har gitt og hvilke tema de har veiledet kommunene om når det gjelder interkommunalt samarbeid. Statsforvalterne skal også, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en overordnet vurdering av utfordringer og fordeler/muligheter med det interkommunale samarbeidet i fylket, for eksempel om det er områder hvor statsforvalterne mener det er nødvendig med mer samarbeid og om samarbeidet i fylket burde organiseres annerledes.

I 2024 har det vore seks interkommunale politiske råd i Vestland:

- Fjordane
- Sogn
- Hardanger
- Nordhordland
- Sunnhordland

Aktiviteten i desse varierer. Nokre av dei arbeider godt med opplæringsprogram som er felles for folkevalde og administrasjonen. Vi held ofte faglege innlegg i desse.

Det er seks kommunar i Vestland som ikkje er medlem av noko interkommunalt politisk råd.

Vi har omfattande interkommunale samarbeid på ei rekkje felt i fylket, mellom anna innanfor

- Nav-kontor
- barnevern
- barnevernsvakt
- legevakt
- renovasjon
- miljøretta helsevern
- brann og redning
- landbruksforvaltning
- kontrollutvalssekretariat
- IKT-drift
- krisesenter
- 110-sentral og responscenter for velferdsteknologi
- PP-teneste

Organiseringsformene for samarbeida varierer.

For kjerneoppgåvene til kommunane, som skule og barnehage og helse og omsorg, er det mindre av interkommunale samarbeid.

Vi har i avgrensa grad oppmoda til interkommunale samarbeid siste åra. For nokre år sidan oppmoda vi særleg til samarbeid om barnevern og barnevernsvakt. Vi har meir aktivt oppmoda til samarbeid om søknader om prosjektskjønnsmidlar. Til dømes har vi dei siste åra løyvd prosjektskjønnsmidlar til opplæringsprogram i nokre av dei interkommunale politiske råda, og til interkommunale plansamarbeid, særleg for sjøareal.

Behandling av klager på kommunenes vedtak etter offentleglova (fra kapittel 7.3.6.2.4 i TB)

Rapportere på

Statsforvalterne skal gi en kortfattet omtale av eventuelle klagesaker etter offentleglova som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet hos statsforvalteren, og inntrykket av totalomfanget av klagesaker etter offentleglova.

Klagesaker etter offentleglova skal prioriterast, men på grunn av stor auke i talet på saker, har det i periodar vore krevjande å handsame sakene så raskt som vi ønskjer. Det har derfor vore naudsynt å sette inn fleire ressursar på fagområdet i løpet av året.

I 2025 har vi fått inn 108 klagesaker mot 70 saker i 2024 og 59 saker i 2023. Vi har handsama 96 klagesaker, der vi har tatt klagene til følgje og gjort om eller oppheva vedtaket frå førsteinstansen i 27 av sakene.

Vi ser ein klar auke i klager på krav om innsyn i varslingsaker, og dette er ofte omfattande saker med lang historikk. Slike saker har ofte ei side til oppseiingssaker i tillegg. Krav om innsyn er ofte berre ein del av fleire andre forhold i desse sakene, der til dømes påstandar om brot på forvaltingslova og GDPR-regelverket kjem i tillegg. Dette gjer det ressurskrevjande både for kommunane og oss som klageinstans å få oversikt og sortere ut det som er relevant for retten til innsyn etter offentleglova.

Fleire klagesaker gjeld krav om innsyn i kommunale dokument, der det i tillegg vert sett fram påstandar om sakshandsamingsfeil i underliggjande saker dokumenta er ein del av. I tillegg vert vi ofte bedt om å føre lovlegkontroll med verksemda til kommunen, til dømes i tilsettingssaker og politiske saker. Dette kan vere konfliktfylte saker, der spørsmålet om retten til innsyn berre er ein mindre del av sakskomplekset. Det krev ofte mykje ressursar å følgje opp slike saker, både hos kommunane og for oss som klageinstans.

Mange av klagesakene gjeld krav om innsyn i tilbodsdocument, der det vert klaga på delvis innsyn og på for omfattande sladding av opplysningar. Dette er ofte saker med stor dokumentmengde, og kan vere ressurskrevjande å handsame.

Elles har vi ein del saker som gjeld krav om innsyn i intern kommunikasjon hos kommunane og påstandar om manglande journalføring. Her kan vi særskilt nemne ei sak om innsyn i interne e-postar hos Bergen kommune, der vi etter klage og fråsegn frå Sivilombodet, valde å gjere om vårt stadfestingsvedtak i klagesaka og innvilga meirinnsyn.

Nokre kommunar får mange og omfattande innsynskrav frå enkeltpersonar, ofte i same sakskompleks. Dette er saker som krev mykje ressursar både hos kommunane og for oss som klageinstans.

Mange klagar direkte til oss på grunn av manglande svar og lang sakshandsamingstid hos kommunane. Vi brukar mykje ressursar på å følgje opp slike klager. Vi har også hatt dialogmøte med enkelte kommunar i løpet av året som har ønskt å få generell rettleiing og råd om handsaming av innsynsklager.

Oppsummert så ser vi ein stor auke i tal klagesaker på dette fagområdet, som krev stadig meir ressursbruk frå vår side.

Statsforvalterembeter som samordner statlig innsigelse (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på statsforvalterens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Vi er framleis på tilbodssida når det gjeld bruk av dialogmøte før det er aktuelt å fremje formell motsegn. Vi har i 2025 gjennomført om lag 40 dialogmøte som ledd i samordningsfunksjonen.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har <u>oversendt</u> innsigelse til statsforvalteren	2. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>løst</u> før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelsene fra andre statlige etater er <u>avskåret</u> av statsforvalteren	4. Antall planer med innsigelse fra statsforvalteren og andre statlige etater <u>fremmet</u> for kommunen
Antall planer totalt	24	6	0	27
Statsforvalteren	0	0	0	22
Avinor				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	0	0	0	0
Forsvarsbygg				
BaneNor	2	0	0	2
Kystverket	1	1	0	1
Luffartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	16	7	0	6
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	12	1	0	9
Statsbygg				

Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, skuldast ofte anten at kommunen har takka nei til dialog eller at planane framleis ikkje er feidistilte enno etter dialog. I ein stor del av planane der det er fremja motsegn for kommunen er mange av motsegnspunkta likevel løyste som resultat av dialog, slik at kvar plan ofte inneheld færre motsegnspunkt når dei går til kommunen. Ei feilkjelde kan vere ufullstendig føring i planlista/oversikta vår.

Rapportering i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer byggesaker i SYSAM - rapporteringsløsningen for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har handsama 645 byggesaksklager i 2025. I alt 375 av desse (58 prosent) vart handsama innan 12 veker.

Vi har hatt ein del sjukefråvær i 2024, kombinert med at vi ikkje har vore fullt bemanna. I 2025 har vi dessutan hatt fleire rettssaker. Dette har bandlagt mykje ressursar.

Vi er difor særns nøgde med at vi i 2025 har hatt ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 83 dagar, og at vi har bygd ned restansen på byggesakene med om lag 40 prosent, frå 188 ubehandla saker i januar, til 113 saker ved utgangen av desember.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
645	125	270	33	7	0	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle statsforvalterne rapporterer plansaker i SYSAM-ny rapporteringsløsning for statsforvalterne.

- Av årsrapporten skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har handsama 57 klager på reguleringsplan i 2025. I alt 30 av sakene (53 prosent) vart handsama innan 12 veker.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	57
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	98
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	27
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	6

Forsterket innsats for dem som ikke selv klarer å skaffe seg eller beholde en egnet bolig (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bes om å vurdere stat og kommunes innsats for de som ikke selv klarer skaffe seg og beholde en egen bolig, jf. omtale i Meld. St. 13 (2023–2024) Bustadmeldinga.

Hjelpetekst:

2024 var siste år for den nasjonale strategien for sosial boligpolitikk "Alle trenger et trygt hjem". Strategien hadde tre prioriterte innsatsområder (ingen skal være bostedsløse, barn og unge skal ha gode boforhold og personer med nedsatt funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velge hvor og hvordan de bor). Disse er videreført gjennom det boligsosiale innsatsområdet «Forsterket innsats for dem som ikke selv klarer å skaffe seg eller beholde en egnet bolig» i Meld. St. 13 (2023-2024) Bustadmeldinga Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet.

Det bes om en vurdering av utviklingen av samarbeidet mellom stat og kommune om de tre prioriterte innsatsområdene i etterkant av strategien. Statsforvalteren bes gi en kort, overordnet vurdering av måloppnåelsen og kort vurdere:

- I hvilken grad den statlige dialogen med kommunene er helhetlig og effektiv.
- Sett i et flerårsperspektiv: går utviklingen i riktig retning?
- I hvilken grad kan utviklingen tilskrives statsforvalterens innsats?
- Hvilke andre aktører har påvirket utviklingen?
- Hva kan statsforvalterne gjøre bedre framover

Som vi orienterte om i årsrapporten for 2024, var vi var i ferd med å oppnå gode resultat på dei bustadsosiale oppgåvene som vart lagde til tre statsforvaltarembete frå Husbanken som eit treårig forsøk i 2021. Vi var godt i gang med å integrere fagfeltet tett med andre oppgaver vi har ansvar for, som helse, folkehelse, psykiatri, sosial, barnevern og plan. Gjennomslagskrafta vart så mykje større når vi var i stand til å tilnærme oss komplekse problemstillingar med så brei tilnærming. Vi sette særleg trykk på ein heilskapleg innsats i Bergen, som har klart flest bustadslause i vårt fylke.

Mykje av dette vart forgjeves då forsøket vart avslutta. Utviklinga gjekk i rett retning under forsøket, men går no feil veg.

I alle fall vil vi halde fram med dei oppgåvene som også fekk eit løft i gjennom forsøket, som å

- gi innspel til bustadsosialt arbeid i plan
- understøtte busetjing og integrering av flyktingar
- fremje bustadsosialt arbeid i samband med helse og barnevern

I og med at forsøket vart avslutta, vart også den statlege dialogen med kommunane meir fragmentarisk og mindre effektiv. Vi har i 2026 tatt initiativ overfor Husbanken for saman å vere tyngre pådrivarar overfor kommunane. Det står att å sjå kva vi klarar å få til.

Klagesaker etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, saksbehandlingstid og resultatet av behandlingen av klager etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet.

Vi handsama ei klagesak, som vart stadfesta. Sakshandsamingstida var seks veker.

Veiledning og informasjon universell utforming (fra kapittel 7.3.7.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal gi en omtale av eget arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming, og gi en kort omtale av utfordringsbildet.

I planmedverknaden har vi som før lagt til grunn lov om likestilling og forbod mot diskriminering (jf. paragraf 17), saman med Veileder om universell utforming i alle aktuelle planprosesser. Vi har interne sjekklister som skildrar korleis vi skal medverke i kommunalt planarbeid. Vi har også godt internt samarbeid mellom helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og planseksjonen ved kommunalavdelinga, mellom anna med eigen plankontakt. Tilsvarande har vi kontakt mellom utdannings- og verjemålsavdelinga og plan, særleg om utforming av areal for leik og uteopphald i planar om nybygg og ombygging av barnehagar og skular.

Vidare har vi hatt god kontakt med Bufdir og drøfta rolleavklaringar og forventingar, og vi har gjennomført intern felles opplæring på området, med særleg merksemd på krava i CRPD. Vi orienterer om konvensjonen og gir uttale knytt til universell utforming i fråsegner til planstrategiar, samfunnsdelar og arealdelar til kommuneplanen.

Vi opplever at også kommunane jobbar godt med og legg vekt på temaet i planskildringar og konsekvensutgreingar. Ved behov drøftar vi også temaet med kommunane i konkrete plansaker, gjennom dialogmøte. Denne dialogen medverkar til at vi sjeldan endar opp med å måtte fremje motsegn. Det vanlegaste punktet vi peikar på i dialogen er at det gjerne ikkje er sikra universell tilkomst til bygningar, uteareal og fellesanlegg i tilstrekkeleg grad, men dette pleier som sagt å løyse seg gjennom god dialog.

Vi har ei tilgjengelegheitserklæring på nettstaden vår, i tråd med forskrifta for universell utforming av IKT-løysingar, som vi oppdaterer årleg. Vi har interne oppskrifter på korleis vi utarbeider universelt utforma nettsaker, videoar og dokument. Innhaldet vi produserer skal vere tilgjengeleg for alle.

Vi jobbar også med malane våre, for å gjere alle breva vi sender universelt utforma.

Fremme likestilling og hindre diskriminering (fra kapittel 7.3.7.2 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren bes rapportere på:

- Hva som gjøres for å integrere hensynet til likestilling og ikke-diskriminering i eget virke og myndighetsutøvelse
- Vurdering av tilstanden i eget embete
- Forventninger til og planer for arbeidet fremover

Vi arbeider med å fremje likestilling i møtepunkt vi har med kommunane og vidareformidlar relevant informasjon på nettstaden vår. Gjennom styresmaksrolla vår følger vi opp arbeid for likestilling og tiltak for å hindre diskriminering i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingsomsyn i dei interne planrutinane våre.

I planmedverknaden har vi som før lagt til grunn lov om likestilling og forbod mot diskriminering, saman med Veileder om universell utforming i alle aktuelle planprosessar. Vi har interne sjekklister som skildrar korleis medverknaden skal vere i kommunalt planarbeid. Vi har også godt internt samarbeid mellom helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og planseksjonen i kommunalavdelinga, mellom anna med eigen plankontakt. Tilsvarande har vi kontakt mellom utdannings- og verjemålsavdelinga og plan, særleg om utforming av areal for leik og uteopphald i planar om nybygg og ombygging av barnehagar og skular.

Vi prøver elles å sjå likestilling, universell utforming og CRPD i samanheng. CRPD-oppgdraget er no lagt ut til alle arbeidsgrupper. Vi har tatt opp konvensjonen på nettseminar med til dømes NAV, der temaet var barn og unge med og utan funksjonsnedsettingar og tvangsbruk. Vi opplever at deltakarane er opptekne av menneskerettane. Vi har vidareført samarbeidet med KUN og har saman med dei hatt eit nettseminar om språk og bilete for kommunikasjons-/nettsideansvarlege i kommunane. På det dette seminaret deltok også fleire frå fylkeskommunen og brukarorganisasjonar. Internt har dei ulike avdelingane hos oss hatt ulik merksemd på konvensjonen. Vi har også vore med på å planleggje, organisere og gjennomføre regional samling i regi av Bufdir.

Vi har ei tilgjengelegheitserklæring på nettstaden vår og interne oppskrifter som skal sørge for at innhaldet vårt er tilgjengeleg for alle. Vi viser til rapporteringa om universell utforming i punkt 7.3.7.1.

Internt arbeider vi for å fremje likestilling og motverke diskriminering. Vi viser til punkt 4.2 og tabell i vedlegg 7, i tillegg til vedlegget "Likestillingsutgreiing for 2025".

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på gjennomførte tilsyn der dere minimum har skrevet foreløpig rapport

Funn fra foreløpig rapport i tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven

Tema	Deltema	Kommune	Kommunestørrelse: S:20000+ M:5000- 20000 L:-5000	Barnehage- eller skolenavn	Type tilsyn	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på i foreløpig rapport	Kommentarer
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Askøy kommune	S	Kleppe skule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Askøy kommune	S	Kleppe skule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Bergen kommune	S	Rothaugen skule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Bergen kommune	S	Rothaugen skule	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Annet	Annet	Austevoll	M		Kun skriftlig dokumentasjon	4	Annet	Tema: Privat grunnskuleopplæring. Sikrar kommunen at kva som er det beste for eleven er eit grunnleggande omsyn ved alle sider av eit tilsyn, og at barnet får seie meininga si?
Annet	Annet	Austevoll	M		Kun skriftlig dokumentasjon	4	Annet	Tema: Privat grunnskuleopplæring. Sikrar kommunen at dei fører tilsyn med den private grunnskuleopplæringa i heimen innan tre månader?
Annet	Annet	Alver kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	4	Annet	Tema: Privat grunnskuleopplæring. Sikrar kommunen at det kommunale tilsynet er eigna til å avdekke om opplæringa oppfyller minimumskrava i opplæringslova § 22-5 andre ledd?
Annet	Annet	Alver kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	4	Annet	Tema: Privat grunnskuleopplæring. Sikrar kommunen at dei fører tilsyn med den private grunnskuleopplæringa i heimen innan tre månader?
Annet	Annet	Askøy kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1		Fysisk aktivitet 5. til 7. trinn
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Bjørnafjorden	S		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at de setter i gang den spesialpedagogiske hjelpen fra vedtaksdato, eller fra den datoen vedtaket fastsetter?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Bjørnafjorden	S		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at barnet får spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Bjørnafjorden	S		Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at den som gir hjelpen, sender en årlig rapport med et innhold i samsvar med regelverket til foreldrene og kommunen?	

Annet	Annet	Austrheim	L	Årås skule	Kun skriftlig dokumentasjon	4	Annet	Tema: Opplæring i faget utdanningsfag. Kontrollspørsmål med brudd: Kjem de gjennom læreplanen i faget?
Annet	Annet	Austrheim	S	Årås skule	Tilsynsbesøk	4	Annet	Tema: Opplæring i faget utdanningsfag. Kontrollspørsmål med brot: Legg skulen til rette for at elevane forstår kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei?
Annet	Annet	Eidfjord kommune	L	Læg Reid skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1		Tema: Kommunens plikt til å følge opp fråvar frå opplæringa og kommunens internkontroll. Ingen brot
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - fatte vedtak	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at saken er tilstrekkelig opplyst før de fatter vedtak om spesialundervisning?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - fatte vedtak	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at de fatter vedtak uten ugrunnet opphold i alle sakene der PPT har utarbeidet sakkyndig vurdering?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - fatte vedtak	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at de fatter vedtak med et innhold i samsvar med regelverket?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at de setter i gang spesialundervisningen fra vedtaksdato, eller fra den datoen vedtaket fastsetter?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at skolen gjennomfører spesialundervisningen i samsvar med vedtaket?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Fjaler kommune	L	Flekke skule	Digitalt tilsyn	6	Sikrer kommunen at skolen sender en årsrapport med et innhold i samsvar med regelverket til elever over 15 år, foreldrene og kommunen?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Fjaler kommune	L	Dingemoen skule	Tilsynsbesøk	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Fjaler kommune	L	Dingemoen skule	Tilsynsbesøk	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Annet	Annet	Askøy kommune	S	Træet skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Fleire enn 15 elevar per lærar 1.–4. trinn og meir enn 20 elevar per lærar 5.–7. trinn.
Annet	Annet	Stryn kommune	M	Olden skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 20 elevar per lærar 5.–7. trinn.
Annet	Annet	Ulvik kommune	L	Brakanes barne- og ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 15 elevar per lærar 1.–4. trinn.
Annet	Annet	Sunnfjord kommune	S	Flatane skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 20 elevar per lærar 5.–7. trinn.
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Knappskog skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 15 elevar per lærar 1.–4. trinn og 20 elevar per lærar 5.–7. trinn.
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Skogsvåg skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 20 elevar per lærar på 5.–7. trinn.
Annet	Annet	Askøy kommune	S	Kleppestø ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 20 elevar per lærar 8.–10. trinn.
Annet	Annet	Sunnfjord kommune	S	Førde barneskule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 15 elevar per lærar på 1–4. trinn.

Annet	Annet	Vaksdal kommune	L	Vaksdal skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorm: Meir enn 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn.
Annet	Annet	Askøy	S	Strusshamn skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Læramorm: Meir enn 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn.
Annet	Annet	Alver kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Askvoll kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Askøy kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Austevoll kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1		Lokale forskrifter
Annet	Annet	Austrheim kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Bergen kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Bjørnafjorden	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Bremanger kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Bømlo kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Etne kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Fedje	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Fitjar kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Hyllestad	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Kinn kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Luster kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Lærdal kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Modalen	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Samnanger kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Sogndal kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Solund kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Stord kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Sveio kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Øygarden kommune	S		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Årdal kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lokale forskrifter
Annet	Annet	Kvam herad	S	Norheimsund skule	Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Inneheld vedtaka opplysningar om kva for eit innhald den personlege assistansen skal ha?
Annet	Annet	Kvam herad	S	Norheimsund skule	Tilsynsbesøk	7	Annet	Har eleven og dei føresette fått høve til å uttale seg før vedtaket vart gjort, og kjem det fram i vedtaket korleis kommunen har vurdert eleven sitt beste?
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Sveio kommune	M	Sveio skule	Kun skriftlig dokumentasjon	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Sveio kommune	M	Sveio skule	Kun skriftlig dokumentasjon	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	

Annet	Annet	Voss herad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Annet	Tilsynstema: Heimeundervisning. Kontrollspørsmål som er avdekt brot på i førebels rapport: Sikrar kommunen at det kommunale tilsynet er eigna til å avdekke om opplæringa oppfyller minimumskrava i opplæringslova § 22-5 andre ledd? Sikrar kommunen at dei fører tilsyn med den private grunnskuleopplæringa i heimen innan tre månader?
Annet	Annet	Voss herad	M		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Annet	Tilsynstema: Heimeundervisning. Kontrollspørsmål som er avdekt brot på i førebels rapport: Sikrar kommunen at kva som er det beste for eleven er eit grunnleggande omsyn, og at eleven får seie si mening?
Særskilt språkopplæring	Annet	Luster kommune	M	Gaupne skule	Kun skriftlig dokumentasjon	6	Følgjer rektor opp at skolen kartlegger norskerferdighetene til eleven underveis i opplæringen?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Luster kommune	S	Gaupne skule	Kun skriftlig dokumentasjon	6	Følgjer rektor opp at skolen i tillegg vurderer om eleven har rett til morsmålsopplæring, tospråklig fagopplæring eller begge deler?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Stad kommune	M	Nordfordeid skule	Kun skriftlig dokumentasjon	6	Følgjer rektor opp at skolen i tillegg vurderer om eleven har rett til morsmålsopplæring, tospråklig fagopplæring eller begge deler?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Stad kommune	S	Nordfordeid skule	Kun skriftlig dokumentasjon	6	Vurderer skolen elevens beste når den vurderer behovet for norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring?	
Særskilt språkopplæring	Annet	Stad kommune	M	Nordfordeid skule	Kun skriftlig dokumentasjon	6	Følgjer rektor opp at skolen kartlegger norskerferdighetene til eleven underveis i opplæringen?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Sunnfjord kommune	S	Sande skule	Digitalt tilsyn	3	Sender skolen årsrapportene til elever over 15 år, foreldrene og kommunen?	
Spesialundervisning og internkontroll	Spesialundervisning og internkontroll - planlegge, gjennomføre og følge opp	Sunnfjord kommune	S	Sande skule	Digitalt tilsyn	3	Sikrer kommunen at skolen gjennomfører spesialundervisningen i samsvar med vedtaket?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å varsle	Vestland fylkeskommune	S	Fyllingsdalen videregående skole	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at varslingsplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Skolemiljø og internkontroll	Skolemiljø og internkontroll - plikten til å undersøke	Vestland fylkeskommune	S	Fyllingsdalen videregående skole	Digitalt tilsyn	2	Sikrer kommunen at undersøkelsesplikten blir oppfylt ved mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?	
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Øygarden ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4	Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?	Deltema: Vedtak om individuell tilrettelagd opplæring og alternativ opplæringsarena

Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Øygarden ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4		Deltema: Vedtak om individuell tilrettelagd opplæring og alternativ opplæringsarena. Kontrollspørsmål med brot: Går det fram av vedtaket kva for eit opplæringsstilbod eleven skal ha på den alternative opplæringsarenaen?
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Øygarden ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4		Deltema: PPT si sakkunnige vurdering. Brot: Går det fram av den sakkunnige vurderinga kva tiltak som vil gje eleven eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa?
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Tranevågen ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4		Deltema: PPT si sakkunnige vurdering. Brot: Går det fram av den sakkunnige vurderinga kva tiltak som vil gje eleven eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa?
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Tranevågen ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4		Deltema: Vedtak om individuell tilrettelagd opplæring og alternativ opplæringsarena. Brot: Gjer kommunen vedtak om individuelt tilrettelagdd opplæring for elevar med alternativ opplæringsarena?
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Tranevågen ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4		Deltema: Vedtak om individuell tilrettelagd opplæring og alternativ opplæringsarena. Brot: Går det fram av vedtaket kva opplæringsstilbod eleven skal ha på den alternative opplæringsarenaen?
Spesialundervisning	Annet	Øygarden kommune	S	Tranevågen ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	4	Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?	Deltema: Vedtak om individuell tilrettelagd opplæring og alternativ opplæringsarena.
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Registrerer skulen riktig tal elevar som er fritatt i PAS?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Registrerer skulen riktig tal elevar som er fritatt i PAS?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Fritar skulen berre elevar som har vedtak om tilpassa opplæring eller særskilt språkopplæring?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Gjer skulen ei vurdering av om prøvene vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Tilsynsbesøk	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Fritar skulen berre elevar der det er klart at prøvene ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Går det klart fram av vedtaket kva prøve avgjerda om fritak gjeld for?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver: Inneheld enkeltvedtak om fritak initiert av skulen ei grunngeving der det blir vist til heimel for vedtaket, tilhøve som er lagt til grunn og avgjerande omsyn ved utøving av forvaltningsmessig skjøn?

Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Registrerer skulen riktig tal elevar som ikkje har deltatt i PAS?
Annet	Annet	Voss herad	M	Voss ungdomsskule	Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Har elevar som ikkje var til stades på prøvedagen, og som ikkje har vedtak om fritak, gjennomført dei nasjonale prøvene?
Annet	Annet	Kinn kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	1		Tema: Utarbeide sakkunnig vurdering så snart som mogleg etter tilvising. Ingen brot.
Annet	Annet	Etne kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	6	Annet	Tema: Barnehagemyndigheita si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar. Brot: Handsamar barnehagemyndigheita dispensasjonar berre viss stillinga har vore offentleg utlyst?
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Registrerer skulen riktig tal elevar som er fritatt i PAS?
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Gjer skulen ei vurdering om kor vidt prøvane vil ha mykje å seie for opplæringa til eleven?
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Fritar skulen berre elevar der det er klart at prøvane ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa?
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Registrerer skulen riktig tal elevar som ikkje har deltatt i PAS?
Annet	Annet	Masfjorden kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	13	Annet	Tema: Nasjonale prøver. Brot: Har elevar som ikkje var til stades på prøvedagen, og som ikkje har vedtak om fritak, gjennomført dei nasjonale prøvene?
Annet	Annet	Austevoll	M		Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Barnehagemyndigheita si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar. Brot: Handsamar barnehagemyndigheita dispensasjonar berre viss stillinga har vore offentleg utlyst?
Annet	Annet	Austevoll	M		Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Barnehagemyndigheita si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar. Brot: Vurderer barnehagemyndigheita den reelle kompetansen for den det blir søkt om dispensasjon for?
Annet	Annet	Gulen kommune	L		Tilsynsbesøk	5		Tema: Psykososialt barnehagemiljø. Ingen brot.
Annet	Annet	Osterøy kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	3		Tema: Psykososialt barnehagemiljø. Ingen brot.
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Voss herad	M		Tilsynsbesøk	3	Sikrer kommunen at de setter i gang den spesialpedagogiske hjelpen fra vedtaksdato, eller fra den datoen vedtaket fastsetter?	
Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Voss herad	M		Tilsynsbesøk	3	Sikrer kommunen at barnet får spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket?	

Spesialpedagogisk hjelp og internkontroll	Spesialpedagogisk hjelp - gjennomføre og følge opp	Voss herad	M		Tilsynsbesøk	3	Sikrer kommunen at den som gir hjelpen, sender en årlig rapport med et innhold i samsvar med regelverket til foreldrene og kommunen?	
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Hjelteryggen skule	Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Vedtak om personleg assistanse. Brot: Gjer kommunen vedtak om personleg assistanse utan ugrunna opphald?
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Hjelteryggen skule	Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Vedtak om personleg assistanse. Brot: Inneheld vedtaka opplysningar om omfanget av den personlege assistansen?
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Hjelteryggen skule	Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Vedtak om personleg assistanse. Brot: Har eleven og dei føresette fått høve til å uttale seg før vedtaket vart gjort, og kjem det fram i vedtaket korleis kommunen har vurdert eleven sitt beste?
Annet	Annet	Øygarden kommune	S	Hjelteryggen skule	Kun skriftlig dokumentasjon	7	Annet	Tema: Vedtak om personleg assistanse. Brot: Sørgjer kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før dei gjer vedtak om personleg assistanse?
Annet	Annet	Ullensvang kommune	M		Kun skriftlig dokumentasjon	6	Annet	Tema: Børneregjeringa si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar. Brot: Innhentar børneregjeringa skriftleg uttale frå børneregjeringa om dispensasjonssøknaden for pedagogisk leiar?
Annet	Annet	Ulvik kommune	L		Kun skriftlig dokumentasjon	5	Annet	Tema: Psykososialt børneregimiljø. Ingen brot.
Annet	Annet	Samnanger kommune	L	Samnanger skule	Kun skriftlig dokumentasjon	1	Annet	Lærarnorm: Meir enn 15 elevar per lærar 1.–4. trinn.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Statsforvalteren skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Vi handsama fleire klagesaker i 2025 (601 saker) enn i 2024 (336 saker). Den store auken kjem i hovudsak av at vi har fått overført oppgåver frå fylkeskommunen, som omfatta 283 klager.

I 2025 gav vi medhald eller oppheva vedtak i 44 prosent av klagesakene, mot 45 prosent i 2024. Dersom ein ser bort frå standpunktvurdering i vidaregåande opplæring, som vi ikkje hadde klageansvar for i 2024, gav vi medhald eller oppheva vedtak i 30 prosent av klagesakene.

Grunnskule

På grunnskuleområdet handsama vi 284 klager i 2025, mot 297 i 2024. Nedgangen i talet på klager kjem av færre klager på standpunktarakterar i 2025 enn i 2024. Samstundes har vi hatt ein auke i talet på klager som gjeld individuelt tilrettelagd opplæring og skulebyte. For skulebyte har vi sett ein auke over fleire år.

Vidaregåande opplæring

Vi handsama 287 klager på enkeltvedtak om vidaregåande opplæring i 2025. I 2024 var talet 5. Heile auken kjem av overføringa av oppgåver som følgje av ny opplæringslov.

Det er store skilnader på regelverksetterleving i vedtak om standpunktarakterar mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Vi oppheva ein langt større del av vedtaka i vidaregåande opplæring enn i grunnskulen. Vi vurderer at årsaka er at vi over fleire år har brukt betydelege ressursar på rettleiing til grunnskulesektoren på dette området.

Barnehage

Vi handsama 30 klager på barnehageområdet i 2025, noko som tilsvarar mengda frå året før.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 14	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 35	6	1	1	4	0
Barnehageloven § 37	17	0	11	6	0
Barnehageloven § 38	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 53	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	7	0	3	4	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 5	0	0	0	0	0
Sum	30	1	15	14	0

Klagesaker private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Inntak, privatskoleloven § 3-1	2	0	2	0	0
Særskilt språkopplæring, privatskoleloven § 3-5	0	0	0	0	0
Skys, privatskoleloven § 3-7	0	0	0	0	0
Permisjon, privatskoleloven § 3-13	0	0	0	0	0
Standpunkt i fag, privatskoleloven §§ 7-4 og 7-5	9	0	6	3	0
Standpunkt i orden og oppførsel, privatskoleloven § 7-6	0	0	0	0	0
Muntlig eksamen, privatskoleloven § 7-8	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, privatskoleloven § 2-4, jf. oppl. § 12-4 og § 12-5	4	3	1	0	0
Fysisk skolemiljø, privatskoleloven § 2-4 jf. opplæringsloven § 12-7	0	0	0	0	0
Individuelt tilrettelagt opplæring, privatskoleloven § 3-6	7	1	0	5	1
Bortvisning, privatskoleloven § 3-10	0	0	0	0	0
Skriftlig eksamen, privatskoleloven § 7-7	0	0	0	0	0
Sum	22	4	9	8	1

Seks saker innan psykososialt skolemiljø, privatskolelova er trekte av meldaren.

Klagebehandling private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Fritak fra vurdering med karakter i fremmedspråk, privatskoleloven § 6-22	25	21	4	0	0
Skys, privatskoleloven § 3-7	1	1	0	0	0
Standpunkt i fag, privatskoleloven §§ 7-4 og 7-5	38	0	13	25	0
Muntlig eksamen, privatskoleloven § 7-8	2	0	2	0	0
Psykososialt skolemiljø, privatskolelova § 2-4, jf. oppl § 12-4 og § 12-5	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf. oppl § 12-7	0	0	0	0	0
Individuelt tilrettelagt opplæring, privatskoleloven § 3-6	0	0	0	0	0
Bortvisning, privatskoleloven § 3-10	0	0	0	0	0
Sum	66	22	19	25	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Skys, opplæringsloven § 4-1	39	15	23	0	1
Permisjon, opplæringsloven § 2-2 fjerde ledd	5	0	5	0	0
Utsatt skolestart, opplæringsloven § 2-4 første ledd	2	1	1	0	0
Frémkutt skolestart, opplæringsloven § 2-4 andre ledd	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, opplæringsloven § 3-6	0	0	0	0	0
Opplæring i og på samisk, jf. opplæringsloven § 3-2	0	0	0	0	0
Standpunkt i fag, opplæringsloven §§ 10-4 og 10-5	106	0	84	22	0
Standpunkt i orden og oppførsel, opplæringsloven § 10-6	3	0	2	1	0
Muntlig eksamen, opplæringsloven § 10-8	3	0	3	0	0
Skoleplassering, opplæringsloven § 2-6	81	1	64	16	0
Individuell tilrettelegging, opplæringsloven §§ 11-4 til 11-7	31	9	3	18	1
Fysisk skolemiljø, opplæringsloven § 12-7	0	0	0	0	0
Bortvisning, opplæringsloven § 13-1	3	0	2	1	0
Sum	273	26	187	58	2

Innan skoleplassering, opplæringslova § 2-6 har vi handsama 15 saker i kategorien "anna", som demed ikkje er med i dette skjemaet.

Klagebehandling - Videregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type sak	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Klage på inntak til videregående opplæring, opplæringsloven § 5-1 jf. § 29-1 andre ledd og opplæringsforskriften kapittel 4	1	1	0	0	0
Særskilt språkopplæring, jf. opplæringsloven § 6-5	0	0	0	0	0
Skys, opplæringsloven § 9-1	2	1	1	0	0
Meropplæring for elever i videregående opplæring, opplæringsforskriften §§ 4-3 og 5-2	0	0	0	0	0
Standpunkt fag, opplæringsforskriften §§ 10-4 og 10-5	187	0	63	122	2
Standpunkt orden og oppførelse, opplæringsforskriften § 10-6	1	0	1	0	0
Muntlige og andre ikke-skriftlige eksamener, opplæringsforskriften § 10-8	45	0	41	4	0
Bortvisning, opplæringsloven § 13-1	7	0	6	1	0
Fysisk skolemiljø, opplæringsloven § 12-7	0	0	0	0	0
Individuell tilrettelegging, opplæringsloven §§ 11-4 til 11-7	3	0	1	2	0
Klage på skriftlig eksamen, opplæringsforskriften § 10-7	5 958	660	5 298	0	0
Sum	6 204	662	5 411	129	2

I tillegg har vi handsama tre klagesaker om annullering som følge av fusk eller forsøk på fusk. Vi stadfesta alle vedtaka om annullering.

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter) - andre klagesaker

Andre klagesaker	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Hjemmeundervisning	1	0	1	0	0
Fritak fra vurdering med karakter i valgfag	1	0	1	0	0
Fritak norsk sidemål	4	0	4	0	0
Juks eller forsøk på juks	1	0	1	0	0
Sum	7	0	7	0	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter) - saksbehandlingstid

Førsteinstansbehandling	Dager
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid i sakene der dere fattet vedtak etter § 12-6 andre ledd første punktum	32

Klagebehandling - Forberedende opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)

Forberedende opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Standpunktkarakter i fag og moduler, opplæringsforskriften § 16-3, jf. § 10-4	0	0	0	0	0
Forberedende opplæring for voksne, opplæringsloven § 18-2, jf. kap. 13 i opplæringsforskriften	0	0	0	0	0
Klage på fastsettelse av modulskarakter, opplæringsforskriften § 16-4	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Videregående opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)

Videregående opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Yrkesfaglig rekvalifisering, opplæringsloven § 18-4	0	0	0	0	0
Videregående opplæring for voksne, opplæringsloven § 18-3, jf. opplæringsforskriften 13	0	0	0	0	0
Standpunktkarakter i fag og moduler, opplæringsforskriften § 16-3 første ledd, jf. § 10-4 og § 10-5	1	0	0	1	0
Eksamenskarakter, opplæringsforskriften § 16-3 andre ledd, jf. § 10-7 og § 10-8	0	0	0	0	0
Meropplæring, opplæringsforskriften § 14-2	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Felles for forberedende og videregående opplæring for voksne (opplæringsloven med forskrifter)

Felles for forberedende og videregående opplæring for voksne	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Individuelt tilrettelagt opplæring for voksne, opplæringsloven § 19-5	1	0	1	0	0
Gjennomføring av realkompetansevurdering, opplæringsforskriften §§ 16-5 første ledd	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Andre klagesaker for voksne (opplæringsloven med forskrifter)

Andre klagesaker	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
	0	0	0	0	0

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)**Rapportere på**

Statsforvalteren skal rapportere på hvordan de har forvaltet tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling og redegjøre for hvordan det er lagt til rette for måloppnåelse jf. retningslinjene for tilskuddsordningen. Statsforvalteren skal videre vurdere i hvilken grad tilskuddsordningen gir likeverdige muligheter for kompetanseutvikling uavhengig av geografi, størrelse og eierform.

Statsforvalteren skal også tabellrapportere på fordeling av midler og deltakelse på kompetansetiltak i 30-prosentdelen i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage.

Status ved inngangen til 2025

Over flere år har vi lagt ned betydelege ressurser i å etablere ei føreseieleg og føremålstenleg forvaltning av tilskottsordninga. Dette arbeidet omfattar utvikling av forvaltningsnivå, retningslinjer og rutinar som samla skal

- sikre at alle aktører har likeverdige muligheter til å få støtte og rettleiing til egne tiltak
- sikre at tiltaka som blir prioriterte, ligg innanfor rammene for dei ulike tilskotsordningane
- medverke til å realisere målsetjingane og intensjonane i ordningane

Forvaltningssystemet er fastsett i eit grunnlagsdokument som fungerer både som styringsverktøy og som ein langsiktig plan for forvaltninga av ordninga i Vestland. I dokumentet er det lagt til grunn at vi skal nytte ein regional fordelingsnøkkel. Denne sikrar at dei ulike kompetanseregionane, og eigarane som inngår i desse, får tilgang til ein forholdsmessig del av midlane i dei ulike ordningane, uavhengig av geografi og eigarform.

På barnehageområdet har vi etablert eit system som sikrar at barnehagane får tilstrekkelege ressursar til å nå målsetjingane i tiltaka sine, mellom anna gjennom innføring av minstesatsar. Samstundes har vi tatt omsyn til dei store variasjonane i storleik og kapasitet på eigarnivå. For å senke terskelen for deltaking – særleg for mindre barnehageeigarar – har vi lagt til rette for at alle barnehagar får inngå partnerskap med eit av dei lokale UH-miljøa i fylket. Dette gir likeverdige muligheter for fagleg støtte og kompetanseutvikling, uavhengig av storleik og organisasjonsform.

For å støtte måloppnåing etter punkt 2 i retningslinjene for ordningane, har tematiserte samlingar i samarbeidsforum og for sektoren vore eit av dei viktigaste verkemidla våre. Vi har mellom anna tatt opp tema som partnerskap, lokal forankring og korleis kollektiv profesjonsutvikling kan fremjast gjennom arbeid i praksisfellesskap.

Vidare har vi stilt krav om at partnerskapa i behovsmeldingane skal

- utarbeide og greie ut ein konkret plan for gjennomføring av tiltaket, inkludert tidslinjer, ansvarsdeling og organisering
- synleggjere grunnlaget for val av utviklingsområde, mellom anna korleis personalet som er omfatta av tiltaket, har medverka i behovsvurderinga
- gjere greie for korleis UH-miljøet skal nytte erfaringane frå partnerskapa til vidareutvikling av lærarutdanningane

For å støtte dette arbeidet har vi utarbeidd utdypande tekst i grunnlagsdokumentet som klargjer og konkretiserer krava. I tillegg inneheld behovsmeldingsmalane hjelpetekstar som skal gi partnerskapa retning og sikre ei einsarta forståing av forventningane i prosessen.

I 2025 er det ikkje gjort endringar i føringar og rutinar for tilskotsordninga i Vestland.

Prioritering av ressursbruk

I 2025 har hovudmerkeemda vore retta mot implementeringa av den nye tilskotsordninga. Sidan målsetjingane i den nye ordninga i stor grad samsvarer med måla i tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring, har vi lagt vekt på å byggje vidare på erfaringane frå den tidlegare ordninga.

Vurderingar og effektar

Partnerskapsrapporteringa for dei siste tre åra viser at både UH-miljøa og eigarnivået vurderer tiltaka i Vestland som viktige bidrag til å heve kvaliteten på opplæringsstilboda og tenestene i kommunane. UH-aktørane rapporterer òg at partnerskapa gir betre føresetnader for vidareutvikling av egne lærarutdanningar, mellom anna gjennom tettare kontakt med praksisfeltet og betre innsikt i lokale behov.

Vi bidrar til måloppnåinga gjennom å utforme og justere rutinar, prosesskrav og føringar, og ved å formidle og aktualisere intensjonane og målsetjingane i ordninga.

Vi vurderer at vi i stor grad har lagt til rette for eit forvaltningssystem som støttar opp under og bidrar til måloppnåing, jf. punkt 2. Denne vurderinga byggjer på informasjon frå behovsmeldingane og partnerskapsrapporteringane. Desse viser at partnerskapa i stor grad planlegg og gjennomfører skule- og barnehagebaserte tiltak som kjem av lokale behov hos einingane som deltar. Vi registrerer òg at UH-miljøa i aukande grad er konkrete i skildringane av korleis erfaringane frå partnerskapa bidrar til vidareutvikling av lærarutdanningane.

Samstundes merkar vi oss at nye partnerskap i nokre tilfelle har mindre forståing for intensjonane i ordninga enn dei meir langsiktige partnerskapa som har arbeidd systematisk med tiltaka over tid.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltaking på andre kompetansetiltak

	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra private barnehager	Antall deltakere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	45	17	62
Kompetansehevingssstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	131	23	154
Barnehagefaglig grunnkompetanse	62	12	74
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	71	43	114
Totalt	309	95	404

Samarbeidsforum har i 2025 tildelt midlar til kompetanseregionane (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfriidom til å prioritere kva av dei fire tiltaka midlane skal gå til. Ettersom nokre av kompetanseregionane har overført delar av midlane til bruk i 2026, melder dei at det på rapporteringstidspunktet er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka, og endeleg tal på deltakarar for kvart av dei. Det oppgitte talet er derfor basert på tentative tal vi har fått innrapportert. I talet for kompetansehevingssstudiar er det einsskilde kompetanseregionar som har rekna tal for deltakarar på faglege samlingar og kurs med kompetanseheving for tilsette.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% brukt på disse tiltakene av det totale beløpet som er tildelt for regional ordning
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	366 500	1
Kompetansehevingstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	226 998	1
Barnehagefaglig grunnkompetanse	3 607 063	11
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	2 190 000	7
Totalt	6 390 561	20

Samarbeidsforum har i 2025 tildelt midlar til kompetanseregionane (våre lokale nettverk) og gitt dei handlingsfridom til å prioritere kva av dei fire tiltaka midlane skal gå til. Ettersom nokre av kompetanseregionane har overført delar av midlane til bruk i 2026, melder dei at det på rapporteringstidspunktet er for tidleg å stadfeste endeleg fordeling mellom dei fire tiltaka, og endeleg tal på deltakarar for kvart av dei. Det oppgitte talet er derfor basert på tentative tal vi har fått innrapportert. Delar av midlane (kr 578 384) har vore nytta av kompetanseregion til ein koordinerande stilling for å fasilitere prosessar og ta administrative oppgåver knytt til tiltaka. Delar av midlane til barnehagefagleg grunnkompetanse har også vore nytta til lokale kompetanse- og kursrekker for tilsette i samarbeid med fagpersonar frå UH-sektoren.

Rapportering på tilskuddsmidler fra Statsforvalter

	Navn og tema for tiltaket	Tilskuddsmottaker UH	Beløp	Tilskuddsmottaker eier/nettverk	Beløp	Tilskudd koordinator	Beløp
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	140 000	Ostereidet Fus barnehage AS	140 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	195 000	Leiketun barnehage AS	195 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	140 000	Marihøna barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	International School of Bergen ECC AS	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Aurland barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Rosehagen Steinerbarnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Læringsverkstedet Blomsterdalen barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Kalfarveien barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Kidsa Slettebakken	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Kjendalslia Kanvas-barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Bergens Barneasyll	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Ytre Arna barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Norlandia Vågedalen	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Haugeveien barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Norlandia Sandgotna	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Solheimslie barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Kristianborg barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Sollien barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Våkleivbrotet Kanvas-barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Kidsa Festtangen	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Bønes barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Løvås oppvekststun barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	252 000	Sandslimarka Kanvas-barnehage	252 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Eventus Eventyrdalen barnehage AS Friluftsliv	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	252 000	Littafjellet barnehage	252 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Søre Skogvei barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Solbakken barnehagen	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Nordnes oppvekststun barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	252 000	Valheim barnehage	252 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Nordeide barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Tryllefløyten Steinerbarnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Norlandia Nyhavn	195 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	HVL	140 000	Trollslogen barnehage	140 000		0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, læring og danning	HVL	252 000	Espira Kuventrø barnehage	252 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	HVL	195 000	Jettegryto barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd	HVL	195 000	Havrenes barnehage	195 000		0
Regional ordning	Korleis jobba for at born skal vere og lære i inkluderande fellesskap? Vaksenrolla	HVL	252 000	Norheimsund barnehage	252 000		0
Regional ordning	Leselyst frå barnehage til skule	NLA Høgskolen	140 000	Bringedalsbygda barnehage	140 000		0
Regional ordning	Leik og inkluderande fellesskap	NLA Høgskolen	140 000	Omvikdalen barnehage	140 000		0
Regional ordning	Uteleiken og fysisk leikemiljø	NLA Høgskolen	140 000	Sunde barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	195 000	Gamlestova barnehage	195 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	140 000	Modalen barnehage	140 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk	NLA Høgskolen	140 000	Fotlandsvåg barnehage	140 000		0
Regional ordning	Psykososialt barnehagemiljø	NLA Høgskolen	140 000	Valestrand barnehage	140 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	252 000	Kjømes barnehage	252 000		0
Regional ordning	Leikekloke vaksne som støtte i barna sin leik i uterommet	HVL	140 000	Solund barnehage	140 000		0
Regional ordning	Systematisk vurderingsarbeid, pedagogisk dokumentasjon, barns medverknad	HVL	195 000	Sagvåg Maritime Fus barnehage AS	195 000		0
Regional ordning	Frå temaarbeid til systemarbeid – involvering av heile personalgruppa i systematisk vurderingsarbeid	HVL	252 000	Sævarhagen Fus Barnehage AS	252 000		0
Regional ordning	Eit inkluderande miljø for omsorg, leik og læring	HVL	140 000	Halbrend barnehage	140 000		0

Regional ordning	Språk og kommunikasjon	HVL	195 000	Solvang barnehage Førde AS	195 000		0
Regional ordning	Barnehagen som pedagogisk verksemd	HVL	195 000	Vieåsen barnehage	195 000		0
Regional ordning	Leik ei bok - Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.	HVL	195 000	Espira Solkroken barnehage	195 000		0
Regional ordning	Vere og lære i eit inkluderande fellesskap	HVL	140 000	Aga barnehage	140 000		0
Regional ordning	Vere og lære i eit inkluderande fellesskap	HVL	140 000	Tysedal barnehage	140 000		0
Regional ordning	Inkluderande barnehagemiljø/spesialpedagogisk hjelp	HVL	195 000	Læringsverkstedet Tvildemoen barnehage	195 000		0
Regional ordning	Inkluderande spesialpedagogikk	NLA Høgskolen	252 000	Stranda barnehage	252 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk, med hovudfokus på læringsstøtte.	NLA Høgskolen	195 000	Havhesten Fus barnehage AS	195 000		0
Regional ordning	Fysisk fostring, Idrett som metode, auka fokus på barns motorisk utvikling	NLA Høgskolen	195 000	Læringsverkstedet Aronien barnehage	195 000		0
Regional ordning	Musikk som pedagogisk verktoy	NLA Høgskolen	252 000	Liljevatnet barnehage	252 000		0
Regional ordning	Integrasjon og kombinasjon av det spesialpedagogiske i det allmenpedagogiske arbeidet i barnehagekvardagen	NLA Høgskolen	195 000	Spildepollen barnehage	195 000		0
Regional ordning	Kommunikasjon og språk (med hovudfokus på læringsstøtte)	NLA Høgskolen	195 000	Sauafjellet Fus barnehage AS	195 000		0
Regional ordning	Pedagogisk leiding av utviklingsprosessar, Berekraftig utvikling, Barnehagen som lærande organisasjon	NLA Høgskolen	195 000	Norlandia Naustvika barnehage	195 000		0
Regional ordning	Barnehagebasert kompetanseutvikling	HVL	140 000	Haugane barnehage	140 000		0
Desentralisert ordning	Tilpassa opplæring, elevmedverknad og auka fullføring, bruk av ny teknologi som ein del av læringsarbeidet	UIB	601 130	Vestland fylkeskommune	601 130		0
Desentralisert ordning	Heilskapleg vurdering, elevmedverknad, motivasjon og meistring	HVL	901 695	Vestland fylkeskommune	901 695		0
Desentralisert ordning	Undervisningspraksis, tilpassa opplæring og elevaktive læringsformer	NTNU	901 695	Vestland fylkeskommune	901 695		0
Desentralisert ordning	Kompetanseutvikling på kartlegging i grunnleggande norsk	NAFO ved OsloMET	390 322	Bergen kommune	390 322		0
Desentralisert ordning	Profesjonsfagleg digital kompetanse og kunstig intelligens	UIB	780 643	Bergen kommune	780 643		0
Desentralisert ordning	Fleire	HVL	1 756 447	Bergen kommune	1 756 447		0
Desentralisert ordning	Engasjerande og motiverande	NTNU	901 695	Bergen kommune	901 695		0
Desentralisert ordning	Skulemiljø/læringsmiljø,overordna del av LK20 og livsmeistring	HVL	722 556	Ullensvang kommune, Voss herad, Kvam herad	722 556		0
Desentralisert ordning	Tilpassa opplæring, elevmedverknad og auka fullføring, bruk av ny teknologi som en del av læringsarbeidet i partnarskap	HVL	681 431	Stad kommune	681 431		0
Desentralisert ordning	Språk, lesing og skrivning – skular med god praksis og likeverdig tilbod	Lesesenteret ved UIS	844 934	Alver kommune	844 934		0
Desentralisert ordning	Overgangspedagogikk og leik som utgangspunkt i undervisning, matematikk og grunnleggande dugleik i rekning, og utvikling av profesjonsfaglege fellesskapet og skulen som ein lærande organisasjon	HVL	638 899	Sogndal kommune, Luster kommune	638 899		0
Desentralisert ordning	Implementering av ny læreplan, implisitt tema som djupnelæring, tverrfagleg arbeid og vurdering i LK 20, i tillegg til interaksjon i klasserommet "Class"	HVL	700 535	Sunnfjord kommune	700 535		0
Desentralisert ordning	Leseopplæring	NLA	623 430	Askøy kommune	623 430		0
Desentralisert ordning	Munnleg ferdigheit, demokrati og medborgarskap	UIB	239 093	Øygarden kommune	239 093		0
Desentralisert ordning	Profesjonsfaglege fellesskap og profesjonsfagleg digital kompetanse	UIB	478 186	Øygarden kommune	478 186		0
Desentralisert ordning	Inkluderande skulemiljø med språk, lesing og skrivning, leik og aktivitet i overgangar og inkluderande praksis	HVL	576 359	Stord kommune, Sveio kommune, Fitjar kommune	576 359		0
Desentralisert ordning	Inkluderande praksis	NLA	576 359	Etre kommune, Bømlo kommune og Kvinnherad kommune	576 359		0
Desentralisert ordning	Inkluderande praksis og skulemiljø	NSLA ved UIS	524 700	Solund kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Fjaler kommune, Askvoll kommune	0		0
Desentralisert ordning	Inkluderande praksis	Steinerhøyskolen	300 000	Steinerskolen på Skjold og Rudolf Steinerskolen i Bergen	150 000	Ja	12 125
Desentralisert ordning	Utviklingsleing i eige profesjonsfellesskap	INN	166 667	NTG-U Bergen	83 333	Ja	12 125
Desentralisert ordning	Synleggjering av katolsk eigenart med utgangspunkt i LK20	NLA	250 000	St. Paul skole	250 000	Ja	12 125
Desentralisert ordning	Profesjonsfellesskap, aksjonslæring, læring	UIB	416 431	St. Paul	416 431		0
Desentralisert ordning	Utviklingsleing i eige profesjonsfellesskap	INN	103 421	NTG-Bergen	103 421		0
Desentralisert ordning	Profesjonsfaglege fellesskap	USN	103 421	Hop videregående skole	103 421		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og betre tilrettelegging og oppfølging av elevar i ordinær opplæring	UiB	675 808	Vestland fylkeskommune	1 013 712		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og høgfrekvente vanskar	NLA	1 400 000	Bergen kommune	1 377 374		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og høgfrekvente vanskar	NSLA ved UIS	0	Bergen kommune	1 377 374		0
Kompetanseløftet	Samhandling og systemarbeid mellom PPT og skulane, og rettleingskompetanse hjå PPT	HVL	1 300 000	Bergen kommune	1 377 374		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis, høgfrekvente vanskar og PPT si rolle	HVL	457 153	Voss herad, Kvam herad, Ullensvang kommune, Ulvik kommune, Eidfjord kommune	685 730		0
Kompetanseløftet	Lesing som grunnleggande dugleik og PP-tenestene sitt systematiske arbeid ut mot einingane	Lesesenteret ved UIS	482 859	Austevoll kommune	906 644		0

Kompetanseløftet	Trygt og godt skule- og barnehagemiljø	NSLA ved UiS	331 725	Gloppen kommune, Bremanger kommune	679 945		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og universell didaktikk	NLA	244 864	Austerheim, Fedje, Gulen og Masfjorden	550 298		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	ISP ved UiO	367 297	Alver kommune	550 299		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og høgfrekvente vanskar	HVL	386 798	Sogndal kommune, Aurland kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Årdal kommune	762 551		0
Kompetanseløftet	Overgangar mellom barnehage og skule	HVL	264 213	Sunnfjord kommune	578 674		0
Kompetanseløftet	Inkluderande spesialpedagogikk og trygt og godt opplæringsmiljø i barnehage og skule	HVL	422 092	Øygarden kommune	724 316		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis, og arbeid med språk i barnehage og skule	NLA	422 092	Askøy kommune	724 317		0
Kompetanseløftet	Høgfrekvente vanskar, språkstimulering og leseopplæring	Lesesenteret ved UiS	195 475	Kinn kommune	482 355		0
Kompetanseløftet	Inkludering, fleirlærarpedagogikk og overgangar	HVL	379 830	Fitjar kommune, Stord kommune, Sveio kommune, Tysnes kommune	706 502		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis	NLA	379 830	Kvinnherad kommune, Etne kommune, Bømlo kommune	626 738		0
Kompetanseløftet	Inkluderande praksis og skulemiljø	NSLA ved UiS	0	Solund kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Fjaler kommune, Askvoll kommune	482 355		0

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Viser til oppgave 5.1.2.3 i hovedinstruksen. Statsforvalteren skal vurdere hvordan deres innsats bidrar til å støtte kommunene i oppfølgingsordningen i deres utviklingsarbeid og vurdere om tiltakene som er iverksatt i kommuner i oppfølgingsordningen bidrar til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Vi viser til rapporteringspunkt 3.1.7.1.2.1, kor vi har gjort greie for korleis vi har støtta kommunane i arbeidet med å sikre samanheng mellom analysar og tiltak.

Innsats og ressursbruk

I gjennomføringsfasen for 2022-uttrekket har vi lagt til rette for to formelle møtepunkt mellom Statsforvalteren og kommunane kvart skuleår. I tillegg har vi hatt løpande dialog via e-post og digitale kanalar ved behov.

Vi har brukt betydelege ressursar på både kommunane og kompetansemiljøa i forkant av og tidleg i forfasen.

I sjølve gjennomføringsfasen reduserte vi møteverksemda noko. Møtepunktta vi har lagt til rette for, har som hovudmål å sikre at kommunane opprettheld merksemda på arbeidet, at dei jobbar i tråd med eigne utviklingsplanar, og at dei opererer innanfor dei rammene og målsetjingane som ordninga legg til grunn.

I både 2022- og 2025-uttrekket har vi i dialogen med kommunane lagt større vekt på korleis erfaringane frå både forfasen og gjennomføringsfasen skal bidra til kontinuerleg utvikling av tenestene. Målet har vore å styrkje kommunane som lærande organisasjonar, der dei sjølve kan identifisere nye utviklingsområde, vidareutvikle kompetansen sin og etablere gode praksisar også på område som ikkje hadde hovudmerksemda i oppfølgingsordninga.

Vidare har vi lagt vekt på å synleggjere moglegheitsrommet for å vidareføre og utvikle dei påbegynte tiltaka, og på korleis kommunane kan nytte til dømes tilskotsordningar for å få støtte i arbeidet med nye eller vidareutvikla tiltak.

Vurdering og effektar

I 2022-uttrekket har kommunane berre gjort mindre justeringar i utviklingsplanane sine gjennom gjennomføringsfasen. Vi opplever at tiltaka i hovudsak blir gjennomførte i tråd med dei planlagde tidslinjene, noko som peikar i retning av god samanheng mellom analyse og tiltak.

Med utgangspunkt i sluttrapportane til Utdanningsdirektoratet og dialogen med kommunane, kan vi konkludere med at kommunane opplever oss som støttande.

Vi vurderer difor at tiltaka som er sette i verk i kommunane gjennom oppfølgingsordninga bidrar til betre læringsmiljø og læringsutbytte, og at vi medverkar til dette gjennom rettleiing og oppfølging.

Håndhevsingsordningen (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)

Rapportere på

I årsrapporten skal statsforvalterne rapportere om håndhevingsordningen knyttet til skolemiljø. Rapporteringen skal omfatte følgende punkter for 2025:

- Antall meldinger om skolemiljø mottatt
- Antall vedtak fattet
- Utfallet av vedtakene
- Grunnlag for avvisning i vedtakene
- Eventuelle særlige grunner for å behandle saken
- Saksbehandlingstid
- Vedtak som konkluderer med brudd på regelverket
- Oppfølging av vedtakene

Statsforvalteren vil motta et eget skriv med nærmere beskrivelse av hvordan rapporteringen skal gjennomføres.

Tal meldingar

I 2025 fekk vi 224 meldingar om skulemiljø.

Tal vedtak vi har gjort og utfallet av dei

Vi har gjort 138 vedtak i løpet av 2025. I alt 60 av meldingane vart trekte av meldaren og 19 saker var ikkje ferdig handsama ved utgangen av året. Sakene som ikkje vart ferdigstilte i 2025, blir vidare handsama i 2026.

Av dei 138 sakene vi gjorde vedtak i, kom vi fram til at tiltaksplikta var oppfylt i 36 saker og ikkje oppfylt i 73 saker. I alt 29 av sakene vart avviste då dei ikkje oppfylte vilkåra for realitetshandsaming.

Grunnlaget for avvising

Grunnlaget for avvising i desse sakene var anten at saka ikkje var teken opp med rektor minst fem verkedagar før saka vart meldt til Statsforvalteren, eller at eleven saka handla om, ikkje lenger var elev ved den aktuelle skulen.

Særlege grunnar for handsaming

Vi har ikkje hatt saker der vi har vurdert at det har vore særlege grunnar til å handsame saka sjølv om vilkåra ikkje var oppfylte.

Sakshandsamingstid

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 29 verkedagar i 2025, rekna frå sakene vart melde til vi gjorde vedtak. Dersom ein berre ser på sakene vi handsama, var gjennomsnittleg sakshandsamingstid 32 dagar.

Vedtak om brot på regelverket

I 16 av dei 73 sakene der vi konkluderte med brot på regelverket (ikkje oppfylt tiltaksplikt) vurderte vi at skuleeigaren ikkje hadde retta forholdet i den første tilbakemeldinga til oss.

Oppfølging av vedtaka

I 16 saker hadde vi fleire rundar med oppfølgingsbrev og rettleiingsmøte for å følgje opp sakene. Vi følgjer opp sakene til vi vurderer det som sannsynleg at forholdet er retta i tråd med pålegga.

Tvangsmulkt

Vi varsla tvangsmulkt i sju saker i 2025 og gjorde vedtak i éi av dei.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)**Rapportere på**

- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift per 31.12.2025.
- Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruks- og reindriftsområdet.
- Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.

Tal årsverk i landbruksavdelinga er dei som vert brukte på LMD-området. Tal årsverk brukt i rettleiing, tilskotsforvaltning og kontroll er ikkje basert på detaljert tidsrekneskap. Poenget er at vi har mange personar som er involvert i dette arbeidet, dei fleste i kombinasjon med andre oppgåver. I tillegg til dei årsverka vi har rapportert under, må vi nemne at assisterande statsforvaltar har brukt ein del av arbeidstida på eit særskilt oppdrag for LMD i Sameksistensutvalet.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos SF per 31.12.2025.	29,5
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos SF per 31.12.2025.	0,0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	3,0
Antall årsverk benyttet til førsteinstansforvaltningen av de økonomiske virkemidlene på reindriftsområdet.	0,0
Antall årsverk benyttet til veiledning og kontroll med kommunenes forvaltning av de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet.	10,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2025 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	10,0
Antall personer hos SF som har arbeidet med kontroll i 2025 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1.1	0,0

Tal årsverk i avdelinga ved slutten av året, med frådrag for vakansar og sjukdom.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet rutinebeskrivelse for kontinuerlig ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan.
- Antall reinbeitedistrikt som har oppdatert reindriftens arealbrukskart i løpet av året.

Vi synest landbruksinteressene vert godt tekne vare på gjennom Geovekst-samarbeidet. Vi sender inn faglege innspel, inkludert innteikna avgrensingar for flyfotografering av jordbruksområde. Informasjonen vert formidla og gjennomgått på oppstartsmøta for prosjekta. Tre Geovekst-prosjekt starta i 2025, og vi har følgd opp landbruksinteressene i alle desse.

Vi følgjer opp ajourhald av AR5-karta i kommunane gjennom digitale møte, både felles og individuelt. På møta har vi gått gjennom krav, ansvar og praktisk gjennomføring av ajourhaldet. Denne tette oppfølginga har gitt gode resultat, og per i dag har 36 kommunar i fylket utarbeidd rutineskildringar for ajourhald av AR5. Vi ser at kommunar med slike rutinar vert flinkare til å halde ved like karta.

Dei sju kommunane som framleis manglar rutineskildringar, har fått frist til å levere innan 1. mars.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5	Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodataplan	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	7	0	43

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)

Rapportere på

Rapportere om bruk av anmeldelser.

Vi har ikkje hatt saker på LMD-området med så alvorlege brot på tilskot eller andre regelverk, at vi har vurdert å melde saka til politiet.

Utteksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)

Rapportere på

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Samarbeidsrutinane mellom Mattilsynet og landbruksforvaltninga er viktige for samarbeidet og foroppfølging av enkeltsaker. Mattilsynet sender vedtak til oss og kommunane gjennom året. Ved det årlege møtet om hausten får vi fanga opp saker som eventuelt har blitt liggande. Ofte er dette saker som er i prosess, og der Mattilsynet har venta med å gjere vedtak.

Utteksling av informasjon om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Herav antall saker der kommunen vurderer at foretaket ikke oppfyller vilkåret vanlig jordbruksproduksjon, § 2	Herav antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	2	2	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)			
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	1	1	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)			
Saker som ikke er i tråd med rutinen punkt 3			

Vi har i tillegg éi sak som var politianmeldt og følgd opp utan at Mattilsynet gjorde vedtak. Vi har hatt éi sak der dyreholdet var avvikla, og derfor ikkje oversendt.

Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Totalt antall møter	Herav antall møter samarbeidsavtalen var tema	Herav antall møter der pågående saker var tema	Herav antall møter der kontaktperson med ansvar for oppfølging av samarbeidsavtalen i Statsforvalteren møtte
Møter gjennomført med Mattilsynet	1	1	0	1

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)

Rapportere på

Rapporter iht. tabell vedrørende vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Denne ordninga går heldigvis mot slutten. Så vidt vi kjenner til har vi fått søknader frå alle som kjem inn under ordninga innan siste fristen i desember 2025. Dei siste sakene vert handsama ferdig tidleg i 2026, og så står det berre att oppfølging og utbetaling av tidlegare tildelte tilskot etter kvart som arbeidet vert gjort.

Kompensasjon og erstatninger etter avvikling av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Presaksbehandling for erstatning etter avvikling av pelsdyrhold	22	0	0	22
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	23	4	0	19
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	2	0	0	2
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	12	0	0	12

Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av statsforvaltere skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning, og regionale miljøtilskudd

Statsforvalteren bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen hver av de fire fagområdene.

Samanslåinga til Statsforvalteren i Vestland skjedde frå 2019, og i løpet av desse fem-seks åra har vi omprioritert og tilpassa landbruksavdelinga til oppdraget og utfordringane i fylket. Oppgåvene innan næringsutvikling er i stor grad reduserte, i samsvar med den nye oppgåvefordelinga mellom oss og fylkeskommunen. Vi har prioritert forvaltningsoppgåvene, både eigedom, tilskot og andre klagesaker, mellom anna ved å ha minst to juristar i avdelinga. Vi har prioritert kontrollarbeidet ved å ha ein eigen koordinator. Dei siste åra har vi også prioritert driveplikt, jordvern og plansaker. Av omsyn til risiko, fleksibilitet og kapasitet har vi fleire fagfolk som kjenner dei ulike ordningane.

Den største skilnaden frå 2019 er at kapasiteten og fagkunnskapen i den kommunale landbruksforvaltninga er redusert. Det betyr at vi må bruke meir tid på å rettleie kommunane, men det ser vi på som ei naudsynt investering slik situasjonen er no.

Rapportering jord-, konsesjons- og odelslov (fra kapittel 7.3.9.8 i TB)

Rapportere på

Rapportere i tabeller om saker statsforvalteren har behandlet etter jordloven, konsesjonsloven og odelsloven i 2025.

Tabellene nedenfor er basert på gjennomgang av sakene vi handsama i 2025, og det vi elles kjenner frå fagsystema.

Saker etter jord- og konsesjonslov - vedtak

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Endret	Stadfestet	Opphevet/avvist
Vedtak i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	8	0	8	0
Vedtak i klagesaker om deling – jordloven § 12	8	0	8	0
Vedtak i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd (forskrift om nydyrking)	0			
Vedtak i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0			
Vedtak i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten - jordloven § 8 tredje ledd	0			
Vedtak i klagesaker om konsesjon – konsesjonsloven § 9	8	1	5	2
Vedtak i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie – konsesjonsloven § 9 siste ledd	1	0	1	0
Vedtak i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense – konsesjonsloven § 7	0			
Vedtak i førsteinstanssaker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon (landbrukseiendom) – konsesjonsloven § 9 tredje ledd	0			
Vedtak i førsteinstanssaker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (AS og nullgrense) – konsesjonsloven § 7	0			

Saker etter jord- og konsesjonslov - utfall av søknaden/saken

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Avslått	Fritak	Pålegg gitt	Ingen pålegg	Opphevet/avvist	Merknad
Utfall av søknaden i klagesaker om omdisponering dyrka eller dyrkbar jord – jordloven § 9	8	0	1	7	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om omdisponering – jordloven § 9	2	0	2	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden om deling i klagesaker – jordloven § 12	8	0	0	8	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om deling – jordloven §12	4	2	2	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om nydyrking - jordloven § 11 annet ledd	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	4	2	2	0	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon - konsesjonsloven § 9	8	1	3	4	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for selskaper med begrenset ansvar (landbrukseiendom) - konsesjonsloven § 9	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon for erverv i nær familie - konsesjonsloven § 9 siste ledd	1	0	0	1	0	0	0	0	
Utfall av søknaden i klagesaker om konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense - konsesjonsloven § 7	0								
Utfall av søknaden i førsteinstansbehandling av saker om fritak fra driveplikten – jordloven § 8 a	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om fritak fra driveplikten - jordloven § 8 a	0								
Utfall av søknaden i klagesaker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0								
Utfall av saken i førsteinstansbehandling av saker om pålegg ved brudd på driveplikten – jordloven § 8 tredje ledd	0								

Saker etter jord- og konsesjonslov - omdisponering

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Dyrka areal (fulldyrka- og overflatedyrka jord og innmarksbeite) ant. da.	Dyrkbart areal (skog, myr, etc.) ant. da.
Bolig	1	1	0
Hytte ol.	0		
Forretn., kontor, industri	0		
Off./priv. tjenesteyting	3	0	3
Andre byggeområde	0		
Skogplanting	0		
Samferd. og tekn. infrastruktur	2	2	0
Grønnstruktur	0		
Golf	0		
Forsvaret	0		
Andre landbruksformål	0		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0		

Saker etter jord- og konsesjonslov - driftsenhet

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Driftsenhet	Ikke driftsenhet	Avvist
Vedtak	4	2	2	0
Påklaget til Landbruksdirektoratet	1	1	0	0

Saker etter jord- og konsesjonslov - omgjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	§ 35 første ledd a) jf. annet ledd	§ 35 første ledd b) jf. annet ledd	§ 35 første ledd c) jf. annet ledd	§ 35 tredje ledd
Varsel om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Varsel om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Vedtak om omgjøring av kommunale jordlovssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0
Vedtak om omgjøring av kommunale konsesjonssaker – forvaltningsloven § 35	0	0	0	0	0

Vi hadde ingen saker med varsel eller omgjøring med heimel i forvaltningslova paragraf 35.

Saker etter jord- og konsesjonslov - kontrollhjemmel

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Delingssak	Drivepliktsak	Omdisponeringssak	Konsesjonssak
Antall saker	0	0	0	0	0

Vi hadde ingen saker etter jordlova paragraf 3.

Nydyrking av myr - utfall av søknader i første- og klageinstans

Betegnelse på rapporteringskrav	Søknader i alt	Innvilget i alt	Innvilget uten vilkår	Innvilget på vilkår	Innvilget som følge av at myr er eneste dyrkingsressurs	Innvilget som følge av ivaretagelse av særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn	Innvilget som følge av tap av andre produksjonsarealer	Søknader om dispensasjon for å nydyrke myrarealer avslått	Opphevet/avvist	Merknad
Søknader i førsteinstans om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	1	1	0	0	1	0	0	0	0	Innmarksbeite, tidlegare grøfta myr
Utfall av søknaden i klagesaker om dispensasjon for å nydyrke myrarealer jf. nydyrkingsforskriften § 5a	0	0	0	0	0	0	0	0	0	Vi har ikkje hatt klagesaker i 2025

Nydyrking av myr - størrelse på arealene som er omsøkt

Betegnelse på rapporteringskrav	Omsøkt i alt	Omsøkt areal dyp myr	Omsøkt areal grunn myr	Innvilget myrareal i alt	Innvilget areal dyp myr	Innvilget areal grunn myr	Avslått myrareal i alt	Avslått myrareal dyp myr	Avslått myrareal grunn myr
Informasjon om omsøkt myrareal	4	4	0	4	4	0	0	0	0

Arealet var tidlegare grøfta myr som var nytta som innmarksbeite. Det er no fulldyrka.

Nydyrking av myr - ferdiggodkjent nydyrket myrareal

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker der nydyrking av myrareal er gjennomført og arealet er ferdiggodkjent	Ferdiggodkjent myrareal i alt	Ferdiggodkjent areal dyp myr	Ferdiggodkjent areal grunn myr
Informasjon om ferdiggodkjente saker	0	0	0	0

Den nye søknadsportalen i Agros viser når kommunen har gjort vedtak om nydyrking, men gir ikkje oversikt over om eller når tiltaket er gjennomført.

Odelsfrigjøring

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker i alt	Samtykke til odelsfrigjøring gitt	Avslag på søknad om odelsfrigjøring	Avvist	Merknad
Saker om odelsfrigjøring	0	0	0	0	Vi fekk ikkje inn saker om odelsfrigjøring i 2025.

Statsforvalteren som førsteinstans

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Innvilget	Avslått	Innvilget på vilkår
Vedtak som førsteinstans i saker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon (landbrukseiendom) – konsesjonsloven § 9 tredje ledd	28	23	2	3
Vedtak som førsteinstans i saker der selskaper med begrenset ansvar søker konsesjon i kommuner med forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (AS og nullgrense) – konsesjonsloven § 7	0	0	0	0

Det todelt målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelt målet for rovviltpolitikken, både på landbruks- og reindriftsområdet

I 2024 frykta vi at skade frå jerv ville auke i 2025, og det gjorde det. Skadeomfanget auka monaleg i kommunane Stryn og Luster, og var medverkande til

at vi fekk ei høg erstatningsutbetaling på nærare 2 mill. kroner. Vi må difor konstatere at vi for 2025 er lenger unna målet om ei god geografisk differensiert rovviltforvaltning. Vi samarbeider godt med Statens naturoppsyn (SNO) og beitebrukarane, men har ikkje nådd målsettinga om at fleire jervar skal fellast under lisensjakta. Det er framleis slik at vi er heilt avhengig av ekstraordinære uttak utførte av SNO for å kunne halde skadeomfanget på eit akseptabelt nivå. Det er stort sett i dei same områda tapa til jerv oppstår, i Nordfjord og Sogn. Vi har ikkje fått søknader om skadefelling i 2025.

Utvalgte kulturlandskap og verdensarvområdene (fra kapittel 7.3.10.1.2 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status for forvaltningen av ordningene Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen på landbruks-, natur- og kulturmiljøområdet.

Vi har sju utvalde kulturlandskap i Vestland pluss Verdsarvområdet:

- Gjuvslandslia i Kvinnherad
- Ullensvang
- Havrå i Osterøy
- Ormelid i Luster
- Grinde og Engjasete i Sogndal
- Stadlandet
- Lærdal
- Verdsarv
- Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden

Det er rapportert meir detaljert til Landbruksdirektoratet om tilstand og utvikling i vedlegget til LUF-rapporteringa hausten 2025. Vi gjengir deler av dette i tabellen nedfor.

Generelt fungerer ordningane etter intensjonen, og dei bidrar til å ta vare på både landbruksdrift og kulturlandskap.

Tiltaka som er støtta av tilskotsordninga medverkar godt til å ta vare på naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift i områda.

I fleire av UKL-områda blir store deler av tilskotet brukt til årleg skjøtsel av kulturlandskap (slått, gjerdning og beiting etter skjøtelsplanar). Dei årlege tilskota gjer at brukarane kan drive eit langsiktig og føreseieleg arbeid med å ta vare på naturmangfald og kulturmiljø. I tillegg er dei årlege tilskota viktige for å sikre vidare jordbruksdrift. I UKL-områda der kommunane ikkje løyver midlar til årlege tiltak, vert det likevel arbeidd godt og langsiktig med naturmangfald, kulturarv og jordbruksdrift. Her er forvaltingsplanar, skjøtelsplanar og tiltaksplanar viktige verkty for å sikre god målretting av tilskotsmidlane.

Klimaendringar med meir ekstremvêr, som til dømes styrtregn/tørke, kan på sikt vere eit trugsmål mot natur- og kulturmiljøverdiar og jordbruksdrifta i områda. Turismen er ei utfordring for landbruket nokre stader. I andre område kan ein i større grad opne opp for publikum, men i kontrollerte former. Turismen må ikkje truge kulturmiljøverdiane og jordbruksdrifta, og det blir arbeidd med problemstillingane gjennom ulike prosessar (besøksforvaltning). I enkelte av områda er det tidvis behov for tett oppfølging av enkelttiltak for å rettleie og å unngå uønskte effektar for natur- og kulturmiljøverdiane, som t.d. spreiding av uønskte artar, rekruttering mv.

Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen

Betegnelse på rapporteringskrav	Beskrivelse
Bidrar tiltak støttet av tilskuddsordningen til å ivareta naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift på en tilfredsstillende måte?	Ja, det bidrar godt til å ta vare på naturmangfold, kulturarv og jordbruksdrift i områda. Verdsarvområdet Nærøyfjorden: Vi ser ein positiv trend med generasjonsskifte i Undredal og eit større geiteprosjekt i regi av Tine som støttar bøndene i Undredal og Bakka. I dei same grendene er det høgt press frå turisme, noko dei tek tak i gjennom eit eige prosjekt i Undredal frå 2026. Det er behov for rekrutteringsarbeid til sauedrift i Nærøydalen. Det er starta eit arbeid med å avklare tolkingsrammene i forskrifta for å styrke landbruket i fellesskap med SFMR og kommunane. Vi vil arbeide vidare med kunnskapsinnhenting og eventuelt justering av tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.
Er natur- og kulturmiljøverdiene i områdene styrket eller svekket?	UKL Gjuvslandsli: Tilskota går i hovudsak til årlege tiltak i tråd med skjøtelsplanen, og til brukarar som driv gardane. 2025: Vellukka dugnadsarbeid i samarbeid med lokalt idrettslag med rydding av bjørnebærkratt. Bevaring av barlind er viktig, då tilstanden er dårleg (Miljøvd. følger dette tett). Restaurering av oppgangssaga vart starta hausten 2025. Her har det vore felles synfaring med FK. UKL Grinde og Engjasete: Ein stor del av tilskota går til årlege skjøtelsstiltak til gardbrukarane i området i tråd med skjøtelsplanen. Tilskota går elles til enkelttiltak for å ta vare på natur- og kulturlandskapsverdiar med fjerning av gran og vedlikehald av styvingstre. UKL Stadlandet: Tilskotsmidlane blir nytta i samsvar med skjøtelsplanar der målet er å ta vare på natur- og kulturlandskapsverdiar. Det blir gitt årlege tilskot til dei som driv gardane og bønder som fører beitedyr inn i området. Skjøtelsplan for Hoddevik oppdatert i 2025. UKL Lærdal: Tilskotsmidlane blir nytta i samsvar med skjøtelsplanar, og til enkelttiltak som bidrar til å ta vare på natur- og kulturarv. Følgjer opp skjøtelsstiltak for prioriterte område for biologisk mangfald. Elles i kjerneområda er det stor vekt på beiting og gjerding for å skjotte biologiske verdiar og landskap (spesielt opp mot Kongevegen). UKL Havrå: Kommunen har prioritert å tildele midlar til rydding av skred, restaurering av bygningar, slått, beiting og formidling. UKL Ormelid: I tillegg til årlege skjøtelsstiltak er det prioritert å tildele midlar til restaurering av murar i tråd med plan for dette. I tillegg er det løyd midlar til ein formidlingsplan med utgangspunkt i at ein i større grad ønskjer å opne opp for publikum. Gjennomfører filming av Markens grøde. UKL Ullensvang: Har gjennomført grendamøte. Dette er starten på ein prosess som vil bli vidareført i 2026 for å involvere bygdene og avklare prioriteringar i UKL-området.
Er det positive trender i områdene?	Kommunane arbeider godt og målretta med ordningane. Verdsarvområdet: Det har vore generasjonsskifte på fleire gardar, spesielt i Undredal, som fører til optimisme i landbruket. Det er starta sjølvstendig drift på eitt bruk i Undredal. UKL Gjuvslandsli: Skjøtelsplanen vert følgd opp. Det vert lagt vekt på å få restaurert oppgangssaga i 2026. Arbeidet med formidling og skilling har starta (avklarte planar). UKL Grinde og Engjasete: Ingen store endringar. Stegvis generasjonsskifte på hovudbruket er i gang. UKL Stadlandet: Arbeid med skiltplanen og formidlingsplanen var godt i gang, men har stoppa noko opp pga. krav om skredfarevurdering på skiltplasseringar. Dette arbeidet er godt integrert i besøksforvaltningsarbeidet i Stad kommune. UKL Lærdal: Avklart at ein ikkje ville utvide området. Vertskap for UKL/ARV-samling for Vestland i juni, ca. 50 deltakarar. UKL Havrå: Formidlingsplan med god styring av besøkande. Betre dialog med grunneigarar. Har starta arbeid med eigarskifte der det er uklart. Museumsseteret aktivt og inkluderande. UKL Ormelid: Bygningane og tunmiljøet vart i stor grad ferdigrestaurerte i 2025, og filming i 2025 var vellukka. Arbeider med bok som er klar til lansering i juni 2026. UKL Ullensvang: Har slipte med rekruttering til landbrukskontoret i kommunen som har sett arbeidet på vent. No er nye folk på plass og dei legg vekt på prosess- og prioriteringsarbeid. Mål for 2026: utgreining, refotografering, formidling, skilt.
Er det noen spesielle trusler eller utfordringer mot natur- og kulturmiljøverdiar eller jordbruksdrift i områdene?	UKL Gjuvslandsli: Svekt barlindbestand og askesjuka – miljøavdelinga følgjer dette tett. Ein grunneigar ønskjer ikkje å gjere tiltak på sin teig, medan resten er positive og aktive. UKL Grinde og Engjasete: Massivt hjortegagne som trugar fleire av styvingstrea i området. Ulfordrande naboforhold og konflikter gjer samarbeid om felles hjortegjerde vanskeleg. UKL Stadlandet: Spreiing av sitkagran og manglande brenning er utfordringar for å halde kystlyngheiene i hevd. Samstundes er trafikktufordringar, aukande turisme og gjerdeproblematikk ei utfordring for beitebruk og landbruket i området. Bønder med beitedyr vurderer å trekke ut sine dyr frå området. Ingen aktive bønder i Hoddevik. UKL Lærdal: Klimaendringar og flaum er ei tilbakevendande utfordring i området. Må prioritere restaurering av vatningsveiter i åra framover. UKL Havrå: Det er utfordrande å balansere museumsdrift med private interesser, og å skaffe tilstrekkeleg med ressursar til å oppretthalde heilskapen i kulturlandskapet. UKL Ormelid: Hovudutfordringa er å få til ei berekraftig drift av garden i framtida. UKL Ullensvang: Intern samordning i kommunen og å arbeide prioritert er eit utfordring i eit stort område, men kommunen arbeider no systematisk og godt med dette. SF har vore tett på.
Blir ordningen brukt i næringsutvikling basert på natur- og kulturmiljøverdiar eller jordbruksdrift?	Verdsarvområdet: Løyvingar i 2025: 4,3 mill. Om lag 75 prosent av midlane vert brukt til landskapskjøtsel (slått og beiting av innmark og utmark), om lag 5 prosent er retta direkte mot biologisk mangfald. Resten vert nytta til investeringar og vedlikehald av kulturminne i jordbruket. Dette er tiltak som bidreg til aktiv landbruksdrift og næringsaktivitet, og har vore avgjerande for generasjonsskifte. UKL: Totalramme på 3,2 mill. til Vestland i 2025, i tillegg kom inndregne midlar til omfordeling i kvart område. 1,6 mill. vart nytt til drift av årlege tiltak, 1,4 mill. til investeringar og eingongstiltak. Resten vart sett av til fellestiltak.
Finnes det en overordnet forvaltningsplan for området (ja/nei)?	Ja. Det finst overordna forvaltningsplanar for verdsarvområdet og alle dei større UKL-områda. For dei små områda som Gjuvslandsli og Grinde Engjasete dekkjer skjøtelsplanane dei viktigaste momenta som ein forvaltningsplan ville ha dekt.
Fungerer de overordnede forvaltningsplanene/områdeplanene på en hensiktsmessig måte for å prioritere de viktigste tiltakene knyttet til alle deltema omfattet av formålet med ordningen?	UKL: Forvaltningsplanane dannar grunnlag for meir detaljerte og tiltaksretta planar som skjøtels- og istandsetjingsplanar. Desse fungerer i større grad enn forvaltningsplanar som verktøy for prioritering av tiltak for forvaltninga, og i område med få grunneigarar erstattar skjøtelsplanen forvaltningsplanen. Verdsarvområdet: Forvaltningsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (2008), utdjupar og presiserer dei einskilde verneforskriftene for verneområda innanfor verdsarvområdet. Kunnskapsinnhentingsskjøtelt er starta for å kunne lage ein ny felles forvaltningsplan for begge fjordområda i Vestnorsk fjordlandskap. Landbruksforvaltninga har i liten grad vore med i dette arbeid. Verneområdestyra har vore førande i dette arbeidet, saman med ny kunnskapskoordinator – planlagt ferdigstilling i 2026/27. Kulturminneforvaltninga er fanga opp i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (2021–27). Som grunnlag for forvaltninga av tilskot til tiltak i verdsarvområdet er det utarbeidd ein Tiltaksplan for Vestnorsk fjordlandskap (2022), som gir ein oppdatert oversikt over tilstanden for kulturlandskapet i området. Vidare kjem planen med råd og prioriteringar for å nå målsettinga om å oppretthalde og styrke landbruket i områda og forvaltning av tilskotsordninga. Parkplanen for Verdsarvområdet i Nærøyfjorden er framleis under revidering.
Fungerer samarbeidet mellom de ulike aktørene på lokalt og regionalt nivå på en tilfredsstillende måte?	UKL: Lokal og regional miljø- og landbruksforvaltning samarbeider og samordnar godt. Vi tek aktiv del i arbeidet og tilbyr fagleg støtte til dei kommunane som ønskjer det. Kulturmiljømynde hos fylkeskommunen har avgrensa kapasitet til arbeidet med UKL, og er mest involverte i områda som også er omfatta av kulturmiljøfreding, som Havrå og Ormelid. Ut over dette samarbeider vi med regionale kulturmiljømynde ved konkrete behov og utfordringar. Samarbeidsgrupper er etablerte og møtast årlig i dei større UKL-områda (Stad, Lærdal og etter kvart Ullensvang). Dei mindre UKL-områda har årlege grunneigarsamlingar i lag med kommunen og fylkeskommunen (Ormeli, Engjasete, Gjuvslandsli, Havrå), og ev. stiftinga og andre viktige partnarar. Vi har som mål å delta på dei årlege møta eller synfaringar, slik at ein har besøk områda minst ein gong per år. Verdsarvområdet: Gode rutinar for samarbeid gjennom planleggingsmøte mellom kommune, verneområdeforvaltar og SF tidleg på året. Årlege gardsbesøk der vi, kommunen og verneområdet deltek i tillegg til grunneigarane. Grunnlag for oppfølging er skjøtelsplan/forvaltningsplan/tilegare tildelingar. Vi har deltatt på dei fleste gardsbesøka, verdsarvområdet og diskusjon av ny parkplan. Noko dialog med ny verdsarvkoordinator i Nærøyfjorden, men dette burde vore betre. Landbruket har ikkje vore med i arbeidet med kunnskapsinnhenting i samband med utarbeiding av forvaltningsplan for verneområda i Vestnorsk fjordlandskap. Dette er delvis grunna manglande økonomisk bidrag frå kommunen til arbeidet. Landbruket er derfor lite synleg i forvaltninga av verneområda i Vestnorsk fjordlandskap, men i felt og i praksis gjer landbruket ein viktig og verdifull innsats i verdsarven.

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Samla tildeling til drift i år 2025 var kr 258 181 000, og mindreforbruket var kr 7 862 000 (3,0 prosent av tildelinga). Vi hadde med oss eit mindreforbruk inn i 2025 på kr 8 721 988, av dette var kr 5 066 000 i tildeling for lønnsoppgjøret 2024 som vart forseinka på grunn av lønnsnemnd.

Etter ei vurdering av lønnsnivået i embetet, samanlikna med andre embete og andre offentlege etatar, såg vi at vi låg i nedre sjikt mellom statsforvaltarembeta og at vi ikkje er så konkurransedyktige som vi ønskjer. Leiinga valde difor å leggje 3 mill. kroner ekstra i lønnsoppgjøret for 2023. Det vart ikkje lagt egne midlar i potten for 2024 grunna stram økonomi, kombinert med at lønnsoppgjøret for 2024 vart forseinka og ikkje utbetalt før i 2025. Vi har vedtatt ein plan for å redusere tal stillingar der reduksjonen blir realisert med naturleg avgang. Dette vart gjort som eit viktig tiltak i arbeidet med å redusere gjennomtrekk og behalde kompetent arbeidskraft. I samband med justering av stillingsplanen, er det lagt vekt på tilpassing til sentral budsjettfordelingsmodell fordelt på departementsområda. I 2025 la vi 3 mill. kroner i egne midlar i den lokale potten, og i tillegg fekk alle tilsette eit generelt tillegg på 15 000 frå januar 2025 som vart utbetalt i desember 2025. Vi har fått oversikt frå SPK som viser at lønnstillegget som vart utbetalt i desember 2025 kosta kring 2,8 mill. kroner i endringspremie + arbeidsgivaravgift. Denne kostnaden kjem i 2026 og er såleis ein stor del av mindreforbruket for 2025.

Det er vanskeleg å rekne ut pensjonskostnadane til embetet. Endringar på ein tilsett kan medføre store endingskostnadar, medan endring på ein annan tilsett gir liten eller ingen endringspremie. Vi får god hjelp i prognosane frå SPK, men det er likevel vanskeleg å ha oversikt over konsekvensane dersom vi legg ekstra midlar i lønsoppgjeret. Sjølv om vi la inn 3 mill. kroner i ekstra midlar for 2025, fekk vi kring 3 mill. kroner lågare SPK-kostnad enn budsjettet. Etter kvart som vi får færre tilsette på gamal pensjonsordning trur vi at det vil bli lettare å rekne ut dei totale SPK-kostnadene.

Vestland er eit langstrekt fylke med mykje fjell og fjordar, noko som gjer at det er kostbart å reise, både i tid og pengar. Den nest største byen i landet, Bergen, og dei fire store omlandskommunane utgjer eit stort folketal og tyngdepunkt i fylket. Det gir ekstra utfordringar både i levekår og med tanke på planlegging. Vi meiner at desse elementa er tatt for lite omsyn til i budsjettfordelingsmodellen. Vi må nøye vurdere behov ved reiser, sjølv om oppdragsgivarane våre har oppmoda oss om fleire kommunebesøk og meir dialog med kommunane på deira heimebane.

Mindreforbruk på finansiering 1520.21/4520.01 utgjer kr 1 255 000 og skuldast i hovudsak prosjekta Samarbeid og medbestemmelse og Tillitsbygging. Der har vi fått utbetalt prosjektmidlar, men prosjekta går over fleire år. Vi har og nokre mindre prosjekt, i hovudsak knytt til oppgjer om Statens hus i Leikanger i samband med årsslutt.

Ressursrapportering

Departement	Driftskapittel 2025	Driftskapittel 2024	Fagdep. 2025	Fagdep. 2024
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	5 915	3 725	2 575	3 190
Barne- og familiedepartementet	18 483	17 103	1 780	1 711
Helse- og omsorgsdepartementet	37 372	36 262	21 266	18 151
Justis- og beredskapsdepartementet	33 134	29 768	1 504	1 750
Klima- og miljødepartementet	29 767	27 263	14 239	12 434
Kommunal- og distriktdepartementet	32 228	34 635	2 072	2 097
Kunnskapsdepartementet	20 060	18 031	35 072	32 805
Landbruks- og matdepartementet	27 831	25 506	0	718
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet	43 637	48 941	0	0
Andre	1 892	1 975	256	313
Sum	250 319	243 209	78 764	73 169

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppgjaget og regnskapsresultat

Som nemnt i del 1 balanserte vi økonomien i 2025 etter to tøffe år med stillingsstopp og nedbemanning. Vi klarte også å leggje inn ekstra midlar for å styrke gjennomsnittsløna, etter at undersøkingar har vist at vi har lege i nedre sjikt mellom embeta og i samanlikninga med andre offentlege etatar. To faktorar vi tok høgde for i budsjetteringa, som først vart avklara i januar 2026 og utgjorde samla 5.5 mill kr i kostnad, gjorde at vi enda opp med eit mindreforbruk på 7 862 000, som utgjer tre prosent av tildelinga. Av dette hadde vi med oss 3 656 000 kr frå 2024.

På dei fleste fagområda har vi i hovudsak utført embetsoppdraga med akseptable eller gode resultat. På grunn av altfor knappe ressursar har vi særleg på områda helse, barnevern og verjemål lågare måloppåing enn vi ønskte. Vi skulle også ønskt oss at vi hadde meir ressursar til å kunne drive rettleiing og dialog overfor kommunane på planområdet.

For utfyllande overordna kommentarar til dette viser vi til årsrapporten kapittel 1, 5 og 6.

3.6 Andre forhold

Ressurssituasjon og prioritering ved helse-, sosial og barnevernavdelinga

Vi orienterte oppdragsgivarane våre (Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Arbeids- og velferdsetaten) om ressurssituasjonen og prioriteringar den 3. september 2025 med brevet «Orientering om justeringar – ressurssituasjon og prioritering – oppgaver i Tildelingsbrev og Virksomhetsinstruks på helse-, sosial- og barnevernsområdet 2025».

Føremålet var å

- tydeleggjere at barneverns- og helseområdet er underfinansiert, og at det ikkje ville vere mogleg å gjennomføre oppdraga tilfredsstillande
- oppretthalde prioriteringane som vart varsla om i brevet vårt for 2024 justert med ytterlegare konkrete prioriteringar for hausten 2025
- orientere om at vi ikkje vil nå resultatkrava for fleire saksområde

Andre tiltak i 2025

- Vi har prioritert å delta i ressurskartlegginga til DFD på fagområda til HOD og BFD.
- Vi deltok i oppstartsfasen av pilot i samarbeid med Statens helsetilsyn for opplæring og bruk av KI på sensitiv informasjon i sakshandsaminga. Arbeidet vart stoppa av omsyn til persontryggleik.
- Vi har innført telefontid i avdelinga.

Pasient- og brukarrettslova kapittel 4A

- Tal vedtak: 582 (nedgang fra 634 i 2024)
- Tal langvarige vedtak: 258 (oppgang fra 249 i 2024)

- Oppheva: 32
- Klagesaker: 2
- Vedtak fra spesialisthelsetenesta: 107
- Tannbehandlingsvedtak: 99
- Tal på kommunar vi ikkje har fått vedtak frå: 12
- Vi har opna tilsyn på eige initiativ i tre saker.
- Vi har vore på stadleg tilsyn i to saker.

Sakshandsamingstida for gjennomgang av vedtak og etterkontroll er i stor grad innafor fristen.

Tvangsmedisineringsklager

I 2025 har vi handsama 302 klager, mot 335 klager i 2024 og 281 klager i 2023.

Arbeidsmengda på tvangsfeltet er framleis krevjande for avdelinga.


For å effektivisere arbeidet utarbeidde vi våren 2025 nok ein gong ny forenkla mal på begge målformar for vedtaka våre. Vi har vidareført vaktordning for fordeling av sakene og «tvangsmedisinerings-telefonen». Flest mogleg av pasientsamtalene skjer no digitalt eller per telefon. Det er planlagt evaluering av denne ordninga i 2026. Vi har jamlege interne fagmøte.

Ved utgangen av 2025 var median sakshandsamingstid på 5,1 dagar, som er svært bra med tanke på den store saksmengda. Ved hjelp av vaktordninga fekk vi handsama saker fortløpande også i feriar, slik at ikkje sakshandsaminga stoppa opp. Vi har god oversikt over saksfeltet og restansane våre.

Førarkort

Året 2025 vart prega av mykje ekstra arbeid som følgje av krav frå Helsedirektoratet og Politidirektoratet om at vi skal sende meldingane frå helsepersonell over til politiet. Ettersom mange av meldingane inneheld ikkje relevant teiepliktig informasjon som er innhenta i samband med helsehjelp, har det vorte eit stort tilleggsarbeid å sladda dette før oversending. Sakshandsamingstida i desse sakene har derfor i løpet av 2025 gått frå 1–3 veker til 6–7 veker. Vi ventar ikkje rask betring av sakshandsamingstida.

Ein sakshandsamar har deltatt i den nasjonale gruppa for organisering og førarrett i regi av Vegdirektoratet. Elles har vi hatt undervising for alle LIS-1-legane i fylket og ei sjukehusavdeling. Kommuneoverlegane er informerte om endringa av praksis med oversending av dokument. Vi prioriterte bort



annan planlagt aktivitet ut mot tenestene og samarbeidspartnarane.

Ved årsskiftet 2025–2026 var talet på ikkje-fordelte restansar i førarkortsakene våre svært høgt. Talet var om lag 230 saker og den eldste saka var frå 9. november 2025. Tidlegare har vi knapt nådd 100 restansar.

Ettersom det nasjonale statistikkregistreringsverktøyet Trafikk er avvikla, blir det vanskeleg å få gode tal for saksomfang og handtering. Vi må derfor støtte oss til oversikta over innkomande og utgåande brev for å danne oss eit inntrykk av utviklinga på feltet.

Meirarbeidet før oversending til politiet, saman med dei store restansane og færre sakshandsamarar, gjer at vi no arbeider med risiko på saksfeltet.

Som nemnt er den nasjonale gruppa for organisering og førarrett i regi av Vegdirektoratet i gang med å sjå på korleis førarkortsakene skal løysast. Måten desse sakene no blir handsama på, er særst ineffektiv, og det hastar å få gjort noko. Organiseringa no er at vi får inn meldingar frå helsepersonell, som vi vurderer, sladdar og sender vidare til politiet med ei tilråding. Politiet gjer vedtak, nesten utan unntak i tråd med vår tilråding. Vi meiner at ein stor effektiviseringsgevinst kan oppnåast raskt både for politiet og statsforvaltarane dersom statsforvaltarane, med overføring av nokre midlar, får til oppgåve å gjere vedtak i desse sakene. Og så kan det heller vurderast nøyare om det skal gjerast andre grep på sikt, til dømes å samle sakene i eitt statsforvaltarembete eller i Vegdirektoratet.

Oppgaver for kongehuset

Vestland fekk følgjande besøk frå kongehuset i 2025:

- 7. april: H.K.H Kronprins Haakon til One Ocean Week.
- 20.–22. mai: H.M. Dronning Sonja til Festsplene i Bergen.
- 5. juni: H.K.H Kronprins Haakon til Holbergprisen.
- 26. august: DD.MM. Kong Harald, Dronning Sonja, DD.KK.HH. Kronprins Haakon og Kronprinsesse Mette-Marit til feiring av Gamlehaugen 100 år som kongeleg bustad.
- 1.–3. september: Kronprins Haakon til Tungestølen turisthytte for Friluftslivets år og til Lufthammyra i Sogndal for forskning.
- 27.–28. september: H.M. Dronning Sonja til United World College sitt 30-årsjubileum i Flekke.
- 9. oktober: H.M. Kong Harald til VM i vektøfting i Førde.

Apostillstempel på dokument

I 2025 har vi sett apostillstempel på 6 210 dokument.

Innsynskrav etter offentleglova

Innsynskrav etter offentleglova vert handtert av rådgivarar (4,1 årsverk i 2025) i organisasjons- og strategiavdelinga.

Innkome innsynskrav i 2025

Statsforvaltaren i Vestland (tal frå eInnsyn)	9663
Fylkesmannen i Hordaland (tal frå eInnsyn)	237
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (tal frå eInnsyn)	120
Andre innkomne innsynskrav (e-post, telefon osv.)	462
Total mengd innsynskrav	10 482
Total mengd sakshandsama innsynskrav*	1306

* Svar på innsynskrav i offentlege dokument blir ekspederte på e-post utan noko form for registrering, og blir ikkje rekna som sakshandsaming. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett blir sakshandsama. Desse innsynskrava blir registrerte og sakshandsama i Elements. Vi skriv svarbrev, og eventuelt sladda versjon av dokumentet det er bedd om innsyn i, blir arkivert på saka i Elements.

Talet på innkomne innsynskrav er det høgste som er registrert sidan samanslåinga av fylkesmannsembeta i 2019, sjå under. Vi fekk 61 fleire innsynskrav i 2025 enn i 2024.

Innsynskrava som ikkje kjem inn via eInnsyn kan gjelde til dømes heile sakskompleks, saker om konkrete tema, eller meir diffuse saker. Det er verd å merke seg at tala på innsynskrav ikkje seier noko om kor store bestillingane er, eller kor tidkrevjande handteringa av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei største og mest tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem inn via e-Innsyn.

Innkome klager i 2025

Innkome klager på avslag på innsyn	19
Statsforvaltaren har gjort om	7
Klageorgan har gjort om	1
Avslag er stadfesta av klageorgan	4
Klage på for sein handsaming, men ikkje påklaga etter at vi har handsama innsynskravet**	7

** Det følgjer av offentleglova paragraf 32 andre ledd første punktum at dersom den som har kravd innsyn ikkje har fått svar innan fem arbeidsdagar etter at organet fekk kravet, skal dette reknast som eit avslag som kan klagast på.

Talet på innkomne klager har gått noko ned samanlikna med talet frå i fjor. I 2024 fekk vi 24 klager.

Andre førespurnadar

I tillegg til klager på avslag på innsyn, får vi unntaksvis krav om å gi ei grundigare forklaring på avslaget. Dersom den som har bedd om innsyn aksepterer svaret vårt, reknar vi ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslaget som ei formell klage. Vi avsluttar då saka.

Vi får også med jamne mellomrom førespurnadar frå journalistar om å kontakte klagaren/pårørande i forlenginga av at journalistane har fått svar på innsynskrav frå oss. Vi har fått meir av denne typen førespurnadar dei siste åra.

Tiltak

Sidan samanslåinga av fylkesmannsembeta i 2019 til 2025 har talet på innsynskrav meir enn dobla seg (frå 4620 til 10482 innsynskrav). Vi opplever at fleire av innsynskrava er både større og meir komplekse no enn tidlegare. Til dømes blir det ofte bedd om innsyn i heile saker og sakskompleks. Vi har ofte ikkje klart å halde tidsfristane for svar på innsynskrav, og vi har måtta prioritere mellom dei. Planen var at vi skulle starte med å fulltekstpublisere nokre av dokumenta våre frå november 2025, som eit tiltak for å effektivisere sakshandsaminga av innsynskrav. Dette prosjektet vart utsett til januar

2026.

4 Styring og kontroll hos statsforvalteren

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold hos statsforvalterens planlegging, gjennomføring og oppfølging

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa og i arbeidet med verksemdsplanane. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. I tillegg er viktige tema drøfta i utvida leiargruppe, der alle leiurar med personalansvar er samla. Samstundes legg vi stor vekt på å drøfte overordna spørsmål med tillitsvalde gjennom samarbeidsutvalet, og vi opplever at vi tar betre avgjerder gjennom innspela vi får. Vi har faste rutinar for å få til gode prosessar i arbeidsmiljøutvalet (verneombod) og samarbeidsutvalet (tillitsvalde).

4.1.1 Statsforvalterens risikostyring

Avdelingane utarbeider årlege verksemdsplanar der risikostyring utgjer ein viktig del av planane og oppfølginga gjennom året. Kontrollen er tilpassa oppgåvene og kor vesentleg risikoen er.

Kartlegging og risikovurdering er ein del av det systematiske HMS-arbeidet. Statsforvaltarane og STAF har system for avvik og intern varsling gjennom felles kvalitetssystem levert av Datakvalitet.

4.1.2 Statsforvalterens internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi oppdaterer rutinar og retningslinjer etter behov, og alle felles rutinar er tilgjengelege på intranettet. Styringsbiblioteket er brukt til retningslinjer som gjeld for alle tilsette. Avvik blir følgde opp i dei ulike avdelingane, HMS-avvik i AMU-møte og avvik innan informasjonstryggleik i tryggleiksutvalet.

Avdelingane har sine rutinar tilgjengelege for tilsette som treng det. Tilsette og nyttilsette får opplæring i dei interne rutinane, i tillegg til systemopplæring gjennom kurs- og kompetanseportalen (DFØ). Embeta har årlege oppfølgingsmøte med STAF om IKT og dokumentforvaltning. Temaet er rapportering og internkontrollrutine for såkalla kryssande tenester, der både STAF og embeta har ansvar.

Tertialsvis rapportering på sakshandsamingstider for dei viktigaste fagområda gir oss god oversikt over status på fagområda. Vi følgjer opp økonomistyring gjennom delegeringsreglementet, interne fullmakter og budsjett- og rekneskapsrutinar. Budsjettsituasjonen er fast tema i alle leiarmøte og møte med tillitsvalde (samarbeidsutvalet).

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen hos statsforvalteren

Vi har tidlegare redusert talet på tilsette i stillingsplanen for å auke det gjennomsnittlege lønsværet, slik at vi klarar å halde på og rekruttere kvalifiserte og dyktige medarbeidarar. Etter stillingsstoppen i 2024 har vi no auka grunnbemanninga i tråd med den nye budsjettsituasjonen og nye oppdrag for avdelingane. Tildelingane frå fagdepartementa har betra seg noko der saksmengda veks mest.

Sjukefråværet er 6,8 prosent i 2025. Dette er ein liten nedgang frå året før. Resultata frå førre medarbeidarundersøking (MUST) viser at det er ein klar samanheng mellom tildeling, auka saksmengd og høgt sjukefråvær.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Utanom møblar og tre embetsbilar eig vi lite materielle gjenstandar av verdi. Bilane får service og blir kontrollerte i samsvar med regelverk og oppsett plan.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til avdekte svakheter eller utfordringar. Vi har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Revisjon av 2025 hadde oppstartsmøte i desember 2025.

Vi jobbar systematisk med å byggje ein god kultur for informasjonstryggleik, mellom anna gjennom det interne tryggleiksutvalet og godt samarbeid med dei andre embeta og STAF i fagutvalet for informasjonstryggleik. Mellom anna oppmodar vi tilsette til å delta på felles nettseminar om informasjonstryggleik, og få hjelp til korleis vi kan avdekke digitale trugslar.

Vi melder avvik via felles avvikssystem. I 2025 melde vi åtte av avvik til Datatilsynet. I sakene la Datatilsynet til grunn at vi hadde gjennomført dei tiltaka som var nødvendige for å utbetre brota og avgrense eventuelle konsekvensar for enkeltpersonar som var råka. Datatilsynet avslutta derfor sakene.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling og diskriminering

Vi har framleis ei klar overvekt av kvinner i embetet. I 2025 var 70 prosent av våre tilsette kvinner. Der er òg overvekt av kvinnelege leiurar. Det er liten forskjell mellom kvinner og menn når det gjeld deltid og mellombelse stillingar. Sjukefråværet er høgare for kvinner. Vi har ingen varsel om at tilsette kjenner seg diskriminerte hos oss. Vi viser elles til likestillingsutgreiinga under vedlegg i kapittel 7, etter ARP-mal frå Bufdir.

Bruk av lærlingar

Vi er formelt godkjent som lærebedrift gjennom OK-stat. Vi har alltid få søkarar, og vi har ikkje prioritert å søke etter lærling i 2025.

HMS/arbeidsmiljø

Vi har mål, tiltak og handlingsplanar for fleire område og eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta. Vi har framleis utfordringar med det høge sjukefråværet, som var 6,8 prosent i 2025.

Vi forsøker å arbeide systematisk ved å ha rutinar for oppfølging, og ta opp temaet jamleg i utvida leiargruppe og i AMU. Vi har hatt stor utskifting av leiarar på alle nivå dei siste to åra, og i 2025 søkte vi tariffavsette prosjektmidlar (HTA 5.3.2) for å jobbe med prosjektet Tillitsbygging hos Statsforvaltaren i Vestland. Vi har tre hovudmål:

- Betre partssamarbeid.
- Redusert sjukefråvær.
- Forankring av lokal personalpolitikk i organisasjonen.

Alle måla krev systematisk arbeid over tid. Men vi samarbeider om måla i lokal personalpolitikk og ved evaluering av partssamarbeidet seier partane at medverknaden har hatt ei positiv utvikling.

Ytre miljø

Vi er klimapartner i Vestland, og dei tre kontorstadene våre er miljøfyrtårnsertifiserte etter hovudkontormodellen. Vi har etter kvart gode rutinar for å sette miljøkrava både i Leikanger, Førde og Bergen.

4.3 Fellesføringer 2025

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Dei tre kontorstadene våre er miljøfyrtårnsertifiserte. For å effektivisere arbeidet, og sjå arbeidet i samanheng med felles berekraftsmål, har vi i 2025 sertifisert dei tre kontorstadene etter hovudkontormodellen. Ved resertifiseringa har vi utarbeidd felles rutinar for reiser og innkjøp. Dei tre huseigarane har alle mål om å redusere energiforbruket, og har på eige initiativ sett i gang arbeid med energitiltak og energioptimalisering.

Sjølv om vi reiser minst mogleg, må vi likevel reise ein del for å kunne utføre oppdrag våre, både mellom kontorstadene og ut til kommunar og andre. Særleg kommunane etterspør at vi reiser meir ut for å møte dei på deira heimebane og for å synfare område som vi skal vurdere i i plansak eller eit vedtak.

Vi viser elles til kapittel 3.1.2.3 om klima og rapportering om planarbeidet.

Positiv utvikling i tal tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

I samarbeid med Nav hadde vi gode resultat frå perioden med inkluderingsdugnad, med eit gjennomsnitt på om lag ni prosent nyttilsette innanfor dugnaden. Vi fekk den gongen god hjelp frå tilsette i Nav som jobba målretta med dette.

I 2025 brukte vi nettportalen for inkluderande rekruttering og vi sende potensielle stillingsannonser til Nav. Samstundes var vi avhengige av raske og smidige rekrutteringsprosessar sidan vi i 2025 hadde mange rekrutteringar etter stillingsstoppen i 2024. Inkluderingsdugnad-prosjektet til Nav var avslutta og vi fekk mindre støtte til denne typen rekruttering. Hausten 2025 har vi leita etter nytt kontaktpunkt i Nav for å finne tilbake til det smidige og gode samarbeidet. På grunn av dette nye samarbeidet kan vi truleg levere betre på dette oppdraget frå 2026.

Statistikken frå rekrutteringssystemet viser at vi i 2025 har 576 søkarar til 32 stillingar, der 21 søkarar har oppgitt å ha funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid/utdanning. Fire kandidatar frå denne gruppa var innkalla til intervju. Éin kandidat vart tilsett men valde å takke nei til stillinga. I 2024 hadde vi ingen tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing. Vi viser elles til likestillingutgreiinga (ARP) som vedlegg i kapittel 7.

Redusere konsulentbruken

For kontogruppe 67 Kjøp av konsulenttenester var det ført utgifter for 242 753 kroner. Dette fordeler seg slik på kontogruppene:

- 671 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mv: 128 825 kroner
- 672 Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgjeving mv: 8 800 kroner
- 673 Andre konsulenttenester: 105 128 kroner

Kontogruppe 671 er tenester for utvikling av programvare, IKT-løysingar osv. Nettside for Gullprosjektet utgjør størstedelen av denne summen.

Det som er ført på kontogruppe 672 omfattar konsulentteneste i samband med organisasjonsstrategien for embetet.

Kontogruppe 673 omfattar bruk av konsulenttenester i samband med resertifisering som Miljøfyrtårn, og i arbeidet med Regionrådet for Nordhordland IKS. Vi har og hatt konsulenttenester frå Statsbygg for ein mindre sum.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor statsforvalteren som kan påvirke statsforvalterens evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt

Embete og oppdraget

Som det går fram i innleiinga er vi stadig meir pressa på ressursar ut frå oppdraga og den aukande saksmengda. Vi har mange dedikerte og flinke medarbeidarar som er sterkt motiverte av det viktige samfunnsoppdraget vårt. Men vi klarar ikkje å gjere alle dei viktigaste oppgåvene våre. Dette får konsekvensar for privatpersonar og sårbare grupper, og det kan i sin tur gå ut over tilliten til heile forvaltninga.

Kvar for seg kan det vere fornuftig å lovfeste rettar for privatpersonar, men saksmengda er over tolegrensa for kva som er mogleg å handtere for kommunane og for Statsforvaltaren som klage- og tilsynsinnsans.

Løysingane er enten å tilføre meir ressursar eller å vurdere nøye kva oppdrag og rettar som er viktige å oppretthalde i lovverket, og kva som kan lempast på. Effektivisering gjennom digitalisering kan hjelpe noko, men det krev ressursar til utvikling og oppfølging, og er ikkje det einaste svaret.

Difor er vi glade for at regjeringa har sett ned ein kommunekommisjon som kan sjå på det samla biletet kommunane står i. Samstundes burde kommisjonen hatt med medlemmer frå instansane med ansvar for velferdsområda, for å gjere framlegga meir treffsikre.

Dermed er vi glade for det arbeidet Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har sett i gang for å få meir balanse mellom ressursane og oppdraga våre. Vi har store voner til kva dette kan føre til.

I desember 2025 vedtok vi ein ny strategi for 2026 til 2029 der målområda er:

1. Vi skal verne om naturverdiar og rettane til sårbare grupper.
2. Vi skal sjå til at kommunen kan tilby gode og likeverdige tenester.
3. Vi skal jobbe for at barn og unge har trygge oppvekstvilkår.
4. Vi skal klargjere ansvarsområda våre i møte med omverda, og særleg i møte med kommunane.
5. Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass med høg kompetanse på alle fagområda våre.

Kommunane i fylket

Ein del av kommunane strevar økonomisk på grunn av høgare rente- og kostnadsnivå. Dei står overfor tøffe grep som vil gå ut over tenestnivået til innbyggjarane. Vi brukar dei ekstra ressursane vi fekk frå Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 til å støtte kommunane i økonomi- og omstillingsarbeidet. Men mange kommunar strevar med å oppfylle lovkrava på velferdsområda, og klage- og tilsynsoppgåvene våre kan få direkte økonomiske konsekvensar for kommunane. Dette gjer stundom kommunikasjonen mellom kommunane og Statsforvaltaren vanskeleg.

Vi må også nemne at vi framleis er imponerte over korleis kommunane i fylket har stått på for først å handtere pandemien og deretter flyktningstraumen frå Ukraina. Samstundes pressar dei mange flyktningane dei kommunale tenestene, og det er for få flyktningar som kjem raskt i arbeid. I 2026 er det fleire kommunar som ikkje ser seg i stand til å ta imot så mange flyktningar som IMDi ber om.

Hovudutfordringa framover for kommunane vil, forutan økonomien, vere rekruttering av kompetanse på velferdsområda. Vi ser at både byar og bygder rapporterer om mangel på lærarar, bamehagelærarar, bamevernsutdanna, fastlegar, sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, og dette blir forsterka framover av den venta eldrebølgja, samstundes som mange yngre fell utanfor arbeidslivet. Kommunane har dessutan vanskar med å rekruttere jordmødrer og psykologar. På nokre av områda, som bamehage- og lærarutdanningane, ser vi stor nedgang i søknader, på andre verkar det ikkje som det er nok studieplassar for å dekkje etterspurnaden. Samstundes ser vi at i eit internasjonalt perspektiv ligg vi i toppen på sjukepleiar- og legedekning per innbyggjar. Vi saknar at desse spørsmåla i større grad vert diskuterte på sentralt hald. Viktige spørsmål er om vi i framtida bør styre høgare utdanning meir mot velferdstenester, eller om vi bør dempe forventningane til og etterspurnaden av slike tenester. For å avlaste legar, sjukepleiarar og andre med høgare utdanning er det viktig å satse målretta på fagutdanningar innan velferdssektorane. Det er alt no i gang arbeid for å delegere relevante arbeidsoppgåver til fagutdanna personell, ei utvikling som bør halde fram. Vidare meiner vi at andre måtar å utdanne seg på må vurderast, for å motivere nye grupper til å skaffe seg kompetansen. Endeleg må vi må sjå på korleis vi kan målrette språkopplæring for innvandrarar opp mot velferdsutdanningar.

Eit anna spørsmål er om vi i større grad skal målrette kvar studieplassane er, for å kunne rekruttere i område der mangelen på kompetanse er størst. Det er vel dokumentert at eit fleirtal av ferdige kandidatar, uavhengig av kvar dei kjem frå før dei byrja å studere, søker seg arbeid i nærleiken av studiestaden. Dette gjeld både mindre og større studiestader.

Beredskap

Vi er inne i ei uroleg tid i verda, prega av krigen som Russland sette i gang mot Ukraina, den alvorlege situasjonen i Gaza og den uføreseielege handlemåten til USA. Vi må i sterkare grad utvikle eigenberedskap, både som nasjon og som enkeltpersonar.

I stortingsmeldinga om totalforsvar ligg det store forventningar til at Statsforvaltaren i fylket skal stå for beredskapsplanlegging, rettleiing og øvingar og dessutan å samordne handteringa av hendingar og kriser. Vi er klare til å oppfylle forventningane.

Vi opplever stor interesse og vilje i å ta del i totalforsvarsarbeidet. Stundom ser vi at andre aktørar tek initiativ, og dette er bra, men det kan skape forvirring om roller. Difor er vi tydelege på at det er Statsforvaltaren som har hovudansvaret for samordning og beredskapsplanlegging i fylket.

Overfor kommunane etablerte vi under pandemihandteringa digitale møte kvar eller annakvar veke, der vi kunne informere, rettleie og avklare problemstillingar mellom kommunane og staten, og også fange opp innspel frå kommunane til sentralstaten. I tillegg har dette vore ein samordningsarena der andre regionale beredskapssetatar har kunna ta del. Vi har halde fram desse møta kvar månad etter at Russland gjekk til krig mot Ukraina, med flyktninghandteringa og etter kvart totalforsvaret som hovudtema.

Som nemnt i innleiinga har vi fått nokre tilbakemeldingar om at totalforsvaret er ei meir diffus oppgåve for kommunane å handtere enn til dømes pandemien, og at dei saknar konkrete problemstillingar å arbeide med. Dette er ei nyttig tilbakemelding som vi må svare på. Derest er det eit paradoks at forventningane til kommunane aukar på beredskapsområdet i ei tid der dei strevar økonomisk. Sjølv om vi er inne i ei tid der offentlege utgifter helst skal gå ned, vil det kunne ha ein stor effekt for motivasjonen dersom kommunane får ei ekstraløyving som vert grunnjeven i forventningar om å styrke beredskapsarbeidet.

Vi har ei særleg rolle i å styrke samhandlinga mellom sivil sektor og Forsvaret for å betre forsvarsevna, og har difor eit tett samarbeid med politiet og Heimevernet. Ei satsing som spring ut av dette samarbeidet, er totalforsvarskurset over fire dagar som vi gjennomfører våren 2026 etter mønster frå liknande kurs i Møre og Romsdal og Rogaland. Vi har sendt ut innbyding til aktuelle leiingar i fylket, både til medlemmene i fylkesberedskapsrådet, kommunar og i privat sektor, og det er stor interesse for deltaking.

For at samhandlinga med Forsvaret og politiet skal fungere i ein forsvarssituasjon er vi avhengige av at møte kan haldast på nivå hemmeleg. Ved hovudkontoret vårt i Leikanger har vi ikkje denne tilgangen, og vi har heller ikkje økonomi til å få det på plass. Også andre embete strevar, anten med få bygg rom eller få godkjent romma dei har byggd. Vi er difor glade for at Justis- og beredskapsdepartementet har teke eit initiativ for å få på plass slike rom hos statsforvaltarane. I Bergen har vi avtale med Tolletaten om å nytte deira fasilitetar når vi treng å ha møte på nivå hemmeleg.

Arealplanar og dispensasjon frå planar

Som nemnt i innleiinga er kommunane opptekne av kva som er terskelen for når det ligg føre ei nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunalt planarbeid, der Statsforvaltaren kan fremje motsegn eller klage på dispensasjonsvedtak. Kommunane opplever at handlingsrommet i planarbeidet blir snevra inn når det kjem nye statlege planretningslinjer, som planretningslinjene for strandsona langs sjøen (2021), for klima- og energi (2024), for arealbruk og mobilitet (2025), og dessutan oppdatert jordvernstrategi (2023).

Vår oppgåve er å balansere dei skjerpde planretningslinjene mot det kommunale sjølvstyret og høvet til å få utvikling i heile landet, og dette er slett ikkje enkelt. Vi gjer vårt beste for å kome med tydelege og tidlege innspel der det er nasjonale eller vesentlege regionale interesser i spel, men det er ikkje til å kome frå at kommunane ofte har forventningar om at vi skal leggje større vekt på det kommunale sjølvstyret og trekkje innspela undervegs i prosessen. Vi opplever at det er særleg vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med innhaldet i dei statlege planretningslinjene.

Vi legg vekt på å ha tett kommunikasjon mellom leiarnivået hos oss og kommuneleiingane. Kommunane etterspør også at vi er ute og snakkar direkte til kommunesytra om kva som er handlingsrommet i plansaker. Vi er samde i signala frå Kommunal- og distriktsdepartementet om at vi særleg i plansaker bør ha meir direkte kommunikasjon med kommunane, og helst på deira heimebane. Men vi har ansvar for eit fylke med lange reiseavstandar på grunn av fjordar og fjell. Det tek opp mot seks timar med bil å reise frå kontorstadane våre på Leikanger, Bergen og Førde til dei kommunane som ligg lengst unna. Og vi har eit stort trykk på å gi skriftlege fråsegnar i plansaker. Så vi kan i liten grad prioritere å møte kommunane kvar for seg. I staden oppmodar vi kommunane om å lage felles arenaer der vi kan møte mange folkevalde under eitt. Regionråda er ein slik fellesarena der vi møter formannskap og toppleiing i kommunane.

Det er viktig for utviklinga av Vestland at busetnaden ikkje vert konsentrert berre til kommunesentera. Landbruk og andre bygdenæringar er avhengige av at det finst annan busetnad for å oppretthalde tilbod som barnehage, skule og eldreomsorg og tilbod som gir bulyst for unge og eldre. Desse omsyna kolliderer med statlege rundskriv og retningslinjer som pålegg oss at det vesentlege av veksten skal kome i kommunesentera. Spesielt er dette vanskeleg i samanslåtte kommunar med forventningar om å kunne planlegge for vekst i større deler av den nye kommunen. Dette er vanskeleg å balansere, men vi klarar å løyse dei aller fleste motsegnene i dialogmøte eller meklingar. Likevel er det viktig å understreke at viktige strukturar i mange bygder i Vestland kan forsvinne gjennom ei slik sentralisering.

Vi målber ein tydeleg bodskap om at kommunane skal styre gjennom plan og ikkje gjennom dispensasjonar frå planar. Men i mange kommunar er arealplanane meir enn ti år gamle og er ikkje i takt med utviklinga. Det medfører at talet på dispensasjonar er for stort. Vi opplever at det er vanskeleg å nå fram til det politiske nivået med at det er to strenge lovtilkår som begge må vere oppfylte for å kunne gi dispensasjon frå ein arealplan. Oppfatninga er ofte at dispensasjonsavgjerder fullt og heilt er underlagde det frie skjønnet til kommunane. Vi har jamt klaga på mellom fire og seks prosent av dei mellom 1900 og 2150 dispensasjonsvedtaka vi har fått oversende frå kommunane dei siste åra. Undersøkingar frå Sivilombodet har vist at ein stor del av dispensasjonane kommunane gir, er i strid med dei to vilkåra i plan- og bygningslova paragraf 19-2 andre ledd, sjølv om dei ikkje vert klaga på. Vi opplever at kommunane er meir opptekne av kva terskel vi har for å klage, enn kva som ligg i dei strenge lovtilkåra for å gi dispensasjon. Med oppdaterte kommuneplanar ville truleg talet på dispensasjonar gå ned. Men fleire kommunar vegrar seg for å gå i gang med rullering av kommuneplanane på grunn av det dei oppfattar som alt for streng styring frå statleg hald, kompliserte og langdryge prosessar og lite rom for lokalt sjølvstyre i planprosessane.

Digitalisering av statsforvaltarane

Arbeidet med å følgje opp digitaliserings- og IKT-strategien for statsforvaltarane er i full gang. Som vi skreiv i fjor, har det i dette arbeidet vorte endå tydelegare at då ansvaret for IKT og digitale tenester vart overført til STAF, mista embeta kontakten med digitaliseringsarbeid. Vi mista også grunnleggjande kunnskap om kva digitale verktøy som er tilgjengelege for oss frå før, til dømes gjennom Office-pakka. Vi har etterlyst at DFD i arbeidet med digitaliserings- og IKT-strategien avklarar om STAF har noko ansvar for å lære opp embeta i digital kompetanse, eller om embeta skal tileigne seg denne sjølv gjennom kjøp av tenester eller å tilsetje. Vi har peikt på at dersom embeta sjølv må kjøpe eller tilsetje denne kompetansen, slår det beina under noko av den effektiviseringsgevinsten som vart stipulert då STAF vart oppretta. Vi ser likevel at fleire av embeta etter kvart legg til grunn at embeta

sjølve må ta ansvar for å tileigne seg denne kompetansen, for å ta tak i effektiviserande interne tiltak som kan løysast ved hjelp av tilgjengelege verktøy.

Elles er vi ein aktiv deltakar i mange av foruma og prosjekta som spring ut av strategien, til dømes ny løysing for innsynshandsaming og fulltekstpublisering, val og utgreiing av nye digitaliseringstiltak, og arbeid med KI. I tillegg har vi eit godt og aktivt samarbeid om informasjonstryggleik, der STAF gjer ein stor innsats

5.2 Konsekvenser for statsforvalterens evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Sjå 5.1.

5.3 Andre forhold

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Vestland.pdf](#)

7 Vedlegg

[Lenke til likestillingsutgreiing for 2025.](#)

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	7 862.0
Budsjettavvik (%)	3.1 %

Husleie

Husleie (tusen kr)	24 271.7
Husleie (% av driftsutgifter)	9.7 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i elements	Antall journalposter i vergemåls-elements
Antall journalposter	176 483	105 289	71 194

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
152001	250 677
152021	6 499
Post 01 (unntatt 152001)	38 735
Post 20-29 (unntatt 152021)	195 285
Post 30-39	12 813
Post 40-49	0
Post 60-69	178 540
Post 70-79	172 923
Post 80-89	7 103

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4 249.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	6.8 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	883.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	4.9 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	3 366.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	7.6 %
Antall legemeldte sykedager for menn	595.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	3.3 %
Avtalte arbeidsdager for menn	18 073.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	2 669.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	6.0 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	44 239.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	161.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.9 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	697.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.6 %

Tala er henta frå Innsikt. Vi har 6,8 prosent sjukefravær i 2025. Det er framleis høgt, men er ein liten nedgang samanlikna med dei siste åra.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	217.0	70.9 %	89.0	29.1 %	763 364.0	793 098.0	96.3 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	6.0	75.0 %	2.0	25.0 %	1 282 132.0	1 325 011.0	96.8 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	15.0	50.0 %	15.0	50.0 %	1 093 584.0	1 008 772.0	108.4 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	129.0	71.7 %	51.0	28.3 %	754 550.0	764 970.0	98.6 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	75.0	77.3 %	22.0	22.7 %	655 072.0	655 961.0	99.9 %
Kategori 5: Kontorstillinger							
Kategori 6: Fagarb. stillinger							
Kategori 7: Lærlinger							

Tabellen viser tilsette i embetet i løpet av 2025. Statsforvalteren og fylkeslegen er kvinne, kategori 1. Assisterende fylkeslegar er inkluderte i kategori 2. Der finn vi og fagdirektører og spesialrådgivarar, ingen av desse har leiaransvar. Kategori 3 er den største stillingsgruppa, og i den gruppa har kvinner 98,6 prosent av menn si løn. Sidan vi har hovudvekt av kvinner, gir dette utslag på gjennomsnittleg løn for kvinner si årslønn totalt: 96,3 prosent av menn. Vi har ein mann og ei kvinne i kategori 5 og 6 som ikkje er med i tabellen.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Totalt antall årsverk	248.6
Totalt antall årsverk for kvinner	172.9
Totalt antall årsverk for menn	75.7
Totalt antall årsverk for faste stillinger	239.7
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	9.0
Sum andel administrasjon	7.5 %
Økonomi	3.9
Lønn	1.2
Personal	3.1
Resepsjon/sentralbord	2.3
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	8.1
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgaver: kommunikasjon, redaktøransvar for statsforvalteren.no, innsyn, reinhald og driftsoppgåver (hus). Direktør og ass. direktør er fordelt på fagområda i avdelinga. Del administrasjon er vanskeleg å samanlikne med andre embete.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Turnover i prosent	4.1 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	292.6
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	12.0
Totalt antall ansatte som sluttet	19.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	3.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	16.0

Vi hadde stillingsstopp i delar av 2024, med oppbemanning i 2025. Diverse kortvarige engasjement/ sommarvikarar er ikkje med i statistikken.

HR - fordelt på kjønn

Betegnelse på rapporteringskrav	Kvinner	Menn	Totalt
Sum antall ansatte	205	86	291
Sum antall deltidsansatte	9	3	12
Sum antall midlertidige ansatte	11	4	15
Sum antall ansatte med personalansvar	16	8	24
Ufrivillig deltid			0

Tal tilsette per desember 2025. Vi har mellombels tilsette på grunn av permisjonar og sjukefråvær, i tillegg til sommarvikarar. Tilsette med personalansvar er embetsleiing, avdelingsdirektører, ass. direktører, seksjonsleiarar og ass. seksjonsleiarar. Kvinnedelen er 70 prosent. Vi har ingen tilsette med ufrivillig deltid.

Driftsutgifter og lønn

Netto driftsutgifter	250 319.1
Administrativ kostnadsdekning	11 237.3
Brutto driftsutgifter	261 556.4
Lønn kap.152001	215 055.0
Lønnsandel av brutto driftsutgifter	82.2 %

HR - fordelt på alder/foreldrepermisjon

Betegnelse på rapporteringskrav	2025
Sum antall ansatte	291
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	20
Antall ansatte 30 - 39 år	69
Antall ansatte 40 - 49 år	69
Antall ansatte 50 - 59 år	94
Antall ansatte over 60 år	39
Gjennomsnittlig ukervesverk foreldrepermisjon kvinner	23
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	1 830
Antall kvinner i foreldrepermisjon	16
Gjennomsnittlig ukervesverk foreldrepermisjon menn	15
Dagsverk foreldrepermisjon menn	300
Antall menn i foreldrepermisjon	4

Tala er henta frå Innsikt og viser tilsette i embetet per desember 2025. Aldersfordelinga er relativt stabil. Foreldrepermisjon er tal per år, og vi har hatt 20 tilsette med foreldrepermisjon i løpet av 2025.